

Årsrapport 2012

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Innhold

| | |
|---|----------|
| Kapittel 1 - Om embetet | Side 4 |
| Kapittel 2 - Sentrale politiske føringer | Side 8 |
| Kapittel 3 - Resultatområder | Side 18 |
| Kongehuset | Side 18 |
| Miljøverndepartementet | Side 18 |
| Landbruks- og matdepartementet | Side 29 |
| Kunnskapsdepartementet | Side 42 |
| Statens Helsetilsyn | Side 64 |
| Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet | Side 68 |
| Justis- og beredskapsdepartementet | Side 73 |
| Kommunal- og regionaldepartementet | Side 76 |
| Arbeidsdepartementet | Side 85 |
| Helse- og omsorgsdepartementet | Side 89 |
| Samferdselsdepartementet | Side 107 |
| Utenriksdepartementet | Side 108 |
| Kulturdepartementet | Side 108 |
| Fomyings-, administrasjons- og kirkedepartementet | Side 108 |
| Andre | Side 112 |
| Endringer i årsrapporten | Side 114 |

Kapittel 1 - Om embetet

1.1 Tilstanden i embetet og fylket generelt

Tilstanden i embetet

2012 er historie og vi kan oppsummere året som noko roligere enn 2011, men likevel med nokre spesielle hendingar.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal hadde ved årsskiftet 133 tilsette, 85 kvinner og 48 menn. Embetet er organisert med 5 fagavdelinger og 1 administrasjonsstab. I 2012 starta embetet opp ein OU-prosess der innspel frå dei tilsette etter ein prosess der alle tilsette var involvert og medarbeiderundersøkinga frå 2012 vart også lagt til grunn.

Vi har stor etterspurnad etter arbeidskraft i Møre og Romsdal og embetet deltek i konkurransen om arbeidskrafta i fylket. Særleg gjeld dette opp mot andre statlege og kommunale verksemder som har høgkompetansearbeidsplasser. Dette er ei utfordring både med omsyn til lønskostnad, men også for å greie å rekruttere til engasjement- og vikarstillingar.

I 2012 har fylkesmannen lyst ledig 20 stillingar. 11 av desse var faste stillingar og 9 vikar/engasjement/prosjektstilling.

Embetet fikk ny assisterande fylkesmann. Rigmor Brøste starta i stillinga 1. juni 2012. Vi vil i den samanheng takke avtroppande assisterande fylkesmann Kjeld Brecke for arbeidsinnsatsen han har lagt ned i embetet gjennom alle år frå han først starta i 1974 og til han gjekk av som pensjonist no ved årsskiftet.

I 2012 blei embetet sin første strategiplan som gjeld i perioden 2012 - 2016 vedteke. Planen skal ligge til grunn for det daglege arbeidet og verksemdplanar i avdelingane.

Embetet er ein av fire pilotar for innføring av Difi sitt medarbeidersamtale verktøyet "snakk om utvikling". Dette er eit e-læringsverty, og skal implementerast med gjennomføring av vårens medarbeidersamtale blant alle tilsette, med oppfølging og evaluering hausten 2013. Vi ser dette i ein samanheng med pågåande OU-prosess. For å få til endringar må kvar einskild medarbeidar takast med på samtale om sin moglegheit til endring og omstilling.

Vi arrangerte 102 konferansar i 2012 og det har i all hovudsak vore god deltaking på konferansane.

For å tilpasse dei økonomiske rammene, måtte Fylkesmannen i Møre og Romsdal kutte 10 årsverk i løpet av 2012. Ein slik reduksjon saman med stadig aukande krav frå overordna myndigheiter får konsekvensar. I vårt embete kan dette kort oppsummerast slik:

- Vi ha ikkje prioritert å svare på alle dei sakene som sendast ut på høyring frå overordna mynde.
- Vi har ikkje fått gjennomført alle dei tilsyna vi var pålagde.
- Vi har for lang saksbehandlingstid på klagesaker, og greier ikkje å overhalde 3- månadersfristen som gjeld i byggesaker.
- Vi har ikkje fått prioritert tid til synfaringar i det omfang som er ønskjeleg og nødvendig.
- Systematisk områdeovervaking innan helse og sosial har blitt nedprioritert.
- Vi har ikkje hatt ressursar til å gjennomføre kommuneundersøking på miljøområdet i 2012.
- Mange kommunar slit med lav kompetanse innan plan- og bygningsloven. Rettleiing og opplæring har ikkje blitt prioritert i den grad som er ønskjeleg og nødvendig.

Sjukefråvèret i embetet

Dei endelege tala frå NAV om sjukefråvèret for 4. kvartal 2012 er ikkje klart, men tala frå 1., 2. og 3. kvartal viser at sjukefråvèret i embetet har gått ned frå i fjor, og at vi no er under 4 %. Dette kjem som følge av ein kombinasjon av at våre tilsette ikkje har vore sjuke, men òg eit aktivt arbeid for å få ned sjukefråvèret og auke nærvèret. Men vi er bekymra for at det faktum at vi har for mange arbeidsoppgåver i forhold til dei ressursane som vert stilt til disposisjon kan føre til eit krysspress som ikkje er bra for helsa til våre tilsette.

Utviklingstrekk og utfordringar i embetet

For oss i embetet har etteraksten etter Dagmar sine herjingar i romjula 2011 prega arbeidsoppgåvene også i 2012.

I høve til dei ufattelege hendingane 22. juli 2011, sette vi ned ei ressursgruppe for å fylje opp dei som vart råka av desse hendingane. Den vart samasett av Ap, AUF, både den nasjonale- og lokale støttegruppa, fylkeskommunen ved utdanningssjefen, helseføretaket, KS og oss her i embetet ved fylkeslegen, ein rådgjevar frå Helseavdelinga, fylkesberedskapssjefen, utdanningsdirektøren og fylkesmannen sjølv. Gruppa har hatt møte ein gong i månaden. Føremålet med gruppa var å fylje opp dei som vart råka, og sjå til at dei fekk den hjelpa dei burde få. Vi såg at rettsaka gjorde at ting kom svært nær igjen for mange, og enkelte trong meir oppfølging. Det er å vone at dette no stilnar, men vi veit at dette kan ta lang tid. Vi ser at det framleis er behov for gruppa, men vi har bestemt at det for 2013 vert møte i gruppa ein gong i kvartalet.

2012 var første året i Samhandlingsreforma og ny folkehelselov. Hovedmålet er å fremme helse og forebygge sjukdom. Fylkesmannen skal saman med fylkeskommunen følgje opp regjeringa si satsing på å styrke det lokale forlkehelsearbeidet i kommunane, skape gode oppvekstvilkpr og utvikle helsevennlege samfunn.

I 2012 vart det nedsett ei intern arbeidsgruppe som skulle foreslå tiltak for eit prosjekt med satsing på "bedre oppvekst for barn og unge" i Møre og Romsdal. Dette er ei tverrfagleg satsing i embetet med samarbeid opp mot kommunar og andre statlege etatar.

Førebuingar med innføring av Verjemålsreforma har vore jobba mykje med i 2012.

Strategisk leiing i embetet

Vedtatt strategiplan for Fylkesmannen i perioden 2012 - 2016 er ein god vegvisar i det strategiske arbeidet. Fylkesmannens leiargruppe har samlingar 4 gonger i året, og det er viktig at ein her får tid til både å samkjøre leiargruppa, men og tid til å ta dei viktige strategiske diskusjonane.

Medan Fylkesmannen og ass. fylkesmann skal stå for den meir helskaplege og strategiske leiinga i det daglege er det viktig at desse rollane er aksepterte frå den øvrige leiargruppa. Direktørane har kvar sine fagområder.

Tilstanden i fylket

I Møre og Romsdal er arbeidsløysa no på 1,8%, noko som er klart lavare enn landsgjennomsnittet på 2,3% og sjukefråvèret har vore synkande heilt sidan 2010. Møre og Romsdal er landets tredje største eksportfylke med ni prosent av landet sin samla vareeksport. Næringslivet går meget godt i Møre og Romsdal.

Ei av dei store utfordringa er og at vi har ein stram arbeidsmarknad, der det er vanskeleg å få tak i ønska arbeidskraft for mange bedrifter. Dette gjer sjølv sagt at lønnsnivået i fylket stig. Dette gjer at næringslivet i Møre og Romsdal er heilt avhengig av arbeidsinnvandring.

Det er dei tre byane som veks i kraft av seg sjølve. Mange av fylkets 36 kommuner har utfordringar med reduksjon i folketalet og tap av arbeidsplassar. Det er spesielt på indre Nordmøre at vi ser folketalsveksten har stagnert.

Vi ser også at kommunane samarbeider godt i regionråda på hhv Nordmøre, Romsdal og Sunnmøre. Antall interkommunale samarbeidsavtalar er i stadig økning, men tida er nok moden for ein større diskusjon om berekraftige kommunar. Vi har 36 kommunar. Fra deen minst på ca 1000 innbyggere til den største på ca 46 000 innbyggere. Begge har de krav på seg til å yte velferdstenester i eit breitt spekter til sine innbyggjarar. Med knappheit på arbeidskraft vert det utfordrande å skaffe kvalifisert arbeidskraft til alle fylkets kommunar.

1.2 Ressursbruk og andre økonomiske forhold

Vi har ved fleire høve peika på at fordelingsmodellen som vert nytta, ikkje tek tilstrekkeleg omsyn til dei geografiske utfordringane når det gjeld reiseavstandar og det høge antal kommunar i Møre og Romsdal.

2012 har vore nok eit år med eit stramt budsjett for Fylkesmannen i Møre og Romsdal, der vi har funne det

naudsynt å redusere antal tilsette med ti stillingar, noko som har ført til at oppgåver ikkje har vorte utført i tråd med embetsoppdraget. Dette vil slik vi ser det vere varige utfordringar. Budsjettet er fortsatt veldig stramt, og Fylkesmannen har sett i gang ein OU-prosess for å ta ein totalgjennomgang av organisasjonen slik at vi kan optimalisera drifta for å møte morgendagens utfordringar. Vi vil spesielt peike på planområdet kor vi ser at vi har store restansar, og at vi blir en flaskehals i forhold til kommunanes utviklingsbehov.

Eksempel: I Møre og Romsdal har vi 4 stillingar på 1189 saker pr år. I Sogn og Fjordane har dei y stillingar på Z saker.

Kap 1510 post 01/kap. 4510 refusjonsposter m.m.

| | |
|--|------------|
| Bevilgning på kap 1510 post 01 i tildelingsbrevet 2012 | 71 159 000 |
| Overføring av årsresultat 2011 | -1 920 000 |
| Andre tilleggsbrev/overskridingsfullmakter | 1 080 909 |
| Inntekter kap 4510 post 15 - ref arb.markedstiltak | 151 900 |
| Inntekter kap 4510 post 16 - ref fødselsp | 964 841 |
| Inntekter kap 4510 post 17 - ref lærlinger | 89 932 |
| Inntekter kap 4510 post 18 - ref sykepengar | 1 321 230 |
| Sum bevilgninger og refusjoner | |
| Utgiftsført beløp post 01 Driftsutgifter | 73 757 665 |
| Inntektsført beløp kap 4510 post 02 | 676 910 |
| Sum mer/mindreutgifter post 01 | -231 942 |

| Resultatområde | Kapittel 1510 | Fagdep. |
|---|----------------------|------------------|
| Miljøverndepartementet | kr 11 416 958,11 | kr 5 886 498,22 |
| Landbruks- og matdepartementet | kr 9 985 184,52 | kr 144 999,02 |
| Kunnskapsdepartementet | kr 6 697 055,48 | kr 1 540 744,79 |
| Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet | kr 2 098 717,83 | kr 34 230,00 |
| Justis- og beredskapsdepartementet | kr 3 183 840,99 | kr 1 343 172,22 |
| Kommunal- og regionaldepartementet | kr 3 597 598,02 | kr 0,00 |
| Arbeidsdepartementet | kr 537 760,94 | kr 907 507,31 |
| Helse- og omsorgsdepartementet | kr 9 720 255,58 | kr 4 517 188,29 |
| Andre | kr 23 197 664,99 | kr 0,00 |
| Sum: | kr 70 435 036,00 | kr 14 374 339,00 |

1.3 Andre forhold

Miljøfyrtårn

Fylkesmannen i Møre og Romsdal er resertifisert som miljøfyrtårn pr. 01.01.2013

Lærlinger

Vi har i 2012 hatt to lærlinger i kontorlaget, den eine førsteårs og den andre andreårs lærling.

Klarspråk

Embetet gjennomførte kurs for alle tilsette i klar språk 21.mai

Inkluderende arbeidsliv

- Hatt IA som tema på møte for alle tilsette. Inkluderende.no
- Er utvalgt som pilot for DIFI på det nye verktøyet snakk om utvikling - Gjennomføring av medarbeidersamtale
- Gjennomført vernerunde i alle avdelingane
- Gjennomført og fulgt opp medarbeiderundersøkinga 2012 - svarprosent 88%
- Det er utarbeidd kvartalsvise sjukefråvèrstatistikk som er fulgt opp i den einskilde avdeling. Embetet har eige mål om tiltak dersom sjukefråvèret overstig 4 %.
- Gjennomfører oppfølging ved sjukefråvær i samsvar med IA-avtalen og våre interne rutinar

Sjukefråvèr

Sjukefråvèret i embetet har gått ned frå 5,85% i fjor til 4,23% i 2012.

Kapittel 2 - Sentrale politiske føringer

2.1 Generelle samordningsoppgaver. Fornyning av offentlig sektor

Samordning har mange nivå og former. Vi tar utgangspunkt i samordningsstegen for å definere kva samordning er;

1. aktørane snakkar saman og veit kva dei andre gjer
2. aktørane veit kva dei andre gjer, og tek omsyn til det
3. aktørane planlegg saman
4. aktørane definerer felles mål og integrerer virkemiddelbruken
5. aktørane gjer avvegingar og prioriteringar.

Behovet for samordning er både internt og med eksterne aktørar. Den eksterne samordninga skjer både horisontalt med andre regionale aktørar og vertikalt mellom det lokale og det sentrale. I praksis skjer intern og ekstern samordning etter faste, årlege planer, etter tidsavgrensa planer eller etter ad-hoc-initiativ. Samordning skjer òg som ein hybrid av samordningsnivåa. Det viktigaste er at behovet for samordning vert løyst.

Vi held fram arbeidet med å etablere gode og effektfulle løysingar for korleis vi kan ivareta samordningsoppgåvene. I 2012 starta OU-prosessen der samordning er eit av dei sentrale hovudområda.

2.1.1 Kommunebilde

Gjennom å etablere og systematisere informasjonsflyt avdelingane imellom og opp mot leiinga, får vi eit heilskapleg grunnlag og eit strategisk verkty for den kommuneretta samordninga knytt til lokale utfordringar og utvikling i høve til nasjonale styringssignal, satsingar og måltal. Resultatet av dette arbeidet er eit kommunebilde som vert utarbeida for kvar kommune. Kommunebildet er bygd opp rundt våre forventningar til kommunane på bakgrunn av statlege styringssignal og embetet sin totale kommunekunnskap generert gjennom sakshandsaming, rapporteringar, statistikk og andre kontaktpunkt med kommunane. Grunnlaget her vert nytta i dialogen med kommunane om samarbeid og samhandling om viktige områder og utfordringar i fylket.

I fjor utarbeida vi eit kommunebilde for kvar kommune i fylket. Vi vil starte med å ha kommunebesøk i 2013 kor vi nyttar kommunebildet aktivt opp mot kommunen. Vi ser for oss at vi vil besøke seks kommunar i året.

Kommunebildet vil også vere eit av grunnlagsdokumenta for å tildele ordinære skjønnsmidlar og i valet av satsingsområder i prosjektskjønnet.

2.1.2 Utvikling, omstilling, innovasjon og fornying i kommunane

Storsamfunnet er tent med ein effektiv og kvalitativt god offentlig sektor. For kommunane vil det vere å skape attraktive, trygge og berekraftige lokalsamfunn der oppsittjarane har gode vilkår gjennom alle fasane i livet. Vi ser at omstilling og fornying i kommunane alltid vil vere viktig i eit slikt perspektiv.

Skissa av den økonomiske framtida for kommunane er utfordrande. Utfordringar kommunane står inne i no er mellom anna;

- varsla strammare nasjonal budsjettpolitikk
- høgare forventningar frå innbyggjarane
- auka pensjonskostnader
- venta høgare rentenivå
- folketalsvekst eller –fråflytting
- endringar i alderssamansetning
- utfasing av momskompensasjon frå investeringar til drift

Alle desse faktorane aukar behovet for omstilling og fornying om kommunane skal vere i stand til å produsere tenester til innbyggjarane i same omfang og til same kvalitet som før.

Dei siste fem åra under eitt har kommunane i fylket samla hatt eit netto driftsresultat på under éin prosent av driftsinntektene. Gjelda er på eit høgare nivå, og veks furar, enn landsgjennomsnittet. Det indikerer for oss at kommunane her ikkje har eit mindre behov for omstilling enn i andre fylker. Behovet for omstilling og fornying vil heller vere sentralt og presserande for mange kommunar i åra framover.

På bakgrunn av dei lokale forholda i fylket og utfordringane framover har vi over dei siste åra endra strategien for prosjektskjønnet. Ønskje bak endringa var å innta ein meir aktiv rolle i utviklingsoppdraget. Ved å integrere moglegheitene i prosjektskjønnet i fagavdelingane sine rettleiings- og utviklingsoppdrag, får vi satt meir trykk bak statlege styringssignal, satsingar, politikk og mål. Fagavdelingane har kommunekunnskap og kompetanse innanfor fagområda sine, og er sterk delaktig i å identifisere gode satsingsområder.

Vi ser at det er viktig å spele på dei gode kreftene som finns for å få meir effekt ut av utviklings- og fornyingsarbeidet gjennom prosjektskjønnet. I 2012 har vi mellom anna invitert andre regionale aktørar med spesialkompetanse på fagfeltet for å bidra inn i satsingsområda. Vi vonar at slike arenaer knytt tettare saman aktørane i dei ymse fagsektorane, altså mellom kommunar og mellom kommunane og regionale aktørar. Vi vonar at det bidrar til betre kvalitet og resultat i prosjekta, og at det byggjar relasjonar og nettverk mellom dei ymse aktørane.

Vi har god tru på den nye modellen vår for prosjektskjønnet. Prosjektskjønnet er eit veldig viktig virkemiddel for å fremme omstilling og fornying i kommunane. Men skal fylkesmannen lukkast i sitt bidrag til omstilling og fornying i kommunane, er det ressurskrevjande. Vi har løyst det ved å arbeide systematisk og langsiktig med å utvikle modellen stegvis og hentar stadig ut meir av potensialet i modellen. Framover vil vi kople kommunane enda tettare inn i prosessen for å skildre utfordringsbilete framover. Vi vil også sjå på moglegheitene for å knytte til fleire eksterne faginstansar som kan bidra med kompetanse for å løfte effekten og kvaliteten av utviklings- og fornyingsarbeidet i enno større grad, både når det gjeld det faglege og prosjektarbeid. Vi vonar at departementet sitt arbeid med innovasjonsstrategien vil bidra til å styrke kommunane og fylkesmennene sitt arbeid med utvikling og fornying i kommunesektoren.

2.1.3 Samordning, samarbeid og samhandling saman med regionale aktørar

Fylkeskommunen

Vi har tett kontakt med fylkeskommunen på ymse områder. Vi har samarbeid om utarbeidinga av statistikkhefter og analyse av samfunnsforhold, og spesielt rundt folketalsendringar. I forlenginga av det bidrar fylkeskommunen til rapporten vår om «Utviklinga i kommuneøkonomien», medan vi skriv eit innlegg om Kostra med tal til deira publikasjon «Fylkesstatistikken».

Slik vi tolkar retningslinjene for skjønnsdeling 2013, vart det i punktet om omstilling og fornying lagt større vekt på kommunen som samfunnsutviklar. I samband med det hadde vi eit møte med fylkeskommunen om samfunnsutviklinga i kommunane spesifikt og i fylket generelt. I forlenginga av det er det viktig kva for rolle fylkeskommunen og vi har, og kva for virkemiddel fylkeskommunen og vi har tilgjengeleg, og korleis vi kan samordne oss til beste for fylket. For fylkesmannen vil det vere i større grad å sjå kommunane utover det som inngår i fylkesmannen sin primære oppgaveportefølje, men likevel avgrense oss mot dei oppdrag og roller vi har i ymse samanhengar.

Vi ser at slik oversikt og samordning er ønskeleg og velkomen, og er grunnlag for heilskapleg og samanhengande analyse, planlegging og styring av fylket frå regionalt plan.

KS

Vi samarbeider med KS om å spreie informasjon om det økonomiske opplegget for kommunesektoren. I samarbeid arrangerer vi årlege konferansar knytt til kommuneproposisjonen og statsbudsjettet. Konferansane tener som ein arena der stat ved departement og fylkesmann møter kommunesektoren. Sjølv om hovudbodskapen er det overordna økonomiske innhaldet i budsjettet og den økonomiske stoda og måloppnåinga for kommunane i fylket, er det rom for andre meir spesifikke tema. I fjor vart det lagt vekt på kommuneøkonomien og statusen med Robek-kommunane i fylket.

Vi ser at den økonomiske situasjonen i fylket ikkje er forbipasserande. Skal kommuneøkonomien i fylket betre seg og halde seg på eit berekraftig nivå, er det naudsynt å sette trykk god økonomiforvaltning. I samarbeid med KS ønskjer vi å sjå på korleis vi kan bidra til betre økonomiforvaltning i kommunane.

2.2 Velferd, helse og personlig tjenesteyting

Fylkesmannen har stort sett utført oppgåvene på dette område i samsvar med embetsoppdraget. På grunn av ressursituasjonen har vi likevel sett oss tvungne til å redusere antal tilsyn, og overføre nokre kurs til 2013. Reduksjonane har vore gjennomført etter nøye prioritering. Det har og vært nokre fristoverskridingar, særleg i

sammenheng med tjenesta til psykisk utviklingshemma, dette er grunna i permisjonar og sjukemeldingar. Dei viktigste sakane har vore prioritert, og vi har sjølv ført to saker for fylkesnemda.

For ytterlegare detaljer visar ein til kap. 3.

Samhandlingsreformen:

2012 var fyrste året denne viktige reformen verka. Fylkesmannen har delteke aktivt i mange fora. Vi har hatt månadlege møter på video med Sør- og Nord-Trøndelag, og delteke i overordna samhandlingsutvalg saman med kommunar, KS og helseføretaket. Vi har og danna ein ressursgruppe med representantar for helseføretaket, KS, fylkeskommunen, rådmannskollegiet, regional koordinator og NAV. Dette forumet har vore viktig for at alle kan ha eit godt overblikk over eige fylke. Samhandlingsreforma er elles tema i avdelingmøter, samt at vi har delteke på fleire konferansar og halde innlegg.

Fylkesmannen har prioritert skjønnsmidlar til ein fylkeskoordinator for samhandlingsreformen som arbeidar hos KS for ein periode på tre år.

Avtalane mellom partane var ferdige etter fristane, og ser ut til å fungere etter planen. Det har vore stor iver hos kommunane til å få i stand eit øyeblikkeleg hjelp tilbud, og mange av våre kommunar har søkt, og fått tilskot til oppstart. Vi har fått få avviksmeldingar, men fulgt opp fleire bekymringsmeldingar, som har vore omtalt i massemedia. Vi opplever at media, og særleg NRK er interessert i å snakke med fylkesmannen/fylkeslegen om ulike tema knytt til utviklinga i helse- og omsorgssektoren, og det har vore mange pressesaker knytt til dette feltet. Vi kan også nemne at vi i desse dagar her ein artikkel i Dagens Medisin med tittelen "eitt år etter samhandlingsreformen".

Fylkesmannen har og hatt fokus på kommunanes strategiplanar med tanke på folkehelsa.

Fylkesmannen inntrykk er at reformen så langt fungerer etter planen, med berre få avvikshendingar. Dette er ikkje fleire enn vi vanlegvis får. Vi er imidlertid bekymra på utviklinga i sjukeheimene som nå stadig får inn sjukere pasienter. Vi ser meir bruk av dobbeltrom og at pasientar frå kommunane kan bli nedprioritert i høve til pasientar som kjem direkte frå sjukehusa. Vi er og bekymra for kvaliteten på legevakta når fastlegane kan be om fritak frå fylte 55 år. Mange av tilsynsakene idag gjeld hendingar i legevakt.

Fylkesmannen vil også vidare fylge med og fokusere på folkehelsearbeidet og på førebyggjande tilak. Desse områda blir lett nedprioritert grunna fokus på økonomiske føringar.

Omsorgsplan 2015

Arbeidet med Omsorgsplan 2015 er framleis høgt prioritert i embetet. Det er organisert som eit prosjekt, med prosjektgruppe og fylkesmannens leiargruppe som styringsgruppe. Det blir utarbeidd prosjektplan for kvart år.

I 2012 har vi sett spesielt fokus på mellom anna demens, strategisk kompetanseplanlegging og samhandling, som og var hovudtema på omsorgskonferansen. Desse tema har vore belyst gjennom månadlege nyhetssbrev til kommunane, kurs, konferansar og nettverkssamlingar. Fylkesmannen har samarbeidsavtale og eit særst godt samarbeid med dei to Utviklingssentra for omsorgstenester, som organiserer nettverk for alle kommunane.

Fylkesmannen har utarbeidd ein strategisk plan for Omsorgsplan 2015 for perioden 2013- 2015. Hovudmåla som er teke med er i tråd med dei nasjonale måla, men ein har valgt å ta med eit hovudmål til - Betre tilpassa tilbud til personar med nevrologiske skader eller sjukdommar. Dette er med bakgrunn i fagrappporten om tenestetilbod til personar med nevrologiske skader og sjukdomar "Fleksible tenester - for et aktivt liv" og Nevroplan 2015.

Vi ser Omsorgsplan 2015 i samheng med Samhandlingsreformen, noko som kjem spesielt godt til uttrykk når det gjeld kompetansebehov i kommunane, bruken av investeringstilskot og velferdsteknologi. Saman med fylkesmennene i Nord- og Sør-Trøndelag er vi med i ei regional satsing på velferdsteknologi. På bakgrunn av behovet for erfaringar på dette feltet, beslutta fylkesmannen å prioritere velferdsteknologi ved utlysing og tildeling av prosjektskjønn for 2012. Dette vil og vere prioritert i 2013.

Kvalitet i omsorgstenestene er eit viktig tema. For å få fram våre erfaringar med tilsyn legger vi inn ein bolk i alle våre arrangement overfor kommunane. Målet er at alle tilsette i dei kommunale tenestene skal relatere tilsynserfaringar samt internkontroll og kvalitet til sine eigne fagområde.

Tvang og makt overfor personar som manglar samtykkekompetanse

Fylkesmannen har og i 2012 hatt tilsyn med to institusjonar. Vi ser at det framleis er eit stort behov for fokus og opplæring på dette området. Vi har hatt kurs og nytta andre samlingar for å synleggjere feltet og Fylkesmannen har fleire gonger vore i media og fokusert på området. Det er mange kommunar som ikkje rapporterer tiltak, eller skriv vedtak og vi vil i 2013 ha spesiell merksemd på desse.

Sosiale tenester i NAV

Vi har i 2012 ført tilsyn med sosiale tenester i NAV, med tilsynsystema økonomisk stønad. Her vart det mellom anna avdekkja at utforminga av lokala i det einskilde kontor kan vere ei utfordring for å ivareta teieplikta. Det kom og fram at kommunane manglar opplærings- eller kompetanseplan som kan ivareta kompetansebehovet for tilsette. I fleirtalet av dei undersøkte kommunane kom det fram at det ikkje er gjort ei tilstrekkeleg individuell vurdering ved utmåling av økonomisk stønad. Kommunal norm blir i stor grad nytta som ein standardytelse utan at det kjem fram at det er gjort ei konkret individuell vurdering av om det er tilstrekkeleg til eit forsvarleg livsopphald i det enkelte høve.

I tilsyn med tema handsaming av søknad om økonomisk stønad frå personar med forsørgjaransvar for barn kom det fram at opplysningar om barn sin situasjon i liten grad blir etterspurt og fanga opp når føresette søker om økonomisk stønad. Vi såg gjennomgåande at barn sin situasjon blir etterspurt og drøfta berre dersom det gjeld ein konkret søknad i høve barnet.

På bakgrunn av nytt rundskriv og erfaringar med kompetansebehov i NAV-kontora, heldt fylkesmannen i 2012 tre to-dagars kurs i Lov om sosiale tenester i NAV. Nærare 450 tilsette i NAV, samt deira nære samarbeidspartnarar deltok. Opplæringa var ei generell innføring i lova, forskriftene og rundskrivet med gjennomgang av dei ulike tenestene som er heimla i lova. Erfaringar frå klagesaker og tilsyn vart brukt inn i opplæringa. Trinn 2 som er ei ytterlegare fordjuping i sosialtenestelova skal gjennomførast i 2013.

Samhandling i Helse og sosialavdelinga

Helse og sosialavdelinga er organisert med ein utviklings- og ein tilsynsseksjon. Vi har i tre år hatt fokus på samarbeid internt for å utnytte erfaringane frå dei to seksjonane til å betre både tilsyna og utviklingsarbeidet. Vi ynskjer og å nytte erfaringane til meir dialog med kommunane. Med 36 kommunar og lange fjordar er dette ei stor utfordring.

Vi vil i 2013 sjå om ein kan bruke meire video til dialogmøtar. I tilsynssamanheng ynskjer vi å bruke meir dialog i oppfølginga. Vi har og tatt i bruk nye tilsynsformer for å medverke til endring og erfaringsoverføring for fleire kommunar enn dei som har ordinære tilsyn. Dette "klyngetilsynet" har vi prøvd ut i tilsyna med barnevern, og vil viderføre tilsynsmetoden på andre område.

I 2013 vil vi også bli tvungen til å redusere noe på antall tilsyn og samlingar grunna resurssituasjon, men på dei mest sårbare områda har vi lukkast med å rekrutere rådgivare.

Vi vil ha fokus på prioritering og arbeidprosessar for å halde fristar, samstundes med at vi bihalder brei kompetanse på alle områda innen fagfeltet.

2.3 Oppvekst, barnehager, utdanning og likestilling

Vi viser til tiltaka i kap 3.

Fylkesmannen har brukt mykje ressursar til å rettleie barnehagemyndigheita i kommunane på forskrift om likeverdig behandling ved tildeling av offentlege tilskot til ikkje- kommunale barnehagar. Ein del problemstillingar har ikkje vore avklart frå sentralt hald, og det har ført til ein del frustrasjon både hos oss og ute i kommunane. Vi har hatt møte med kommunane og gitt oppdatert informasjon, og har også deltatt i eit møte som KS arrangerte om temaet. Når det gjeld klagesaker, har vi hatt nokre saker som har vore svært tidkrevjande og som har strekt seg ut i tid med mykje korrespondanse mellom fylkesmann og kommune, der også PBL har vore involvert. Kommunane har gitt tilbakemelding om at dei har ikkje behov for meir informasjon før vi får

avklaringar frå udir som dei ventar på. Vi vurderer det slik at dei problema og uavklarte spørsmål som har vore på dette feltet i 2012, har gått utover samarbeidet kommunane har hatt med dei ikkje-kommunale barnehagane også på andre område, som kvalitets- og kompetanseutvikling.

Vi har også rapportert regelmessig til udir om kommunane innfrir retten til barnehageplass, noko som alle har gjort i vårt fylke.

Vi har gjennomført fleire tilsyn innan barnehageområdet enn kravet i oppdraget, og vi merker at kommunane som barnehagemyndigheit har fått ein aukande kompetanse på området. Det er særst interessant å sjå kva tilbakemeldingar kommunane som barnehagemyndigheit gir når dei skal vurdere effekten av fylkesmannen sitt tilsyn. Vi viser til kap 3 der dette er konkretisert.

Tilsyna på utdanningsområdet har utvikla seg på ein god måte med eit konstruktivt samarbeid med udir. Vi har hatt stort fokus på rettleiing og å følgje opp tilsyn med skolar/kommunar som har fått lovbrøt tidlegare. Vi har gjennomført tilsyna i samsvar med metodehandboka og instruks. På grunn av at det var behov for å gjennomføre nokre ekstra hendelsesbaserte tilsyn, var det nokre tilsyn vi ikkje fekk gjennomført slik vi i utgangspunktet planla, men vi vurderte det slik at det var viktigare å bruke tid på forhold som vi plutselig vart gjort merksam på og som openbart var lovbrøt. Vi har jamlege samlingar med skulefaglege ansvarlege i kommunane og presenterer tilsynsystema, informerer om lov-/regelverk og utfordrer kommunar på våre samlingar til å dele gode døme på t.d. korleis dei arbeider for å lukke avvika.

Talet på klagesaker til standpunkt i grunnskulen har gått ned frå 100 saker i fjor til 80 saker i 2012. Vi viser til kap 3 nedanfor der vi reflekterer over mulege årsaker til det. Elles ligg dei øvrige klagesakene stort sett på same nivå som ifjor.

Fylkesmannen har utført oppgåvene etter oppdraget når det gjeld auka kvalitet i grunnopplæringa. Som de ser av informasjonen vi gir i kap 3 om vidareutdanning av lærarar, viser det at det er mange kommunar som ikkje nyttar seg så mykje av stipendordninga for vidareutdanning som vi hadde håpt på. Vi trur at grunnen til det er dei store reise- og opphaldsutgiftene kommunane har som skal sende lærarar til dei store byane t.d. Oslo, Bergen eller Trondheim for å ta fag fordi høgskulen i vårt fylket ikkje har fått tildelt desse sentrale faga. Vi ser tydeleg at dette er ei ordning som favoriserer lærarar frå sentrale strøk. Vi veit at høgskulen i vårt fylke har kompetanse til å gi tilbod i dei sentrale faga i grunnskulen. Vi meiner at fylke som Møre og Romsdal bør tildelast meir midlar som kan kompensere for meirutgifter til reise- og opphald dersom vår høgskule ikkje får tildelt fleire fag. Det er stort behov for å heve fagkompetansen blant lærarar i grunnskulen i vårt fylke, og vi ser at mange lærarar i fylket betaler sjølv studiet og får si utdanning ved vår regionale høgskulen utanom stipendordninga.

Vi ser svært positivt på at udir set i gang og styrer utviklingsprosjekt på viktige område som t.d. elevvurdering. Vi synest imidlertid at det er for ressurskrevjande å sende alle skuleeigarar til Oslo for å informere om satsinga og i tillegg kalle inn ressurspersonar til kompetanseutvikling. Vi har kompetente fagpersonar i lærarutdanninga i fylket som kan støtte kommunane og skulane i dette arbeidet. Det vil styrke lærarutdanninga i kontakten med skulane i fylket og bli lettare for skuleeigarane å bruke kompetansen i fylket til etterutdanning og støtte seinare når prosjektperioden er over. Ein burde etter vår vurdering i større grad utnytte den kompetansen vi har i fylket og det vil bli totalt sett rimelegare økonomisk og gje meir synergieffektar også når prosjektperioden er over. Dette gjeld prosjekt som Vurdering for læring - men også Veilederkorpsset.

Fylket arbeider gjennom GNIST med å rekruttere lærarar til yrket, Fylket vil få store utfordringar med å få nok kvalifiserte lærarar i åra som kjem på grunn av at store lærarkull pesjonerer seg. GNIST- satsinga kan nok hjelpe ein del, men vi er avhengig av mykje fleire søkjarar til lærarutdanninga dersom vi skal kunne få nok lærarar i fylket. Forskning har vist at det er helst dei studentane som kjem frå regionen nært høgskulen som blir verande i fylket som lærarar etter utdanninga. Derfor er det heilt avgjerande at det blir satsa på vår regionale lærarutdanning og at den blir attraktiv for studentane.

Vi vil elles understreke at regionssamarbeidet på barnehage- og skuleområdet i fylket er ein god strategi for å få med alle 36 kommunane i kompetanse- og utviklingsarbeidet. Dette samarbeidet blir stadig viktigare etter som krava til kompetanse blir større for kommunane. Vii stimulerer til det gjennom tildeling av t.d skjønnsmidlar til regionane på område kommunane har utfordringar på, t.d. auken i spesialundervisning.

Vi vil også minne om at det er svært ressurskrevjande å gjennomføre tilsyn i vårt fylke på grunn av store reiseavstandar - ofte må vi overnatte. -som kjent er reisetid det same som arbeidstid . Embete fekk midlar over fleire år for å styrke tilsynsaktiviteten, men alle embeta, fekk like mykje midlar. Vi ser at aktivitetskrava er like store og helst større i dei fylka som har flest og lengst reiser. Dette bør udir sjå nærmare på. Vi ser at vi skulle ha brukt meir ressursar på hendelsesbaserte tilsyn, men på grunn av aktivitetskrava blir det for lite tid på det.

2.4 Arealdisponering, byggesaker og universell utforming

Arealdisponering

Fylkesmannen har hatt fokus på dei områda som er vektlagt i embetsoppdraget. Vi har lagt stor vekt på rettleiing og tidleg medverknad i planarbeidet, og aktiv formidling av dei nasjonale forventningane. Nasjonal politikk blir formidla gjennom rettleiing på ulike måtar, m.a. gjennom møter, førehandsfråsegner og høyringsfråsegner. FMNR har eit tett samarbeid med fylkeskommunen i plansaker. Dette omfattar både samarbeid i enkeltsaker, så vel som kontakt og rettleiing gjennom dei regionale plannettverka og i regionalt planforum. Fylkesmannen er også ein viktig høyrings- og samarbeidspart i samband med regionale plansaker. For 2012 har dette m.a. omfatta innspel til Regional planstrategi 2011 – 2016, planprogram for Fylkesplan 2012 – 2016 og planprogram for Regional delplan for folkehelse.

Dei nasjonale forventningane knytt mellom anna til strandsone, fjellområda, naturmangfald, landskap, samfunnstryggleik, jordvern, klima, samordna areal- og transport, kjøpesenter, universell utforming og barn- og unge har hatt særleg fokus i arbeidet knytt til saker etter plan- og bygningslova. Dette viser att mellom anna i innspel til plan- og dispensasjonssaker, og i motsegner og klager til slike saker.

Mange av plansakene har vore både komplekse og konfliktfylte. Dette gjeld særleg innanfor strandsoneforvaltning og kjøpesenteretableringar utanfor sentrumsområda.

Det er vidare ei utfordring å få mange av kommunane til å prioritere planlegging framfor enkeltsaker og dispensasjonar. Vi ser også at fleire kommunar slit med rekruttering av fagkompetanse.

Av fylket sine 36 kommunar har 31 i løpet av 2012 levert kommunal planstrategi til høyring.

Fylkesmannen har i 2012 behandla til saman 1189 plan- og dispensasjonssaker.

Fylkesmannen har fremma motsegn til 63 planar. Det har vore gjennomført 7 meklingar i 2012. Tre saker er oversend til Miljøverndepartementet for avgjerd.

Gjennom klagesaksbehandlinga etter plan- og bygningslova ser vi at saksbehandlinga i kommunane ber preg av små fagmiljø og mangelfull kompetanse. Vi ser at det sviktar på heilt grunnleggjande område, og behovet for råd og rettleiing er stort. Når fylkesmannen må oppheve til dømes ei reguleringsplan på grunn av sviktande saksbehandling, forsinkar dette byggeprosessen, med auka kostnader til følge.

2.5 Landbruksbasert forvaltning og næringsutvikling, naturressursforvaltning og miljøvern

Landbruksforvaltning og næringsutvikling

Dei siste åra har todelinga i landbruksnæringa blitt tydelegare. Hovudtrenden er at næringa har for lav lønnssevne til å konkurrere med industrien. Nedgangen i aktive bruk har fortsatt, og i mange bygder er landbruksmiljøet for alvor trua. Utviklinga setter synlege spor, mellom anna at beitedyra har blitt borte, landskapet grør endå meir til, og presset mot dyrkamarka har blitt større. Samtidig ser vi optimisme og sterk vilje til å satse mellom dei som har valt å bli verande i næringa. Etterspørselen etter mjølkekvotar og investeringsmidlar er stor, og vi kan med ein viss rett seie at fleire av miljøa blomstrar og utviklar seg positivt. Den siste store investeringsbølgja kom på slutten av sytti til midten av åttitalet, og desse brukarane nærmar seg no slutten av yrkeslivet. Desse bruka er stamma i det aktive landbruket på våre kantar, og det er med betydeleg uro vi går mot generasjonsskiftet.

Landbruksmeldinga

Summen av desse utfordringane var bakteppet for at Fylkesmannen tok initiativ til å lage ei regional landbruksmelding. Arbeidet med meldinga gjekk gjennom heile 2012, og vart avslutta ved handsaminga i

fylkestinget i desember.

Meldinga har i stor grad prega arbeidsåret 2012. Prosessen har involvert faglaga, kommunar og heile det regionale partnerskapet. Næringa er analysert og kartlagt, og er meldinga konkluderer med 13 sentrale innsatsområde for partnerskapen. For fylkesmannen er det viktig å halde dokumentet oppe som grunnlag for samarbeid og planlegging på tvers av innsatsområde og sektorar. Meldinga blir brukt aktivt for å få oppmerksomheit rundt næringa i opinion, og som grunnlagsdokument for planlegging i fylkeskommune og statsetatar.

Lokalmat

Fylkesmannen har gjennom sju år støtta prosjektretta arbeid for å løfte lokalmatområdet. Frå og med 2012 har vi flytta dette inn som integrert del av drifta, og vi løyser oppgåvene gjennom nært samarbeid med Matnavet og Hoppid (sjå under). Erfaringane er gode. Vi har stort trykk på lokalmatområdet, både gjennom direkte næringskontakt, nettverksarbeid og som tilretteleggar av messer og konferansar. Fylkesmannen har brukt Den Norske Matfestival og Klippfiskakademiet aktivt som møteplass og fellesarena, og vi har etablert gode kontaktar mot både blå sektor og reiselivsnæringa. Næringa har utvikla seg godt gjennom mange år, og vi ser etter kvart behovet for å flytte oppmerksomheit frå nyetableringar til tiltak for å konsolidere situasjonen for etablerte aktørar.

Næringsutvikling

Tradisjonelt har næringsutviklinga blitt handtert sektorvis, med ad hoc samarbeid om enkelttiltak. Dei siste åra har innsatsen frå Innovasjon Norge, Møre og Romsdal fylkeskommune, alle kommunane og Fylkesmannen blitt handtert gjennom felleskonstruksjonen Hoppid. Nesten alle kommunane – 35 av 36 – har skrive kontrakt som regulerer samarbeidet om næringsutvikling. For fylkesmannen betyr dette i praksis at tradisjonell bruksutbygging blir handtert som tidlegare, medan såkalla bygdenæringar i hovudsak blir støtta gjennom Hoppid systemet. Med lokalmat som eksempel praktiserar vi ei tredeling, der matnavet får ansvar for den matfaglege støtta, Hoppid følgjer opp med rådgjeving rundt tema som bedriftsleiing og økonomistyring, og fylkesmannen tar ansvar for nettverksbygging og koordinering.

PT og velferdsordningane

Forvaltning av produksjonstilskot og velferdsordningane er ein heilt sentral del av landbruksoppdraget, og det praktiske oppdraget skjer i nært samarbeid mellom Fylkesmannen og kommunane. Det er heilt klart problematisk at kommunane har knappe ressursar, og at personale oftare enn før blir omdisponert internt. Lite erfaring og svakare kompetanse i landbruksforvaltninga er utfordrande, og krev tiltak frå Fylkesmannen. Fylkesmannen følgjer opp kommunane gjennom kurs, rundskriv, nettbasert støtte og telefon. Fylkesmannen vil i større grad enn før tenkje førebyggjande, og legge meir vekt på introduksjonskurs, og målretta «behovsorientert» oppfølging. Samarbeidet med kommunane er godt, og saksfeltet blir generelt godt handtert.

Fylkesmannen har ambisjonar om å gjennomføre forvaltningskontroll i ni kommunar kvart år, men i 2012 har vi ikkje hatt ressursar til å oppfylle ambisjonane. Aktiviteten vart lågare enn planlagt, men med eit fireårig perspektiv ligg vi omtrent i rute. Det blir jobba godt med kontrollområdet, og vi legg opp til å kontrollere «alle» ordningar i 9 kommunar for 2013.

Vi har av og til problem i grenseflata mellom tradisjonelt og økologisk jordbruk, og opp mot Debio som premissgivar og kontrollør. Vi har etter kvart fleire eksempel på at omlegging til økologisk i realiteten betyr ei ekstensivering av jordbruket, og at det kan bli problematisk i forhold til forutsetningane i PT "... foretaket må drive vanlig jordbruksproduksjon. Hvis det blir høstet lit eller ingen avling, og omsetningen av jordbruksprodukter ikke står i samsvar med antall dyr/areal det søkes tilskudd for, kan dette indikere at driften ikke kan regnes som vanlig jordbruksproduksjon". Det kan vere utfordrande å utøve rolla som kontrollør når kvalitetskrava ikkje nødvendigvis er gjennomgåande, og når der er fleire aktørar på banen med litt ulike innfallsvinklar til kva som er akseptabelt. Vi ser gjerne at heile dette bildet blir avklara mellom Debio og SLF som oppdragsgivar.

Vi er nær ved å fullføre gardskartprosessen. Dei siste 4 kommunane har frist til å levere korrigererte data til Skog og Landskap dette året, og fleire kommunar har allereie levert kontinuerleg ajourhald. I 2012 arrangerte vi 3 kurs for kommunane; eitt feltkurs, eitt kurs i kontinuerlig ajourhald og eitt programvarekurs. På feltkurset fekk aktuelle kommunar øving i å klassifisere grensetilfelle, med særleg vekt på innmarksbeite i overgangen mot myrterreng, tresett beite og attgroing.

Miljøvirkemiddela

Det regionale miljøprogrammet vart revidert hausten 2012. Den viktigaste endringa er at vi flyttar ressursar frå kulturlandskap og «estetiske» formål, til gjødselhandtering og avrenningsproblematikk. Det er også relevant å

nemne at miljøvernavingdelinga heretter får ei aktiv rolle i forvaltninga av miljøprogrammet. Miljøvernavingdelinga skal bidra med kompetanse rundt ordninga skjøtsel av artsrike slåttenger, og avdelingane samarbeider også om tiltak for å verne spesielt utsette arter i samband med slått (hekkeplasser mv). Etterspørselen etter kommunale miljøvirkemiddel er stor, - det er betydeleg rift etter knappe midlar. Miljøprogrammet tar opp føringane for SMIL ordninga, og så langt dette er relevant blir SMIL tilpassa nyorienteringa av RMP. Fylkesmannen får ofte spørsmål frå næringa om korleis miljøvirkemiddele blir fordelt mellom fylka. For mange er dette uklart, og tydelege premisser hadde heilt klart vore ein styrke for vårt arbeid.

Bioenergi og utnytting av skogressursane

Fylkesmannen har sterkt engasjement i bioenergi og utnytting av skogressursane. Utfordringane for bioenergiområdet er lave energiprisar, manglande infrastruktur for vassboren varme og ofte svak kompetanse. Marknaden for flis fungerer ikkje tilfredsstillande, og det blir importert betydelege kvanta frå andre fylke. Vi har nokre mindre firma som tilbyr brenselflis, men desse er ikkje store nok til å kunne levere tilstrekkeleg volum og kvalitet. Dette er utfordrande for både eksisterande og nye anlegg som er avhengig av å kjøpe flis frå andre fylke. Årsaken til dette er utfordrande økonomi, mindre aktørar som opererer på marknaden og anlegg som krev høg kvalitet på brenselet (fukt og finstoff). Det eksisterar i dag ingen anlegg som kan ta i mot skogsflis som er laga av GROT.

Pilotprosjektet Biostigen vart avslutta i 2012. Prosjektet hadde fokus på å skape effektive og lønnsame verdikjeder for produksjon av skogsflis frå skog, kulturlandskap og vegkantar. Prosjektet har gjennomført fleire kompetansehevande tiltak gjennom praktiske forsøk, fagturar og konferansar. Vi oppsummerar prosjektet som vellykka, og det er levert eit viktig bidrag til bedre organisering og meir relevant kunnskap. Prosjektrapporten er sendt til LMD.

Fylkesmannen har tatt initiativ til prosjektet Tredrivaren Møre og Romsdal. Prosjektet er etablert som samarbeid mellom Innovasjon Norge, Møre og Romsdal fylkeskommune, Møre og Romsdal skognæringsforum, Arkitektforeninga og Trefokus. Prosjektet skal bidra til auka innovasjon og verdiskaping i trebasert industri.

I 2012 har prosjektet arbeida med fleire forbildeprosjekt for bruk av tre. Vi har jobba opp mot Skimuseumet i Rindal, Romsdalsmuseet i Molde, Romsdal VGS i Molde og Verdsarvbustaden i Norddal. Vi har dessutan satt i gong ein råvareanalyse for gran. Analysen skal sjå nærmare på virkesegenskapane til gran og kva slags produkt den er best. Analysen blir ferdig i 2013 og resultatane skal nyttast til vidare arbeid for å auke foredlingsgraden av gran i regionen.

Økologisk jordbruk

Satsinga på økologisk landbruk er uhyre vanskeleg å følgje opp gjennom praktiske tiltak. Utgangspunktet er at marknaden ikkje etterspør varene, og at mottaksapparatet (Tine og Nortura) ikkje opnar for nye avtalar. Med dette som bakgrunn er det problematisk å anbefale omlegging til økologisk, der dette ikkje har ei økonomisk oppside for gardbrukarar. Det økologiske miljøet i Møre og Romsdal er lite, og investeringsviljen er ikkje heilt på topp. I denne situasjonen har Fylkesmannen lagt vekt på å jobbe mot matnæringa med opplysningstiltak, og vi har også tiltak for å få fokus på økologisk jordbruk mellom barn og unge. Slik dette er pr 2013, synes det vanskeleg å følgje opp dei nasjonale ambisjonane på området. Fylkesmannen har også lagt arbeid og ressursar i å utvikle matportalen Matnorge.no som kanal for å nå viktige marknader både for småskala tradisjonell produksjon, og for økologiske produkt.

Inn på tunet

Fylkesmannen har hatt Inn på tunet som særleg satsingsområde gjennom lang tid, og vi er no inne i det siste året i ei treårig prosjektsatsing. Satsinga involverer fleire sektorar i embetet, og det blir jobba aktivt mot både kjøparar og seljarar av tenestene. Det har kome opp fleire livsdyktige tiltak med godt rykte, og innsatsen er spreidd på både helse, utdanning og rusområdet. Det er likevel ikkje til å underslå at oppdraget til tider er krevjande. Kommunane er i kontinuerleg søk etter innsparingar, og usikkerheit rundt både økonomiske og faglege sider ved IPT konseptet gjer at rekrutteringsarbeidet er vanskeleg. Det blir jobba hardt og godt, men oppdraget er utfordrande. Fylkesmannen har kobla IPT satsinga opp mot andre innsatsområde som Omsorgsplan 2015 og satsinga på barn og unge. Vi har også ambisjonar om at IPT skal få eit løft gjennom tverrsektorielt samarbeid og tilrettelegging for bruk av skjønnsmidlar. Gode rutinar og for kontroll og dokumentasjon er nødvendige føresetnader for at IPT kan utvikle seg vidare.

Beiteinteresser og vern av rovvilt

Møre og Romsdal høyrer til forvaltningsregion 6, saman med trøndelagsfylka. Den viktigaste skadegjeraren hos oss er heilt klart jerv. Jerven gjer mest skade på seinsommaren og mot hausten, og det viktigaste mottiltaket har derfor vore tidleg sanking. Vi har ambisjonar om å utvikle dette vidare, og arbeider med idear rundt beredskapsbeiting og tiltak for å profesjonalisere tilsynet. Vi vil også arbeide meir med vaktarhundar, som har

vist seg å vere effektive i dei mest belasta rovdyrområda.

Tilrettelegging for meir beiting i områda rundt innmark fell saman med landbrukspolitiske intensjonar og satsing på kulturlandskapet. Vi har lagt til rette for at SMIL midlane kan brukast som delfinansiering av beiteprosjekt som er viktige for kulturlandskapet. Vi oppfordrar i tillegg aktuelle søkjarar om å vurdere dei spesielt utvalde kulturlandskapsområda i samband med beredskapsbeite. Dette er viktig, men vanskeleg arbeid. Hovedutfordringa er gjerdehaldet, eigedomsstrukturen og omfattande teigdeling.

Rovdyr er eit stort problem i dei indre fjordstrøka og i fjellområda. Ei like stor utfordring er tapa som skuldast anaplasmose (infeksjon frå flåttoverførte bakteriar) og alveld. Problema knytt til desse må løysast, og fylkesmannen har jobba aktivt saman med Universitetet i Oslo og Bioforsk. Dei siste åra har Beiteprosjektet vore eit viktig verktøy for arbeidet.

Beitetapa i Møre og Romsdal har ligge på landstoppen gjennom mange år. Det er påfallande at tapa er omtrent like store i kystkommunane som i dei typiske jervområda. Det er all grunn til å tru at tapsårsakene er samansette, og at både sjukdom og rovdyr er inne i bildet. Svært ofte er det vanskeleg å kunne seie noko sikkert om tapsårsak, og det er også nærliggande å tenkje at sjuke dyr lettare blir tatt av rovdyr. Dette er utfordrande problem for forvaltning av erstatningsordningane. Rovvilterstatning gir større økonomisk utbytte enn ordninga "Erstatning for tap av sau på beite". Topografi og effektivt renovasjonssystem i naturen gjer det svært utfordrande å finne kadaver, og det kan oppstå konflikt mellom dyreeigar og forvaltning om årsak til tapa. Dette er uheldig – både av omsyn til ei ryddig og «korrekt» forvaltning, men også for omdømmet mot storsamfunnet. Vi legg stor vekt på tiltak som kan gi betre dokumentasjon av årsaker, og nøkkelen er openbart tidleg funn av kadaver. Vi har satsa på radiobjeller på vaksne søyer, men dette har i liten grad hjelpt oss til å finne daude lam. Sendarar på lam er prøvd i lang tid, men vi er langt frå fornøgd med teknologien. Elektronisk utstyr har vore finansiert både med miljøpolitiske verkemiddel (FKT- midlar) og med landbrukspolitiske verkemiddel (Investeringsmidlar- Organisert beitebruk). Samstundes har det vore brukt FKT- midlar til kurs i trening av kadaversøkjande hundar i 2012. Vi ser behovet for å justere kursen, og for 2013 og framover vil vi legge meir vekt på profesjonalisering og dokumentasjonen av tilsyna.

Naturressursforvaltning og miljøvern

Arbeidet med naturforvaltning er høgt prioritert hos fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Vi har 223 verneområde i fylket og desse krev skjøtsel og oppfølging. I 2012 blei det utarbeide forvaltningsplanar for 20 nye verneområde, herunder fleire Ramsarområde.

Skadane i mange verneområde etter orkanen Dagmar har krevd mykje oppfølging frå fylkesmannen i 2012 og det er svært positivt at det vart løyvd ekstra midlar til dette oppryddingsarbeidet.

Verneområdestyret for Geiranger-Herdalan landskapsvernområde blei konstituert i juni 2012, og prosessen med å ansette forvaltar for området er no i gang.

Vi prioriterer og arbeidet med å følgje opp naturmangfaldlova. I mai 2012 vart det avhalde eit to-dagars kurs for alle kommunane og andre sektorstyresmakter.

Naturtypen slåttemark er viktig i Møre og Romsdal og det er registrert over 200 lokalitetar. Det har dei siste åra vorte utarbeidd skjøtelsplanar for 107 av desse slåttemarkene. I 2012 vart det utbetlat 1,3 millionar i tilskot til 75 av desse lokalitetane.

Vi har prioritert arbeidet mot framande artar i verneområde i tråd med tildelinga. Dette gjeld mellom anna fjeringing av sitkagran og uttak av mink. Vi har og utarbeidd eit informasjonsskriv om framande planteartar, som mange stader utgjer ein trussel for det biologiske mangfaldet i Møre og Romsdal.

Fylket vårt er av dei som har vore hardast ramme av lakseparasitten Gyrodactylus salaris, og vi har krevjande oppgåver knytt til å bekjempe denne parasitten, både i Driva og i Rauma.

Tilsyn med forureinande verksemdar er høgt prioritert og vi har delteke i alle dei nasjonale aksjonane, mellom anna mot pukkverk, små verkstader og fiskeforedlingsindustrien.

Akvakultur og fiskeforedling er store næringar her i fylket, og vi har ei rekkje saker til behandling på dette området.

Arbeidet med oppfølging av skipsverfta har vore prioritert. Siste frist for utarbeiding av tiltaksplanar var 1. juli i fjor. Det er svært sprikande konklusjonar i forhold til vurdering av resultat og forslag til tiltaksplaner frå dei ulike konsulentane som har vore involvert. Det blir ei utfordring å få kvalitetssikra desse rapportene og sikre samordna rammekrav i forbindelse med utsending av pålegg om tiltak.

Arbeidet med grunnforurensing har hatt prioritet siste halvår i fjor og vi har mellom anna fått oppdatert grunnforureiningsdatabasen.

Vi har ikkje hatt ressursar til å gjennomføre kommuneundersøkinga i 2012.

Arbeidet med vassforskrifta er krevjande, mykje på grunn av den organiseringa som er valgt. Det er mange aktørar og mykje tid går med til å diskutere prosess, oppgåvefordeling og ambisjonsnivå for arbeidet. Dei ressursane vi har tilgjengelig står ikkje i samsvar med dei forventningane som er skapt på dette området.

2.6 Samfunnssikkerhet og beredskap

Medan 2011 vert hugsa for krisene og den store katastrofen, har 2012 først og fremst vore gjennomgangen, granskinga og ettertankens år. 22. juli-kommisjonen sin rapport, rettssaka og kvar og ein sine erfaringar og refleksjonar etter terroråtaka 22. juli 2011 har danna grunnlag for den mest gjennomgåande diskusjonen av norsk beredskap nokon gong. I litt mindre skala, men også viktig, sette ekstremvêret Dagmar betimeleg søkjelys på samfunnet si sårbarheit overfor naturkreftene.

Hos fylkesmannen var det «normal drift» som prega beredskapsarbeidet i 2012. Turnover, vakansar og høgt arbeidspress dei føregåande åra har gjort at vi er på etterskot innanfor eit par viktige oppdrag. Dette gjeld i første rekkje fylkesROS og tilsyn med kommunane. Men på begge desse områda arbeider vi no systematisk, og etter eigen langtidsplan skal vi vere å jour med resultatkrava i løpet av 2013. Nærare omtale av status for fylkesROS og tilsyn er gitt i kapittel 3.

For dei fleste andre oppdraga er resultatkrava i vesentleg grad oppfylte, og fylkesmannen sitt generelle intrykk er at grunnberedskapen i fylket er god. Hos kommunane, som fylkesmannen har eit særskilt oppfølgingsansvar for, er det sjeldan eller aldri vi ser svikt i evna til å handtere ekstraordinære situasjonar som brått dukkar opp. Det er snarare grunn til å seie klart frå om at krisehandteringsevna er noko av det som verkeleg fungerer godt i kommunane og lokalsamfunna. Vi er også ubeskjydene nok til å meine at langvarig og systematisk arbeid frå fylkesmennene si side er ein vesentleg grunn til at dette fungerer. Tett oppfølging, erfaringsdeling mellom kommunane og jamn øvingsaktivitet med vekt på rolleforståing og krisekommunikasjon er etter vår vurdering vesentlege suksesskriterium. Denne innsatsen må halde fram, og desse oppgåvene kverna Fylkesmannen i Møre og Romsdal vidare på i året som gjekk. Erfaringsdeling var hjørnestein i alle fagsamlingar, kurs og konferansar som vart arrangerte, og alle 36 kommunane fekk tilbod om øving i fylkesmannen sin regi. 34 takka ja.

På den andre sida: Det finst også område der skoen trykkjer. Vi ser at det store fleirtalet av kommunane har langt att til å oppfylle krava om heilskapleg ROS-analyse. Og, i forlenginga av dette, har kommunane mykje å hente på førebyggjande samfunnstryggjeleiksarbeid. Ikkje minst med omsyn til å etablere robuste system og reserveløysingar for kritisk infrastruktur og samfunnskritiske funksjonar.

For å styrke kommunane sine føresetnader for å arbeide med ROS-analysar har tre kommunale ROS-prosjekt fått skjønnskott frå ramma for omstilling og fornying i kommunane. To av prosjekta legg til rette for interkommunalt samarbeid om heilskaplege ROS-analysar på høvesvis Nordmøre og Sunnmøre. Det tredje prosjektet gjeld metodeutvikling for kommunale ROS-analysar av flaum- og skredfare. Prosjektet er førebels ein pilot i Sunndal kommune, men det vil ved ferdigstilling ha stor overføringsverdi til andre kommunar. Eit fjerde prosjekt som også har fått tilskot gjeld interkommunalt brannvernsamarbeid.

Kapittel 3 - Resultatområder

Kongehuset

00.1 Kongelige besøk

Fylkesmannen har hatt tre besøk frå Kongefamilien:

Kronprinsparets fylkesbesøk 19. – 22. august: Kronprinsparet besøkte kommunane Stranda, Herøy, Hareid, Haram, Molde og Rauma.

Kronprins Haakon besøkte Atlanten vidaregåande skole i Kristiansund 25.9.2012 i høve opplæring i Global Dignity Day.

Kronprins Haakon opna Norsk Maritimt Kompetansesenter i Ålesund 8.11.2012.

00.2 Tildeling av ordener og medaljer

Det er delt ut 15 Kongens fortjenstmedaljar i sølv dette året.

Miljøverndepartementet

Resultatområde 01 - 06 Naturmanfold, vannforvaltning og forurensning

Skogvern

Vi er ferdige med arbeidet med skogvern på offentleg grunn og har gitt arbeidet med frivillig vern av skog på privat eigedom høg prioritet. Den vidare framdrifta i dei 3 sakene som vi no har til behandling er avhengig av framdrifta hos sentrale myndigheiter og Allskog.

Nasjonal marin verneplan

Arbeidet har som kjent ikkje starta opp i Møre og Romsdal, og vi avventar klarsignal om oppstart.

Forvaltning og naturoppsyn i verneområder

Fylkesmannen har i 2012 utarbeidd forvaltningsplanar for 20 naturreservat og fuglefredningsområde, og det er ny rekord for dette arbeidet i vårt fylke.

Om vi får midlar til å halde framdrifta med forvaltningsplanar framover, reknar vi med å ha ferdige forvaltningsplanar for dei områda der det er størst trong til det i løpet av 2014.

Bestillingsdialogen med SNO fungerer godt, og det er eit godt samarbeid gjennom året knytta til skjøtselsetiltak og oppsyn.

Skadane i mange verneområde etter orkanen Dagmar har krevd mykje oppfølging frå fylkesmannen i 2012 og det er svært positivt at det vart løyvd ekstra midlar til dette oppryddingsarbeidet.

Nasjonalparker og andre større verneområder

Verneområdestyret for **Geiranger-Herdalen** blei konstituert 22. juni 2012. MD har godkjent Fjordsenteret i Geiranger som kontorstad for framtidig verneområdeforvaltar, og prosessen med å ansette forvaltar er no igang.

Verneområdestyret for **Trollheimen** fikk delegert forvaltningsmyndigheit for Trollheimen LVO mv frå februar 2011 og forvaltar blei tilsett hausten 2011. Første fulle driftsår har vore 2012. Oppstartmelding for revidering av forvaltningsplan for Trollheimen blei annonsert 30. mai. Det er arrangert eit ope møte i kvart av fylka samt 4 mindre møte. Kartlegging av kulturmarker i Trollheimen er supplert i 2012, og det er sett i verk skjøtsel på fleire skjøtelskrevjande areal.

Det er løpande kontakt med nasjonalparkstyret for **Dovrefjell-Sunndalsfjella** og kontaktutvalet for **Reinheimen**. Rådgiving, kontroll av vedtak og noko deltaking på møte og konferansar. Nasjonalparkstyre for **Reinheimen** blei som kjent oppnevnd no rett over nyåret, og vi planlegg eit konstituerande møte for nasjonalparkstyret februar/mars 2013.

Fylkesmannen har påklaga 3 vedtak fatta av nasjonalparkstyret for Dovrefjell-Sunndalsfjella (AU-vedtak)

Motorferdsel i utmark

Saksfeltet har relativt låg prioritet, men vi tek unna dei få klagesakene vi får på kommunale vedtak og rettleier kommunane i regeltolkinga på konkrete førespurnader

Arbeid med og forvaltning av utvalgte naturtyper, prioriterte arter og trua arter

Slåttemark og slåttemyr

76 lokaliteter blir skjøtta i samsvar med skjøtelsplan i 2012 (46 skjøtelsavtalar). 107 skjøtelsplanar er ferdigstilte. Oppretta ressursgruppe med 2 repr. frå miljøvern og landbruk, samt diverse andre, i 2010. Arbeidet leiast av miljøvernavingdelinga. Arbeidet er svært omfattande med over 200 A- og B-lokalitetar i fylket. Godt samarbeid med landbruksavingdelinga

Kystlynghei

Det er laga skjøtelsplanar for 4 referanseområde. Det er vidare gitt tilskot til kurs og lyngheiskjøtsel gjennom tilskotsordning for utvalde naturtypar til 2 av områda.

Viltforvaltning

Etter at fylkeskommunen i forvaltningsreformen tok over hovuddelen av ansvaret for dei jaktbare artane, er det fylkesmannen si rolle som klageinstans som krev mest ressursar. Vi behandla 13 klager på kommunale vedtak med heimel i viltloven i 2012.

Dei fleste av desse sakene var frå 2011, og var klager på kommunale vedtak etter hjorteviltforskriftene. Lang saksbehandling skuldast at vi har knappe ressursar, og det fører til at avgjerd av saker ikkje kan få verknad for klagar det aktuelle året saka gjeld.

Effektane av slik klagebehandling blir avgrensa til føringar for framtidig saksbehandling.

Forvaltning av villrein

Villreinnemnda for Ottadalen er i god drift med støtte frå innleidd sekretærbistand frå Skjåk kommune. Økonomiforvaltninga for Ottadalen villreinnemnd går greit.

Grunneigarane har ei god og robust organisering som tar eit solid ansvar for sin del av villreinforvaltninga.

Vi har avgrensa vårt arbeid med dei regionale planane for villreinområda til å fylle vår rolle i prosessane etter PBL.

Rovviltforvaltning

Det viktigaste av rovviltarbeidet er i rute. Forvaltningsplanen for regionen er revidert og Trollheimen er tatt ut som yngleområde for jerv. Dette skaper utfordringar når rovviltnemnda framleis har mål om 3 årlege ynglingar av jerv i Møre og Romsdal.

I år er det registrert 1 yngling innafor området med mål om 3 ynglingar i vårt fylke.

I tillegg er det registrert 1 yngling innafor Trollheimen. SNO prøvde å ta ut dette hiet, men lukkast ikkje. No er det dokumentert jerveskade på sau i nærområda til denne ynglinga, og vi har opna opp for felling av 1 jerv i skadeområdet.

Det har vore ulveskade på sau i Rauma kommune knytt opp til skadeområdet i Lesja kommune i Oppland. I tillegg har det vore bjørneskade i to ulike delar av fylket. Det har vore iverksett fellingsforsøk på 2 bjørnar og 1 ulv. Ein ulv blei felt i Lesja kommune.

Vi har i 2012 behandla og sendt over til DN 16 klagar på rovviltskadeerstatning for vedtak fatta i 2011. Klagar fekk delvis medhald i ei av sakene. I dei øvrige 15 sakene blei våre vedtak stadfesta.

På grunn av manglande kapasitet har vi ikkje hatt rom for å halde ved like arena for dialog med ulike aktørar innafor rovviltforvaltninga i 2012. Vi har heller ikkje hatt kapasitet til å vere aktive i forhold til å etablere kommunale/interkommunale fellingslag slik det har vore etterspurd.

Fremmede organismer

Prosjektet «metodeutvikling for fjerning av sitkagran» knytt til Gule/Stavik NR i Fræna kommune er framleis i planleggings/oppstartfasen. Vi ventar at det vil gå med vesentleg meir tid til administrasjon, gjennomføring av tiltak og evaluering i 2013.

Vi har prioritert arbeidet mot framande artar i verneområda i tråd med tildelingane. Etter kvart som forvaltningsplanar kjem på plass blir det lettare å arbeide rasjonelt innafor dette området.

SNO har satsa tungt på uttak av mink innafor Sør-Smøla LVO. Dette har gitt svært gode resultat! Neste sesong med nok tilgjengeleg sjøfuglmat i havet vil vi venteleg sjå god overleving på hekkande sjøfugl i Sør-Smøla.

Elles har vi hatt noko innsats mot mink i sjøfuglreservata våre. Minkfellene som har vore tilrådd brukt fungerer ikkje tilfredsstillande. Ved betre felletypar (eventelt modifisering av dei vi har) vil venteleg feller kunne bli eit vesentleg hjelpemiddel ved utrydding av mink. SNO vil arbeide vidare med utprøving av fellefangst av mink i 2013.

Arbeidet med å få kommunane Giske og Sandøy til å utvikle ein strategi for forvaltning av lebeltene går framover. Lebeltene inneheld for ei stor del utanlandske treslag med hovudvekt på sitkagran. Det er stor spreingsfare til tilgrensande naturområde. Vi vurderer å nytte skjønnsmidlar enda eit år for å få sjå reelle resultat av dette prosjektet ute i terrenget.

Vi har laga eit informasjonsskriv om framande planteartar som utgjer den største faren for biologisk mangfald i Møre og Romsdal. Dokumentet blei sendt ut til media, og temaet blei tatt opp i nokre lokalaviser. I tillegg blei det lagt ut på heimesida vår og nokre av kommunane sine.

Vi har godt samarbeid med landbruksavdelinga når det gjeld behandling av søknader om utsetting av framande treslag til skogbruksføremål etter den nye forskrifta som tredde i kraft i juli. Ein klagesak er sendt over til DN.

Helhetlig vannforvaltning

Vi er i all hovudsak ferdige med karakterisering og klassifisering av alle dei 1700 vassførekomstane i Møre og Romsdal. Det gjenstår noko arbeid med kvalitetssikring av innlagte data og karakterisering av grunnvassressursane, som har vore nedprioriterte til no.

Dokumentet "Vesentlege vassforvaltningsspørsmål" ble sendt på høyring av fylkeskommunene i juli, og det har komme inn ein rekke høyringssvar.

Arbeidet med vassforskrifta er omfattande og prega av mange aktørar og til tider noko ulik rolleforståeing. Dette gjer arbeidet krevjande.

Forvaltning av anadrom laksefisk og innlandsfisk

Lovpålagte oppgåver i hht i lakse- og innlandsfiskeloven er utført. Vi har bistått DN i arbeidet med revisjon av fiskereguleringane og i arbeidet med å starte opp overvåkningssystemer for sjøørret og ål.

Vi har bistått og veiledet lokalt oppsyn (SNO) med planlegging av mest mogleg effektivt og målretta lakseoppsyn ved å ha gjennomført det årlige kontakt og planleggingsmøte, bestillingsdialogmøte mellom forvaltning og oppsyn.

Har fulgt rutiner for fordeling av tilskotsmidlar frå Statens Fiskefond, herunder bruk av elektronisk søknadssenter.

Arbeidet med å bekjempe gyro i elvene Driva og Rauma er svært ressurskrevjande. Arbeidet med å planlegge fiskesperra i Driva har til tider vore krevjande pga mykje lokal motstand,, men prosessen er no i god gjenge og reguleringsplanene for fiskesperra er vedteken av Sunndal kommune.

Avdelinga har i 2012 og brukt mange vekeverk på å hjelpe til med rotenonbehandling av Vefsna-vassdraget i Nordland.

Akvakultur

Ein viktig føresetnad for å kunne gjennomføre embetsoppdraget på ein god måte er einskaplege retningslinjer. Vi opplever at utøvande praksis ikkje er godt nok samkjørt mellom ulike fylkesmenn og Klif. Det er òg eit behov for å betre samordning med Mattilsynet og Fiskeridirektoratet.

Søknader om akvakultur etter forureiningslova vert behandla løypande. Alle nye utsleppsløyve i Møre og Romsdal inneheld krav til miljøundersøkingar. Ved endring av eksisterande utslippsløyve blir det òg stilt krav til miljøundersøkingar. Møre og Romsdal har ca 130 aktive anlegg med utslippsløyve. Vi har i år prioritert å få lagt inn alle aktive akvakulturløyve i Forurensningsdatabasen.

Nye krav til lågare tettleik av fisk vil medføre behov for flytting av ankerfester. Flytting av ankerfeste skal behandlast etter akvakulturloven. Vi har ikkje tettleikskrav i utslippsløyva våre og vil derfor som hovudregel ikkje krevje søknad om endring etter forureiningslova.

Behandling av søknader til utsleppsløyve for settefiskanlegg er ei utfordring. Det manglar sentrale føringar med rammekrav, og bransjen er bekymra for forskjellsbehandling over fylkesgrenser. I Møre og Romsdal har vi utarbeidd ein ny standard med krav om reinsing. Vi har tatt sikte på at dei største settefiskanlegga skal ha krav som er tilsvarende forskriftskrav for avløpsreinseanlegg.

Rettleiaren for Fylkesmannens behandling av oppdrettssaker er noko utdatert. Det er svært ressurskrevjande med manglande retningslinjer, då dette medfører mange diskusjonar internt og eksternt. Vi reknar òg med at det kjem nye retningslinjer relatert til dei nye miljøkonsesjonane som skal innførast i 2013.

Avløp

Det er forventa mykje arbeid med oppgradering av alle avløpsreinseanlegg i dei store bykommunane dei neste 3 åra. Vi har god dialog med kapittel 14 kommunane og alle er innforstått med kravet om ferdigstilling av primærreinseanlegg innan 31.12.2015. Klif har utarbeidd ein ny mal for utsleppsløyve. Den nye malen for utsleppsløyve er presentert i møte med alle kapittel 14 kommunane i Møre og Romsdal. Både vi og kommunane er fornøyde med at det er utarbeid en ny mal allereie no, då dette bidrar til forutsigbarheit i prosessen vidare. Vi har allereie teke i bruk ny mal for utsleppsløyve til det første nye reinseanlegget som tilfredsstillar dei nye framtidige reinsekrava.

Fylkeskommunen i Møre og Romsdal har lagt ned driftsassistansen for avløp og dette pregar arbeidet spesielt i kapittel 13 kommunane. Det er mange små kommunar i Møre og Romsdal som slit med mangel på kompetanse innafor avløp, og dette kjem spesielt godt fram no i forbindelse med vassforskriftarbeidet. Det blir viktig for oss å bidra for å få på plass ei ny løysing med fagleg samarbeid på tvers av kommunane, og kanskje med dei store bykommunane i ei sentral rolle.

Vi ser òg eit aukande problem med mangel på kompetanse i kommunane i forbindelse med påsleppsløyve frå industri. Det er mykje fiskeforedling og næringsmiddelindustri i Møre og Romsdal og ved dårlege påsleppsløyver er dette avløpsvatn som kan påføre avløpsreinseanlegg store skadar.

Miljøkommune.no er eit godt hjelpemiddel for fylkesmannen og kommunane innafor avløpsforvaltninga. Oppfølging av kommunen som myndighetsforvaltar når det gjeld avløp er svært krevjande i eit fylke med mange små kommunar.

Vi har ikkje ein samla oversikt over avløpsanlegg som overskrider utsleppsløyver. Kommunane rapporterer årleg avløpstall i KOSTRA.

Vannforurensning og vannkvalitet

Møre og Romsdal er eit fylke med mange sjønære verksemdar, og med eit stort behov for regulering og kontroll

av avløpsvatn og overvatn til sjø. Det er no auka fokus på at det ikkje kan gis løyver som fører til at miljømåla i vassforskrifta ikkje nås. Vi har ikkje ein samla oversikt over dei verksemdene som har eit gyldig løyve frå Fylkesmannen og som har utslipp til dei vassførekomstane kor det er risiko for ikkje å nå miljømåla i 2021.

Vi har laga ein oversikt over dei bedriftene i Møre og Romsdal som har eit gyldig løyve frå KLIF og som har utslipp til dei vassførekomstane kor det er en risiko for ikkje å nå miljømåla i 2021. Klif har ansvaret for 21 landbaserte verksemdar i Møre og Romsdal, og av disse har 11 avløp til kystvassførekomstane som vi har definert til at det er mulig eller sikkert at ikkje kjem til å nå miljømåla innan 2021. Dei fleste av disse verksemdene er årsak til, eller ein del av årsaken til at vassførekomsten ikkje vil nå miljømåla. I tillegg er det registrert 112 nedlagte bedrifter som har hatt utsleppsløyve frå Klif, **kven tar ansvar for desse?** Kan vi forvente at dei er rydda opp? Det ligg ikkje kartreferansar i Forurensningsdatabasen til desse lokalitetane.

Oljeforurensning

Ein russisk trålar som sank ved kai i Sykkylven kommune under orkanen "Dagmar" i jula 2011 utgjer ein trussel om oljeforureining. Fylkesmannen bistår kommunen i prosesen knytt til å få vraket fjerna og har mellom anna delteke på møte med Fiskeri- og kystdepartementet og Kystverket.

I tillegg har det vore kontakt med Kystverket i samband med forlis på Hustadvika og på Smøla.

Resultatområde 07 Godt bymiljø

By- og stedsutvikling

Fylkesmannen søker å vere tidleg inne i by- og stadutviklingsprosessar med fagkompetanse og formidling av nasjonal politikk. I våre innspel blir det m.a. lagt særleg vekt på RPR for areal- og transport, grønstruktur, barn- og unges interesser. Konflikthar kring kjøpesenteretableringar er også ofte komplekse og konfliktfylte. Sjå nærare resultatområde 12.1

Resultatområde 08 Aktivt friluftsliv

Ivaretagelse av attraktive friluftsområder

Dette skjer gjennom det løpande arbeidet med plansaker.

Fylkesmannen som grunneier/rettighetshaver på vegne av staten i de statlig sikrede filuftsområdene

Hovuddelen av dette arbeidet blir fanga opp gjennom behandling av saker etter plan og bygningsloven.

Friluftsråda/kommunane har nå utarbeida forslag til forvaltningsplaner for flesteparten av dei statleg sikra friluftsområda i fylket. Vi har gått gjennom forvaltningsplanane saman med fylkeskommunen, men har ikkje hatt kapasitet til endeleg godkjenning ennå. Vi har difor gått gjennom søknader som fylkeskommunen har fått inn for å sjekke desse ut i forhold til framlagte forvaltningsplaner.

Det meste av forvaltningsplanane har ei utforming i tråd med intensjonane med sikringa. Unnataksvis kan det vere framlegg om å nytte delar av attraktive bustadnære friluftsområde til parkeringsareal. I slike planar kan det vere at vi ikkje kan godkjenne tiltaket som ein del av forvaltningsplanen.

På grunn av manglande kapasitet har vi noko restansar på saker som gjeld omdisponering av areal innafor statleg sikra friluftsområde.

Forvaltning og drift av de statlig sikra friluftsområdene

Fylkeskommunen, friluftsråda og kommunane er hovudaktørar innafor drift av friluftsområda. Fylkesmannen si rolle er avgrensa til vår oppgåver som representant for grunneigar på vegne av staten.

Resultatområde 09 Giftfritt miljø

Sedimenter

Innkomne mudre- og dumpesaker blir sakshandsama fortløypande. Det er stor utviklingstakt på næringslivet i Møre og Romsdal noko som medfører auka behov for industriareal og utbetra hamner, og med påfølgande behov for utfylling i sjøkanten over forureina sjøbotn. Det er òg mange veg- og bruprosjekt i Møre og Romsdal. Nokre av desse mudre- og dumpesakene er konfliktfylte og ressurskrevjande.

Arbeidet med oppfølging av prioriterte skipsverft har vore prioritert. Siste frist for utarbeiding av tiltaksplanar var 1. juli i år. Det er svært sprikande konklusjonar i forhold til vurdering av resultata og forslag til tiltaksplaner frå dei ulike konsulentane som har vore involvert. Det blir ei utfordring å få kvalitetssikra desse rapportene og sikre samordna rammekrav i forbindelse med utsending av pålegg om tiltak.

Vi rakk ikkje å få sendt ut varsel om pålegg til grunneigarar i tiltaksplanområdet for forureina sjøbotn i Ålesund kommune i år. Arbeidet med utarbeiding av pålegg er i gang. Vi bidrar inn i Borgundfjordprosjektet og elles i andre oppryddingsprosjekt så langt ressursane strekk til. Vi ser eit behov for meir aktivt arbeid mot kommunane i forhold til å få forankra arbeidet med forureina sjøbotn lokalt, men slit med mangel på ressursar til dette.

Databasen Vanmiljø blir løypande oppdatert med vann- og sedimentdata.

Grunnforureining

Det er no ansatt ein vikar som har fått hovudansvar for oppgåver relatert til grunnforureining. På dette området har vi tidlegare slitt med mangel på ressursar.

Vi har no fått sluttrapporten frå Asplan Viak på arbeidet med ein gjennomgang av lokalitetane i grunnforureiningsdatabasen. Mange av lokalitetane vart endra frå påverknadsgrad 2 til X fordi det ikkje er anna enn ein generell mistanke om forureining. Ein god del lokaliteter har endra plassering, og mange til nytt gnr/bnr. Det er no sendt brev med informasjon til alle aktuelle eigarar, og lokalitetane vil bli endra til «open» i grunnforureiningsdatabasen når vi får tatt ein gjennomgang av eventuelle innkomne svar på nyåret.

Vi hadde ikkje ressursar til å gjennomføre kommuneundersøkinga i år. Vi har etablert kontakt med nokre kommunar med betydeleg sakshandsaming på grunn av bygge- og gravearbeider i forureina grunn, og der vil vi i 2013 prioritere rådgjeving angående sakshandsaming etter kapittel 2 og innlegging av data i grunnforureiningsdatabasen. Grunnforureiningsdatabasen er oppdatert med pågåande saker.

Avfall og gjenvinning

Vi har regelmessig kontakt med avfallsbransjen i fylket gjennom deltaking i styret for avfallsforum i Møre og Romsdal. Vi deltek også fast på avfallsforums halvårlege konferansar, med innlegg. Svært mange avfallsaktørar deltar på desse konferansane og det er ein sentral arena kor ein treff mange aktørar på same tid. Gjennom dette har bransjen òg kontroll med kvarandre, noko som bidrar til å heve nivået og engasjementet. Bransjen er svært opptekne av vår rolle for å sikre like konkurransevilkår og ynskjer auka fokus på useriøse aktørar.

Fleire kommunar deltar også på konferansane til avfallsforum i Møre og Romsdal. Vi orienterte om miljokommune.no på konferansen som vart arrangert i vår.

Søknader om utsleppsløyve blir sakshandsama fortløypande og tilsyn er eit viktig verkemiddel i oppfølging av bransjen.

Vi har hatt auka fokus på ulovlege avfallsplassar og samarbeid med utvalde kommunar for å forbetre handhevinga av forbodet mot ulovleg avfallshandtering. Miljokommune.no er eit viktig verktøy for både oss og kommunane i dette arbeidet.

Resultatområde 10 Rein luft

Luftforureining

Følgjes opp i samband med plansaker. FM har mellom anna hatt motsegn knytt til luftforureining i samband med etablering av ein ny parkeringstunell i sentrum av Ålesund.

Støy

Støy følgjes i hovudsak opp i samband med plansaker. Det har vore mange plansaker med støy som aktuell problemstilling dette året. Det er svært viktig å prioritere dette arbeidet for å unngå konflikter og klagesaker seinare. Kommunane har eit stort behov for rettleiing på dette området, og vi slit med mangel på ressursar for å kunne prioritere rettleiing av kommunane på ein tilfredsstillande måte. Miljøkommune.no har vore til stor hjelp i forhold til avklaring av myndigheit når det gjeld regulering av støy.

Støy blir regulert i utsleppsløyver til verksemdar. Vi har nokre bedrifter i spesielle konfliktområder som har strengare utsleppskrav enn grenseverdiane angitt i T-1442.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal mottar mange klagar på støy. Det klages etter plan- og bygningslova, forureiningslova og folkehelselova. Vi ser ei auke når det gjeld klagar på lågfrekvent støy, og det er ei utfordring at grenseverdiane i gjeldande forskrifter og retningslinjer ikkje er tilpassa desse problemstillingane. Vi ønskjer at det blir utarbeida retningslinjer for regulering av lågfrekvent støy.

Statens vegvesen har gjennomført strategisk støykartlegging i henhold til forureiningsforskriftas kapittel 5. Kartlegginga er gjennomført for alle vegstrekningar i Møre og Romsdal med meir enn 3 millionar kjøretøypasseringar per år. Det er òg gjennomført ei kartlegging av innomhus støyforhold, der rapporten summerer opp resultatane frå kartlegginga av innomhus støynivå i heilårsbustader, barnehagar, skoler og helseinstitusjonar.

Resultatområde 11 Stabilt klima

Kommunale klimaplaner

Slik ressursituasjonen er no, har vi ikkje kapasitet til å jobbe systematisk med klimaoppgåvene i embetsopdraget.

Fylkesmennene skal følgje opp kommunane med tanke på å komme frå plan til handling når det gjeld arbeidet med klima- og energiplanlegging. Vi gjev uttale til slike planar når dei er på høyring, men det er ikkje ressursar til å følgje opp etter at planen er vedteken.

I samarbeid med fylkeskommunen gjennomførte FMMR ein 2-dagers fagkonferanse i november med søkelys på regionalt og kommunalt klimaplanarbeid. Konferansen samla om lag 100 deltakarar frå kommunalt og fylkeskommunalt tilsette, arkitekt- og konsulentfirma og politikarar.

Vi treng ei avklaring rundt Stortingets vedtak om utfasing av oljebrennere i alle offentlige bygg innan 2018, og Fylkesmannens rolle i dette arbeidet. Vi har i 2012 motteke bekymringsmeldingar om at nokre kommunar har planar om å investere i nye oljebrennere på grunn av lågare investeringskostnader. Det vart derfor sendt ut informasjon til alle kommunane og Fylkeskommunen om Stortingets vedtak.

Industri

Energieffektivisering i næringslivet blir fulgt opp i forbindelse med konsesjonsbehandingar, ved tilsyn og gjennom bedriftenes eigenkontrollrapporteringar.

Resultatområde 12 Resultatkrav knyttet til Tverrgående virkemidler

12.1 Planlegging for en bærekraftig utvikling

Fylkesmannen har fokus på dei områda som er vektlagt i embetsoppdraget. Fylkesmannen i Møre og Romsdal (FMMR) har i 2012 behandla til saman 1189 plan- og dispensasjonssaker (ekspedisjonar) etter plan- og bygningslova (pbl). Samla tal på plansaker for inneverande år (584 ekspedisjonar) ligg høgre enn tilsvarende tal for dei to føregåande åra. Dette gjeld også for dispensasjonssaker etter pbl (605 saker).

Utarbeiding av kommunale planstrategiar representerer ei ny oppgåve for kommunane. Av fylket sine 36 kommunar har 31 av kommunane i løpet av 2012 levert kommunal planstrategi til høyring. Plansakene fordeler seg elles mellom regionale planar, kommune(del)-planar og reguleringsplanar. Av desse utgjør reguleringsplansakene hovudtyngda

Mange av plansakene er både komplekse og konfliktfylte, og krev tett oppfølging i form av møte og synfaringar. Strandsoneforvaltning og kjøpesenteretablering er eksempel på saker som utfordrar ulike interessegrupper som gjerne skaper stort lokalt engasjement. Det er påfallande mange reguleringsplanar som omfattar små areal. Dette har erstatta bruk av dispensasjon, noko som vi ser på som positivt.

Oversikt over dispensasjonsøknader kommunevis, viser at det er store skilnader kommunane i mellom. I fleire kommunar ligg talet på dispensasjonssøknader svært høgt målt i forhold til storleik/folketal. Både kommunane og Fylkesmannen har felles interesse av at det blir færre dispensasjonar etter plan- og bygningslova. Frå Fylkesmannen si side blir det her peika på at oppdaterte og gode planar her vil gi politikarane og kommunane gode og tydelege styringsverktøy. Gjennom dette vil behovet for dispensasjonar kunne reduserast

FMMR har i 2012 fremma motsegn til 63 planar (53 reguleringsplanar og 10 kommune(del)planar). Talet på motsegner ligg på nivå med fjoråret (62 saker), men vesentleg høgare enn i 2010 (39 saker). Det er flest motsegner knytt til natur/miljø/landskap og til strandsone/friluftsliv. Høgt tal på saker knytt til strandsona har ofte samanheng med forventningar om at det skulle bli enklare å få bygge i 100 meters-beltet langs sjøen etter at det vart innført *Statlege planretningslinjer for strandsona* (SPR) frå 01.07.2011

Motsegnssaker knytt til kjøpesenteretablering er ikkje så mange i talet, men er likevel ofte både svært komplekse og konfliktfylte. Fylkeskommunen har i Regional strategiplan 2012 – 2016 for Møre og Romsdal varsla oppstart av ny regional delplan for senterstruktur i 2012. Saman med rikspolitiske bestemmelsar (RPB) for kjøpesenter vil dette gi viktige rammer og føringar for behandling av kjøpesentersaker.

Det har vore gjennomført 7 meklingar i løpet av 2012. Spørsmål knytt til strandsoneproblematikk har vore tema i fire av meklingane. Konflikter knytt til kulturminnevern, trafikktrygging, jordvern og natur-og miljøvern har også vore aktuelle meklingstema. FMMR har sjølv vore part i fem av meklingssakene.

FMMR har i 2012 hatt tre plansaker som er oversendt for avgjerd i Miljøverndepartementet (MD) i 2012. FMMR har vore part i to av desse.

Oversendingssakene i 2012 gjeld:

- Skodje kommune (sak 10/4966); reguleringsplan for Digernes næringsområde. FMMR har med referanse til RPB for kjøpesenter og Fylkesdelplan for senterstruktur reist motsegn til etablering av detaljvarehandel ut over 3000kvm.
- Averøy kommune (sak 11/6096); reguleringsplan for Uran. Statens vegvesen har reist motsegn til område for bustadbygging av omsyn til manglande trafiksikkerhet
- Nesset kommune (sak 10/4266); kommuneplanens arealdel. Det er reist motsegn til deler av planen frå Fylkesmannen, fylkeskommunen, Statens vegvesen og Sunndal kommune.

Alle dei tre sakene er for tida til behandling i Miljøverndepartementet og er forventa avgjort i løpet av 2013.

FMMR har i 2012 fremma til saman 20 klager på kommunale dispensasjonsvedtak. Dei fleste klagesakene omfattar saksområde knytt til strandsoneforvaltning. Fleire av desse sakene gjeld søknad om dispensasjon frå plan knytt til oppføring av naust og flytebrygge

I samarbeid med fylkeskommunen gjennomførte FMMR ein 2-dagers fagkonferanse i november med søkelys på regionalt og kommunalt klimaplanarbeid. Konferansen samla om lag 100 deltakarar frå kommunalt og fylkeskommunalt tilsette, arkitekt- og konsulentfirma og politikarar.

FMMR har eit tett samarbeid med fylkeskommunen i plansaker. Dette omfattar både samarbeid i enkeltsaker, så vel som kontakt og rettleiing gjennom dei regionale plannettverka og i regionalt planforum. Fylkesmannen er også ein viktig høyrings- og samarbeidspart i samband med regionale plansaker. For 2012 har dette m.a. omfatta innspel til Regional planstrategi 2011 – 2016, planprogram for Fylkesplan 2012 – 2016 og planprogram for

Regional delplan for folkehelse.

Fylkesmannen deltar elles i arbeidet med regionale delplanar for villreinområda i Ottadalsområdet og på Dovrefjell. I tillegg gjer villreininteressene seg sterkt gjeldande i forslag til kommuneplan for Nesset; jf. motsegn frå FMMR i oversendingssak til MD.

Fylkesmannen som garantist for rettstryggleik og samordnar av statlege interesser

Fylkesmannen gir omfattande rettleiing både i høve tolking og praktisering av plan- og bygningsloven. Ein monaleg del av rettleiinga skjer gjennom telefon og e-post, men også gjennom møter. Rettleiing vert ytt både til kommunar, private planleggjarar, Statens vegvesen, fylkeskommunen og privatpersonar. Rettleiinga er ofte ikkje direkte knytt til klagesak hos fylkesmannen. Rettleiingsarbeidet er relativt tids- og arbeidskrevjande.

Det er behandla 34 klager på reguleringsplanar i 2012. Kommunestyret sitt eigengodkjenningsvedtak vart stadfesta i 20 av dei sakene som er behandla, medan 9 av saken vart oppheva eller endra. I 5 saker vart resultatet delvis stadfesting og delvis endring/oppheving.

Der klager vert tatt til følge, er dette i det vesentlege på grunn av at det har låge føre manglar ved kommunen si saksutgreiing og avgjersgrunnlag eller at planane ikkje har vore tilstrekkeleg eintydige.

Som eit ledd i klagesakshandsaminga har fylkesmannen gjennomført synfaring i dei sakene det var naudsynt for å kunne gjere ei konkret vurdering av kommunen si arealbruksvurdering.

Tala på behandla klager på reguleringsplanar for 2011, 2011 og 2009 er til samanlikning 47, 38, 25. Det har soleis vore handsama færre reguleringsplanklager i 2012 enn i dei to føregåande åra.

Vi har i lengre tid hatt for lang sakshandsamingstid. Dei juridiske sakshandsamarane prioriterte difor reguleringsplansaker våren 2012, og ekstra ressursar frå Miljøverndepartementet på dette området gjer at vi då nærma oss ei sakshandsamingstid på 3 månader. Til tross for ekstra ressursar, kom gjennomsnittleg sakshandsamingstida i 2012 opp i om lag 30 veker, altså på 6-7 månader.

Forklaringa på dette er to-delt. For det første vart det etter prioriteringa av reguleringsplanklager første halvår 2012, gjort ei omprioritering av oppgåveløysinga på avdelinga. 12-ukers-fristen på klager på byggesaker etter plan- og bygningsloven var ein viktig faktor i denne omprioriteringa. For det andre vi hatt store utfordringar med bemanninga i 2012, der tre erfarne sakshandsamarar har vore ute i permisjon i om lag halve året 2012, en sakshandsamaren på området har gått over i anna stilling og gått frå sakshandsamar til fagansvarleg og kvalitetssikrar på området, samt at avdelingsdirektøren gjekk av med pensjon i juni, utan at det til no er tilsett ny direktør. Den faste bemanninga vart etter dette for lita til å klare å nå målet. I tillegg har ein del av sakene vore store og arbeidskrevjande.

For å vere betre rusta til å nå målet om 3 månaders sakshandsamingstid, har vi arbeidd for å bygge opp eit juridisk miljø som er mindre sårbar både for permisjonar og turn-over elles, slik at fleire av juristane er no involvert i reguleringsplanområdet. Vidare er avdelinga tilført ytterlegare 3 juristar som følgje av verjemålsreforma, og vi ser det som viktig at også desse på sikt har plan- og bygningsloven som ein del av si portefølje. Slik planlegg vi å skape eit meir robust fagmiljø også i høve reguleringsplanklager framover. Dette gjeld sjølv om vi ser at også 2013 vil bli eit år med store personalmessige utfordringar, da fire røynde sakshandsamarar/juristar vil gå ut i permisjon omtrent på same tid.

Saksomkostningar er tilkjent i 2 saker. Krava vart imøtekomne, og fylkesmannen fastsett at ansvaret for kostnadsdekkinga skulle liggje i kommunen.

Miljøvernavingdelinga har det største koordineringsansvaret for plansakene på embetet. Det har vore ytt juridisk bistand i samband med fråsegner til reguleringsplanar der dette har vore naudsynt. Vi har òg målsetjing om at kommuneplanar med føresegn skal vurderast av jurist.

12.2 Tilsyn og konsesjonsbehandling

Landbasert industri

Søknader om utsleppsløyve blir prioritert sakshandsama så raskt som mogleg. Det er mykje industri i fylket som har eller må få utsleppsløyve etter forureiningslova. Det er fortsatt lange restanselister på innkomne søknader om

utsleppsløyve. Konesjonsbehandling blir prioritert høgt.

Dei sjølvbærande industri-kapitlane i forureiningsforskrifta inneber ein overgang frå enkeltløyve eller ingen regulering til forskriftregulering. I forbindelse med landsdekkjande tilsynsaksjonar blir det gjort ein innsats med å gå igjennom gamle utsleppsløyver for å vurdere om dei skal opphevast, stå ved lag eller oppdaterast. For Møre og Romsdal er det gjort ein omfattande jobb på dette dei siste åra.

Tilsyn

Tilsyn er eit viktig virkemiddel som blir prioritert høgt. Risikobaserte tilsyn samt oppfølgingstilsyn blir gjennomført etter kontrollplana som ligg i Forurensning. Vi har ikkje hatt ressursar til å gjennomføre alle planlagde frekvensbaserte tilsyn i 2012, og vil fortsetter på fjorårets liste i 2013.

Vi har i år deltatt på alle aktuelle landsdekkjande fellesaksjonar i embetsoppdraget; kontrollaksjon retta mot fiskeforedling (lakselakterier), kontrollaksjon retta mot hamner og avfall, revisjon av fragmenteringsverk, risikoaksjon retta mot små verksteder. Det vart gjennomført samtidig tilsyn saman med kommunale brannetatar i 3 kommunar under årets risikoaksjon retta mot små verksteder. Vi fikk god dialog med kommunane gjennom samtidige tilsyn.

Gebyr

Gebyrintektene har vorte vesentleg lågare enn budsjett. Det er i 2012 fakturert ut gebyr for tilsaman ca 1,4 MNOK. I verksamheitsplana for 2012 prioriterte vi konesjonsbehandling og tilsyn øvst. Samla ressursbruk på gebyraktivitet i 2012 var 3,0 årsverk, mens plana var 3,5 - 4 årsverk. Uforutsette sjukemeldingar underveis i budsjettåret har fått store konsekvensar når det gjeld evne til gebyrinntjening. Vi endte difor opp med eit overforbruk på ca kr 290 000 kr. Gebyrintektane i forhold til faktisk ressursbruk i 2012 har hatt ein inndekningsgrad på 55-60%. Vi meiner at inndekningsgraden reduseras blant anna på grunn av:

- Fleire enkeltsaker som krev mykje særskilt oppfølging på grunn av konflikhtar med 3. part. Mange vedtak blir påklaga.
- Store reiseavstander i forbindelse med tilsyn.
- Usikkerheit knytta til gjennomføring av tilsyn åleine.
- Store sprik i satsar mellom dei ulike gebyrsatsane. Det opplevast som svært vanskeleg å melde for høge gebyr til små aktørar på uanmeldte tilsyn.
- Mangel på malar og rettleiarar i forbindelse med konesjonsbehandling av enkelte bransjar.

Vi ser eit behov for diskusjon og samordning av praksis for gebyrfastsetting mellom dei ulike Fylkesmenn.

Kommuneundersøkelser

Vi hadde ikkje ressursar til å gjennomføre kommuneundersøkinga i år.

12.3 Kunnskapsgrunnlag og miljøinformasjon

Kart og geodata

Kartportalen GisLink (www.gislink.no) er ei nettbasert kartteneste som er open for allmenn bruk. GisLink vert drifta av fylkesmennene og fylkeskommunane i Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag og gir oppdatert informasjon til kommunar, regional forvaltning, private verksemder og ålmenta. Noreg Digitalt samarbeidet sørger for at oppdaterte data alltid er tilgjengeleg via GisLink. Dette er sær viktig for at berørte medarbeidarar skal kunne drive saksbehandling på rett beslutningsgrunnlag.

GisLink vart etablert i 2004, som ein av dei første regionale karttenestene av denne typen. I 2012 vart ein heilt ny versjon av GisLink teken i bruk. Den nye versjonen skal kontinuerleg oppdaterast og utviklast med nye GIS-onlinetenester. Det er om lag 400 brukarar av GisLink kvar vekedag.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har tett samarbeid med Statens kartverk i Molde. Fundamentet i samarbeidet er organisert med Geodatautvalet som styringsgruppe. Dette utvalet er samansett av representantar frå Statens vegvesen, Telenor, kommunar, kraftselskap, Statens kartverk, Møre og Romsdal fylkeskommune og Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Temadatautvalet er ei undergruppe av Geodatautvalet som jobbar med prioriterte tematiske data i fylket. Plandata blir prioritert i dette arbeidet. Temadatautvalget er i løpet av det siste året omorganisert. Før var utvalet samansett av om lag 15 personar frå ulike organisasjonar. Behovet for ei så stor gruppe har etter kvart blitt mindre, og det er derfor oppretta eit arbeidsutval med fem representantar: to frå Kartverket, ein frå Vegvesenet, ein frå fylkeskommunen og ein frå fylkesmannen. Arbeidsutvalet kan trekke inn fleire etatar og fagpersonar ved behov. Dette har gitt temadatautvalet ein ryddigare organisasjon og det har blitt eit meir effektivt samarbeidsforum.

Kartlegging og overvåking av naturmangfold

Det er eit nasjonalt og internasjonalt mål at det biologiske mangfaldet skal ivaretakast. Dette krev konkret kunnskap om naturmangfaldet. Både kommunar og andre i samfunnet har i ei rekkje samanhengar behov og interesse for eit oppdatert oversyn over område som har særskilde biologiske verdiar. Særleg viktig er dette i samband med overordna arealplanlegging, men òg innafor meir detaljert planlegging, sektorplanlegging i jord- og skogbruk og elles i den løypande saksbehandlinga, er det behov for data og kunnskap om naturkvalitetar og om naturtilstanden. Dette er data som ikkje minst er sentrale ved arealplanlegging og arealbruk etter Plan- og bygningslova og ved bruk av Naturmangfaldlova.

I 2012 fekk vi midlar frå DN for kartlegging og kvalitetssikring av data om viktige naturtypar i fylket. Kartleggingsarbeidet i 2012 vart konsentrert om kommunane Nesset, Fræna, Midsund, Ørskog og Giske. Det vart i tillegg utført kartlegging av naturtypar knytt til kulturlandskapet som slåttemarkar og slåttemyrar. Resultatet av kartleggingsarbeidet vil bli tilrettelagt for presentasjon i Naturbase i første halvdel av 2013.

Miljøstatus.no

Utan å vere høgt prioritert har det skjedd ei vesentleg oppdatering og oppgradering av Miljøstatus.no i 2012. Framleis står det att ein god del før vi kan seie oss nøgd med nettstaden. Vi har prøvd å oppdatere meir jamt utover året.

Vi deltok i vår på ein informasjonsdag for elevar i ungdomsskulen i Molde om miljøstatus og aktuelle miljøtema. Det er fortsatt ingen skular i Møre og Romsdal som tilbyr valgfaget "Miljøjournalisten".

Databasen forurensning

Alle tilsyn og utsleppsløyve blir registrert i Forurensning fortløypande.

Vi har dei siste åra hatt auka fokus på opprydding av gamle saker forurensingsdatabasen. Det har i år vore gjort ein ekstra innsats for å rette opp feil i risikoklassar og kontrollklassar.

Frekvensbasert kontrollplan for 2013 er utarbeidd og lagt inn i Forureining. Den frekvensbaserte kontrollplana er samordna med foreløpig plan for fellesaksjonar.

Fagsystemet Naturbase

Som tidlegare år har vi hatt høg prioritet på å klargjere og kvalitetssikre datasett som vi får inn for import til Naturbase. Vi har difor ingen restansar innan dette fagområdet.

12.4 Internasjonalt samarbeid

Ingen aktivitet

Ressursrapportering

| Resultatområde | Kapittel 1510 | Fagdep. |
|---|----------------------|-----------------|
| 01 Naturmangfold, vannforvaltning og vannforurensning | kr 4 057 638,63 | kr 5 082 004,99 |
| 09 Giftfritt miljø | kr 520 931,41 | kr 183 622,76 |
| Andre oppgaver under MD | kr 1 414 519,56 | kr 0,00 |
| 11 Stabilt klima | kr 255 979,50 | kr 28 282,94 |
| 12.1 Planlegging for bærekraftig utvikling | kr 3 867 726,13 | kr 0,00 |

| | | |
|--|------------------|-----------------|
| 12.2 Tilsyn og konsesjonsbehandling | kr 673 304,43 | kr 592 587,53 |
| 12.3 Kunnskapsgrunnlag og miljøinformasjon | kr 626 858,45 | kr 0,00 |
| 12.4 Internasjonalt samarbeid (Finnmark) | kr 0,00 | kr 0,00 |
| Sum: | kr 11 416 958,00 | kr 5 886 498,00 |

Landbruks- og matdepartementet

Resultatområde 21 Landbruksbasert næringsutvikling

Hovedtrekk - landbruket i Møre og Romsdal

Møre og Romsdal er eit sterkt landbruksfylke, med om lag 10 prosent av grovfôrbasert produksjon i landet. Fylket har viktige klynger innanfor frukt, grønsaker og bær. Møre og Romsdal har om lag 600 000 dekar jordbruksareal.

Fylket har om lag 284 000 ha produktiv skogsmark, noko som utgjer ca 4 fire prosent av skogarealet i Noreg. 70 prosent av den produktive skogen er drivverdig. Driftstilhøva er svært vekslende, både når det gjeld klima og topografi.

Landbruksmelding for Møre og Romsdal

Fylkesmannen har i samarbeid med landbruksnæringa sine organisasjonar, Innovasjon Norge og fylkeskommunen utarbeidd ei landbruksmelding for Møre og Romsdal. Denne vart vedteken i Fylkesutvalet i desember 2012. Målet for arbeidet med landbruksmeldinga har vore:

- Gje kunnskap om landbruket og setje landbruket på den politiske dagsordenen
- Vere retningsgjevande for utviklinga av landbruket på regionalt nivå
- Bidra til å styrke landbruket og landbruksbasert næringsutvikling i fylket

Meldinga inneheld ein statistikk og analysar, utfordringar for landbruket i fylket, mål og tiltak. I meldinga er det peika på det potensialet som landbruket har, særleg innanfor grovfôrbaserte næringar, bygdenæringar og skogsdrift.

Landbruksmeldinga for Møre og Romsdal peikar på mange av dei store utfordringane for fylket:

- Nesten halvparten av jorda er leigejord
- Det har vore ein sterk nedgang i dyrka areal
- Gjennomsnittsalderen blant brukarane er høg
- Strukturassjonaliseringa held fram og landbruket klarer ikkje å konkurrere med anna næringsliv

Hovudmål i landbruksmeldinga er at *Møre og Romsdal skal ha eit berekraftig og synleg landbruk over heile fylket. Dette målet er følgd opp med delmål og tiltak for korleis ein skal nå måla.*

21.1 Jordbruk

Utviklingstrekk og drivkrefter

Mjølkeproduksjonen dominerer i Møre og Romsdal, og det aller meste av arealet blir brukt til fôrdyrking og beite. Utviklinga går raskt mot større og færre einingar, og talet på aktive mjølkeprodusentar kom i 2011 for første gang under 1000. Om lag like mange produsentar driv med sau. Utfordringane i sauehaldet er knytt til store tap på utmarksbeite og låg lønsemd. Møre og Romsdal er det tredje største geitefylket i landet, med 14 prosent av totalkvoten. Geitehaldet har mykje å seie i fleire av bygdene på Sunnmøre. Fylket har ein relativt liten andel av lyse kjøttslag, men har eit sterkt fagmiljø knytt til den etablerte purkeringen.

Mange vil investere

Det er stor etterspørsel etter investeringsmidlar og mjølkekvoter. Mange legg ned drifta, og mange andre satsar offensivt. Utviklinga går raskt mot større driftseiningar, mindre beiting og meir jordleige. Dei nye driftsformene er ikkje tilpassa eigeidomsstrukturen – meir og meir av produksjonen er basert på leigd jord, og i snitt er leige-

jordandelen på 50%. Utviklinga er i hovudsak styrt av ytre rammefaktorar og teknologi, og er mindre enn før påverka av næringsstrategien eller andre forsøk på lokalpolitisk forming av framtida. Store driftseiningar, mykje transport og konsentrasjon av «aktive» miljø gir nye utfordringar. Motivasjonen for å halde oppe produksjonsevna på marginale areal er mindre, jordbruket blir mindre synleg i mange lokalmiljø, og presset mot jordvernet blir større. Dette er viktige problemstillingar utan gode lokale løysingar.

Kampen om arbeidskrafta

Kampen om arbeidskrafta er kanskje den største utfordringa både på kort og lengre sikt. Næringslivet på Nordvestlandet er inne i ein langvarig høgkonjunktur, og landbruksnæringa har lite å stille opp med i konkurransen. Dette er særleg synleg rundt generasjonsskifta. Det er ikkje lenger slik at det er dei svakaste bruka som går ut. Det «beste» landbruket vårt hadde ei blomstingstid på sytti- og åttitalet, og generasjonen som då satsa nærmar seg slutten på yrkeslivet. Vi har svært mange gode, levedyktige gardsbruk der framtida er heilt uviss. FMLA har lagt til rette for prosjekt i regi av bondelaget, der gardbrukarar som er oppe i slike problemstillingar skal få samtalepartnar og strategisk hjelp til å finne «gode» løysingar på sitt bruk.

Godt fôr kan auke produksjonen

FMLA har også tatt initiativ til ei tung satsing på fôr og fôr kvalitet. Bakgrunn for prosjektet er at det er eit stort potensiale i å løfte produksjon, kvalitet og økonomi ved å betre kvaliteten på fôrproduksjonen. Etter vår vurdering kan potensialet her vere vel så stort som på innsida av fjøsdøra. Det er derfor etablert eit prosjekt som blir drive i samarbeid mellom Tine-selskapa og landbruksrådgivinga. Bygdeutviklingsmidlane og Kompetansemidlane frå fylkeskommunen er viktig del av finansieringa.

Rovviltkompensasjonen er brukt til å sikre at landbruksavdelinga har kompetanse og kapasitet knytt til husdyr og førebyggjande tiltak mot rovviltskader. Landbruksavdelinga deler forvaltningsansvaret for rovviltarbeidet med miljøvern avdelinga, og har hovudansvar for førebyggjande og konfliktdempjande tiltak. Samarbeidet mellom landbruksavdelinga og miljøvern avdelinga er godt.

Førebyggjande tiltak: Møre og Romsdal høyrer til forvaltningsregion 6, saman med trøndelagsfylka. Løyvinga for 2012 var i vårt fylke på kr. 1,75 millionar. Det aller meste av rovvilttapa skuldast jerv. Vi har også mål om auka bestand av gaupe, og vi ser at bestanden er i ferd med å bygge seg opp. Jerven har ei åtferd som gjer at han tek flest lam på seinsommaren og mot hausten. Vårt viktigaste førebyggjande tiltak har derfor vore tidleg sanking, og sekundære tiltak som støttar opp om dette, t.d. utvida tilsyn og tilrettelegging for beredskapsbeiting. Vi har også nokre vellukka vaktarhundprosjekt i eit av dei mest belasta rovviltområda.

Tilrettelegging for auka beiting i områda rundt innmark, fell saman med landbrukspolitiske intensjonar og satsing på kulturlandskap. I mange tilfelle er det derfor nytta kommunale SMIL- midlar som delfinansiering av slike prosjekt. I Møre og Romsdal blir søknadar om midlar til førebyggjande og konfliktdempjande tiltak samanstilt og innsendt felles frå kommunane. Dei har med det høve til å samordne dei ulike tilskotsordningane. Vi har fleire eksempel på at dette vert gjort. Vi oppfordrar i tillegg aktuelle søkjarar om å vurdere dei spesielt utvalde kulturlandskapsområda i fylket i samband med aktuelle beredskapsbeite. Vi har gjort fleire forsøk, men har enno ikkje lukkast med å lage større inngjerda område som fleire kan nytte i samband med tidleg sanking. Hovedutfordringa er gjerdehald, eigedomstruktur og omfattande teigdeling.

Rovdyr er eit stort problem i indre fjordstrok og i fjellområda. Ei like stor utfordring er tapa som skuldast anaplasmose (infeksjon frå flåttoverførte bakteriar) og alveld. Det blir satsa på å finne løysingar på desse store utfordringane. Vi har hatt fokus på dette gjennom det nasjonale beiteprosjektet frå 2009-2012, gjennom eige arbeid, og gjennom å initiere og støtte aktuelle forskingsprosjekt.

Tapsutviklinga er urovekkande, og erfaringane våre bør få merksemd ut over Møre og Romsdal sine grenser. I 2011 kom lammetapa over 12%, og tapa var tilnærma like store i kommunar utan freda rovvilt som i fjellområda. 2012 var eit svært godt beiteår, med lavt tap både til freda rovvilt og sjukdommane alveld og anaplasmose. Lammetapet var på 8,4 % i 2012, og er det lågaste sidan 1995. I nokre område er tapsårsakene svært samansette. Både sjukdom og rovvilt er heilt klart viktige faktorar. Samtidig er sjuke dyr lettare bytte for rovdyr. Dette er utfordrande for forvaltninga av erstatningsordningane. Rovvilterstatning gir større økonomisk utbytte til beitebrukaren enn ordninga "Erstatning for tap av sau på beite". Topografi og effektivt renovasjonssystem i naturen gjer det svært utfordrande å finne kadaver, og det kan oppstå konflikt mellom dyreeigar og forvaltning om årsak til tapa.

Dette er uheldig – både av omsyn til ei ryddig og «korrekt» forvaltning, men også for omdømmet mot storsamfunnet. Vi legg stor vekt på tiltak som kan gi betre dokumentasjon av årsaker, og nøkkelen er openbart tidleg funn av kadaver. Vi har satsa på radiobjeller på vaksne søyer, men dette har i liten grad hjulpet oss til å finne

daude lam. Sendarar på lam er prøvd i lang tid, men vi er langt frå fornøgd med teknologien. Elektronisk utstyr har vore finansiert både med miljøpolitiske verkemiddel (FKT- midlar) og med landbrukspolitiske verkemiddel (Investeringsmidlar- Organisert beitebruk). Samstundes har det vore brukt FKT- midlar til kurs i trening av kadaversøkjande hundar i 2012. Vi ser behovet for å justere kursen, og for 2013 og framover vil vi legge meir vekt på dokumentasjonen av tilsyna. Vi vil ta grep for meir bruk av GPS, og det blir sett inn kurs- og motivasjonstiltak for å få fleire sauebønder til å bruke denne teknologien.

Beiteprosjektet

Møre og Romsdal har vore del av det nasjonale beiteprosjektet sidan det vart sett i gong, som ein oppfølgar av tilsynsprosjektet i 2007. 2012 var siste året i prosjektet. Møre og Romsdal har hatt hovedfokus på sjukdom – Alveld og flåttbårne sjukdomar, medan resten av beiteprosjektet i hovudsak har gått på rovdyrproblematikk.

Beiteprosjektet har gjort det mulig for FMLA å ta initiativ og medvirke i fleire viktige forskingsprosjekt. Vi samarbeider med UiO om forskning på alveld, og samarbeidet med Bioforsk la grunnlaget for det NFR finansierte prosjektet Tickless som skal finne ut av flåttbårne sjukdomar og husdyr.

Midlar frå Beiteprosjektet har vore brukt i eit delprosjektet "Hot spots", der ein søker å finne områder på vårbeitene som er kraftig infisert med flått. Bioforsk har fått støtte frå Beiteforsøket til yttligare to prosjekt: "Go'beite", der ein kartlegg prioriterte beiteområder i kommuner, samt "NoFence", der ein testar ut eit gjerdesystem basert på dyreklave med lyd og strøm.

Det siste året var eit godt beiteår, men fleire tunge tapsår vil kome. Problemet må løysast, og tilbakemeldingar frå UiO om alveld gir grunn til optimisme. Innsatsen frå beiteprosjektet og UiO er motiverande for næringa. Rapportane frå UiO indikerar at vi er nær viktige svar, og dermed muligheter for å sette inn mottiltak. Det er svært viktig for heile saueneinga at dette arbeidet blir slutført, men økonomisk ligg dette no utanfor Fylkesmannen sitt handlingsrom. Alveld er også eit problem i fleire av rovviltområda vår, men det er vanskeleg å finne kadaver. Ei løysing på alveldgata har heilt klart potensiale til å dempe konfliktnivået i debatten om rovvilt

Forvalte regelverket om husdyrkonsesjon og veilede og følge opp kommunene som førstelinjemyndighet for tilskuddsordninger. Det er kun to husdyrkonsesjonar i Møre og Romsdal, ein på verpehøner og ein på gris. Det har ikkje vore søknadar dei siste 10 åra. Vi følger opp produsentar som kjem opp med før høge tal i høve til rapportane frå leveranseregisteret og produksjonstilskotssøknadene utsendt frå SLF. I 2012 har vi ikkje hatt kapasitet til å utføre kontroll, men vil ta tak i dette i 2013. Utfordringa vår ligg i å følge opp produsentar som ligg heilt opp mot produksjonsgrensa. Desse kan i større grad velgast ut og kontrollerast i lag med dei ordinære føretakskontrollane.

Fylkesmannen fekk kr.980 000,- i 2012 som stimuleringsstilskot til delar av kyst- og øysamfunn for å sikre tilgang på veterinære tenester i næringssvake område. Kommunar med vanskeleg kommunikasjon grunna ferje og med store avstandar mellom bruka, vart prioritert. Vi tok ein ny gjennomgang av fordelingane i 2012, der det vart innhenta råd frå Veterinærforeininga og Mattilsynet.

Tapsstatistikk sau på utmarksbeite

| Embeter | Antall sau sluppet (innen organisert beitebruk) | | % tilslutning til org. beitebruk i fylket | Tapsprosent | | Total tapsprosent | |
|------------|---|--------------|---|-------------|----------|-------------------|-------|
| | Sau | Lam | | Sau | Lam | 2011 | 2010 |
| FMMR | 34431 | 52570 | 69 | 2,38 | 8,4 | 12,32 | 10,92 |
| Sum | 34431 | 52570 | 69 | 0 | 0 | 0 | |

21.2 Skogbruk

Skogkultur: Sum tilplanta areal er omtrent likt føregående år. Det er utført noko mindre ungskogpleie i 2012 enn året før. Ut frå resultatkontrollen og foryngelseskontrollen går det fram at avverka areal i hovudsak vert planta til att. Nokre hogstflater vert omdisponert til andre føremå som beite og liknande. Vi har framleis store utfordringar med angrep av gransnutebille. Institutt for skog og landskap har forsøksflater i fylket og ser nærare på dette. Aktiviteten innan skogkultur heng tett saman med tilgang på kompetent arbeidskraft. Skogeigarane sjølve utfører mindre av dette arbeidet enn før. Vi arbeider for at kommunane skal samarbeide om å leige inn fagpersonar til å avdekke behov og utføre praktisk arbeid. Forynging og ungskogpleie er prioritert i høve til andre tiltak ved tildeling av NMSK-midlar til kommunane.

Skogbruksplanlegging: Det er ikkje sett i gang nye prosjekt i 2012. Vi samarbeider med Skog og landskap om ei alternativ løysing i Sunndal. Vi vil mellom anna sjå på moglegheitene for å framskrive eksisterende takst. Det

vil ikke bli sett i gang nye prosjekt før nasjonal gruppe har utarbeidd nye retningslinjer for skogbruksplanlegging. Dei styrka sertifiseringskrava knytt til tømmerkjøparar gir oss store utfordringar med tanke på at det er liten dekning av skogbruksplaner i fylket.

Opprydding etter Dagmar:

Avvirking: Stormen Dagmar gav sterk auke i hogst av gran i fylket. Den auka aktiviteten har gitt oss utfordringar med tanke på infrastruktur (skogsveggar, kommunale-veggar, fylkesveggar og kaianlegg). Oppryddingsarbeidet har gått etter plana, men vist at det står meir volum pr.da. enn det som er oppgitt i skogbruksplanene. Høge driftsprisar og dårleg forsikringdekning har gitt lågt utbytte til skogeigar.

Skogsvegbygging: Stormen initierte mange nye vegprosjekt og fylket fekk tildelt ekstra midler til skogsvegbygging. Alt blei brukt, og framleis står det att noko oppryddingsarbeid. Interesse for bygging av skogsveggar er framleis stor. Auka hogstaktivitet avdekker stort behov for utbygging av infrastrukturen. Vegplanleggartenesta som blei etablert i 2011 har kome til stor nytte i 2012. Utfordrande terreng og kostbare prosjekt gjer det viktig med profesjonell planlegging og byggeleiing. Dette sikrar god forvaltning av tilskotsmidlane.

Ekstraordinære tilskotsmidler: Fylket blei tildelt ekstraordinære tilskotsmidler i samband med opprydding etter stormen Dagmar. Delar av midlane blei nytta som driftstilskot ved uttak av stormskadd skog. Tilskotsmidlane var og er avgjerande for å få rydda opp i mest mogleg. Områder med dårleg vegdekning og vanskeleg terreng har gitt høge driftsprisar. Vidare har låg tømmerpris og dårleg forsikringsdekning bidratt til at driftstilskota har vore avgjerande for aktiviteten.

Hovudplan for skogsbilveggar: Arbeidet blei sett på vent sidan ein har prioritert oppgåver knytt til oppryddingsarbeidet etter Dagmar. Vidare har vi mangla personalressursar. Det vil bli forsøkt å ta opp att arbeidet i 2013.

Kystskogbruket: Vi har vidareført vår deltaking i fellesprosjekta også dette året samt prioritert møte og seminar arrangert i regi av kystskogbruket. Ekstra tildeling i RNB til kaier/tømmerterminalar og arbeidet med identifisering av prosjekt i fylket, gav som resultat 3 gode prosjekt frå M&R (Ørstaterterminalen, Håjem og Malo). Tømmerkaia på Håjem gjekk vidare ved endeleg tildeling frå SLF. Dei midlane som ikkje vart brukte til fellesprosjekt vart hovudsakeleg i år retta inn mot oppryddingsarbeidet etter Dagmarstormen slik LMD bad om ved omprioritering av midlar til M&R og S&Fj.

Bioenergi og auka bruk av tre som byggemateriell: Rapport er under resultatmål 22.5

21.3 Bygde- og næringsutvikling

Bygdeutvikling

Prosessen rundt den regionale strategien har skjedd i samarbeid mellom landbruksavdelinga og den faste styringsgruppa. Medlemene i styringsgruppa har ansvaret for å ta diskusjonen rundt strategien ned i sine organisasjonar. Dette har fungert godt gjennom heile prosessen. Kommunane har blitt orienterte og rådspurte, og synspunkta som har kome fram har blitt lagt fram for styringsgruppa.

Investeringsbehovet er stort for å rasjonalisere produksjonen og møte stadig nye offentlege krav. Det har i alle år vore større etterspurnad etter offentlege investeringsmidlar enn tilgjengelege rammer til tradisjonelt landbruk i fylket. For at flest mogeleg skal kunne byggje ut, har tildelingane pr bruk gjerne vore lågare enn dei tak som er bestemt sentralt. I følgje Trendundersøkinga svarar 24 prosent at det er svært sannsynleg eller ganske sannsynleg at det vert gjort større investeringar i driftsbygningar på garden dei neste fem åra.

Erfaringar med strategien for 2012

Av dei bedriftsretta regionale BU-midla har Innovasjon Norge i 2012 løyvd ca. 30,2 mill. kr i tilskott og ca. 101,7 mill. kr i rentestøttegrunnlag.

Ser vi på tildelinga av investeringsmidlar gjennom Innovasjon Norge dei seinare åra, ser vi at dei er fordelt over heile fylket og på ulike produksjonar. Storparten har gått til kufjøs på einskildføretak og ein del samdrifter, men det er også gjeve løyvingar til storfekjøt, sau, geit, høner og gris. Der er nokre løyvingar til frukt, bær og grønnsaker, reiseliv og bioenergi, og ganske mange tiltak under Inn på tunet og verdiskaping på mat, både til gardsbruk og fellestiltak i marknaden.

Fylkesmannen fekk i 2012 ei løyving på kr 4,42 mill. kroner til utgreiings- og tilretteleggingstiltak, og vi løyvde 5,11 mill. kroner gjennom denne ordninga. «Mellomlegget» skuldast inndregne midlar.

Ein stor del av utgreiings- og tilretteleggingsmidla vert brukte til utviklingsprosjekt i regi av landbruket sine eigne organisasjonar. Eksempel på dette er Tine sine vegvalsprosjekt, Bondelaget som har starta eit prosjekt om rekruttering og Landbruk Nordvest som jobbar med betre kvalitet på grovfôrproduksjonen.

Elles støttar vi framleis lokale bygdemobiliseringsprosjekt der BU-midla er med på å bidra til næringsutvikling, bulyst og auka trivsel. Erfaringane våre er at bygdemobilisering fungerer godt og vekker lokalt engasjement og handlekraft.

Utgreiings- og tilretteleggingsmidla vil vere ei viktig finansieringskjelde for å følgje opp tiltaka i den vedtekne landbruksmeldinga for Møre og Romsdal

Marknadsretta matsatsing

Fylkesmannen ynskjer å legge til rette for auka samarbeid mellom landbruk og reiseliv. Det vert arbeidd med å bygge nettverk mellom matprodusentar og reiselivsaktørar som er opptekne av å kunne tilby lokale matspesialitetar av høg kvalitet.

Ved å samarbeide med reiselivet ser vi at lokalmat-produsentane oppnår gode prisar, og tilpassa leveringsavtalar. Dei etablerte produsentane i Møre og Romsdal har god avsetnad på varene sine, og utvidingsplanar er meir regelen enn unntaket. Mange står dermed framfor krevjande vekst-beslutningar. Dette legg vi til grunn for dei framtidige kompetansetilboda.

Det er framleis store utfordringar for småskala matprodusentar når det gjeld kostnadseffektiv distribusjon. Her i fylket er det i hovudsak Tine og Matnorge som tilbyr slike spesialtenester. Men desse tilboda har ikkje fått den oppslutninga hos produsentane som ein skulle ynskje, til tross for at Fylkesmannen har brukt mykje tid og resursar på å synleggjere moglege løysingar for forretningsutvikling på dette området.

Regionalt samarbeid er stikkordet for dei fleste av aktivitetane i matsatsinga.

Praktiske matkurs vert arrangert i samarbeid med Matnavet på Mære, som også dekkjer trøndelagsfylka. I februar kvart år vert eitt av kursa lagt til Møre og Romsdal, tilrettelagt av Fylkesmannen. Her køyrer vi parallelle kurs med ulike tema og samlar vanlegvis 40-50 deltakarar. For nokre av deltakarane har kurs og oppfølging med matkontakt og besøksordning resultert i Ganefartprisar i 2012!

Den Norske Matfestivalen Ålesund er ein viktig arena for både dei som er organisert i Bondens Marked, andre småskala matprodusentar og landbrukstilknytte reiselivsbedrifter. I år fekk vi sett eksta fokus på synergien mellom lokal mat og reiseliv, ved å arrangere konferansen «Lokal mat på fleire fat i reiselivet».

På Internationale Grüne Woche i 2012 deltok Møre og Romsdal med fire bedrifter saman med dei tre andre fjordfylka.

Pilotprosjektet «Mat langs nasjonale turistvegar» har skapt ei svært innovativ mat/reiselivsklynge på Sunnmøre, i aksen Geirangefjorden – Ålesund. Frå i haust har vi delteke aktivt i dette prosjektet, og samordnar informasjon om aktivitar og kurstilbod. Lokalmatprodusentar og reiselivsbedrifter ved Atlanterhavsvegen er invitert til å vere med i vidareføringa av prosjektet.

Inn på tunet

Arbeidet med Inn på tunet held fram. Det er etablert eit prosjekt hjå fylkesmannen der landbruksavdelinga samarbeider med helse- og sosialavdelinga, utdanningsavdelinga, KS og fylkeskommunen. Fokus for 2012 har dreia seg om å implementere det nasjonale kvalitetssikringssystemet for inn på tunet bønder. Samarbeid med Landbrukets HMS-teneste om kurs i "Kvalitet og tryggleik inn på tunet". I tillegg har det vore fokus på tilbod til demensomsorg og bygging av tilbydarnettverk i Møre og Romsdal.

Hoppid - samarbeid i det regionale partnerskapet

Fylkesmannen er aktiv deltakar i Hoppid-samarbeidet.

Hoppid.no er Møre og Romsdal fylkeskommune si satsing på entreprenørskap. Satsinga er eit samarbeid med Innovasjon Norge, Fylkesmannen i Møre og Romsdal og kommunane. Målet er å få til fleire og betre nyetableringar i fylket. Gjennom hoppid.no-kontora ute i kommunane, kan gründaren få råd og rettleiing i spørsmål knytt til etablering av eigen bedrift.

Gjennom satsinga Hoppid er førstelinjearbeidet mot etablerar styrka og systematisert. Hoppid er gjennomført som varemerke for bedriftsrådgjeving og etablerarstøtte. Virkemiddel til kompetanse og rådgjeving frå både fylkeskommune, Innovasjon Norge og fylkesmannen blir kanalisert gjennom Hoppid-kontora. Ei viktig oppgåve er å samordne rettleiinga mellom kommunal landbruksforvaltning og hoppid-kontora. Det er elles etablert regionale samarbeidsfora mellom hoppid-kontor og lokal landbruksforvaltning.

Hoppid-kontora er etablert gjennom ein partnerskapsavtale mellom den aktuelle kommunen, Møre og Romsdal fylkeskommune, Innovasjon Norge og Fylkesmannen i Møre og Romsdal. I 2012 starta arbeidet med fornying av partnerskapsavtalane. Då møttest leiinga i alle dei aktuelle organisasjonane for å evaluere ordninga så langt og underskrive fornya partnerskapsavtale. Arbeidet med fornying av partnerskapsavtalane fortset i 2013.

Resultatområde 22 Klima- og miljøtiltak i landbruket

Fylkesmannen oppdaterte Regionalt Miljøprogram hausten 2012. Nye RMP legg meir vekt på forureining og avrenning, og tilsvarande mindre på kulturlandskap og estetiske verdiar. Nytt er m.a. eit tettare samarbeid mellom landbruksavdelinga og miljøvernavdelinga, der MVA kvitterar ut saker rundt Skjøtsel av artsrike slåttenger, og hekkeplasser for trua arter. Prosessen har gått i nært samarbeid med sektoretatar og faglag. Det har vore godt trykk og samarbeid om miljøorningane, og vi kan bekrefte at forvaltninga av miljøvirkemiddela har kome inn i eit godt spor. Dette gjeld også samarbeidet rundt vassforskifta. Fylkesmannen har i 2012 hatt opplæring av egne tilsette og kommunane i Naturmangfaldlova.

SMIL og NMSK er viktige verktøy for lokalnivået. Fylkesmannen har i 2012 lagt stor vekt på å følgje opp saksbehandling og handtering av ansvar for desse ordningane. Dette arbeidet skal fortsette i 2013. Forvaltningsregima rundt Kulturlandskapet i verdsarvområdet og Spesielt utvalde kulturlandskap har funne si form.

22.3 Miljøprogram og miljøplan

SMIL

Etterspørselen etter SMIL-midlar er stor. Med mange kommunar (36) og små rammer, kan prosessen lokalt bli krevjande. Midlane er i mange tilfelle for små til at det kan satsast på større saker (f.eks bygningar).

Møre og Romsdal fekk tildelt kr. 6.800.000 til SMIL ordninga i 2012. I tillegg kjem litt midlar overførte frå 2011 og mykje inndregne midlar gjennom året. Mesteparten av desse midlane er løyvde på nytt. Eitt interkommunalt landbrukskontor som har 5 små kommunar fekk dette året ei rammetildeling. (samla kr 360.000) Dette gav betre og meir fleksibel bruk av tilskotsmidlane der. Inndragne midlar har til dels vore prioritert til kommunar med store og prioriterte bygningsprosjekt.

Forskrift 500 SMIL-ordninga: Spesielle tiltak i kulturlandskapet: 279 tilsagn kr.8.230.310

Forskrift 034 Investeringstilskot til miljøtiltak: 27 tilsagn kr 947.166

Forskrift Områdetiltak Forskrift 207 hjemmel 02: 3 tilsagn kr 36.850

Samla løyving for desse tre ordningane er kr.9.214.326

Det var berre ei klagesak innafor SMIL-ordninga dette året. Det er gjort inndragingar i 87 saker, i alt kr 1.731.191. Ansvarer pr 31/12 var kr 21.427.960. Dette er altfor høgt, og fylkesmannen set mykje ressursar inn på å få ned ansvarer. Vi arbeider aktivt mot kommunane for å rydde opp i løpet av første halvår 2013.

Setersatsing, verdsarv og utvalde kulturlandskap

Møre og Romsdal har vore deltakar i seterprosjektet. Midlar over jordbruksavtalen vert forvalta til skjøtsel av kulturlandskapet i verdsarvområdet (Geiranger/Herdal) og utvalde kulturlandskap(Fjellgardane og seterdalane i Øvre Sunndal). Vi prøvar å sette desse satsingane inn i ein større samanheng, der koplinga mellom natur, kultur,

miljø, mat og reiseliv blir viktig.

Regionalt miljøprogram

Regelverket i Regionalt miljøprogram er fulgt opp gjennom både forvaltningskontrollar og føretakskontrollar. I denne samanhengen har krav om miljøplan fått stor merksemd. Miljøplan trinn 2 er eit vilkår for 3 ordningar gjennom RMP, skjøtsel av automatisk freda kulturminne, skjøtsel av kystlynghei ved beiting og skjøtsel av artsrike slåttenger og naturbeitemarker.

Samarbeidet med næring og andre forvaltningsorgan om miljøvirkemiddela er godt. Hausten 2012 vart det jobba mykje med revisjon av miljøprogrammet, og vi legg opp til tettare samarbeid med miljøvernavingdelinga på fleire punkt, m.a. avrenning, hekkeplassar for verna arter, og skjøtsel av artsrike slåttenger. Generelt legg vi opp til å flytte nokre av ressursane frå kulturlandskap til tiltak mot avrenning.

Tilskudd fra regionalt miljøprogram utbetalt 2012 etter søknadsomgang 2011 - kroner utbetalt til hovedområder

| Embeter | Kulturlandskap | Avrenning til vassdrag | Kulturmiljøer og kulturminner | Tilgjengelighet - friluftsliv | Biologisk mangfold | Plantevernmiddel | Avfall | Andre miljøtiltak |
|------------|-----------------|------------------------|-------------------------------|-------------------------------|--------------------|------------------|--------|-------------------|
| FMMR | 13480200 | 1312100 | 2313250 | | 650375 | 0 | 0 | 0 |
| Sum | 13480200 | 1312100 | 2313250 | 0 | 650375 | 0 | | |

22.4 Økologisk landbruk

Den nye handlingsplanen for økologisk landbruk (2012 - 2015) vart ferdigstilt i juli 2012. Planen er distribuert til alle kommunane i fylket, til faglaga og relevante institusjonar og organisasjonar. Planen er også lagt ut på fylkesmannen sine heimesider.

Planen er integrert i næringsstrategien og skal ligge til grunn for prioritering av tiltak i perioden. Satsingsområda våre hittil har vore grovfôrbasert husdyrhald, med særleg vekt på mjølkeproduksjon, etablering og utvikling av skulehagar, og tiltak retta mot bruk av økologisk mat i storhushaldning.

Utviklinga av økologisk areal går sakte i Møre og Romsdal, og har på det næraste stagnert dei siste par åra. Ca 4,2 % av arealet er økologisk, litt under landsgjennomsnittet. Dei siste par åra har om lag like mange produsentar meldt seg ut or kontrollordninga som dei som har meldt seg inn.

Møre og Romsdal opplever ein nedgang i areal og tal husdyr innafor dei konvensjonelle landbruksproduksjonane. Dette skuldast i stor grad den økonomiske situasjonen generelt i landbruket. Dei økologiske produsentane opplever dei same økonomiske realitetane som dei konvensjonelle, men opplever i tillegg vanskar med å få produkta ut i marknaden som økologiske varer til ein økologisk pris. Det er utfordrande å rekruttere produsentar til økologisk drift når mottaksledda ikkje ynskjer fleire økologiske produsentar og produkt, eller å betale meirpris for økologiske varer.

Innafor økologisk saueproduksjon har vi likevel hatt ein jamn auke. Om lag 8 % av sauene i fylket er økologiske. Møre og Romsdal har gode føresetnadar for økologisk sauehald, og potensialet for å få fleire til å legge om drifta er godt.

Fylkesmannen har i fleire år satsa på økologiske skulehagar i samarbeid med Bioforsk Økologisk på Tingvoll. Sidan 2008 har 48 økologiske skulehagar fått støtte til oppstart, og fleire av desse har etterkvart utvikla skulehagen sin vidare. Vi får gode tilbakemeldingar på denne satsinga, som gjev barn og unge kunnskap om dei biologiske prosessane i naturen og samstundes koplpar denne kunnskapen saman med mat og ernæring.

Fleire storhushald i fylket, særleg innafor helsesektoren, er i ferd med å ta i bruk økologiske matvarer i storkjøkkena sine. Fylkesmannen arrangerte i samarbeid med Difi, Nofima og ØQ eit seminar om bruk av økologisk mat i storkjøkkenet i oktober 2012. Der var det med ca 30 deltakarar frå 10 ulike institusjonar, i all hovudsak frå helse- og omsorgssektoren. Vi fekk gode tilbakemeldingar etter seminaret.

Tiltak som har fått støtte i 2012:

- Skulehagesatsing: 5 skular/barnehagar har fått støtte til å etablere/vidareutvikle skulehage.

- Kompetanseheving for økologiske produsentar: Landbruk Nordvest har fått midlar til seminar, fagopplegg, kurs og ekstra oppfølging av økologiske mjølkeprodusentar. Arbeidet går over fleire år, men det er utfordrande å skape engasjement for økologisk mjølkeproduksjon i dagens økonomiske situasjon.

- Oikos MidtNorge har fått midlar til å arrangere Økologisk gardsmarknad på Halås Gardsutsalg i Eide

- Bioforsk Økologisk står sentralt i utvikling av materiell til skulehagesatsinga, oppfølging av skular, rettleiing og etableringshjelp, kurs og utvikling av internettsider. Dei har fått midlar til å følge opp dette arbeidet også i året som kjem. I tillegg har Bioforsk Økologisk fått støtte til å dokumentere omlegging frå konvensjonell til økologisk mat ved storkjøkkenet til Tingvoll sjukeheim.

- Seminar om bruk av økologisk mat i storhushald i samarbeid med Difi, ØQ og Nofima

22.5 Tre og miljø

Bioenergi: Hausten 2012 vart eit nytt fjernvarmeanlegg i Tingvoll kommune opna, anlegget skal nytte skogsflis som brensel. Planlagt årsproduksjon er omlag 2,6 GWh. I tillegg er nokre gardsvarmeanlegg opna.

Utfordringane for bioenergimarknaden er krevjande økonomi, sterk konkurranse frå andre energibærarar, manglande infrastruktur for vassboren varme og kompetanse. Det eksisterar fortsatt ikkje eit oppegåanda flismarknad i fylket. Vi har nokre mindre firma som tilbyr brenselflis, men desse er ikkje store nok til å kunne levere tilstrekkeleg volum og kvalitet. Dette gjer situasjonen vanskeleg for både eksisterande og nye anlegg som er avhengig av å kjøpe flis frå andre fylke. Årsaka til dette er krevjande økonomi, mindre aktørar som opererer på marknaden og anlegg som krev høg kvalitet på brenselet (fukt og finstoff). Det eksisterar i dag ingen anlegg som kan ta i mot skogsflis som er laga av GROT.

Biowood Norway AS som produserte trepellets vart nedlagt hausten 2012.

Biostigen: Pilotprosjektet vart avslutta i 2012 og har arbeidd med oppretting av effektive og lønnsame verdikjeder for produksjon av skogsflis frå skog, kulturlandskap og vegkantar. Prosjektet har gjennomført fleire kompetansehevande tiltak gjennom praktiske forsøk, fagturar og konferansar. Prosjektet er vellykka og har bidratt med nødvendig kunnskap. Prosjektrapport er sendt til LMD.

Tredrivaren i Møre og Romsdal. Fylkesmannen har oppretta prosjektet i samarbeid med Innovasjon Norge, fylkeskommunen, Møre og Romsdal skognæringsforum, Møre og Romsdal arkitektforening og Trefokus. Prosjektet har følgjande målsetningar:

1. Bidra til oppretting av berekraftig byggeri for både offentlege og private utbyggerar
2. Bidra til auka kompetanse om bruk av tre som byggemateriell for både planleggarar, utbyggerar, entreprenørar og i treindustrien.
3. Bidra til auka innovasjon og verdiskaping i trebasert industri

I 2012 har prosjektet arbeida med fleire forbildeprosjekt for bruk av tre. Det har vore arbeidd med Skimuseumet i Rindal, Romsdalsmuseet i Molde, Romsdal VGS i Molde og Verdsarvbustaden i Norddal. Det har i tillegg blitt satt i gong ein råvareanalyse for gran. I analysen ser ein nærare på virkeseigenskapane til grana og kva slags produkt den er best egna til. Resultata viser at grana i fylket har utmerka eigenskapar og at volumet er større enn tidlegare antatt. Analysen blir ferdig i 2013 og resultata skal nyttast til vidare arbeid for å auke foredlingsgraden av gran i regionen.

Tredrivaren har finansiering for 2012, men ikkje for åra 2013 og 2014.

Møre og Romsdal fylkeskommune har vurdert prosjektet som mogleg satsingsområde både innan for næringsutvikling og klimasatsing. Prosjektet vart ikkje eit av dei satsingsområda som fylkeskommunen til slutt løfta opp som prioritert i kommende økonomiplan. Fylkeskommunen har difor ikkje lagt inn midlar til denne satsinga i økonomiplanframlegget for 2013 -2016.

På grunn av manglande medfinansiering frå fylkeskommunen, er vidare framdrift for prosjektet Tredrivaren uavklart.

Resultatområde 23 Eiendoms- og bosettingspolitikk

Mykje av arbeidet under dette resultatområdet er den daglege kontakten med kommunane på e-post og telefon. Grunna permisjonar og vakansar hos dei som arbeider med saksområdet hos oss, har vår rolle som kompetansesenter dette året vore løyst berre på den måten. Dette er ikkje tilstrekkeleg for å sikre godt

oppdaterte fagfolk i kommunane og for å medverke til at nyttilsette får eit godt grep om saksfeltet. Vår årlege dagsamling for kommunane for oppdatering og gjennomgang av nytt i praksis, lov og regelverk er eit nødvendig grep for sikring av godt arbeid i kommunane. Ny samling er derfor planlagt til hausten 2013.

Klagesaker for Fylkesmannen i 2012 – jordlov og konsesjonslov

Ved utgangen av 2012 hadde Fylkesmannen totalt behandla 11 klagesaker, kor 9 saker gjaldt frådelling etter jordlova § 12, og 2 saker gjaldt konsesjon. I tillegg behandla Fylkesmannen 4 konsesjonssaker som førsteinstans. Fylkesmannen har ikkje hatt saker som gjaldt omdisponering etter jordlova § 9, og heller ikkje nokon saker som gjaldt fritak frå driveplikt etter jordlova § 8a.

Når det gjeld driveplikt, har Fylkesmannen planlagt å fokusere på dette i året som kjem. Strukturendringane i næringa er fortsatt stor og har ført til auke i areal ute av drift eller drifta som leigejord. Mykje av denne leigejorda blir berre drive som haustingsareal utan vedlikehald. Vidare er det grunn til å tro at kravet om 10 års uoppseieleg leigekontrakt ved utleige av landbruksjord, jf. jordlova § 8 andre ledd, ikkje blir fylgd godt nok opp av kommunane.

Overprøving av kommunale vedtak utan klage i 2012 - forvaltningslova § 35 tredje ledd

I 2012 har Fylkesmannen ikkje omgjort vedtak i kommunane til ugunst for privat part, korkje etter jordlova eller konsesjonslova. Vi meiner det må vere ein viss terskel for å gå inn og gjere om kommunale vedtak. Det er ei utfordring å vite kor denne grensa skal gå.

Til no har vi ikkje nytta kontrollheimelen i jordlova § 3.

Odelsfrigjeringsaker i 2012 – odelslova

Fylkesmannen behandla 1 sak om odelsfrigjøring etter odelslova § 31 Her blei det gjort vedtak om å ikkje odelsfrigjere eigedomen. Vedtaket er påklaga til Statens landbruksforvaltning.

Resultatområde 24 Forvaltning av inntekts- og velferdspolitiske tiltak og kontroll

Fylkesmannen som kompetansesenter

Rådgeving mot kommunane var ei sentral oppgåve også i 2012, med dagleg oppfølging i tilskotsamanheng i tillegg til enkelte kurs og samlingar. I produksjonstilskot- og RMP-samanheng arbeider FMLA mot kommunane med tanke på å halde tidsfristar, og FMLA har gjennomført sine arbeidsoppgåver innafor dei fristane som er sette.

Enkelte kommunar med særleg stram økonomi har redusert bemanninga innanfor landbrukssektoren, og det er tendensar til at sakshandsaming blir utført av personell som ikkje er utdanna eller har kompetanse innan landbruk. Fylkesmannen må difor i større grad fylgje opp kommunale vedtak for å sikre at sakshandsaming og utforming av vedtak er korrekt utført.

På kommunesamlingane i 2012 vart det fokusert på erstatningsordningane, med auka fokus på dokumentasjon av skade for å kvalifisere for erstatning. Dette gjeld både innafor planteproduksjon og innafor ordninga for tap av sau på beite. Den nye forskrifta for erstatning etter klimabetinga skade i plante- og honningproduksjonen vart gjennomgått.

Mattilsynet deltok også på kommunesamlingane, og temaet var dyrevelferd, og samarbeid mellom etatane i samband med dyrevelferdssaker.

Kontrollarbeidet

Det vart utarbeidd kontrollplan innan fristen. På grunn av fleire vakansar og sjukdom, vart ikkje alle dei planlagde forvaltningskontrollane utførte. Det vart gjennomført forvaltningskontroll i ein kommune. Denne vart trekt ut fordi stram økonomi i kommunen og dermed knapp bemanning fører til svært lang saksbehandlingstid. Ordningane produksjonstilskot, RMP og avløyning under sjukdom vart kontrollerte. Det vart avdekt eitt avvik i denne kontrollen. FMLA har bede kommunen om å lukke avviket, men dette er ikkje meldt utført. Kommunen er

purra om saka.

Dei planlagde føretakskontrollane vart utsette. Ein føretakskontroll vart varsla, men vart utsett til januar 2013 etter ynskje frå sækjar.

Innmarksbeite, driftsfellesskap, miljøplan og husdyrkonsesjon er framleis sentrale tema. Kontrollarbeidet stiller store krav til kompetanse i landbruksforvaltninga. Når det gjeld mistanke om driftsfellesskap, er det ofte nødvendig å undersøkje rekneskap. Kompetanse innan rekneskapsanalyse og bokettersyn med tanke på å avdekke samarbeid som er i strid med forskrifter om tilskot, stiller store krav til saksbehandlarar. Dette fagområdet er ikkje dekkja gjennom vanleg utdanning innan landbruk.

Fleire av reglane i forskriftene om tilskot krev bruk av skjønn på område der det er liten eller ingen forvaltningspraksis og mangel på retningslinjer. I sum gjer desse utfordringane kontrollarbeidet svært ressurskrevjande.

Gardskartprosessen vil bli fullført i fylket vårt i løpet av 2013. Dei siste 4 kommunane har frist til å levere korrigererte data til Skog og Landskap dette året, og fleire kommunar har allereie levert kontinuerleg ajourhald. I 2012 arrangerte vi 3 kurs for kommunane; eitt feltkurs, eitt kurs i kontinuerlig ajourhald og eitt programvarekurs. På feltkurset fekk aktuelle kommunar øving i å klassifisere grensetilfelle, med særleg vekt på innmarksbeite i overgangen mot myrterreng, tresett beite og attgroing.

Landbruksvikarordninga er framleis under utvikling, og det er ei stor utfordring for avløysarlaga å framskaffe nok landbruksvikarar til å dekke behovet i heile fylket. I teorien er alle kommunane dekkja av tenesta, men i realiteten greier ikkje avløysarlaga å tilfredsstille etterspørselen etter landbruksvikar i alle kommunar. Vi har hatt ein nedgang i talet på personar med beredskapsavtale som har vore tilgjengelege for landbruksvikaroppdrag, men vi finn likevel ein oppgang i tal føretak som har hatt slik avløyning, og i tal dagar avløyst med landbruksvikar. Foreløpige tal for 2012 viser at 261 føretak har fått sjukdomsavløyning i 4074 dagar og anna avløyning i 1631 dagar. Det er 113 vikarar i alt sysselsett i dei 19,5 årsverka i fylket. 15 er faste og 93 har beredskapsavtale. Det er vanskeleg å rekruttere kvalifisert arbeidskraft. At der er mange deltidsstillingar gir god fleksibilitet, men det kan også signalisere mangel på arbeidskraft.

Det må framleis fokuserast på rekruttering av gode vikarar. Husdyrbruket - og då særleg mjølkeproduksjonen - blir stadig meir teknologisk avansert, slik at det krevst spesialisert opplæring for å kunne bruke det tekniske utstyret. Datastyrte mjølkebotar og føringssystem er vanleg driftsutstyr på så godt som alle nyare mjølkebruk, og dette krev grundig opplæring på kvart enkelt bruk. Fylkesmannen har gitt Landbruk Nordvest i oppdrag å gjennomføre eit prosjekt/studie for å foreslå tiltak for å rekruttere nok kompetente avløysarar for å handtere krisesituasjonar.

Oversikt over behandling av klager og dispensasjonssøknader 2012 - antall

Klagebehandling

| Produksjonstilskudd | | Miljøvirkemidler | | Andre tilskuddsordninger | |
|---------------------|---------|------------------|---------|--------------------------|---------|
| Innvilget | Avslått | Innvilget | Avslått | Innvilget | Avslått |
| 3 | 6 | 0 | 0 | 0 | 0 |

Dispensasjonssøknader

| Produksjonstilskudd | | | Miljøvirkemidler | | | Andre tilskuddsordninger | | |
|---------------------|------------------|---------|------------------|------------------|---------|--------------------------|------------------|---------|
| Innvilget | Delvis innvilget | Avslått | Innvilget | Delvis innvilget | Avslått | Innvilget | Delvis innvilget | Avslått |
| 44 | 0 | 5 | 0 | 0 | 0 | 9 | 0 | 1 |

Fylkesmannens kontroll av landbruksvirksomheten i 2012

1. Hvor mye ressurser er avsatt til kontroll?

Årsverk: 0,6

Antall personer: 6

2. Gjennomførte kontroller av kommunenes landbruksforvaltning (forvaltningskontroller)

Kommune: **Gjemnes kommune**

| | |
|----------------------|--|
| Orninger/omfang: | PT, RMP, Tilskott til avløyning under sjukdom |
| Registrerte avvik: | 1 avvik, avløyning over 70 år Mangla dokumentasjon |
| Oppfølging av avvik: | Bede om tilbakemelding frå Gjemnes kommune på utsendt rapport og innsending av manglande dokumentasjon |

3. Gjennomførte foretakskontroller. Foretakene kan anonymiseres ved A, B, C etc.

| | |
|-----------------------|--|
| Foretak: | A |
| Orninger/omfang: | Produksjonstilskott |
| Hjemmel for kontroll: | Stedlig kontroll.Forskrift om produksjonstilskott i jordbruket, § 11, Opplysningsplikt og kontroll |
| Registrerte avvik: | Søkjar møtte ikkje opp til avtalt kontroll |
| Oppfølging av avvik: | Avslag på søknad om produksjonstilskott. Avslaget er påklaga, og oversendt til SLF. |

4. Andre kommentarer/ innspill:

Resultatområde 25 Kommunene som landbrukspolitisk aktør

Fylkesmannen har eit godt samarbeid med kommunane over heile det landbrukspolitiske ansvarsområdet.

Leiinga ved landbruksavdelinga har gjennom fleire år hatt sjølvstendige dialogmøter med politisk og administrativ leiing i kommunane. Dette opplegget vart etter kvart konkurrerande med andre møtepunkt og aktivitetar i grenseflata mellom fylkesmann og kommuneleiing, og dialogmøta i den forma er derfor avvikla.

Fylkesmannen si leiargruppe har lagt ein plan for å møte kommuneleiinga i alle kommunane i løpet av ein fireårsperiode, der leiing for alle fagområde skal delta.

Det vert sett fokus på kommunane si rolle som landbrukspolitisk aktør i mange ulike møter og konferansar.

Av møter som i hovudsak er retta mot kommunetilsette kan nemnast:

- BU samling i februar. Dette blir gjort i samarbeid med Innovasjon Norge, og tar opp dagsaktuelle spørsmål rundt næringsutvikling. Vi utviklar samarbeidet med Hoppid.
- Fleire skogdagar for kommunane og skogeigarar
- Tilskotsordningane – samling i august. Særleg vekt på produksjonstilskott.
- Nye sakshandsamarar i kommunane får opplæring i tilskotsforvaltning.
- Kurs i gardskart
- Landbrukspolitisk konferanse i mars (Molde) – i samarbeid med Møre og Romsdal bondelag
- Landbrukskonferanse (Geiranger) retta mot kommunane, samvirke, mattilsynet og rådgjevingsapparatet.
- Konferanse om rovvilt og tap – Åndalsnes

Frå dag til dag støttar FMLA forvaltninga i kommunane gjennom rundskriv, møter, telefonstøtte, epost og fagnettet. Dialogen er god, og kommunane setter særleg stor pris på råd og støtte i spørsmål rundt tilskotsforvaltninga og forvaltning av særlovene på landbruksområdet.

Kommuneretta arbeid, arbeid med rovviltforvaltning og rammedirektivet for vatn – midlar over kapittel 1144 post 77.

Møre og Romsdal har disponert 145.000 kr over kapittel 1144 post 77 regionale og lokale tiltak i landbruket til kommuneretta arbeid. Tildelinga er svært viktig for styrking av vår innsats innanfor miljø- og ressursforvaltninga på landbruksområdet, og er viktig for å styrke vår oppfølging av det kommuneretta arbeidet. Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i 2012 brukt 144.449 kr på denne posten.

Størsteparten av midlane er nytta til direkte kommuneretta arbeid. Kvart år vert det arrangert ein større konferanse

der landbruksforvaltninga i kommunane, rådgivingstenesta og landbruksorganisasjonane i fylket er hovedmålgruppe. Vidare vert midlane nytta til samlingane vi arrangerer i tilknytning til søknad om produksjonstilskot i august, der hovedtema er produksjonstilskot, men der ein også tek med dagsaktuelle fagtema. I år deltok mattilsynet saman med oss med faglige innlegg. Vidare har midlane vore nytta til å arrangerer kurs for opplæring av nye tilsette i kommunal landbruksforvaltning, og fagkurs om gardskart.

På rovviltområdet har midlane i stor grad vore nytta til reisekostnader for deltaking på lokale og regionale møter om rovviltforvaltning, synfaringar og kompetansehevande tiltak. Vidare er noko av midlane nytta til arrangementkostnader der vi inviterar beitebrukarar til fagmøte.

Resultatområde 26 Jordvern, kulturlandskap og samfunnsplanlegging

26.1 Jordvern og kulturlandskap

Jordvern

Vi har hatt motsegn til 6 kommuneplaner i 2012, der det innanfor same plan gjerne er fleire motsegner knytt til føresegner og / eller ulike figurar i plankartet. Vidare har vi hatt 6 reguleringsplaner der landbruk har hatt motsegn. Av kommunale dispensasjonsvedtak har vi klaga på 7 stk.

Erfaring har vist at utan motsegn i plansaker og varsel om klage i dispensasjonssaker har Fylkesmannen sine tilrådingar liten verdi når kommunale politiske vedtak vert fatta. Det har derfor vore naudsynt å skjerpe bruken av klage og motsegn, for å ha høve til å gripe inn i saker der tiltak kjem i sterk konflikt med jordvernet.

Møre og Romsdal er mellom dei fylka der mest dyrka- og dyrkbar jord blir omdisponert til andre formål. I 2011 vart det i Møre og Romsdal omdisponert 609 dekar, jamnt fordelt mellom dyrka- og dyrkbar jord. 355 dekar vart omdisponert etter jordlova og 254 dekar etter plan- og bygningslova. Dette er likevel ein klar nedgang i omdisponert jord sett dei 7 siste åra under eitt.

I år som i fjor er det eit problem at ganske mange grunneigarar i fylket ikkje lenger vernar om dyrkajorda som matproduserande areal, men som heller fremmar egedomen som utbyggingsområde. Dette kjem av at dei ikkje lenger er gardbrukarar sjølv, og leiger bort dyrkajorda til ein låg pris eller gratis. Leigeavtale er sjeldan på plass. Politikarane legg ofte stor vekt på kva grunneigar ønskjer, sjølv om resultatet går i jordvernet sin disfavor.

I mars hadde seksjonen tre dagar med opplæring av folkevalde i kommunane. Tema var plan- og bygningslova og landbruk, jordlova (med vekt på omdisponering, frådelling, driveplikt) og konsesjonsregelverket. Vi hadde godt oppmøte av interesserte folkevalde på alle dagane. Elles har mannskapsmangel gjort at vi ikkje har hatt fagdag for kommunane i 2012, noko som er beklageleg. Vi har planlagt å ha slik fagdag i 2013.

Avdelinga vil dette året ta ein brei debatt internt kor vidt vi skal auke innsatsen for å følge opp kommunane angående driveplikt og kravet til 10 års leigecontrakt. Vi vil også i løpet av året ta ut nokon kommunanr til kontroll av jordlovsvedtak.

Utvalde kulturlandskap: Fjellgardane og seterdalane i Øvre Sunndal

I 2012 fekk området i Øvre Sunndal tildelt kr. 915.000 til skjøtsel, drift, vedlikehald, restaurering, investering m.v. (Forskrift 630) Kort oppsummert vart midlane nytta slik: Skjøtsel av areal: kr. 264.542, bidrag til dyr på utmarksbeite kr 190.600, restaurering og investering ibygningar kr 442.358. I tillegg var det løyvt kr. 17.500 til prosjektet "Vern og verdiskaping i Fjellgardane i Sunndal". Dette prosjektet skal også gå i 2013.

Det er 6 aktive brukarar som driv areala på alle 23 bruka i området. Skjøtsel av dyrkaareal og innmarksbeite utgjer dette året 813da. Av dette er ca 88da naturbasefigurar, slåtteeuger og naturbeitemarker. Utanom dei 6 aktive brukarane i området er det 10 som har driftssenter utanfor, men som har beitedyr inne i området. 2 av desse 10 er grunneigarar, dei andre 8 leiger beite. 2672 sauer og lam, 228 storfe og hestar var på utmarksbeite. Det er gjennomført setring på Gammelsetra i Grøvudalen.

Dei ekstra skjøtelsbidraga gjennom ordninga for utvalde kulturlandskap er svært viktige for å oppretthalde drift på bruka i området. Det er veldig gledeleg at det på øverste bruket i området no vert bygd ny stor sauefjøs.

Det vil vere viktig å kunne formidle verdiane desse områda har til utsida av landbruksnæringa. Sommaren 2012 var det refotografering i området med eit vellykka lysbildeforedrag etterpå. (Pushmann) Representantar for drivarane og forvaltninga har delteke på landssamling for utvalde kulturlandskap.

Verdensarvområdet Vestnorsk fjordlandskap - Geirangerfjorden

Verdensarvområdet fekk i 2012 tildelt kr 1.225.000 gjennom SLF og kr 1.000.000 frå DN, til saman kr 2.225.000 (Forskrift 485). Av desse midlane gjekk kr 803.784 til arealbidrag og kr 1047.400 til beitebidrag. Resterande beløp går til andre tiltak som gjerding, rydding, gamle frukttresortar, kurs i frukttreskjerjing. Det var også lagt opp tur der det var besøk frå sørområdet, Nærøyfjorden.

Det har vore utbetaling til 59 foretak når det gjeld areal og/eller beitebidrag. Det er ein liten nedgang både på skjøtta areal og antal dyr på utmarksbeite. (2-3 %) Satsane til areal- og beitebidrag har vore uendra.

Det vert ei utfordring å oppretthalde jordbruksdrifta på ein del av areala. Verdensarvmidlane er såleis svært viktige for å oppretthalde drifta på bruka. Driftsbygningane i Geiranger er nedslitne. Gode investeringsordningar til driftsapparatet vil vere viktig. Vanskane med rekruttering innan landbruket er minst like stort i verdensarvområdet som andre stader. Fylkesmannen har god kontakt med brukarane i området og det er godt samarbeid med kommunane Norddal og Stranda. Vi arbeider for å koble satsinga på kulturlandskapet i verdensarvområdet og utvalde kulturlandskap enno tettare opp mot innsatsen på reiseliv og kultur.

26.2 Samfunnsplanlegging

Vi viser til pkt 26.1 der tal omdisponert dyrka og dyrkbar jord i 2012 er sett i høve til tidlegare år. Fylkesmannen si landbruksavdeling har bidratt til at landbrukets sine interesser har blitt tatt omsyn til i plansaker i fylket.

Gjennom dialog, merknader og fråsegner har vi gitt signal til kommunane både ved kommuneplanarbeid, reguleringsplaner og ved behandling av dispensasjonar. Strukturendringane i landbruket har gitt oss ei stor utfordring med å få forståing hos lokalpolitikarane for vern om produksjonsareal som er ute av drift, eller som blir brukte som leigeareal.

Geovekst. Data frå Geovekst og Norge digitalt vert nytta i ordinær sakshandsaming gjennom innsynsløysingar som Gislink, Gardskart osv.

Både beredskapsavdelinga, miljøvernavdelinga og landbruksavdelinga nyttar data til analysearbeid innanfor sine embetsoppdrag. Landbruksavdelinga nyttar mellom anna data i sitt arbeid med utarbeiding av hovudplan for skogsbilvegar i fylket.

Ein del kommunar i fylket er i gong med å utarbeide Kjerneområde landbruk. I den forbindelse har vi hatt arbeidsmøte med Ørsta kommune om temaet.

Resultatområde 27 Reindriftsforvaltning

Ressursrapportering

Kommuneretta arbeid, arbeid med rovviltforvaltning og rammedirektivet for vatn – midlar over kapittel 1144 post 77.

Tabelldata kolonne fagdep. er endra manuelt. Automatisk genererte tal under fagdep gjeld kun lønnskonti (5000-5400 og 9820), og vår ressursbruk er i stor grad knytt til andre konti enn dette.

Møre og Romsdal har disponert 145.000 kr over kapittel 1144 post 77 regionale og lokale tiltak i landbruket til kommuneretta arbeid. Tildelinga er svært viktig for styrking av vår innsats innanfor miljø- og ressursforvaltninga

på landbruksområdet, og er viktig for å styrke vår oppfølging av det kommuneretta arbeidet. Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i 2012 brukt 144.999 kr på denne posten.

Størsteparten av midlane er nytta til direkte kommuneretta arbeid, der kostnader knytt til arrangement utgjer ein hoveddel.

Kvart år vert det arrangert ein større konferanse der landbruksforvaltninga i kommunane, rådgivingstenesta og landbruksorganisasjonane i fylket er hovedmålgruppe. Vidare vert midlane nytta til samlingane vi arrangerer i tilknytning til søknad om produksjonstilskot i august, der hovedtema er produksjonstilskot, men der ein også tek med dagsaktuelle fagtema. I år deltok mattilsynet saman med oss med faglige innlegg. Vidare har midlane vore nytta til å arrangerer kurs for opplæring av nye tilsette i kommunal landbruksforvaltning, og fagkurs om gardskart.

På rovviltområdet har midlane i stor grad vore nytta til reisekostnader for deltaking på lokale og regionale møter om rovviltforvaltning, synfaringar og kompetansehevande tiltak. Vidare er noko av midlane nytta til arrangementkostnader der vi inviterar beitebrukarar til fagmøte.

| Resultatområde | Kapittel 1510 | Fagdep. |
|--|----------------------|----------------|
| 21 Landbruksbasert næringsutvikling | kr 3 448 879,01 | kr 68 473,42 |
| 22 Klima- og miljøpolitikk i landbruket | kr 1 944 149,04 | kr 2 470,19 |
| 23 Eiendoms- og bosettingspolitikk | kr 607 750,62 | kr 5 750,00 |
| 24 Forvaltning av inntekts- og velferdspol. tiltak | kr 1 974 986,92 | kr 1 800,00 |
| 25 Effektiv forvaltning | kr 892 300,19 | kr 46 506,41 |
| 26 Jordvern, kulturlandskap og samfunnsplanlegging | kr 1 071 502,48 | kr 19 999,00 |
| 27 Reindriftsforvaltning | kr 0,00 | kr 0,00 |
| Andre oppgaver under LMD | kr 45 616,26 | kr 0,00 |
| Sum: | kr 9 985 184,00 | kr 144 999,00 |

Kunnskapsdepartementet

Resultatområde 31 Tilsyn og forvaltningsoppgåver på utdanningsområde

Vi viser til punkta nedanfor som beskriv måloppnåing på tilsyn og forvaltningsoppgåver på utdanningsområda.

Vi vil understreke at det er svært ressurskrevjande å gjennomføre tilsyn i vårt fylke på grunn av store reiseavstandar - ofte må vi overnatte. -som kjent er reisetid det same som arbeidstid . Då vi for nokre år sidan fekk midlar for å styrke tilsynsaktiviteten i embeta, fekk alle embeta like mykje midlar. Vi ser at aktivitetskrava er like stort og helst større i dei fylka som har mest reiser. Dette bør udir sjå nærmare på. Vi ser at vi skulle ha brukt meir ressursar på hendelsesbaserte tilsyn, men på grunn av aktivitetskrava blir det for lite tid på det. Dette gjeld ikkje minst på kap 9a der det har vore fleire som har tatt kontakt med oss.vi har fått aukande mengde henvendelser.

31.1 Tilsyn

Årsrapport for resultatområde 311 Tilsyn

Ein er bedd om å vurdere eiga måloppnåing sett i lys av embetet sine ressursar, kompetanse, metodikk og strategiar og andre forhold i fylket som har påverka måloppnåinga i 2012.

Tilsynsaktiviteten sett i samanheng med aktivitetskrava.

Det er tatt utgangspunkt i aktivitetskravet til embetet for tilsyna med grunnopplæringa. Når det gjeld FNT, er tilsynsaktiviteten oppfylt etter planen med 4 kommunar og 8 skular. Oppfølgingstilsyn med tidlegare FNT-tilsyn var planlagt med 4 skular. Her er det gjennomført tilsyn med 3 skular. For ein skule vart det vurdert som mest formålstenleg å utsette oppfølgingstilsynet. Tilsyna med lokalt læreplanarbeid og skolebasert vurdering er

gjennomført i henhold til plan, med to primærkommunar og fire skular, og i tillegg fylkeskommunen og ein vidaregåande skule. Det var planlagt eigeninitierte, skriftlege tilsyn med fysisk aktivitet og leksehjelp. Desse tilsyna er flytta til 2013 p.g.a. behov for å ha kapasitet til situasjonsbaserte tilsyn. Utover tilsynsplanen er det gjennomført situasjonsbasert oppfølgingstilsyn med Ålesund kommune som har hatt pågåande problem med ventelister innan PP-tenesta. Dette tilsynet er ikkje avslutta. Det er også gjennomført situasjonsbasert tilsyn med Surnadal kommune i samband med skulestruktursak. I tillegg har vi hatt hendelsesbasert tilsyn på gratisprinsippet i to kommunar. Eit hendelsesbasert tilsyn på skuleskyss med fylkeskommunen er ikkje avslutta ennå.

Tilsynsaktiviteten kan isolert sett seiast å ha vore noko lågare enn planlagt, men det har ved fleire klagesaker vore behov for tidkrevjande møteaktivitet og veiledning om regelverket. Dette har vore prioritert framfor å presse igjennom ei 100% oppfyljing av aktivitetskravet. Det var planlagt større aktivitet hausten 2012 då ein medarbeidar som har hatt ein vesentleg del av stillinga knytt til tilsyn skulle tilbake i arbeid ved embetet etter permisjon. Denne medarbeidaren sa opp stillinga og har ikkje blitt erstatta på grunn av at søkjarar har trekt seg etter å ha vore innstilt. Embetet har tillsett ny medarbeidar som startar opp i mars 2013, noko som vil medføre auka kapasitet på tilsynsområdet.

Risiko- og vesentlegheitsvurdering

Ved val av tilsynsobjekt har ein lagt til grunn embetet sin kunnskap om kommunar og skular gjennom klagehandsaming og anna kjennskap til lokale forhold, altså ei form for risiko- og vesentlighetsvurdering. Ein har også sett på skulane sine score på elevundersøkinga når det gjeld mobbing, i tillegg har vi brukt data frå gsi, skoleporten og Kostra. Det er vidare tatt omsyn til tilsynshistorikk og geografi for å få dekt opp alle delar av fylket og skular/ kommunar av ulik storleik.

Metodehandbok og instruksverk

Tilsyna er gjennomført i samsvar med metodehandbok og instruksar for dei tilsyna der slike er utarbeidd. Ved situasjonsbaserte tilsyn har ein lagt til grunn metodehandboka, og gjennomført tilsyn så nær opp til denne som ein har funne formålstenleg.

Vurderingar som grunnlag for tilsyna

Grunnlaget for dei planlagde tilsyna med fysisk aktivitet og leksehjelp (som nemnt er desse av nemnde grunnar flytta til 2013) har vore kommunane si rapportering til GSI-systemet. Kontrollen av denne rapporteringa både i 2011 og 2012 gir grunnlag for mistanke om enkelte lovbrøt på bestemmelsar i lov og forskrifter.

Grunnlaget for situasjonsbasert tilsyn med PPT i Ålesund har vore oppslag i pressa om uakseptable ventelister for å få gjennomført utredningar, og vidare kjennskap til utfordringar i tenesta. Dette har vore ei oppfølging av tilsynsaktivitet også i 2011.

Situasjonsbasert tilsyn med skulestruktursak i Surnadal kommune har på samme måten hatt sitt grunnlag i presseoppslag, men også oppmodingar frå foreldregrupper. Det same gjeld tilsyn på gratisprinsippet.

I kva grad tilsynsobjekta rettar lovbrøt

Fylkesmannen har i 2012 hatt auka fokus på i kva grad tilsynsobjekta rettar avdekka lovbrøt. Av tilsynsobjekta for FNT blei det påvist lovbrøt ved 5 av 8 skular i 2012. For 3 av desse skulane er tilsyna avslutta medan fristen for oppretting per dato ikkje er gått ut for dei 2 andre. Fylkesmannen har inntrykk av at kommunane/skulane på ein god måte tar tak i pålegg og i stor grad rettar lovbrøta. Det har ved eit par høve vore nødvendig med ein ekstra runde før tilsyna kunne avsluttast.

Ved oppfølgingstilsyn med 3 skular som hadde tilsyn med kap 9a hausten 2010, fann ein at to av skulane no hadde ein praksis i samsvar med lovkrava på dei områda der det vart avdekka lovbrøt i 2010. For ein skule vart det gitt nye pålegg for lovbrøt i forhold til bestemmelsane om samarbeidsutval og skulemiljøutval.

Tilsyna med lokalt læreplanarbeid og skulebasert vurdering vart gjennomført med til saman 5 skular og 3 kommunar/ fylkeskommune. Det vart avdekka lovbrøt for kommunenivå ved alle tilsyna. Fire grunnskolar fekk også pålegg om retting av lovbrøt, mens det ved 1 vidaregåande skule ikkje vart avdekka lovbrøt.

Gjennomgåande for lovbrøta for kommunenivåa har vore manglande retningslinjer for og oppfølging av det lokale arbeidet med læreplanane. Hyppigaste lovbrøta på skulenivå har gått på manglar ved enkeltvedtak og IOP'ar, særleg med tanke på manglande heilskap i opplæringstilboda, synleggjort gjennom mangel på synleggjorte samanhengar mellom spesialundervisning og ordinær opplæring. Også på dette tilsynsområdet viser kommunane/skulane stor vilje til å rette lovbrøta. Her er det derimot utfordringar med å få gjort tydeleg kva som skal til for å oppfylle lovkrava. Til dømes har fylkesmannen ved eitt høve sett det nødvendig med ekstra møte

utover slutt møte og tilsynsrapportar, for å få kommunisert lovkrava til tilsynsobjekta.

Effekten av tilsyna

Ein har forsøkt å undersøkje effekten av tilsyn med kap 9a ved å sjå på resultatata for mobbing i elevundersøkinga for skular som hadde tilsyn i 2010. Ei samanlikning med landsgjennomsnittet dei siste seks åra for desse skulane, viser ikkje ei tydeleg forbetring av resultat, sjølv om ein gjennomgåande kan sjå ein positiv trend.

Ut frå erfaringane med oppfølgingstilsyna og anna kontakt med kommunane og skulane ser vi derimot ein tydeleg effekt av tilsyna når det gjeld kunnskap om regelverket, betra rutinar og meir systematisk arbeid med skulemiljøet. Tilsyna har også hatt spreingseffekt til kommunar og skular som ikkje har hatt tilsyn.

Gjennom prosjektskjønsmidlar har fylkesmannen også i 2012 støtta prosjekt som har som siktemål å betre kommunane og skulane sitt systematiske arbeid med skulemiljøet. Resultat frå desse prosjekta er presentert på fylkesmannen sine arenaer for kontakt med kommunenivå i fylket.

31.2 Klagesaksbehandling

Standpunkt Vi fekk inn 84 klager klager på standpunktkarakterar i 2012. Dette er en nedgang frå dei siste åra då vi nokså stabilt har fått inn i overkant av 100 klager. Vi håpar at dette er eit resultat av auka fokus på elevvurdering og god undervegsvurdering. Kommunane i Møre og Romsdal er med i pulje 4 i satsinga Vurdering for læring, mange kommunar jobbar godt med elevvurdering, m.a. samarbeid med Høgskolen i Volda. Svært mange kommunar har hatt vurdering som satsingsfelt og har fått etterutdanningsmidlar frå fylkesmannen dei siste åra. Det ser også ut til at spreing frå arbeidet i dei andre puljane i Vfl har hatt effekt. På vårt årlege møte med kommunane og rektorane om elevvurdering har vi dei to siste åra hatt innlegg frå deltakarar i hhv pulje 1 og pulje 2.

Vidare ser vi at gjennom tilsyna på lokalt læreplanarbeid og skulebasert vurdering der m.a. grunnlaget for vurdering i fag er løfta fram, har bidratt til auka fokus på dokumentasjon og vurdering i faga. Dette tilsynet har vi informert om på fagsamlingar for alle kommunane i fleire samanhengar.

Som tidlegare år gjaldt halvparten av innkomne klager dei praktisk-estetiske faga kunst og handverk, mat og helse, kroppsøving og musikk. I år kom det inn flest klager på sluttkarakteren i mat og helse og kroppsøving. Vi ser at nokre av klagarane har lese informasjonen som ligg på www.udir.no om desse faga og peikar på at skolen ikkje har følgd dei nye retningslinjene for vurdering t.d. i mat og helse.

Over 50 % av klagene blei sendt tilbake til skolen for ny vurdering, hovudsakleg p.g.a. for svak grunngjeving eller manglande dokumentasjon av karakterfastsetjinga. Av dei klagene som vart sendt attende til skolen for ny vurdering, fekk i overkant av 30 % heva karakteren. Alt i alt fekk i overkant av 20 % av klagarane heva karakteren. Dette er eit lågare tal enn tidlegare.

Fylkesmannen ber om kopi av skolen sitt nye vedtak. Hausten 2012 brukte fleire skolar enn tidlegare lang tid på å fatte nytt vedtak, trass i puring frå fylkesmannen, då særleg for fag som vert avslutta på 9.trinn. Grunngjevinga frå rektor for det nye vedtaket er ofte mangelfull. Så vi ser at det er behov endring av kap 5 i forskrift til opplæringslova, ikkje berre for å få betre samsvar med kap 3, men også for å stille konkrete krav til grunngjeving.

Fylkesmannen har medarbeidarar med god kompetanse på behandling av karakterklager og set inn ressursar på dei tidspunkta vi mottar desse klagesakene. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid er stipulert til eitt dagsverk per klagesak.

Vi lagar statistikk over resultatet av klagebehandlinga. Denne blir m.a. gjennomgått på årleg møte om vurdering der målgruppa er rektorar og eksamensansvarlege på kommunenivå. På desse møta har vi også dei siste åra fokusert på dokumentasjon og grunngjeving for karaktersetjinga. M.a. har vi vist til døme både på gode og mindre gode grunngjevingar. Vidare oppdaterer vi kvart år ein rettleiar for klage på standpunkt, utarbeidd i samarbeid med Sørvestfylka. Denne blir formidla til kommunane og rektorane på årleg møte om elevvurdering, samt lagt ut på nettsida vår.

Det ser ut til at desse tiltaka har påverka måloppnåinga på dette omådet

Andre karakterklager

Vi fekk inn ei klage på gjennomføring av munnleg eksamen og ei klage på annullering av sluttkarakterkarakter pga fusk til skriftleg eksamen.

Klage spesialpedagogisk hjelp førskoleborn § 5-7: Det er klagesakene som vedkjem den spesialpedagogiske hjelpa for førskolebarn, som er svært utfordrande og som krev mest tid. Etter at vi i «Veilederen» fekk eit eige kap. som omhandlar spesialpedagogisk hjelp, fekk vi for dei fleste kommunane ei kvalitativ betring i arbeidet med desse sakene. Men for enkelte kommunar har ein ikkje i stor nok grad etablert felles kunnskap/forståing i fagfeltet. Dette gjeld særleg kvaliteten på den sakkunnige tilrådinga/vurderinga og kommunen sitt enkeltvedtak og grunngjeving. – Av 19 klagesaker gav vi «delvis medhald» for 10 saker og «medhald» for 5 saker. 15 av 19 klagesaker kjem frå ein kommune. Denne kommunen har vi hatt eigne rettleiingsmøte med.

Klage spesialundervisning § 5-1: Av 18 klagesaker oppheva vi 5 saker og avviste 2. For dei klagesakene vi opphevar og sender attende til kommunen, sikrar vi oss med rapportering inn til oss når saka er ferdig behandla i kommunen. Til vanleg er den kvalitative endringa ved ny saksbehandling i kommunane vesentleg.

Klage på eleven sitt psykososiale miljø §9a—3: Av 13 klagesaker, har vi sendt 6 saker attende til kommunen for rett behandling. Grunnen til at så mange saker blir sendt attende til kommunen, er at kommunen framleis har manglande kunnskap om innhaldet og minimumskrava i § 9a-3, men også fordi foreldre som ikkje får respons/rettleiing frå skolen/kommunen, vender seg lettare til Fylkesmannen. – Vi har inntrykk av at det nasjonale tilsynet har medverka til eit positivt fokus på området, men der foreldra i større grad enn tidlegare er gjort kjent med den retten dei har til å be om tiltak. – Dei fleste av desse sakene er fagleg krevjande for Fylkesmannen. Frametter vil vi tilrettelegge for at vi kan gå inn med «situasjonsbestemt tilsyn», særleg der situasjonen ikkje vil ivareta eleven på lang sikt ved ei formell klagebehandling.

Saksbehandlingstid

Vi har hatt ekstra fokus på å få ned saksbehandlingstida på klagesaker. Derfor prioriterer vi det framfor å gje høyringsuttalar på ulike endringar i lov- og regelverk som er ute på høyring. Dette er beklageleg i og med at det har vore fleire viktige høyringar det siste året.

Klage i grunnskolen (opplæringsloven med forskrifter)

| Type Klage | Sum | Medhold/Delvis medhold | Ikke medhold | Opphevet | Avvist | Kommentar |
|--|-----|------------------------|--------------|----------|--------|-----------|
| Standpunkt (fag og orden og oppførsel) | 84 | 48 | 36 | 0 | 0 | |
| Spesialundervisning, § 5-1 | 18 | 2 | 9 | 5 | 2 | |
| Spesialundervisning for voksne, § 4A-2 | 3 | 0 | 1 | 2 | 0 | |
| Skyss, § 7-1 | 12 | 2 | 7 | 3 | 0 | |
| Bortvisning, § 2-10 | 1 | 1 | 0 | 0 | 0 | |
| Skoleplassering, § 8-1 | 10 | 1 | 8 | 1 | 0 | |
| Sum | 128 | 54 | 61 | 11 | | |

Klage i videregående opplæring (opplæringsloven med forskrifter)

| Type Klage | Sum | Medhold/Delvis medhold | Ikke medhold | Opphevet | Avvist | Kommentar |
|----------------------------|-----|------------------------|--------------|----------|--------|-----------|
| Spesialundervisning, § 5-1 | 1 | 0 | 1 | 0 | 0 | |
| Sum | 1 | 0 | 1 | 0 | | |

Klage i forbindelse med spesialpedagogisk hjelp til barn under opplæringspliktig alder (opplæringsloven)

| Type Klage | Sum | Medhold/Delvis medhold | Ikke medhold | Opphevet | Avvist | Kommentar |
|--------------------------------|-----|------------------------|--------------|----------|--------|-----------|
| Spesialpedagogisk hjelp, § 5-7 | 19 | 15 | 4 | 0 | 0 | |
| Sum | 19 | 15 | 4 | 0 | | |

31.3 Grunnskolen informasjonssystem (GSI)

Oppgåvene er utført i samsvar med oppdraget.

Fylkesmannen har sett til at det ligg føre data frå alle kommunane (inkl. frittstående SFO) og private skolar. Vi

har kvalitetssikra data og følgd opp feilmeldingar. Data er overlevert Utdanningsdirektoratet innan fristen.

Vi har bidratt til vidareutvikling av GSI gjennom innspel til Utdanningsdirektoratet. Dette gjeld både etter GSI-samling her i fylket, under innsamlinga og gjennom evaluering etter årets innsamling.

Tal frå GSI er brukt i tilsynsarbeidet og i dialogen med skoleeigarane. Vi har trekt ut relevante data ut frå tilsynsystemet, samanstilt dei og brukt dei som grunnlagsmaterialet i samband med tilsynet.

Vi vurderer GSI-møte i regi av Utdanningsdirektoratet som gode og nødvendige for å bli oppdatert på området. Vi deltok med to personar på Kyrksæterøra.

Det blir stadig tilsett nye personar som får ansvaret for utfylling av GSI-data i kommunen, og det er nok behov for skolering. Derfor har vi i 2012 gjennomført ei dagssamling for kommunar, private skular, vaksenopplæring og kulturskolar her i fylket. På samlinga møtte representantar frå 21 av 36 kommunar og 5 av 16 privatskolar. Kulturskolar og vaksenopplæring var representert ved nokre få.

På samlinga får ein avklart problemstillingar som elles ville ha «dukka opp» seinare.

Vi vurderer det slik at samlinga er med på å auke kvaliteten på dataene som er rapportert i GSI.

Fylkesmannen har hatt ein del arbeid med korreksjonsordninga i samband med innsamling av individdata frå private grunnskular. Vi har følgd opp privatskulane og kommunane si rapportering.

Generelle tilbakemeldingar frå brukarane er at GSI er blitt betre, lettare å fylle ut (bl.a. at dei fleste felte i ramme C no blir berekna frå ramme B) og at rettleiaren har blitt betre dei siste åra.

Vi har inntrykk av at videosnuttane på GSI nettsida er til god hjelp ved utfylling.

Vi har brukt ein god del tid og ressursar på å rettleie kommunane og skolane, oppfølging (bl.a. purring) og kvalitetssikring av GSI-innsamlinga.

Det er positivt med tidleg GSI-publisering, men det betyr at kontrollperioden vi har til kvalitetssikring av GSI-data er forholdsvis kort. Vi ser at kommunane si kvalitetssikring ikkje alltid er like god, og vi må derfor ta ein del kontaktar som er tidkrevjande (vanskeleg å få kontakt med dei rette personane). Dette resulterte i at tida til feilretting blei knapp.

Vi har brukt ca. 10 vekesverk på dette området i 2012, same som i 2011.

Fylkesmannen har god kompetanse på feltet.

31.4 Informasjon og veiledning

Informasjon og rettleiing om regelverket for grunnopplæringa

Vi har to fagsamlingar over 2 dagar, både vår og haust, med skulefaglege ansvarlege i kommunane. I tillegg har vi møte med dei fire regionane i januar, og på alle desse samlingane tar vi opp ulike tema innanfor lov- og regelverket. Vi har også deltatt på møte som regionane har arrangert der dei har invitert oss til å halde innlegg om regelverket innan kap 9a. I tillegg bruker vi mykje tid til å rettleie gjennom telefon og e-post.

Formidle resultat frå tilsyn for å auke regelverksetterlevinga

På samlingane med skulefaglege ansvarlege formidlar vi vidare resultat frå tilsyna, og vi utfordrar nokre kommunar til å greie for korleis dei opplever tilsynet og prosessar dei går gjennom i samband med retting av lovbrøt. Vi har vurdert å gjennomføre slutt møte via videokonferanse, men har fått tilbakemelding om at det er verdifullt at vi reiser ut, gjennomfører slutt møtet og har rettleiingssamtalar i etterkant. Vi har også vore inne på rektormøta for vidaregåande skular og informert både i forkant og etterkant av tilsyna.

Tilstandsrapport og funksjonalitet i Skoleporten

Vi bruker å be om å få tilsendt tilstandsrapportane frå kommunane og legg dei inn på vår heimeside. I år har vi ikkje mottatt alle tilstandsrapportar - og vi ser at der er mykje beskrivelser og lite analyser og vurderingar.

Komande år vil vi følgje opp dette- få innsedt alle Tilstandsrapportane, bruke tid til å gå gjennom dei og ta dei opp på dialogmøte som fylkesmannen har med kommunane. Vi skal i samarbeid med KS starte ei skuleeigarskolering i april 2013 som går over 2 år med mellomperiodeoppgåve der verktøya på skuleporten også blir brukt og der det blir sett fokus på analyse og vurdering av resultatane.

Bruk av verktøy for kvalitetsvurdering og skoleutvikling

Vi viser til det vi har skrevet ovenfor om den planlagte skuleeigarsskoleringa som startar no i april og som vil fokusere på kvalitetsvurdering. Elles nyttar vi ulike høve til å informere om dei verktøya som ligg på nettet.

Informasjon og rekruttering av veiledere til Veilederkorps

Vi har informert om ordninga kring det nasjonale «Veilederkorpsset» på heimesida til FMMR og sendt e-post til kommunane og skolane i M&R med informasjon om regionale informasjonsmøte hausten 2012. FM har også deltatt på Udir sine samlingar hausten 2012 med dei fire kommunane i fylket som får ekstern rettleiing. Vi har også hatt møte med ein representant for veilederkorpsset som har informert oss om korleis dei arbeider inn mot skular og kommunar.

Informasjon om «Bedre læringsmiljø»

Informasjon om «Bedre læringsmiljø» er gitt både på heimesida til FM, ved sluttmøte på tilsyn etter opplæringslova § 9a og i møte med kommunane v/skolefagleg ansvarlege. FM har også deltatt på Udir si samling for fylkesmennene om behandling av klager etter § 9a. Vidare har vi halde innlegg om regelverket og klagesaksbehandling etter § 9a på fire regionale møte med skoleeigarane, samt på ei regional prosjektsamling for skoleleiarar og lærarar som arbeider med dette temaet. To av fire regionar har fått av fylkesmannen sine prosjektskjølnsmidlar til arbeidet nettopp med kompetanseheving og tiltak for å betre læringsmiljøet. Vi har møte med kommunane der dei presenterer det arbeidet dei har gjort slik at det blir spreidd til dei andre kommunane.

Manifest mot mobbing

FM informerer årleg om Manifest mot mobbing; både gjennom det nasjonale 9a-tilsynet og gjennom heimesida vår. I 2012 vart det informert om kampanjen: «Voksne skaper vennskap» .

I starten av Manifest-kampanjen kunne vi følge med på KD si heimeside kva kommunar frå eige fylke som hadde underteikna manifestet. Det kan vi ikkje no lenger, så vi har inga oversikt over kor mange kommunar i M&R som aktivt har underteikna eit slikt manifest. Men i samband med tilsyn på 9a, får vi tilbakemelding om at tilsynskommunane følgjer opp Manifest mot mobbing og dei årlege kampanjane som rettar seg mot skolane.

Informasjon om valfaga

På FMMR si heimeside har vi informert om dei nye valfaga på ungdomstrinnet – med lenke til Udir. Vi har elles svart på spørsmål om ordninga per telefon. Lærarane gir uttrykk for manglande oppfølging/skolering frå sentralt hald når det gjeld innføring av nye valfag.

Informasjon om regelverket kring ordninga: «Inn på tunet»

«Inn på tunet» er forankra hos Fylkesmannen si landbruksavdeling, og der vi har vore trekt inn i drøftingar/utviklingsprosjekt for den delen i prosjektet som grensar inn mot garden som pedagogisk arena. – På same måten har vi delteke og førelest ved fylkesvis samling for aktuelle aktørar innan prosjektet «Inn på tunet».

Ved Høgskolen i Molde vart det hausten 2011 oppretta eit modulbasert studie med utgangspunkt i «Inn på tunet». Studiet heiter «Gården som ressurs» . Vi har bidratt med informasjon/førelesing ved dette studiet. Fokus her har vore opplæringslova, med særleg vekt på kap. 9a og kap. 5. – Innhaldet i Rundskriv Udir 3/2010 «Bruken av alternative læringsarena i grunnskolen» har vore sentralt i vår presentasjon. – Generell informasjon/drøfting har vi hatt med aktuelle skolar/kommunar som er i prosjektet og/eller som meiner prosjektet kan vere ein utvida læringsarena til skolen.

Informere om regelverk, læreplanar og materiell for opplæring av minoritetsspråklege elevar

I 2012 har FMMR informert om regelverket på ei NAFO-samling for PPT i Ålesund. Vi har elles svart på spørsmål om regelverket per telefon og e-post, samt gitt aktuell informasjon gjennom klagesaksbehandling. Våren 2013 planlegg vi ein kursdag om temaet for både barnehage- og skolefagleg ansvarlege på kommunenivå, barnehage, grunnopplæring og PPT.

31.5 Eksamen, nasjonale prøver og kartleggingsprøver

Oppgåvene er utførte i samsvar med oppdraget. Vi har god kompetanse på feltet og har brukt i underkant av 2 årsverk på dette området. I 2012 har vi hatt ein ny person på opplæring der vi har fått høve til overføring av kompetanse frå medarbeidarar med lang erfaring. Møtene med udir er nyttige både for å sikre oppdatering og erfaringsutveksling på feltet.

Fylkesmannen sine nettsider blir brukt for å nå ut med informasjon til sektoren. I artiklane har vi oftast med lenke til meir informasjon på www.udir.no som er blitt ei nyttig kilde til oppdatert informasjon.

Når det gjeld tiltak på området, sjå kommentar under punkt 1 i tabelldata

PAS/PGS

Vi ser at kompetansen på området blir stadig betre og at brukarane er nøgd med verktøyet samstundes som ein forventar eit stabilt og forutsigbart system. På vårt årlege møte med kommunane og rektorane på ungdomstrinnet om eksamen og vurdering brukte vi tid også i 2011 på skolerings i bruk av PAS og PGS. Dette møtet blir gjennomført midt i februar, eit par veker før fristen for oppmelding og registrering av fagpersonar, noko som har vist seg å vere nyttig.

Også på sensorskoleringa har vi ein sekvens om bruk av PAS for sensorar

Brukaradministrasjon og brukarstøtte krev mykje tid, m.a. fordi brukarstøtta ikkje alltid fungerer på skoleeigar-nivå. Vi ber årleg om oppdatert kontaktinformasjon til eksamensansvarlege i alle kommunane og ber om at desse tar ansvar for rettleiing av skolane. Likevel er det slik at når ting hastar, ringer skolane direkte til fylkesmannen.

For fylkesmannen er PAS-hjelpen ei viktig støtte. Det er svært nyttig å kunne søke opp og finne løysing på problem som andre har sendt inn. Samtidig er det viktig med raske svar på hastesaker.

Nasjonale prøver

Arbeidet med nasjonale prøver er følgt opp og gjennomført etter gjeldande nasjonale retningslinjer. Fylkesmannen følgjer opp fristane for registrering med e-postmeldingar til kommunar med manglande registreringar. Her er rapportane i PAS til god hjelp. Vi registrerer at også Udir sender ut purringar helt ned på skolenivå når resultat manglar rett før registreringsfristen. Her i fylket får da skolane / kommunane dobbelt sett med purringar, noko vi må unngå i framtida.

Systemet for registrering av elevar med fritak frå nasjonale prøver ser ut til å fungere betre enn tidlegare, noko som gir auka kvalitet på statistikken. Fylket ligg litt over landsgjennomsnittet på andelen fritak. Samstundes ser vi at andelen «Manglande resultat» for 2012 er lågare i vårt fylke enn gjennomsnittet nasjonalt. Berre 0,6 % av alle påmelde elevar i Møre og Romsdal er registrerte i PAS med manglande resultat mens tilsvarande tal for landet viser rundt 2%. Vi tolkar det slik at skolane/ kommunane her i fylket har vore flinke til å registrere status på elevane i PAS, etter at fylkesmannen har brukt ein del tid på oppfølging og purring.

Ei anna muleg årsak til at vårt fylke ligg over landsnittet for andel registrerte fritak, kan vere at vi har følgt opp kommunane ved å kontrollere elevtal i GSI mot oppmeldingane i PAS, og bedt om at alle elevane må meldast opp, også dei som har fritak. Her er det ulike registreringsrutinar i PAS for eksamen og nasjonale prøver. For eksamen skal ikkje dei med fritak for vurdering registrerast. Vår erfaring er at dette gjer at rektorar ofte er usikre på -om dei med fritak - skal meldast opp til nasjonale prøver eller ikkje. Vi reknar med at dette også gjeld for andre fylke og kan vere ei feilkilde i statistikken.

Fylkesmannen nyttar i stor grad resultatata frå dei nasjonale prøvene både i tilsynsarbeidet og i anna dialog med skoleeigarane.

Eksamen i grunnskolen

Eksamen i grunnskolen vart gjennomført etter gjeldande, nasjonale retningslinjer.

Til sentralt gitt eksamen hadde vi ansvar for sensur i faga matematikk og norsk for eksamensregionen Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane. Vi registrerte ingen avvik for kandidatane som følgje av utfordringane med bruk av PAS på alle nivå.

Informasjon om eksamen etter LK06 vart gitt til kommunane og skolane m.a. via eit informasjonsmøte i februar. På dette møtet informerte vi spesielt om PGS og levering av elektroniske elevsvar. Andelen elektronisk leverte elevsvar i engelsk og norsk auka til nesten 100% våren 2012 frå vel 40 % våren 2011 frå berre 17 % i 2010.

Sensorskolering for alle sensorane i eksamensregionen vart gjennomført som to dagars lunsj-til-lunsj-samling i mai med fagpersonar frå Udir og frå fagutvalet. I tillegg utvida vi fellessensurmøtet med ein halv dag der oppmennene hadde ansvar for drøfting og gjennomgang av årets oppgåver. Denne skoleringa er svært viktig for kvaliteten på sensureringa, og dei fleste sensorane møter opp sjølv om det er frivillig, men vi har hatt eit par tilfelle der sensor ikkje deltar fordi det ikkje er obligatorisk.

Kommunane har så langt dekka reise- og vikarutgifter ved sensorskolering, medan fylkesmannen har dekka opphaldet. Dei fleste rektorane godtar vårt argument om at dette er ei viktig kompetanseheving også for skolen.

Sensorskoleringa og fellessensuren i vår eksamensregion er ressurskrevjane særleg p.g.a. geografien og lange avstandar.

Fellessensuren blei gjennomført etter retningslinene. Nettverket og tilgang til PAS fungerte godt.

Elektronisk honorarrekning i PAS skapte ein del bry i år fordi dei elektroniske skjema ikkje var oppdaterte etter reglane for honorar. Det var også slik at oppmenn / formøteleiarar- roller frå tidlegare år ikkje var sletta, slik at fleire fekk påført formøtegodtgjersle utan å ha oppdraget dette året. Det gjekk med ein del ekstra tid til oppretting av slike feil.

På fellessensurmøtet har oppmennene m.a. som oppgåve å vurdere elevsvar der det er tvil eller usjemje mellom sensorane. Det betyr at oppmennene må ha tilgang til andre sensorar sine elevsvar. For elektronisk leverte svar er ikkje dette muleg i PAS.

Men dei fleste sensorane skriv ut elevsvara frå PAS. Så i år vart dette brukbart løyst ved at vi bad sensorane ta med egne papirkopiar av elevsvara til fellessensurmøtet.

Lokalt gitt eksamen vart gjennomført i fylket slik at skoleeigar tok heile ansvaret for gjennomføringa og sensorfordelinga. Interkommunalt og regionalt samarbeidet om sensorar fungerte godt for dei fleste kommunane.

Fleire regionar gjennomførte også skolering av munnlege sensorar.

Dei fleste regionane / kommunane har utarbeidd egne retningsliner for gjennomføring av munnleg eksamen. Men desse reglane er noko ulike, så praksis når det gjeld førebuingstid og eksaminasjon, kan vere ulik frå kommune til kommune. Derfor vil nok ei forskriftsendring som gir grunnlag for meir lik gjennomføring av munnleg eksamen vere på sin plass.

Eksamen i vidaregåande opplæring

Eksamen i vidaregåande skule vart gjennomført etter gjeldande nasjonale retningsliner, bl.a. oppmelding av kandidatar til eksamen og oppdatering av fagpersonregisteret. Fylkesmannen bruker ein del tid på opning for etteroppmelding og retting av feilregistreringar i PAS. Vi registerer etteroppmeldingar fortløpande og oversender det til fylkeskommunen.

Lokalgitt eksamen i vidaregåande opplæring

Vi har hatt møte med fylkeskommunen der vi har diskutert kvalitetsikring av lokaltgitt eksamen med utgangspunkt i tilsynet vi gjennomførte i 2011.

Kartleggingsprøver

Vi har kontrollert at kartleggingsprøver vart gjennomført og har følgd opp dette med fylkeskommunen.

| | | |
|--|---|---|
| 1. Benytter embetet informasjonen som fremkommer ved avvikling av prøver og eksamener i tilsynsarbeidet? | X | Informasjon 2 gongar i året på møte med kommunane. Drøfting av tiltak på årlege regionale dialogmøte med kommunane. Årleg møte om elevvurdering der målgruppa er rektorar og eksamensansvarlege i kommunane. Jamnlege drøftingsmøte med opplæringsavdelinga i fylkeskommunen. Jamnleg rettleiing, svar på spørsmål via e-post og telefon. |
|--|---|---|

| | Spesifiser dersom avvik fra landsgjennomsnittet totalt eller på enkeltprøver) | Spesifiser dersom stor variasjon mellom skoleeiere innad i fylket | Vurdering av årsak til avvik | Beskrivelse av tiltak over skoleeiere med høy andel elever med fritak |
|--|---|---|---|--|
| 2. Hvor stor andel av elevene har fått fritak fra deltakelse på nasjonale prøver | Totalt ligg fylket på omtrent på landsgjennomsnittet når det gjeld fritak frå vurdering på nasjonale prøver, bortsett frå på 5. trinn der vi på i alle prøvene ligg vel 1 prosentpoeng over landssnittet. | Fritaksprosenten for private skolar ligg langt høgare enn fylkesgjennomsnittet på alle prøver, mellom 6% og 12% | Vi ser at registrert fritaksprosent har økt det siste året mens tal elevar med manglande resultat har minka. Vi trur at fleire skolar har blitt flinkare til å registrere alle elevane i PAS, etter informasjon og påtrykk både frå Udir og Fylkesmannen. | Viser til punktet ovanfor når de gjeld informasjon til skuleeigarane. Vi planlegg tilsyn på området i 2013 |

31.7 Tilskuddsforvaltning

Kap 225 post 64 Tilskot til opplæring av barn og unge i statlege asylmottak

Utført i samsvar med oppdragsbrev frå Utdanningsdirektoratet, jfr Rundskriv UDir -tilskot-7-2005, samt reviderte retningsliner frå 01.01.09. I 2012 hadde Møre og Romsdal 7 kommunar med asylmottak. Ein kommune har i tillegg eit mottak for einslige mindreårige asylsøkjjarar.

Utbetaling i 2012 var totalt på kr 8 541 195,- for hausten 2011 og våren 2012. Kontrollert søknader frå kommunane opp mot DUF nr som vi har fått tilsendt frå UDI over barn registrert i asylmottak i det aktuelle tidsrom det er søkt tilskot for. Rapportert på tertialrapport til Udir.

Fylkesmannen har god kompetanse på området.

Kap 225 post 66 Tilskot til leirskuleopplæring

Utført i samsvar med oppdragsbrev frå Udir, jfr Rundskriv UDir-tilskot-4-2005, samt reviderte retningsliner frå 01-01-09.

Utbetalt etter søknad frå kommunane 2 gongar i 2012, vår og haust. Kontroll er utført og rapportert på tertialrapport til Udir.

Det var utbetalt kr 2 402 000,- i 2012.

På grunn av begrensa midlar frå Utdanningsdirektoratet, fekk vi ikkje betalt ut alt for hausten 2012 og har eit etterslep som blir betalt ut av mdilane for 2013.

Vi har god kompetanse på området.

Resultatområde 32 Oppgaver for økt kvalitet i grunnopplæringen

Her blir arbeidet med følgjande område omtalt:

32.2 Kompetanseutvikling

- Kompetanse for kvalitet - Strategi for vidareutdanning av lærarar 2009-12
- Etterutdanning
- Vidareutdanning
- Vurdering for læring
- Ungdomstrinnsatsinga

32.3 Skoleporten

32.4 Erfarings- og kunnskapsinnhenting

32.5 Tiltak innan tilpassa opplæring, spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning

32.2 Kompetanseutvikling

Kompetanse for kvalitet

FM har gjennomført oppdragsbrevet frå Udir på etter- og vidareutdanning 2012. Vi har deltatt på møte med Udir om den nye strategiplanen 2012-15 og informert skoleeigarane om satsinga på fire regionale møte januar/februar 2012, samt eige møte med private skoleeigarar. I tillegg har vi fortløpande lagt ut aktuell informasjon på heimesida vår, både om vidareutdanning, etterutdanning og rektorprogrammet, hatt møte med kommunane, behandla søknader, skrive tilsegnsbrev og utbetalt midlar.

Sjølv om Udir har hand om den nasjonale vidareutdanninga, blir det likevel mykje arbeid på FM, særleg med mange lokalt prioriterte søknader som i M&R med 36 kommunar, fylkeskommune og eit aukande tal privatskolar. Saksbehandlinga er også stor på etterutdanningsområdet med så mange skoleeigarar vi har i fylket vårt, samt på kontroll av rapportert gjennomført kompetanseutvikling.

På søknadsskjemaet til vidareutdanning, må skoleeigar krysse av for at dei har utarbeidd ein kompetanseutviklingsplan. Noko tilsvarende er ikkje i søknads-skjemaet for etterutdanning.

FMMR har i alle år bedt om å få inn godkjende 3-års-strategiplanar med rullerte handlingsplanar kvart år. Så også i år. Ikkje alle planane kjem inn om våren, men vi godkjenner forsinkinga dersom arbeidet er undervegs. Vi sjekker elles at planen er politisk godkjend og at arbeidstakar-organisasjonane har vore med i arbeidet, noko som ikkje er sjølv sagt alle stader.

Etterutdanning

FM fekk inn søknadar frå 32 av 36 kommunar, fylkeskommunen og 6 privatskolar med ein samla søknadssum på 11,3 mill kr. Midlane vi hadde til disposisjon var 2,7 mill. Etterutdanningsmidlar er populært å søkje på då det er mange kommunar som fortsatt ikkje prioriterar vidareutdanning av økonomiske grunnar. I kriteria for vår tildeling vurderte vi berre dei tre høgste nasjonalt prioriterte områda som skoleeigarane søkte midlar til. Andre lokale satsingar vart difor ikkje vurdert.

Vi tok og omsyn til dei skoleeigarane som i Skoleporten rapporterte høg prosentandel på nivå 1 og 2 på nasjonale prøvar i lesing og rekning og at kommunane sjølv bidrog med midlar til EU. Då nokre kommunar søkte om svært store summer sjølv om dei har langt færre elevar og lærarar enn andre kommunar, valte vi å samanlikne søknadssummen opp mot talet på lærarstillingar i kommunen og talet på lærarar som var tenkt å delta på EU. Dette for å få ein mest mogleg rettferdig tildeling.

Av dei nasjonale satsingane var det Klasseleiing, vurdering for læring, leseopplæring og rekneopplæring som flest kommunar og privatskolar søkte på.

Vidareutdanning

FM har utbetalt midlar til vidareutdanning for til saman 68 lærarar fordelt på 26 skoleeigarar hausten 2012 (22 kommunar, fylkeskommunen og 3 privatskolar). Dette er ei auke frå året før, men ingen auke totalt sett, jf. oppstillinga nedanfor:

H- 2012: 68 lærarar fordelt på 22 kommunar, fylkeskom.og 3 privatskolar; tils. 26 skoleeigarar

H- 2011: 57 lærarar fordelt på 17 kommunar, fylkeskom. og 2 privatskolar, tils. 20 skoleeigarar

H-2010: 68 lærarar fordelt på 22 kommunar, fylkeskom. og 2 privatskolar; tils. 25 skoleeigarar

H-2009: 60 lærarar fordelt på 23 kommunar, fylkeskom. og 1 privatskole; tils. 25 skoleeigarar

Det vart søkt om midlar til i alt 75 lærarar for skoleåret 2012/13, men berre 68 starta. Fråfallet skuldast både sjukdom, flytting og graviditet, samt at nokre ikkje kom inn på dei studia dei ønskte. Det er elles gitt tilsegn om vikarmidlar for 70 lærarar våren 2013, då nokre studie har oppstart om våren.

M&R fylkeskommune har som tidlegare flest deltakarar (16). Deretter følgjer Ålesund kommune med 10 og Kristiansund kommune med 6 deltakarar. Dei andre skoleeigarane varierer mellom 1 og 4 deltakarar.

Den første tilbakemeldinga FMMR fekk på den nye strategiplanen, var positiv. Vi hadde derfor forventa oss større søknad blant skoleeigarane med den nye finansieringsordninga, men så skjedde ikkje. Hovudgrunnen til dette kan tenkast å liggje i sjølve vidareutdanningstilbodet i M&R – med berre 1 høgskule tilgjengeleg, og som har få fag å tilby innafor dei nasjonalt prioriterte områda. Skal deltakarar frå M&R ta vidare-utdanning, må det stort sett skje utanfor fylket. Og både reiser og opphald/-overnatting er kostnadskrevjande for kommunane. - På den andre sida er den private deltakinga av lærarar i vidareutdanning ved Høgskulen i Volda rimeleg høg her i fylket.

Om lag halvparten av lærarane frå M&R tar vidareutdanning innafor lokalt prioriterte område. Det er komplisert for både skoleeigar og FM med søknader som har oppstart både haust og vår og med ulike studiepoeng innafor eitt og same studieår. Mange søknader inkluderer både vikarmidlar og studieavgift, der det viser seg at nokre studieavgifter er berre semesteravgift som det ikkje blir gitt refusjon for. Talet på deltakarar endrar seg også undervegs, slik at det kan bli både eitt, to og tre tilsegnsbrev før vi endeleg kan utbetale midlane.

Rapportering på bruken av statlege kompetanseutviklingsmidlar

Den elektroniske rapporteringa opplever vi er eit «must» i mange kommunar. Som regel må vi purre både ein og to gongar før skoleeigar rapporterer slik dei skal. Likevel skjer det mykje feilrapportering, slik at FM får mykje arbeid med å rette opp det vi openbart ser er feil, som m.a. tildelte statlege midlar på etter- og vidareutdanningsområdet. Det er heller ikkje greitt at etterutdanningsmidlane skal rapporterast på budsjettåret, medan vidareutdanningsmidlane skal rapporterast på skoleåret. Det greiaste hadde vore om også etterutdanningsmidlane følgde skoleåret. Dette då utbetalinga skjer ved skolestart etter søknad i vårhalvåret, og dei fleste kommunane overfører etterutdanningsmidlar frå haust- til vårhalvåret.

Regionalt samarbeid og koordinering – GNIST

Kommunane er delt inn i fire kompetanseutviklingsregionar, som alle samarbeider godt med kvarandre og med UH-sektoren i Volda og i Trondheim. Vi har faste møte med regionane kvar for seg tidleg på nyåret, samt 2 møte med regionkontaktane vår og haust, der også fylkeskommunen og Høgskulen i Volda deltar. I tillegg har vi ei todagars fagsamling med kommunane vår og haust, der også kompetanseutvikling blir tatt opp etter behov. Dersom regionane ønskjer det, møter vi også opp på deira regionmøte.

I tillegg til det regionale samarbeidet har vi GNIST, som forutan KS, Høgskulen i Volda, Utdanningsforbundet og Skolelederforbundet, også inkluderer region-kontaktane og fylkeskommunen. Gnist-samarbeidet i fylket har gått føre seg sidan 2009 og har jamnlege møte vår og haust. Gnist-partnerskapen har også vore bra representert på nasjonale Gnist-samlingar. Forutan omdømmebygging og rekruttering til læraryrket, er etter- og vidare-utdanning og rettleiing av nyutdanna lærarar eit prioritert område i Gnist. Ny prosjektleiar i 100 % stilling er tilsett frå 01.01.2013 med arbeidsstad på Høgskulen i Volda, men underlagt styringsgruppa i Gnist M&R. Vi er uroa over lærardekninga i grunnskulen om nokre år. Forskning viser at det er dei studentane frå fylket/regionen ved høgskulen som blir verande i fylke som yrkeaktiv lærar etter at utdanninga er slutt. Høgskulen i Volda tar opp altfor få lærarar frå vår region kvart år til å dekke det behovet for lærarar som vil kome i åra som kjem. Dette er bekymringsfullt.

Vurdering for læring

Møre og Romsdal har i 2012 hatt arbeid knytt til to puljer i satsinga "Vurdering for læring". Møre og Romsdal fylkeskommune har deltatt i pulje 2, samstundes som søknadsprosessen for kommunale skuleeigarar til pulje 4 starta hausten 2012. Fylkesmannen i Møre og Romsdal har sikra at skoleeigarar i eige fylke har blitt valt ut (pulje 4), fått utbetalt midlar og levert rapportar (pulje 2) til oppgjevne fristar, og sett til at skoleeigarar følgjer opp andre plikter i satsinga "Vurdering for læring". Fylkesmannen har i 2012 delteke på fleire nasjonale møter om vurdering og "Vurdering for læring" på Udir i tillegg til ei regional samling i Tromsø - dette har vore nyttige samlingar for oss.

Embetet har også i samsvar med oppdraget sørga for informasjon og erfaringsspreiing knytt til satsinga. I 2012 har Vurdering for læring vore tema på fleire møter med skuleeigarar og skuleleiarar i fylket. Satsinga vart presentert på fylkesmannen sitt årlege møte om eksamen og vurdering for skuleeigarar og rektorar i grunnskulen den 15. februar 2012. Denne presentasjonen var praksisnær og knytt til arbeidet med satsinga på ein vidaregåande skule i Molde. "Vurdering for læring" har også vore tema på dei to årlege møta med dei fire regionane og på fagsamling for skuleeigarar hausten 2012.

a) Ressursar

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har hatt to saksbehandlarar som er ansvarleg for kvar si pulje i satsinga. Grunna organiseringa vil pulje 4 krevje meir ressursar enn pulje 2.

b) Kompetanse

Vi har god kompetanse på feltet. Ein rådgivar går av med pensjon no , men vi har ein ny person som har vore tilsett eitt år og som gradivis har overtatt feltet.

c) Metodikk og strategiar - relevante forhold i fylket

På landsbasis skil Møre og Romsdal seg ut som eit fylke med mange kommunar: i alt 36 kommunar. Ein del av desse kommunane er små, nokre med ein til to skular. For at også slike små kommunar skal få høve til å delta, har vi i pulje 4 lagt til rette for ei brei satsing på «Vurdering for læring» i Møre og Romsdal. To av regionsnettverka, Nordmøre (5 kommunar) og Sunnmøre (10 kommunar), er etter søknad plukka ut, og deltek i satsinga med i alt 15 kommunar. I tillegg er seks større einskildkommunar plukka ut. Grunnen til at vi ønskte å få med så mange kommunar, var at det er ei stor interesse for å arbeide med vurderingsfeltet i fylket, og mange kommunar og skolar er i gang og har fått tildelt etterutdanningsmidlar.

Fylkesmannen har som strategi at satsinga på vurdering skal sjåast i samanheng med ungdomstrinnssatsinga i fylket. Desse skal begge vere med å legge grunnlag for god praksis i klasseromma. Fylkesmannen har også grunna den breie satsinga oppretta eit samarbeid med kompetansemiljøet ved Høgskulen i Volda slik at skolar og kommunar som har behov for støtte i vurdering, vil få det.

Ungdomstrinnssatsinga

FMMR har delteke på Udir sine kurs og konferansar hausten 2012 om oppfølging av ungdomstrinnsmeldinga og strategiplan for klasseleing, lesing, rekning, skrivning og vurdering på ungdomstrinnet. Kommunane Rindal og Surnadal er med i piloteringa frå M&R i regi av NTNU.

Vi har fortløpande informert om ungdomstrinnssatsinga på FMMR si heimeside og sendt ut informasjonsbrev til kommunane/skolane i M&R i desember 2012. Ungdomstrinnssatsinga var også tema på møta med regionane i januar 2013 der vi presenterte den nye Gnist-prosjektleiaren som også fekk avsett tid til å informere kommunane om den nye satsinga. Vi legg opp til at prosjektleiaren deltek på alle våre arena vi har med kommunane når det er behov for det.

32.3 Skoleporten

Utviklinga av Skoleporten har vore svært positiv dei siste par åra. Mellom anna er tilgangen til ferske data betre, og statistikk og talmateriale er gjort meir tilgjengeleg. Skoleporten har blitt eit godt reiskap også for fylkesmannen i arbeidet med å hente fram og bearbeide data for bruk m.a. i tilsynsarbeidet.

For å kunne rettleie kommunane er det til stor hjelp at fylkesmannen har fått utvida tilgang til rapporteringsreiskapa i Skoleporten. Det er også til god hjelp for å få fram rask dataoversikt.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal si vurdering av måloppnåing

a) Embetet sine ressursar

To saksbehandlarar har oppdatert brukarstøttefunksjon. Dette vil også seie at desse kan rettleie i bruk av dei ulike reiskapa.

Vi bruker 4 vekerverk på arbeid med Skoleporten, og vi har utført oppgåvene i samsvar med oppdraget

b) Kompetanse

Vi har god kompetanse på feltet, men det er nyttig å bli oppdatert på samlinga i regi av Udir., og vi deltok med to saksbehandlarar på samlinga i haust.

c) Metodikk og strategiar

Fylkesmannen i Møre og Romsdal deltek på dei årlege samlingane for superbrukarar på Udir og tilbyr oppdatert brukarstøttefunksjon. Vi ser at dei fleste kommunane brukar rapporteringsreiskapa i Skoleporten til å utforme sine tilstandsrapportar. Kommunane har og høve til å kome med innspel til dei to årlege møta med dei fire regionane i fylket. I tilsynsarbeidet gjev tilstandsrapportane viktig informasjon.

I 2013 skal Fylkesmannen i Møre og Romsdal i samarbeid med KS og Møre og Romsdal fylkeskommune starte utviklingsprogrammet «Den gode skuleeigar». Eit tema i dette programmet vil mellom anna vere mål, rammer og resultat. I samband med dette vil reiskapa i Skoleporten for sikring av styring (planar og rapportering) vere tema.

32.4 Erfaring- og kunnskapsinnhenting

Erfarings- og kunnskapsinnhenting frå eige fylke på nasjonale utdanningspolitiske satsningsområder

Vi har levert rapportar på dei områda som vi har fått i oppdraget, t.d etter- og vidareutdanning, forsøk med framandspråk og arbeidslivsdag (sjå nedanfor)

Erfaring med læreplanane

Vi har hatt konferanse i mai 2012 der forskarar har presentert resultatane frå Evalueringa av Kunnskapsløftet når det gjeld implementering av læreplanar.

Vi har også gjennomført tilsyn på lokalt læreplanarbeid og skulebasert vurdering der vi har fått innsikt i dei store utfordringane skolane har hatt med dette arbeidet, og erfaringane etter tilsyna er i samsvar med dei resultatane evalueringa av Kunnskapsløftet har kome fram til. Vi viser til tilsynsrapportane som er sendt til udir og som ligg på vår heimeside.

Nasjonale prøver

Vi viser til det vi har skreve om nasjonale prøver under pkt 31.4 Informasjon og veiledning.

Vi informerer jamt om ressursane som ligg på nettet til hjelp for lærarar til å jobbe systematisk med grunnleggande ferdigheiter og fagleg utvikling hos elevane.

I Tilstandsrapportane har skuleeigarar ofte kommentert resultatane frå dei nasjonale prøvene, og mange har sett igang tiltak for å betre resultatane. Vi får ofte spørsmål frå kommunane om ulike forhold om kvalitetsvurderingar, og driv ein del rådgivning. Samtidig ser vi at dei analysane og vurderingane i rapportane ofte er mangelfulle, og vi trur at skuleeigarar som vi gjennomfører saman med KS med oppstart i april 2013 vil gje skuleeigarar betre kompetanse i kvalitetsvurdering. Målgruppa for skoleringsrekka er rådmenn, ordførarar, skulepolitikarar og skulefagleg ansvarleg på kommunenivå

Dronning Sonjas skolepris

FM informerte kommunane/skolane om Dronning Sonjas skolepris 2012, og fekk inn ein søknad. Dette var frå Stordal b/u-skule, som FM tidlegare hadde vore på tilsyn med og der vi gav gode skussmål til både skolen og kommunen om arbeidet med elevane sitt læringsmiljø. Skolen nådde diverre ikkje opp i konkurransen med dei andre nominerte skolane på landsbasis, men fekk heiderleg omtale på heimesida til FMMR.

Forsøk med framandspråk

Det vellukka forsøket med framandspråk på barnetrinnet vart avslutta våren 2012, og FMMR har sendt ein sluttrapport om forsøket til Udir sommaren 2012. Frå M&R deltok Øye skule i Surnadal, Valderøy b.skule og Vigra skule i Giske, samt Bjørkedal Nærskule i Volda. Forsøket vart svært positivt evaluert av dei deltakande skolane både her i fylket og i landet elles, og mange vart skuffa då forsøket ikkje vart vidareført med statlege midlar. Bjørkedal Nærskule har likevel satsa på ei vidareføring for «eiga maskin», og Surnadal kommune vurderer å vidareføre delar av forsøket siste halvdel av 7. årssteget – før elevane skal velje framandspråk ved overgangen til 8. trinn. FMMR har deltatt på Udir sine konferansar om forsøket, så også på sluttkonferanse våren 2012. Framandspråksenteret i Halden (Nasjonalt senter for fremmedspråk) har elles gode heimesider og nyhetsbrev som vi oppfordrar skolane til å abonnere på.

Forsøk med arbeidslivsfag på ungdomstrinnet

Dei tre kommunane Kristiansund, Vanylven og Fræna er framleis med i forsøket og har alle utvida med nye elevar som starta opp med faget på 8.trinn for skoleåret 2012/2013. Dei 8 skolane samarbeider noko på tvers av kommune-grensane i det vidare arbeidet med faget.

Fylkesmannen og dei tre utvalde kommunane var alle representert ved den nasjonale konferansen i Oslo våren 2012.

Nytt for 2012 året var regional undervegssamling for dei involverte kommunane/ skolane hausten 2012 i Trondheim i lag med FMST og FMNT. Dette for å lære av kvarandre og knytte nettverk på tvers av fylka. Dette blei godt mottatt av forsøksskolane som var godt representert, sjølv om reisevegen blei svært lang for mange. Ein skole frå kvart av fylka la fram korleis dei jobba med faget og fekk på den måten vist ulike praktiske tilnærmingar og utfordringar i utprøving av arbeidslivsfaget. Bro Aschehoug bisto med kompetanseheving i det vidare arbeidet med faget med tema "vurdering for læring i arbeidslivsfag". Finansiering av samlinga og reiseutgifter for skolane blei belasta over kap. 226 post 21. FM i M&R fekk av Udir innvilga søknad på kr. 22 000 i ekstramidler til dekning av meirutgifter til samlinga.

32.5 Tiltak innenfor tilpasset opplæring, spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning

Vi har informert om innhaldet i Stortingsmelding nr 18 (2010-2011) Læring og fellesskap i fleire samanhengar.

Vi har rettleia mykje i klagesaker som går på førskulepedagogisk hjelp, §5-7 i opplæring, både gjennom utforminga av klagesakene, pr telefon og gjennom møte.

Vi har stimulert kommunar til å arbeide med forholdet mellom tilpassa opplæring og spesialundervisning og å få redusert spesialundervisninga, og har gitt midlar av fylkesmannen sine skjønnsmidlar til utviklingsprosjekt der over halvparten av alle kommunar i fylket er med. Vi arrangerer samlingar der kommunane som har fått skjønnsmidlar til utviklingsprosjekt innan spesialundervisning , deler sine erfaringar.

Vi sender ut eit informasjonsskriv kvart år til kommunar, fylkeskommunen, private skular, PPT om spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp. Vi gjer greie for dei erfaringane vi har hatt med klagebehandlinga, og peiker på forhold som dei bør merke seg spesielt i det vidare arbeidet.

Vi har hatt møte med leiinga for Statped Midt med tanke på organisering og korleis drive kompetanse - og kvalitetsarbeid i fylket. Vi har også invitert Statped til fagmøte for skule- og barnehageansvarlege i kommunane slik at dei har fått informert om den nye organiseringa av statped. Vi har vidare hatt møte med Høgskulen i Volda for å få dei meir med i samarbeidet med Statped.

Vi har arbeidd internt i embetet med ei "Barn - unge satsing" som omfattar alle avdelingane og som vi vil utfordre kommunane på i 2013 med å stimulere til særleg satsing på dette området.

Resultatområde 33 Tilsyn og forvaltningsoppgåver på barnehageområdet

Fylkesmannen har etter eiga vurdering oppfylt mål og resultatkrav i eigen verksemdsplan og i oppdraget.

Vi har gjennomført tilsyn i seks (6) kommunar) og alle tilsyna vart gjennomført som systemrevisjonar. I tillegg til desse seks tilsyna, gjennomførte vi eit oppfølgingstilsyn med Smøla kommune, der det var behov for å følgje opp eit tilsyn frå 2011. Det betyr at vi har gjennomført fleire tilsyn enn kravet i oppdraget.

Rapportane er sendt kommunane og lagt ut på fylkesmannen si heimeside. Tema for tilsynet med kommunen som barnehagemyndigheit har vore bl.a. godkjenning, rett til barnehageplass, kommunen sitt tilsyn eksemplifisert gjennom paragrafane 17 styrar, 18 barnehagens øvrige personalet, Forskrift om pedagogisk bemanning, 19 politiattest og 22 Opplysningsplikt til barnevernstenesta. Vi vurderer desse tilsystema som svært relevante for situasjonen i sektoren og tek sikte på å gjennomføre tilsvarande tilsyn i dei resterande kommunane.

Fylkesmannen vurderer det slik at tilsyna medvirker til tydelegare medvit i kommunane om rollene som barnehagemyndigheit og –eigar. Det er svært interessant å få tilbakemelding frå kommunane om korleis dei opplever tilsyna våre og kva erfaringar dei har frå sine eigne tilsyn med kommunale og ikkje-kommunale barnehagar. Der kjem det bl.a. fram at tilsynet er ei hjelp til å løfte barnehagesektoren i kommuneorganisasjonen, både administrativt og politisk. Vidare kjem det fram at førebuing av tilsynet gjer at den overordna leiinga i kommunen må ta inn over seg omfanget av oppgåver knytt til kommunen som barnehagemyndigheit, og at tilsyna blir opplevt som godt gjennomførte og gir kommunane læring også i forhold til eigen tilsynsaktivitet.

Vi har ikkje klagesaker på barnehageområdet bortsett frå Forskrift om likeverdig behandling av barnehagar i forhold til offentlege tilskot. Men vi har brukt mykje tid på rettleiing i lov- og regelverk.

Vi har også brukt mykje tid på arbeid med klagesaker i samband med Forskrift om økonomiske likeverdig behandling. Vi har hatt nokre saker frå flere år tilbake som har vore kompliserte.

33.1 Tilskuddsforvaltning

På grunn av ekstra arbeid med økonomisk likeverdig behandling har saksbehandlingstida for tilskotsøknadene vore lenger enn ønskjeleg.

Kap. 231 post 61 Investeringstilskot

Det er i 2012 ikkje tildelt investeringstilskot til barnehagar i Møre og Romsdal.

Det vart søkt om kr. 279 500 på slutten av året på grunnlag av ei tilskotssak som har vandra mellom kommunen og Fylkesmannen i årevis. Fylkesmannen innvilga i 2008 eit tilskot på kr 94 000 på grunnlag av ein søknad på kr.1 475 500. Barnehagen klaga på vedtaket, og Fylkesmannen har i fleire omgangar etterlyst betre dokumentasjon av søknadsummen. Det såg no ut til at ein justert søknad kunne godkjennast. Nærare kontroll avdekte likevel behov for ytterlegare dokumentasjon.

Vi hadde i tillegg ein søknad som vart avslått av di Fylkesmannen ikkje kunne sjå at oppgitt auke i barnetalet var eit resultat av investeringa som var grunnlag for søknaden. I begge sakene er det gjort nærare greie for kontrollen i brev til kommunane/barnehagane.

I 2011 vart det gjennomført ein kontroll av om bindingstida for tilskot tildelte i 2004 var overhalden. Det kom her fram opplysningar som skulle følgjast nærare opp. På grunn av stor arbeidsmengd, hovudsakleg i samband med Forskrift om likeverdig behandling av barnehager i forhold til offentlige tilskudd, er denne oppfølginga ikkje avslutta.

Kap 231 post 63 Tilskot til tiltak for å betre språkforståinga blant minoritetsspråklege barn i førskolealder

Utbetalt kr 3 874 330 ,- i samsvar med oppdrag og belastningsfullmakt. Innrapporterte til Utdanningsdirektoratet antall minoritetsspråklige barn førskolealder fra kommunene i januar 2012 etter årsmelding pr 15.12.2011.

Gjennomført stikkprøvekontroll på ordninga ved at vi valgte ut 3 kommuner som fikk brev med spørsmål om bruken av midlane er gjort etter Rundskrivet. Viser til rapport om tilskudds kontroll.

Kap 231 post 64 Tilskot til faste plassar i mellombelse barnehagelokale

Fire søknader vart behandla i 2012. Totalt søknadsbeøp var kr. 1 220 000, medan det vart utbetalt kr. 330 000. Dette er identisk med omsøkt og innvilga løyving.

Ein søknad vart avvist på grunn av manglande dokumentasjon av

- godkjenning av dei mellombelse barnehagelokala som det vart søkt om tilskot til
- talet på barn som det vart søkt om tilskot for
- opphaldstid som grunnlag for at det vart søkt om full sats (kr. 20 000,-) for alle barna som kommunen hadde lagt inn i tilskotsgrunnlaget.
- at det hadde ligge føre grunnar som gav grunnlag for å gi utsetjing av treårsfristen for overflytting frå mellombelse til faste lokale.

Ein annan søknad vart avslått av di det var ledig areal i dei opphavelige lokala til den auken i barnetal som det vart søkt om tilskot for.

I ei tredje sak vart tilskotsbeløpet redusert frå kr 480. 000 til kr. 200 000 på grunnlag av auken i talet på barn med plass. Barnehagen hadde søkt om tilskot for auke i totalt tal på nye plassar.

I den fjerde saka vart tilskotsbeløpet redusert frå kr 300. 000 til kr. 130 000 av di det var ledig areal i dei opphavelige lokala til den auken det vart søkt om tilskot for.

Alle åtte tilskot frå 2007 vart kontrollert i høve til overflyttingsfristen på tre år til permanente lokale.

I fem av tilfella såg vi av seinare søknad av investeringstilskot at vilkåret var oppfylt.
I eitt tilfelle såg vi av heimesida til barnehagen at vilkåret var oppfylt.
I to tilfelle fekk vi stadfesta per e-post frå kommunen at vilkåret var oppfylt.
Kontrollen er dokumentert i eiga sak i arkivet.

Fylkesmannen vil gjere tilsvarande kontrollar av tilskot som er gitt i seinare år.

33.2 Klagesaksbehandling

Vi har ikkje hatt klagesaker på andre lover/forskrifter enn Forskrift om likeverdig behandling av barnehager i forhold til offentlige tilskudd. Men vi har brukt mykje tid på å rettleie i lov- og regelverk.

Av dei sju sakene der det ikkje vart gitt medhald, var fem ein fellesklage som galdt dokumentasjonsplikt, ei sak dreide seg om ny tilskotsutmåling som følgje av store aktivitetsendringar, medan klagaren i eitt tilfelle ikkje kunne vise til på kva måte kommunen sitt vedtak var i strid med gjeldande regelverk. Av dei fem sakene der kommunen sitt vedtak vart oppheva, galdt fire (frå same kommune) feilaktig regelverksforståing av omgrepet "store aktivitetsendringar". Ei sak galdt manglande dokumentasjon.

| Type Klage | Medhold/delvis medhold | Ikke medhold | Opphevet | Avvist | Sum |
|--|------------------------|--------------|----------|--------|-----|
| Barnehageloven § 10 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Barnehageloven § 16 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Forskrift om familiebarnehager § 7 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Forskrift om foreldrebetaling § 5 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Forskrift om likeverdig behandling av barnehager i forhold til offentlige tilskudd | 0 | 7 | 5 | 0 | 12 |
| Forskrift om midlertidig og varig dispensasjon og unntak frå utdanningskravet for styrer og pedagogisk leder § 4 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Forskrift om pedagogisk bemanning § 3 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |

Merknad

on.

33.3 Informasjon og veiledning

Vi vurderer det slik at det er viktig å halde fram med å støtte kommunane i rolla som lokal barnehagemyndigheit. Gjennom dialog, rettleiing og ulike samlingar, nettverk og regionale møte har vi løfta fram utvalde tema som vi vurderer som aktuelle. Eksemel på valde tema i 2012 er godkjenning av barnehagar, ytterlegare gjennomgang av regelverket knytt til pedagogisk bemanning og kommunen som barnehagemyndigheit si rolle ved implementering av endringar. I dette arbeidet har også kommunar sjølve presentert både gode eksempel og utfordringar dei opplever i utøving av myndigheitsrolla. Innhenting av informasjon om kommunane sin plan for oppfylting av

retten til barnehageplass, vart gjort som quest-back undersøking. Opplysningane gir oss oppdatert informasjon om situasjonen i kommunane og ein del kommunar rapporterer også korleis dei planlegg å kunne oppfylle retten til plass i tida som kjem. Slik informasjon nyttar vi oss av i ulike samanhengar der kommunen si dimensjonering av barnehagetilbodet er tema, t.d. ved planlegging og gjennomføring av tilsyn. Rettleiing og regelverksavklaringar pr. tlf. og e-post er ei kontinuerleg oppgåve. Vi vurderer at vi med dei gjennomførte tiltaka samla sett, har nådd måla knytt til informasjon og rettleiing av kommunane som barnehagemyndigheit. Når det gjeld dialog og rettleiing av barnehageeigarar, både kommunale og ikkje-kommunale, har vi i 2012 invitert alle barnehageeigarar til møte om aktuelle tema som økonomisk likeverdig behandling, rettleiing av nyutdanna, pedagogisk bemanning. Rekruttering og likestilling som felles utfordring for aktørar i sektoren har vore tema også for barnehageeigarar. Vi anser å ha nådd målet om rettleiing av barnehageeigargruppa og meiner at tilbod om møte eit par gongar pr. år vil vere eit passande omfang.

Forskrift om likeverdig behandling

Det var planlagt eit møte for barnehageeigarar i mai. Dette måtte gå ut på grunn av kollisjon med anna arrangement.

I oktober hadde vi ei dagssamling der første del var felles for alle eigarar - både kommunale og ikkje-kommunale, medan andre del berre var for kommunane. Det er stadig kontakt mellom Fylkesmannen og kommunane for å vurdere behovet for meir informasjon og opplæring. Kommunane har no gitt klar melding om at det dei først og fremst treng, er avklaring av område i forskrifta som det har vore mykje diskusjon om. Før slike avklaringar ligg føre frå sentralt hald, er det få som vil prioritere å delta på fleire informasjonsmøte. Vi planlegg å arrangere regionale møte når den varsla rettleiaren ligg føre. Vi anser å ha nådd målet om aktiv rettleiing vedkomande forskrift om økonomisk likeverdig behandling og håper dette har innverknad på klagesaksomfanget.

33.4 Tilsyn

Ved vurdering av tilsynsaktiviteten i 2012 konstaterer vi at vi har gjennomført i tråd med det vi planla og at tilsynsaktiviteten er i overkant av det oppdraget krev for 2012. Vi har gjennomført tilsyn i seks (6) kommunar; Surnadal, Herøy, Ørskog, Gjemnes, Aukra og Hareid. Alle tilsyna vart gjennomført som systemrevisjonar. I tillegg til desse seks tilsyna, gjennomførte vi eit oppfølgingstilsyn med Smøla kommune, der det var behov for å følge opp eit tilsyn frå 2011.

Vi har også bedt om tilbakemelding frå kommunane på kva effekt dei opplever at tilsynsaktiviteten til fylkesmannen har. Tilbakemeldingar frå kommunane kan samlast i følgjande punkt:

- tilsynet er ei hjelp til å løfte barnehagesektoren i kommuneorganisasjonen, både administrativt og politisk
- førebuing av tilsynet gjer at den overordna leiinga i kommunen må ta inn over seg omfanget av oppgåver knytt til kommunen som barnehagemyndigheit
- tilsyna blir opplevt som godt gjennomførte og gir kommunane læring også i forhold til eigen tilsynsaktivitet
- kommunen kan få eit betre forhold til ikkje-kommunal eigar gjennom førebuing til tilsyn frå fylkesmannen
- tilsyna er krevande, men gir god læring
- tilsyna er positive i omdømmebygginga av sektoren
- ønske om å få spørsmål til intervju tilsendt på førehand

I vår eiga vurdering av effekt av tilsyna, ser vi at ved utsending av varsel om tilsyn i god tid, skjer det viktig førebuingarbeid i kommunen. Vi har sett at ved å ha tilsyn i to kommunar i same region nært i tid, skjer eit verdifullt samarbeid/samordning i regionen. Då kan vi og evt. samordne sluttmøta. Vi ser og at kommunane tek tak for å rette opp evt. manglar. Mellom gjennomføringsdag og sluttmøtedag med førebelse konklusjonar, har kommunen ved fleire høve tatt tak og er i ferd med å rette opp når vi kjem tilbake på sluttmøte. Det at vi har invitert kommunar til å orientere om korleis dei opplever vårt tilsyn, gjer noko med vårt syn på eigen aktivitet og på korleis vi ser vårt utviklingspotensiale. Vi får signal om at dei barnehageansvarlege framleis føler at dei ber barnehagesektoren "på eigne skuldrar" - og at tilsynet er med på å synleggjere barnehagesektoren og oppgåvene til kommunen som barnehagemyndigheit. Vi diskuterer og om vi skal invitere andre kommunar med t.d. på opningsmøte, og om vi skal invitere med politikarar, utvalsleiarar osv. for å utvide og nytte tilsynet til å nå fleire.

FMMR

| | |
|-----------------------------|--|
| Tilsynsobjekt: | Surnadal kommune |
| Tema/myndighetskrav: | 2 TEMA FOR TILSYNET Tilsynet vart varsla i brev frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal datert 6.2.2012. Tilsynet har omhandla kommunen si rolle som barnehagemyndigheit knyt til følgjande føresegner i barnehagelova (i kraft frå 1.1.2006) med forskrifter: - Barnehagelova § 10: Godkjenning av barnehagar. - Barnehagelova § 12a: Rett til plass i barnehage. - Barnehagelova § 16 jf. § 8: Kommunen sitt tilsyn med barnehagane. Kommunen sitt tilsyn med barnehagane har vore eksemplifisert med følgjande føresegner: - Barnehagelova § 17: Styrar. - Barnehagelova § 18: Barnehagen sitt øvrige personale. - Forskrift om pedagogisk bemanning § 1: Norm for pedagogisk bemanning. - Barnehagelova § 19: Politiattest for tilsette i barnehagen. - Barnehagelova § 22: Opplysningsplikt til barnevernet. |
| Avvik/funn: | Det vart ikkje avdekka nokon avvik under tilsynet med Surnadal kommune. |
| Frist for lukking av avvik: | |
| Pålegg: | Nei |
| Merknad: | Det vart ikkje avdekka nokon merknader etter tilsynet med Surnadal kommune. |
| Ressursbruk: | |
| Kommentar: | |

FMMR

| | |
|-----------------------------|--|
| Tilsynsobjekt: | Ørskog kommune |
| Tema/myndighetskrav: | - Barnehagelova § 10: Godkjenning av barnehagar. - Barnehagelova § 12a: Rett til plass i barnehage. - Barnehagelova § 16 jf. § 8: Kommunen sitt tilsyn med barnehagane. Kommunen sitt tilsyn med barnehagane har vore eksemplifisert med følgjande føresegner: - Barnehagelova § 17: Styrar. - Barnehagelova § 18: Barnehagen sitt øvrige personale. - Forskrift om pedagogisk bemanning § 1: Norm for pedagogisk bemanning. - Barnehagelova § 19: Politiattest for tilsette i barnehagen. - Barnehagelova § 22: Opplysningsplikt til barnevernet. |
| Avvik/funn: | Det vart avdekka 2 avvik under tilsynet med Ørskog kommune, §§ 10 og 16. Vidare vart det avdekka avvik med hhv §§ 17, 18 og 19. Jf § 16. |
| Frist for lukking av avvik: | 15.12.2012 |
| Pålegg: | Ja |
| Merknad: | Det vart ikkje avdekka nokon merknader etter tilsynet med Ørskog kommune. |
| Ressursbruk: | |

| | |
|------------|--|
| Kommentar: | |
|------------|--|

FMMR

| | |
|-----------------------------|--|
| Tilsynsobjekt: | Herøy kommune |
| Tema/myndighetskrav: | - Barnehagelova § 10: Godkjenning av barnehagar. - Barnehagelova § 12a: Rett til plass i barnehage. - Barnehagelova § 16 jf. § 8: Kommunen sitt tilsyn med barnehagane. Kommunen sitt tilsyn med barnehagane har vore eksemplifisert med følgjande føresegner: - Barnehagelova § 17: Styrar. - Barnehagelova § 18: Barnehagen sitt øvrige personale. - Forskrift om pedagogisk bemanning § 1: Norm for pedagogisk bemanning. - Barnehagelova § 19: Politiattest for tilsette i barnehagen. - Barnehagelova § 22: Opplysningsplikt til barnevernet. |
| Avvik/funn: | Det vart ikkje avdekka nokon avvik under tilsynet med Herøy kommune. |
| Frist for lukking av avvik: | |
| Pålegg: | Nei |
| Merknad: | Ingen. |
| Ressursbruk: | |
| Kommentar: | |

FMMR

| | |
|-----------------------------|--|
| Tilsynsobjekt: | Aukra kommune |
| Tema/myndighetskrav: | - Barnehagelova § 10: Godkjenning av barnehagar. - Barnehagelova § 12a: Rett til plass i barnehage. - Barnehagelova § 16 jf. § 8: Kommunen sitt tilsyn med barnehagane. Kommunen sitt tilsyn med barnehagane har vore eksemplifisert med følgjande føresegner: - Barnehagelova § 17: Styrar. - Barnehagelova § 18: Barnehagen sitt øvrige personale. - Forskrift om pedagogisk bemanning § 1: Norm for pedagogisk bemanning. - Barnehagelova § 19: Politiattest for tilsette i barnehagen. - Barnehagelova § 22: Opplysningsplikt til barnevernet. |
| Avvik/funn: | Det vart ikkje avdekka nokon avvik under tilsynet med Aukra kommune. |
| Frist for lukking av avvik: | |
| Pålegg: | Nei |
| Merknad: | Fylkesmannen gav ingen merknader under tilsynet med Aukra kommune. |
| Ressursbruk: | |
| Kommentar: | |

FMMR

| | |
|----------------------|---|
| Tilsynsobjekt: | Gjemnes kommune |
| Tema/myndighetskrav: | - Barnehagelova § 10: Godkjenning av barnehagar. - Barnehagelova § 12a: Rett til plass i barnehage. - Barnehagelova § |

| | |
|-----------------------------|---|
| Tema/myndighetskrav: | 16 jf. § 8: Kommunen sitt tilsyn med barnehagane. Kommunen sitt tilsyn med barnehagane har vore eksemplifisert med følgjande føresegner: - Barnehagelova § 17: Styrar. - Barnehagelova § 18: Barnehagen sitt øvrige personale. - Forskrift om pedagogisk bemanning § 1: Norm for pedagogisk bemanning. - Barnehagelova § 19: Politiattest for tilsette i barnehagen. - Barnehagelova § 22: Opplysningsplikt til barnevernet. |
| Avvik/funn: | Det vart avdekka 1 avvik unde rtilsynet med Gjemnes kommune, § 16. Vidare var t det avdekka avvik med §19. |
| Frist for lukking av avvik: | 01.02.2013 |
| Pålegg: | Ja |
| Merknad: | §10: Gjemnes kommune godkjenner barnehagar etter ei vurdering av om barnehagen er eigna i forhold til formål og innhald, jf. barnehagelova § 10 jf. §§ 1, 1a og 2. Merknad: Fylkesmannen konkluderer likevel med å anbefale for Gjemnes kommune at det for framtida bør kome tydelegare fram av godkjenningsvedtaket at kommunen har gjort ei vurdering av «barnehagens egnethet» i forhold til formål og innhald, jf. §§ 1, 1a og 2. Vidare anbefaler Fylkesmannen at retten til å klage på godkjenningsvedtaket bør kome tydelegare fram. |
| Ressursbruk: | |
| Kommentar: | |

FMMR

| | |
|-----------------------------|--|
| Tilsynsobjekt: | Hareid kommune |
| Tema/myndighetskrav: | - Barnehagelova § 10: Godkjenning av barnehagar. - Barnehagelova § 12a: Rett til plass i barnehage. - Barnehagelova § 16 jf. § 8: Kommunen sitt tilsyn med barnehagane. Kommunen sitt tilsyn med barnehagane har vore eksemplifisert med følgjande føresegner: - Barnehagelova § 17: Styrar. - Barnehagelova § 18: Barnehagen sitt øvrige personale. - Forskrift om pedagogisk bemanning § 1: Norm for pedagogisk bemanning. - Barnehagelova § 19: Politiattest for tilsette i barnehagen. - Barnehagelova § 22: Opplysningsplikt til barnevernet. |
| Avvik/funn: | Tilsynet er enno ikkje avslutta. |
| Frist for lukking av avvik: | |
| Pålegg: | Ja |
| Merknad: | |
| Ressursbruk: | |
| Kommentar: | |

33.5 Kontroll av årsmelding per 15/12 og årsregnskap for ikke-kommunale barnehager

Kontroll av årsmelding pr 15.12.2011 er gjort i henhold til oppdrag.

Gjennomgang av skjema, sjekka om alt er utfyllt slik det skal. Det som måtte rettast på fra kommunen, var rapportering på årsverk og ansatte då det var ein del feilrapportering der. Sendte e-post til kommunen om det som var feil i rapporteringa med beskjed om å rette opp. Dette vart gjort frå alle kommunar.

Fordi Basil enno ikkje er klargjort for uttak av rapportar osv. må eg nytte meg av eit eige excell-skjema for nøkkeltal på barnehageområdet, slik som antal barn i barnehagen, minoritetsspråklege barn, personar og årsverk på dispensasjon samt menn i barnehage. Oppdatere adresseliste.

Vi håpar at Basil, eventuelt eit nytt og bedre program kan gjere det lettare for oss som fylkesmenn å ta ut aktuelle rapportar. Dette er viktig i vårt arbeid med å følgje opp kommunane som lokal barnehagemydigheit, samt at vi kan rask ta ut aktuelle tal frå årsmeldingane.

VI meiner å ha god kompetanse på området.

Årsregnskap for ikkje-kommunale barnehage vart følgd opp og purra på dei kommunane/barnehagane som ikkje var ferdige innan fristen. Desverre viser det seg at enkelte barnehager ikke blir ferdige og får derfor heller ikke levert innan frist og før Basil blir stengt, ofte på grunn av manglande attestasjon fra revisor.

Resultatområde 34 Oppgaver for økt kvalitet i barnehagen

Fylkesmannen gir i utlysingsbrev føringar til kommunane om at kompetansemidlane skal kome både kommunale og ikkje-kommunale barnehagar til gode. Samtidig oppmodar vi om at bruken av tildelte midlar involverer og vert drøfta med tilsette og tillitsvalde. Fleire små og store utviklingsarbeid er i gang i fylket og kommunane samarbeider i regionar om gjennomføring av kompetanseutviklande tiltak og finansiering av desse. Mange av desse er knytt til kompetansesatsinga "Vennskap og deltakelse" og omhandlar danning og korleis operasjonalisere formålsparagrafen til pedagogisk praksis. Dag Hareide har deltatt på fagsamling om samfunnsmandat og formål der målgruppe var barnehage- og skuleansvarlege i kommunane. I tillegg har vi bidratt på samling for både kommunale og ikkje-kommunale barnehageleiarar med foredrag om oppfylling av samfunnsmandat knytt til kvalitet i barnehagen.

Denne årlege barnehagekonferansen er eit samarbeid mellom Høgskulen i Volda, Utdanningsforbundet og Fylkesmannen. I 2012 vart denne arrangert for tiande gong og samla om lag 450 deltakarar. Tittel på konferansen var FRAM10!. Konferansen har etablert seg som ein viktig fagleg møteplass i fylket og fleire kommunar og barnehageeigarar flettar konferansen inn i øvrig plan for kompetanseutvikling. Målgruppe for konferansen er pedagogisk personale i barnehagane, barnehageansvarlege på kommunenivået, PPT- og høgskuletilsette. Planlegging, gjennomføring og evaluering av konferansen er eit kontinuerleg arbeid som gir synergjar i samarbeidet mellom høgskule, fagorganisasjon og fylkesmann. Vi vurderer denne konferansen som eit viktig bidrag i kompetanseutviklinga i barnehagesektoren i fylket.

Rekruttering

Møre og Romsdal manglar førskulelærar og har mange tilsette med dispensasjon frå utdanningskravet., tilsaman 235 på dispensasjon. Dette talet har halde seg på dette nivået i fleire år. Vidare har vi få menn tilsett i barnehagane ein situasjon som har vore stabil over tid. Vi har eit godt samarbeid om rekrutteringsutfordringane med Høgskulen i Volda og håper at etablering av rekrutteringsteam og likestillingsteam kan vere ei hjelp til å betre situasjonen.

På embetet arbeider vi med ei 3-årig satsing som har tittelen "Betre oppvekst" der alle avdelingane er medvirkande. Dette skal bidra til eit tverrfagleg samarbeid til det beste for barn og unge i kommunane i fylket

34.2 Kompetanseutvikling og rekruttering

Kompetanse

Etter vår vurdering har vi oppfylt krava i oppdraget for 2012 og nådd måla vi har sett oss gjennom gjeldande verksemdsplan. Ein gjennomgåande strategi for arbeidet vårt er å stimulere og følgje opp kommunane gjennom regionale tiltak og gjennom deling av erfaringar med utfordringar på området. Vi opplever at dei fleste kommunane erfarer regionssamarbeidet som kompetanseutviklande. På bakgrunn av kommunane sine rapportar og kompetanseplanar, er kompetansemidlane uavkorta utbetalt til alle kommunane etter slik fordelingsnøkkel: grunnbeløp per kommune, per barnehage og per barn i barnehage. Samtlege 36 kommunar i fylket har søkt om kompetansemidlar. Etter vår vurdering er ikkje-kommunale barnehagar inviterte med i kommunane sine kompetansetiltak. Dersom dei ikkje ønskjer å delta i kommunale tiltak, er det gjerne fordi dei sjølve gjennomfører eigne kompetansetiltak. Dette gjeld først og fremst barnehageeigarar av ein viss storleik. Mange av dei innsendte søknadene om kompetansemidlar hadde i 2012 vedlagte søknader om kompetansetiltak frå ulike barnehageeigarar. Fylkesmannen gir i utlysingsbrev føringar til kommunane om at kompetansemidlane skal kome både kommunale og ikkje-kommunale barnehagar til gode. Samtidig oppmodar vi om at bruken av tildelte midlar involverer og vert drøfta med tilsette og tillitsvalde. Fleire små og store utviklingsarbeid er i gang i fylket og kommunane samarbeider i regionar om gjennomføring av kompetanseutviklande tiltak og finansiering av desse. Mange av desse er knytt til kompetansesatsinga "Vennskap og deltakelse" og omhandlar danning og korleis operasjonalisere formålsparagrafen til pedagogisk praksis. Dag Hareide har deltatt på fagsamling om samfunnsmandat og formål der målgruppe var barnehage- og skuleansvarlege i kommunane. I tillegg har vi bidratt på samling for både kommunale og ikkje-kommunale barnehageleiarar med foredrag om oppfylling av samfunnsmandat knytt til kvalitet i barnehagen. Om lag 100 barnehageleiarar deltok i dette tiltaket. På ei av kommunesamlingane inviterte vi Fylkesmannen i Troms til å gjere greie for deira arbeid med "Barnehagen som læringsmiljø og dannelsesarena". Når det gjeld arbeidet med språkstimulering og fleirkulturell pedagogikk, har vi tildelt midlar til ulike utviklingsprosjekt, også samarbeidsprosjekt som skal betre samanheng og samarbeid om innhaldet i barnehage og skule. Elles har vi nokre barnehagar/kommunar som har utvikla særskilt kompetanse på desse områda som vi nyttar til å auke kunnskapen også i dei andre kommunane i fylket. På årets barnehagekonferanse var språk eitt av fleire tema, og representant frå den nasjonale gruppa som har vurdert ulike språk-kartleggingsverktøy, var bidragsytar på konferansen. Denne årlege barnehagekonferansen er eit samarbeid mellom Høgskulen i Volda, Utdanningsforbundet og Fylkesmannen. I 2012 vart denne arrangert for tiande gong og samla om lag 450 deltakarar. Tittel på konferansen var FRAM10!. Konferansen har etablert seg som ein viktig fagleg møteplass i fylket og fleire kommunar og barnehageeigarar flettar konferansen inn i øvrig plan for kompetanseutvikling. Målgruppe for konferansen er pedagogisk personale i barnehagane, barnehageansvarlege på kommunenivået, PPT- og høgskuletilsette. Planlegging, gjennomføring og evaluering av konferansen er eit kontinuerleg arbeid som gir synergjar i samarbeidet mellom høgskule, fagorganisasjon og fylkesmann. Vi vurderer denne konferansen som eit viktig bidrag i kompetanseutviklinga i barnehagesektoren i fylket.

Rekruttering

Møre og Romsdal manglar førskulelærar og har mange tilsette med dispensasjon frå utdanningskravet, nemleg 235 personar. Omfanget av personar på dispensasjon har vore på same nivå dei siste åra. Vidare har vi få menn tilsett i barnehagane ein situasjon som har vore stabil over tid. Vi har eit godt samarbeid om rekrutteringsutfordringane med Høgskulen i Volda. Gjennom eit godt fungerande GLØD-nettverk som har utarbeidd regional tiltaksplan arbeider vi for å auke medvitet ikkje minst hos barnehageeigarar når det gjeld ansvaret for at dei tilsette i barnehagane har den utdanninga som lova krev. GLØD-nettverket har samarbeid med Gnist-partnerskapen og vel ut tiltak som vi gjennomfører i samarbeid. Døme på samarbeidstiltak er "Ut i jobb dag" som er eit møte mellom barnehage- og skuleeigar og student. Vidare arbeider GLØD-nettverket i nært samarbeid med Arbeidsgruppa for likestilling og tek sikte på å integrere tiltaksplanen til likestillingsgruppa i tiltaksplanen til GLØD. Vi meiner dette vil skape betre heilskap og samanheng. I 2012 har aktiviteten i stor grad vore prega av planlegging og identifisering av oppgåver, kva tiltak som vil treffe og gi god måloppnåing og kva arenaer oppgåver og tiltak kan løysast på. Vi har informert og kommunisert om prosjektet på etablerte arenaer og eit døme på tiltak er at vi no planlegg ein omdømmedag for barnehageeigarar. Aktiviteten vår i 2012 har ikkje vore kostnadskrevande og vi har søkt om overføring av midlar til 2013. 2013 vil kreve meir utadretta, regional aktivitet og vi planlegg og utarbeiding av materiell til bruk i arbeidet med rekrutterings- og kompetanseutfordringane. Vi vil og legge vekt på deling av gode eksempel på ulike regionssamlingar i tillegg til eigne tiltak.

34.3 Andre satningsområde

Også i 2012 har vi hatt fagsamlingar for kommunane der arbeidet mot mobbing og krenkande atferd, språkleg og kulturelt mangfald, samarbeid barnehage- barnevern, likestilling har vore tema. Utarbeiding av lokale manifest mot mobbing har vore innleia til og drøfta. I tillegg har vi halde fram med å presisere rollene som eigar og myndigheit og kva oppgaver og ansvar som er knytt til desse ulike rollene. Vi har brukt tid til å informere og kommunisere kring dette. Erfaringa vår er at dette bør vi halde fram med i 2013.

Vår vurdering er at vi har nådd måla vi har sett oss for 2012. Det er alltid ei vurdering å velje ut kva vi skal informere og kommunisere om på samlingar med kommunar og eigarar. Vi erfarer at det har positive konsekvensar å legge opp til dialogbaserte samlingar og vurderer det slik at vi oppnår meir av det vi ønskjer med slik møteform.

Både rekruttering av menn og likestillingsfremmande pedagogikk har vore og er på dagsorden. Arbeidsgruppa for likestilling er i tillegg til FM, samansett av representantar frå HVO, Utdanningsforbundet, Molde kommune, styrar i Molde kommune og styrar frå Region Søre Sunnmøre. Arbeidsgruppa arbeider no i større grad saman med GLØD-nettverket og vi har i 2012 gjennomført to felles arbeidsseminar. Dette har vore nyttig, men vi held og fram med eigne arbeidsmøte i likestillingsgruppa. I samarbeid med Likestillingssenteret arrangerer vi fagdagar i april i Ålesund og Molde for barnehagetilsette. For å forankre dette tilbodet møter representantar frå Arbeidsgruppa for likestilling barnehageansvarlege i kommunane. Dette blir gjennomført regionsvis med fire regionsamlingar. Vi inviterer også skulefagleg ansvarleg til desse regionale nettverksmøta og ser på likeverds- og likestillingsutfordringane som noko det kan vere nyttig å samarbeide om i barnehage og skule. I tillegg er vi i ferd med å utarbeide eit opplegg for barnehagestyrarar og evt. ped.leiarar. Her vil vi og vurdere korleis vi skal kople samarbeid og samanheng mellom arbeidet i barnehage og skule. Vi nyttar kompetanse som er opparbeidd gjennom utviklingsarbeid som er stimulert av fylkesmannen over fleire år til å bidra i desse kompetanseutviklingstiltaka. Når det gjeld andelen menn i barnehagane og arbeidet med tiltak for å nå målet om fleire menn, samarbeider Arbeidsgruppa for likestilling med GLØD-nettverket. Vi har knytt til oss eit medlem med kommunikasjonsfagleg kompetanse og arbeider med korleis vi marknadsfører eller kva og på kva måte vi har samfunnskontakt om denne utfordringa. Vi har lykkast i å få avisoppslag og vi har og arbeidd aktivt med student-ambassadørar i arbeidet med messer og andre rekrutteringstiltak. Elles er ein omdømmedag under planlegging - i samarbeid med GLØD-nettverket.

På embetet arbeider vi med ei 3-årig satsing som har tittelen "Betre oppvekst" der alle avdelingane er medvirkande. Dette skal bidra til eit tverrfagleg samarbeid til det beste for barn og unge i kommunane i fylket.

Ressursrapportering

| Resultatområde | Kapittel 1510 | Fagdep. |
|--|----------------------|-----------------|
| 31.1 Tilsyn | kr 2 260 957,11 | kr 3 273,19 |
| 31.4 Informasjon og veiledning | kr 791 888,39 | kr 1 451,84 |
| 31.5 Eksamen, nasjonale prøver og kartl.prøver | kr 799 259,44 | kr 1 397 778,85 |
| 31.9 Annet tilsyn og forv. på utd.omr. (rest 31) | kr 121 407,55 | kr 0,00 |
| 32.2 Kompetanseutvikling | kr 396 226,56 | kr 75 226,55 |
| 32.3 Skoleporten | kr 220 508,40 | kr 0,00 |
| 32.9 Andre oppg. for økt kval. i gr.oppl.(rest 32) | kr 123 810,19 | kr 6 041,84 |
| 33.1 Tilskuddsforvaltning | kr 243 870,14 | kr 0,00 |
| 33.2 Klagesaksbehandling | kr 227 213,08 | kr 56 972,52 |
| 33.4 Tilsyn | kr 496 520,40 | kr 0,00 |
| 33.5 Kontroll av årsmelding og årsregnskap | kr 87 006,15 | kr 0,00 |
| 33.9 Andre tilsyn og forv. på b.hageomr. (rest 33) | kr 458 332,78 | kr 0,00 |
| 34 Oppgaver for økt kvalitet i barnehagen | kr 470 055,29 | kr 0,00 |
| Andre oppgaver under KD | kr 0,00 | kr 0,00 |
| 36 Landsdekkende oppgaver KD | kr 0,00 | kr 0,00 |
| Sum: | kr 6 697 055,00 | kr 1 540 744,00 |

Statens Helsetilsyn

Resultatområde 41 Tilsyn og klagesaksbehandling etter barnevernloven

Vi viser til årsrapport av 20.1.2013 om tilsyn og klagebehandling etter barnevernloven til Statens helsetilsyn.

41.1 Hendelsesbasert tilsyn

Det var behandla 28 tilsynsklager i 2012. Det kom inn 18 slike klager i løpet av året, i tillegg var det 10 restanse frå 2011. Det var 3 saker som ikkje var avslutta pr 31.12.2012.

Fylkesmannen har konkludert med lovbrøt i 6 tilsynssaker i 2012.

Mange av tilsynssakene kjem frå foreldre som ønskjer meir medverknad frå barneverntenesta i ein barnefordelingskonflikt med den andre av foreldra.

Fylkesmannen har motteke fleire klager frå fosterforeldre på barneverntenesta si handsaming.

41.2 Planlagt tilsyn

Fylkesmannen har gjennomført tilsyn som systemrevisjon med tema frå barnevernlova i 3 kommunar. Tilsyna gjekk inn i det landsomfattande tilsynet med det kommunale arbeidet med undersøking og evaluering av hjelpetiltak til heimebuande barn, initiert av Statens helsetilsyn.

Det vart funne brot på krav stilte i eller i medhald av lov eller forskrift i alle tilsyna som er gjennomførde. Nokre døme på lov- og/eller forskriftsbrot er: 1) Kommunen sikrar ikkje barns medverknad i alle undersøkings- og hjelpetiltakssakene i barnevernet 2) Kommunen sikrar ikkje at alle hjelpetiltak vert evaluert i tråd med regelverket 3) Kommunen sikrar ikkje at alle undersøkingssakene vert gjennomført i tråd med regelverket

Eitt av tilsyna vart gjennomført som såkalla klyngetilsyn. Dette innebar at to nabokommunar gjennomførte eigenvurdering av verksemda parallelt med at vi gjennomførte systemrevisjon i utvald kommune. Alle deltok på eit felles oppstartsmøte (der vi gjekk gjennom revisjonskriteria og krav til internkontroll) og i eit oppsummeringsmøte (der fokus var på risikoanalyse og arbeid med å rette forhold som ikkje er i tråd med regelverket).

Fylkesmannens tilsynsvurdering av situasjonen i det kommunale barnevernet. Det vart i 2012 delt ut øyremerka midlar til 3,6 stillingar i tillegg til dei 20 som var tildelt året før. 22 barneverntenester har dermed fått tilskot til stillingar. Av dei er det 5 interkommunale barneverntenester. Det er gjennomført leiarutdanning der dei fleste barnevernleiarane i kommunane i fylket har delteke og fullført hausten 2012. Denne utdanninga kom i stand gjennom samarbeid mellom BUFetat og kommunar og vart gjort mogeleg gjennom midlar som fylkesmannen tildelte.

Gjennom øyremerka midlar til kompetansestyking har dei fleste barnevernleiarane tatt leiarutdanning og mange fagpersonar har tatt vidareutdanning og anna opplæring (t.d. Kvellomodellen). Stykinga har gitt positive resultat idet fleire barn med tiltak har fått lovpålagde planar, og større andel saker blir undersøkte utan fristbrøt. Fylkesmannen har ut frå tilsynserfaringar merka seg at dokumentasjon av dei barnevernfaglege vurderingane er mangelsfulle i mange av sakene.

Fylkesmannen har i løpet av 2012 ført tilsyn med i alt 6 barneverninstitusjonar, irekna 9 avdelingar/einingar. 5 institusjonar er statlege, og 1 institusjon blir eigd og driven av private, av desse er ingen ideelle institusjonar. I løpet av året har følgjande endringar skjedd: 1) Som følge av omorganiseringa i Bufetat er det som i utgangspunktet var to avdelingar ved Sunnmørsheimen, no omgjort til to institusjonar: Sunnmørsheimen akuttinstitusjon og Sunnmørsheimen ungdomsheim.

Ved utgangen av året var det 6 barneverninstitusjonar, irekna 9 avdelingar/einingar.

Fylkesmannen har ikkje gjennomført tilsyn som systemrevisjon med barneverninstitusjonar i 2012.

Det er ikkje omsorgssenter for mindreårige i Møre og Romsdal.

Fylkesmannen har ført tilsyn med det eine sentret for foreldre og barn som er i Møre og Romsdal.

41.3 Klagesaker

Fylkesmannen behandla 3 klager på enkeltvedtak gjort av barneverntenesta i kommunane. 2 vedtak vart stadfesta og 1 endra. Saksbehandlingstida har vore mellom 1 veke og 2 månader.

Klager frå barna eller deira føresette som har vore lagt fram for Fylkesmannen i munnleg eller skriftleg form, nokre av desse framlagde under tilsynsbesøk og andre ved direkte kontakt med Fylkesmannen. Fylkesmannen har i 2012 behandla 9 klager frå bebuarar på institusjonane eller frå deira føresette. Ingen av klagane gjeld klagar over einskildvedtak, jf. § 26 første ledd, og 9 av klagane gjeld andre brot på rettighetsforskriften, jf. § 27 andre ledd.

Talet på klager er sterkt redusert frå 2011 - da vert det behandla 18 slike klager. Det må sjåast i samanheng med at talet på protokollar/vedtak også har gått sterkt ned,

41.9 Andre oppdrag

Tilsyn på grunnlag av fristoverskridingar

Fylkesmannen har på grunnlag av gjennomgangen av fristskjema frå barneverntenestene, fått kunnskap om fristoverskridingar. I 2012 har Fylkesmannen teke kontakt med tre kommunar i Møre og Romsdal for å få nærare klårgjering av årsakene til fristoverskridingane. Ein av desse kommunane har vore innkalt til møte hos fylkesmannen, og ein kommune har fått besøk av Fylkesmannen. Kommunane har fått rådgjeving og rettleiing, jf. forskrift om mulkt etter barnevernlova.

Det er i 2012 ikkje gitt mulkt til nokon av kommunane i Møre og Romsdal

Resultatområde 73.1 Klager på økonomisk stønad og kvalifiseringsprogrammet etter lov om sosiale tjenester i NAV

Fylkesmannen har behandla 75 saker etter lov om sosiale tjenester i NAV (STL). 69 av sakene var etter §§ 18/19, 1 sak var om økonomisk rådgjeving etter § 17, 3 saker var om vilkår etter § 20, 1 sak var om refusjon i ytingar frå folketrygda etter § 26 og 1 sak var om mellombels bustad etter § 27. Vedtak i 67 saker (89%) blei stadfesta, 6 (8%) blei endra og 2 (3%) oppheva.

69 av sakene, det vil seie 92% av sakene blei behandla innan 3 månader.

Vi viser elles til rapportering til Statens helsetilsyn for 2012 gjennom NESTOR.

Fylkesmannen hadde i oktober/november tre to-dagars kurs i STL med tilhøyrande forskrifter og rundskriv. Omlag 450 tilsette i NAV deltok.

Resultatområde 74 Tilsyn etter lov om sosiale tjenester i NAV

Viser til årsrapport for 2012 til Statens helsetilsyn av 20.1.2013.

74.1 Hendelsesbasert tilsyn

Vi viser til årsrapport og rapportering i NESTOR til Statens helsetilsyn.

Fylkesmannen får dagleg spørsmål frå folk pr. telefon, brev eller epost om forhold rundt sosialtenestelova i Nav. I dei aller fleste tilfella gir fylkesmannen råd og rettleiing, og det blir ikkje noko sak ut av det. I nokre saker finn fylkesmannen grunnlag for å ta kontakt med kommunen/Nav for å få orientering derifrå, og i nokre av desse saken oppretter fylkesmannen tilsynssak etter sosialtenestelova i Nav.

74.2 Planlagt tilsyn

Fylkesmannen har hatt tilsyn med sosiale tenester i NAV i 5 kommunar i 2012. 3 systemrevisjonar hadde fokus

på behandling av søknad om økonomisk stønad og 3 var del av landsomfattande tilsyn med handsaming av søknad om økonomisk stønad frå personar med forsørgjeransvar.

I tilsynet med tema sosiale tenester i NAV (avvik i to av tre kommunar) blei det mellom anna avdekka at utforminga av lokala i det einskilde konntor kan vere ei utfordring for å ivareta teieplikta. Det kom fram at kommunane manglar opplærings- og kompetanseplan som kan ivareta kompetansebehovet for tilsette. Det kom og frammer ikkje gjort ei tilstrekkeleg individuell vurdering ved utmåling av økonomisk stønad.

I tilsynet med tema handsaming av økonomisk stønad om økonomisk stønad frå personar med forsørgjaransvar for barn (avvik i to av to kommunar) kom det fram at opplysningar om barn sin situasjoni liten grad blir etterspurt og fanga opp når føresette søkjer om økonomisk stønad.

Krav om 6 systemrevisjonar ikkje oppfylt pga manglande ressursar, og prioritering av klagesaker.

74.9 Andre oppdrag

Fylkesmannen har gitt innspel til Statens helsetilsyn i brev og møter.

Resultatområde 82 Tilsyn og klagesaksbehandling som gjelder helse- og omsorgstjenester

Vi viser til årsrapport til Statens helsetilsyn av 20.1.2013 om tilsyn og klagebehandling.

82.1 Hendelsesbasert tilsyn

Fylkesmannen avslutta 99 tilsynssaker, med median saksbehandlingstid 3,7 mndr. Detaljert rapportering skjer ved at Statens Helsetilsyn sjølv hentar ut data frå registreringssystemet Nestor.

82.2 Planlagt tilsyn

Det vart gjennomført tilsyn med helse og sosialtenester i 2012. Volumkrav var:

- tilsyn med kommunal helse- og omsorgstjenester: 22
- tilsyn med spesialisthelsetjenester: 6

Volumkrav vart ikkje oppfylt p.g.a. manglande ressursar og behov for å prioritere klagesaker, jf krav til prioritering i embetsoppdrag frå Statens helsetilsyn.

Tema tvungen helsehjelp i 2 kommunar Tilsyn vart gjennomført i to kommunar med tema tvungen helsehjelp i sjukeheim. Pasient og brukarrettighelova kapittel 4A gir helsepersonell høve til å yte helsehjelp til pasientar utan samtykkekomptanse som motset seg hjelpa. Avvik i begge kommunene.

Tema helse og sosialtenester til eldre (demens og ernæring) i 3 kommunar Tilsynet vart gjennomført i tre kommunar med avvik i alle. Under tilsynet var det gjennomgåande at det ikkje er gjort ei vurdering av kva som er risikoområda i tenesta, og leiinga i kommunene har ikkje system for å følgje med på om tenesta er i samsvar med lovkrav.

2 tilsyn som var planlagt ikkje gjennomført p.g.a. manglande ressursar og behov for å prioritere klagesaker/ sakshandsaming.

Tema rettstryggleik ved bruk av tvang og makt overfor personar med psykisk utviklingshemming i 2 kommunar Tilsynet vart gjennomført i to kommunar med avvik i begge. Eit planlagt tilsyn ikkje gjennomført p.g.a. manglande ressursar og behov for å prioritere klagesaker. 2 tilsyn som var planlagt blei ikkje gjennomført p.g.a. manglande ressursar og behov for å prioritere klagesaker/ sakshandsaming.

Sjølvmeldingstilsyn om legemiddelhandtering var planlagt i 16 kommunar Desse vart ikkje gjennomført p.g.a. manglande ressursar og behov for å prioritere klagesaker/ sakshandsaming.

Revisjonar med spesialisthelsetenesta Det vart gjennomført to landsomfattande revisjonar som del av

landsomfattande tilsyn med tema handtering, vurdering og utredning av kolorektal kreft i Møre og Romsdal i 2012.

Det vart gjennomført eit eigeninitierte revisjon med tema polikliniske tenester til revmatologiske pasienter. I tillegg tre tilsyn med radiologiske tenester.

Krav til antall revisjonar med spesialisthelsetenesten i Møre og Romsdal nådd.

82.3 Klager på helse- og omsorgstjenester etter pasient- og brukerrettighetsloven m.fl.

Detaljert rapportering skjer ved at Statens Helsetilsyn hentar ut data pr. årsskiftet frå registreringssystemet Nestor.

82.9 Andre oppdrag

Oppgaver etter lov om kommunal helse- og omsorgstjenester kapittel 9 Rettssikkerhet ved bruk av tvang og makt overfor enkelte personer med psykisk utviklingshemming. Det var store utfordringar på dette område i 2012. Ressursar fall vekk og omprioritering av tilsette for å sikre området hadde ikkje ønska effekt.

Fylkesmannen overprøvde 53 vedtak i 2012. Av desse blei 6 saker handsama innan 3 månader etter at saka kom inn. Dette er eit avvik frå krav om at 90 % av vedtaka skal handsamas innan 3 månader. Frå januar 2013 er det engasjert ein fagperson i full stilling i 6 månader for å få kontroll på sakshandsaminga.

Det blei gjennomført eit årleg møte med habiliteringstenestene ved sjukehusa i fylket og eit møte med dei overordna fagleg ansvarlege i kommunene i Møre og Romsdal. I tillegg har fylkesmannen gjennomført fleire rettleiingsmøter med kommunar og/eller spesialisthelseteneste som har bedt om rettleiing i høve til regelverket.

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet

Resultatområde 41 Tilsyn og klagebehandling etter barnevernloven

Viser til rapport av 20.1.2013 om tilsyn og klagebehandling etter barnevernloven til Statens helsetilsyn, og rapport under resultatområde 41 til Statens helsetilsyn.

Barneverntenesta i kommunane skal hjelpe barn med særlege behov for hjelpetiltak, barn som ikkje får tilstrekkeleg omsorg, og unge som har vist alvorlege åtferdsvanskar. Talet på barn med barneverntiltak har auka monaleg dei seinare åra, medan talet på tilsette i kommunane si barnevernteneste har auka lite. Det vart i 2012 delt ut øyremerka midlar til 3,6 stillingar i tillegg til dei 20 som var tildelt året før. 22 barneverntenester har dermed fått tilskot til stillingar. Av dei er det 5 interkommunale barneverntenester.

Vanskane i barneverntenesta handlar ikkje berre om kapasitet men også om kompetanse. Barnevern er eit særskilt komplekst felt der kunnskapsbehovet for utøvarane er stort for å kunne utøve faget på best måte. Det er gjennomført leiarutdanning der dei fleste barnevernleiarane i kommunane i fylket har delteke og fullført hausten 2012. Denne utdanninga kom i stand gjennom samarbeid mellom BUFetat og kommunar og vart gjort mogeleg gjennom midlar som fylkesmannen tildelte.

Gjennom øyremerka midlar til kompetansestyrking har dei fleste barnevernleiarane tatt leiarutdanning og mange fagpersonar har tatt vidareutdanning og anna opplæring (t.d. Kvellomodellen).

Styrkinga har gitt positive resultat idet fleire barn med tiltak har fått lovpålagde planar, og større andel saker blir undersøkte utan fristbrot. Fylkesmannen har ut frå tilsynserfaringar merka seg at dokumentasjon av dei barnevernfaglege vurderingane er mangelsfulle i mange av sakene.

Det vart gjennomført tilsyn (systemrevisjon) med 3 barneverntenester i 2011. Dette var del av eit landsomfattande tilsyn initiert av Statens helsetilsyn.

Resultatområde 42 Familierett

42.1 Ekteskapsloven

Vedtak om bevilling til separasjon: 520

Vedtak om bevilling til skilsmisse: 455

42.2 Anerkjennelsesloven

Tal på saker avslutta i 2012 - godkjende saker: 67.

42.3 Barneloven

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i 2012 ikke mottatt noen avtaler om foreldreansvar, fast bosted og samvær til stadfestelse for tvangskraft, men har gitt informasjon til foreldre.

Fylkesmannen har i 2012 ikke behandlet noen saker om reisekostnader ved samvær, men har fortløpende drevet med veiledning til foreldre som ringer inn med spørsmål om reisekostnader og samvær.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har ikke behandlet noen klager over avslag på opplysninger om barnet, samt krav om tap av opplysningsretten.

42.4 Veiledning og informasjon

Fylkesmannen har i 2011 veiledet kommuner og publikum på familierettens område herunder på området om mekling.

Resultatområde 43 Føre tilsyn med kommunenes plikt til å sørge for et krisesentertilbud

Rapport om status for dei 3 krisesentra i fylkes er innsendt direktoratet. Det har vært kontakt med krisesentrene i fylket i 2012, men Fylkesmannen har ikkje besøkt dei. Fylkesmannen planlegg tilsynsbesøk i 2013 med våre tre kriseseter i Molde, Ålesund og Kristiansund.

Resultatområde 44 Familievern

Fylkesmannen her ikkje gjennomført tilsyn med familievernkontorene i vårt fylke i 2012 pga manglande ressursar. Med planlegg tilsyn i 2013 med våre tre familievernkontor i Molde, Ålesund og Kristiansund.

Resultatområde 45 Barn og Unge

Vi viser til årsrapport om fylkesmannens tilsyn med barnevernet i Møre og Romsdal til Statens helsetilsyn av

20.1.2012, og rapport til statens helsetilsyn under resultatområde 41.

45.1 Informasjonsvirksomhet og samordning

Kurs/seminar/konferanse: Fylkesmannen arrangerte kurs for nytilsette i barneverntenesta i april med 49 deltakarar. Kurset omhandla praktisk barnevernsarbeid, barnevernjuss og gjennomgang av rollerne til dei statlege instansane i barnevernet: BUFetat, fylkesnemnda og fylkesmannen.

I november vart det arrangert kurs for barneverntenesta om fosterheimsarbeid med 57 deltakarar frå kommunalt barnevern. Psykolog og forskar Toril Havik var fagansvarleg for kurset.

Samarbeid med BUFetat/ fylkesnemnda: Fylkesmannen koordinerer halvårlege samarbeidsmøte mellom BUFetat lokalt, Fylkesnemnda og Fylkesmannen. Møta vert nytta til informasjonsutveksling og drøfting av situasjonen i kommunane. Forumet vert også nytta til å klargjere samarbeid om aktuelle opplæringstiltak. Det vert gitt informasjon om planar for barneverninstitusjonane. Fylkesmannen formidlar tilsynserfaringar.

Fylkesmannen deltek også på halvårlege samarbeidsmøte mellom BUFetat Region Midt Norge og fylkesmennene i Midt Norge.

45.2 Fritak for taushetsplikt

Det er i løpet av året behandla 10 søknader om fritak frå taushetsplikt etter barnevernloven.

Erfaringa viser at slike søknader kjem inn til oss i siste liten før hovudforhandling eller politiavhøyr, slik at sakene må takast i all hast.

45.4 Biologisk opphav

Rapportering

Ingen

45.7 Tilskudd til kommunalt barnevern

Det vart i 2012 delt ut øymerka midlar til 3,6 stillingar i tillegg til dei 20 som var tildelt året før. 22 barneverntenester har dermed fått tilskot til stillingar. Av dei er det 5 interkommunale barneverntenester.

Det er gjennomført leiarutdanning der dei fleste barnevernleiarane i kommunane i fylket har delteke og fullført hausten 2012. Denne utdanninga kom i stand gjennom samarbeid mellom BUFetat og kommunar og vart gjort mogeleg gjennom midlar som fylkesmannen tildelte.

Gjennom øymerka midlar til kompetansestyrking har dei fleste barnevernleiarane tatt leiarutdanning og mange fagpersonar har tatt vidareutdanning og anna opplæring (t.d. Kvellomodellen).

Styrkinga har gitt positive resultat idet fleire barn med tiltak har fått lovpålagde planar, og større andel saker blir undersøkte utan fristbrot. Fylkesmannen har ut frå tilsynserfaringar merka seg at dokumentasjon av dei barnevernfaglege vurderingane er mangelsfulle i mange av sakene.

Resultatområde 47 Integrering av innvandrere

47.1 Statborgerseremonier

Vi sendte ut invitasjon til 350 statsborgarar, 19 av dei var frå 2011 og som ønskte seg ny invitasjon for 2012. 118 statsborgarar blei påmeldt til seremonien. 7 av dei møtte ikkje opp, mens 5 andre kom uanmeldt.

Vi har hatt ei lita auke for kvart år vi har arrangert seremoni. i fjor møtte 30,3 %.

Statsborgerseremonier

| Embeter | Antall seremonier | Prosent nye statsborgere som har deltatt |
|------------|-------------------|--|
| FMMR | 1 | 33,14 |
| Sum | 1 | |

47.2 Bosetting av flyktninger

Fylkesmannen har i 2012 hatt et møte med IMDI i midt Norge og et møte med husbanken, hvor også spørsmålet om flyktninger ble diskutert.

Vi har ikke hatt noe spesielt fokus på flykninger, men i dialog med kommuner kommer også dette oft opp.

Både i forbindelse med barnefattigdom og i andre møter hvor husbanken er tilstede blir flykningproblematikken en del av dikusjonen.

47.3 Introduksjonsordning for nyankomne innvandrere (introduksjonsloven)

Klagesaker etter introduksjonslova

Fylkesmannen har behandla 3 klagesaker etter introduksjonslova i 2012. 1 har fått medhald/delvis medhald, medan 2 saker har ikkje fått medhald,

Den eine gjaldt både introduksjonslova og grunnskoleopplæring for vaksne. FM opplever desse klagesakene som rimeleg innfløkte.

Informasjon og rettleiing

Saman med IMDi Midt-Noreg samla FMMR kommunane hausten 2012 til informasjon og rettleiing om endringar i introduksjonslova og varsling av det nye fylkesmannstilsynet i 2013. 75 deltakarar frå 30 av 36 kommunar i fylket deltok og gav uttrykk for at slik informasjon og rettleiing i forkant av eit tilsyn var nyttig. Vi har elles lagt ut informasjon om den reviderte introduksjonslova og om det komande fylkesmannstilsynet på heimesida til FMMR. Fylkesmannen har også hatt møte med leiinga av IMDI Midt-Noreg for utveksling av informasjon og drøfting av ulike utfordringar i fylket.

47.4 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrere og norskopplæring for asylsøkere

Forvalte tilskot til opplæring i norsk med samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har forvalta dei ulike tilskotsordningane som omtalt i **Rundskriv 04/12 frå IMDI**. Rundskrivet vart omtalt og lagt ut på heimesida vår i februar 2012. Vi har også dette året hatt mange telefonsamtalar med kommunane om bruken av NIR og søknad på dei ulike tilskots- ordningane.

Etter søknader i NIR er **Per capita tilskot** utbetalt med 69 593 200 kroner og **resultattilskot** med 3 231 200 kroner. **Grunntilskot** er utbetalt til alle dei 36 kommunane med totalt kr 12930 000,-

Forvalte tilskot til norskopplæring for asylsøklararar

Det er utbetalt tilskot etter søknader i NIR til kommunar med asylmottak kvartalsvis i 2012. Totalt er det utbetalt 7 392 700 kroner til kommunar med asylmottak i Møre og Romsdal.

Fylkesmannen har god kompetanse på området og bruken av NIR.

Gi informasjon til kommunane

I 2012 har vi hatt mange henvendelser fra kommunane med spørsmål om introduksjonslova, introduksjonsordninga og dei ulike tilskota samt bruken av NIR/Jira, både pr telefon og e-post og gitt informasjon på den måten. Vi legg ut aktuelt stoff på heimesida vår ved behov. Vi hadde og ein gjennomgang og opplæring av dei ulike tilskotsordningane med ein person frå IMDI midt som no skal overta forvaltninga av tilskota for Møre og Romsdal.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har deltatt på oppfølgingsmøte som gjeld barn og unge asylmottakarar på NAFO si regionale nettverkssamling i Trondheim våren 2012 for asylmottak og kommunar i Midt-Noreg

Behandle klagesaker etter introduksjonslova

FMMR har behandla ein (1) klagesak i 2012 som gjaldt både norskopplæring etter introduksjonslova og grunnskoleopplæring for vaksne etter opplæringslova. Klager fekk delvis medhald.

Organisere etterutdanning for lærarar som underviser vaksne innvandrarar i norsk og samfunnskunnskap

I samråd med Vox og IKVO M& arrangerte FMMR eit todagars etterutdanningskurs for om lag 140 lærarar og leiarar i Geiranger hausten 2012. Kurset sitt faglege innhald fekk jamn bra evaluering. Parallellt med FM sitt kurs, arrangerte IKVO eit kurs om spesialundervisning for vaksne for om lag 50 deltakarar, slik at vi fylte heile hotellet med lærarar og leiarar av vaksenopplæringa i M&R. Dette var vellukka og vil bli gjentatt neste år. Ikkje minst er det viktig at lærarane får kome saman på tvers av fylket og utveksle erfaringar med kvarandre.

FMMR arrangerte også ein fagdag i Ålesund for om lag 120 lærarar våren 2012 om uttaleundervisning med Olaf Husby. Deltakarar frå Nordmøre fekk gratis overnatting. Kurset fekk god evaluering. Då fleire lærarar ønska å lære meir om dette, arrangerte FM eit oppfølgingskurs i Molde hausten 2012 for 45 spesielt interesserte deltakarar med svært god evaluering.

Elles har FM hatt jamnleg kontakt og møte med arbeidsutvalet i IKVO, samt deltatt på IKVO sin interkommunale kursdag om vaksenopplæring ved skolestart hausten 2012. FM har også hatt god kontakt og godt samarbeid med Vox i 2012. Vi har deltatt på møte som Vox har arrangert med fylkesmennene, samt på Vox sin regionale leiarkonferanse i Trondheim våren 2012.

47.5 Tilsyn med kommunenes gjennomføring av introduksjonsloven

Saman med IMDi Midt-Noreg gjennomførte FMMR ei samling med kommunane hausten 2012 om endringar i introduksjonslova og informasjon om det komande tilsynet i 2013 og kva dette vil innebere for kommunane. 75 deltakarar frå 30 av 36 kommunar i M&R var til stades og gav uttrykk for at slik informasjon og rettleiing på førehand av eit tilsyn var nyttig. Vi har også informert om den reviderte introduksjonslova og det varsla tilsynet i 2013 på heimesida til FMMR, samt deltatt på møte med IMDi sentralt om piloteringa av fylkesmannstilsynet hausten 2012.

Ressursrapportering

| Resultatområde | Kapittel 1510 | Fagdep. |
|---|----------------------|----------------|
| 41 Tilsyn med barnevernområdet | kr 756 980,23 | kr 0,00 |
| 42 Familierett | kr 596 346,85 | kr 0,00 |
| 43.1 Tilsyn med kommunale krisesentertiltak | kr 0,00 | kr 0,00 |
| 43.9 Andre krisetiltak (rest 43) | kr 0,00 | kr 0,00 |
| 44 Familievern | kr 34 584,30 | kr 0,00 |
| 45 Barnevern | kr 545 950,13 | kr 34 230,00 |
| 47 Integrering | kr 162 391,27 | kr 0,00 |
| 47.5 Tilsyn med introduksjonsloven | kr 0,00 | kr 0,00 |

| | | |
|--------------------------|-----------------|--------------|
| Andre oppgaver under BLD | kr 2 465,05 | kr 0,00 |
| Sum: | kr 2 098 717,00 | kr 34 230,00 |

Justis- og beredskapsdepartementet

Resultatområde 51 Siviladministrasjon

51.2 Vergemålsloven

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har merka seg at sakene som kjem inn hit til behandling ofte er juridisk kompliserte. Dette ser ein også av anna kontakt ein har med overformynderia og andre per telefon og epost.

I 2012 har vi likevel ein nedgang i innkomne klagesaker og saker i første instans.

I 2012 mottok fylkesmannen 20 klagesakar og 13 saker i førsteinstans. 15 klagesaker er realitetsbehandla. Det er behandla 9 førsteinstans saker. Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida på klagesaker har vore ca. 3,5 månader og på saker behandla i første instans ca. 2,5 månad. I 2012 vart 1 av sakene påklaga til Justis- og politidepartementet og 2 saker vart påklaga til Sivilombodsmannen.

I 2012 mottok fylkesmannen 70 rekneskap (inkl. frå tidlegare rekneskapsår). Det er behandla 53 rekneskap (inkl. frå tidlegare år). Gjennomsnittlig saksbehandlingstid er redusert frå ca. 8 mnd. til ca 1,5 mnd., og vi har som målsetting å vere ajour med desisjon av rekneskapa 1.juli 2013.

Det er ikkje utført stadlege tilsyn på grunn av ressursituasjonen på området. Det er imidlertid oppretta 1 tilsynssak i 2011. Denne vart avslutta i 2012 utan at det vart retta kritikk til overformyndieret.

Oppgaver etter vergemålsloven

| Embeter | Antall saker | Antall tilsyn |
|------------|--------------|---------------|
| FMMR | 24 | 0 |
| Sum | 24 | 0 |

51.3 Forliksrådene

Det er i 2012 oppnevnt nye forliksråd for alle kommunen i Møre og Romsdal på bakgrunn av kommunevalget i 2011.

Fylkesmannen oppnevner setteforlikerådsmedlemmer ved behov.

51.5 Tomtefesteloven

Fylkesmannen hadde ingen saker etter tomtefesteloven i 2012.

Resultatområde 52 Borgerrettigheter

52.1 Fri rettshjelp

Fylkesmannen behandlet i 2012 ca 690 nye søknader om fri rettshjelp. 627 av disse utgjør fritt rettsråd, hvorav omtrent halvparten blir importert via det elektroniske rettsrådssystemet. Ca 63 saker er da søknader om fri sakførsel, inklusiv arbeidsoppgaver fra Kontrollkommissjonen. I tillegg kommer alle nye søknader og henvendelser

på tidligere opprettede saker.

Fylkesmannens arbeid med fri rettshjelp innebærer i tillegg mye veiledning/rådgivning om rettigheter etter rettshjelpsordningen til privatpersoner som er kommet i en vanskelig situasjon eller tvist og dermed har behov for juridisk bistand. Det er også mange henvendelser fra advokater vedrørende ordningen. En rapporterer kvartalsvis detaljert til Statens sivilrettsforvaltning om sakstyper, saksbehandlingstid og utbetalinger. I tillegg rapporteres det til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane om antall elektroniske saker pr kvartal.

Resultatområde 53 Forebyggende samfunnssikkerhet

53.1 Oversikt over regionale samfunnssikkerhetsutfordringer

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har ikkje utarbeidd FylkesROS som oppfyller resultatkravet. Arbeidet vart påbegynt i andre halvår 2011 og pågår framleis. Arbeidet vert organisert som ein regional delplan og skjer i tett samarbeid med fylkeskommunen.

Analysearbeidet skal fullførast i løpet av 2013, og regional delplan for samfunnstryggleik og beredskap skal føreleggast politisk handsamingi første halvår 2014.

Ved fullføring av arbeid og politisk handsaming blir resultatkravet oppfylt.

53.2 Samfunnsplanlegging

Resultatkrava som gjeld deltaking i kommunale og fylkeskommunale planprosessar og fylkeskommunal deltaking i arbeidet med fylkesROS er oppfylte.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal handsama 496 reguleringsplanar og 48 kommune- og kommunedelplanar i 2012. Til 10 av reguleringsplanane og 2 av kommune(-del)planane vart det fremja motsegn utfrå manglande omsyn til samfunnstryggleik. Dei fleste av desse motsegnene har vore av meir teknisk karakter og har blitt trekte etter justering/tilføyning til ROS-analyser, planføresegner og/eller plankart. Etter fylkesmannen si vurdering har det i åra etter ny plan- og bygningslov vart vedteken vore ei klar betring i kvaliteten på ROS-analysar som ligg til grunn for planar etter denne lova.

Resultatkravet som gjeld tilsyn med heilskaplege ROS-analysar i kommunane er ikkje oppfylt, jf. nærare omtale under resultatområde 54.1

Resultatområde 54 Beredskapsforberedelser

54.1 Beredskapsplaner innen samfunnssikkerhet

Resultatkrava som gjeld eige planverk og nøkkelpunkt/distriktsobjekt er oppfylte. Resultatkravet som gjeld FylkesROS som grunnlag for regional samordning av beredskapsplanverk er ikkje oppfylt, jf. omtale av status for fylkesROS under resultatområde 53.1.

Resultatkravet som gjeld tilsyn med kommunane sitt beredskapsarbeid er ikkje oppfylt. Rettleiaren for tilsynsaktiviteten låg ikkje føre før i andre halvår, og vi valde å utsette oppstart av ny tilsynssyklus til 2013. Tilsyn med kommunane får høg prioritet i 2013, og i den fireårige tilsynsplanen er det føreset at det skal førast tilsyn med alle kommunane i løpet av *tre* år. Ikkje gjennomførte tilsyn i 2012 blir derfor tekne innatt.

54.2 Øvelser

Fylkesmannen si leiargruppe og støttefunksjonar øvde ikkje i 2012. I føregåande år har vi vore gjennom både

mange øvingar og reelle hendingar, og øving av eigen organisasjon vart ikkje prioritert i 2012.

Dei andre resultatkrava er oppfylte.

54.4 Regional samordning

Resultatkrava er oppfylte. Fylkesberedskapsrådet sitt faste møte vart gjennomført i januar 2012 og vart i hovudsak brukt til oppsummering, erfaringsdeling og refleksjon etter ekstremvêret Dagmar.

Redningsselskapet vart i 2012 teken inn som fast medlem av fylkesberedskapsrådet. Saman med Røde Kors er Redningsselskapet representantar for frivillige organisasjonar i rådet.

54.5 Felles digitalt nødnett

Resultatkravet er oppfylt. Praktisk arbeid med utbygging i Møre og Romsdal er såvidt kome i gang, men fylkesmannen har delteke i der vi har hatt ein naturleg plass. Det er venta at dette arbeidet vil ta seg monaleg opp i løpet av 2013, og nødnettet skal etter framdriftsplanen settast i drift i 2014.

54.6 Atomberedskap og strålevern

I Møre og Romsdal har fylkesberedskapsrådet også funksjon som atomberedskapsutval. Rådet hadde møte i 2012, men ingen atomberedskapssaker stod på agendaen. Dei andre resultatkrava er oppfylte.

54.7 Beredskap innen kraftforsyning og flom

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i 2012 ikkje arbeidd med dambrotsbølgjekart og dambrotsberedskap, og vi har heller ikkje registrert at verken dameigarar, fagstyresmakt eller andre med beredskapsansvar har teke initiativ til arbeid på dette området.

Dei andre resultatkrava er oppfylte.

Resultatområde 55 Regional og kommunal krisehåndtering

55.1 Organisering for krisehåndtering

Resultatkravet er i vesentleg grad oppfylt. I tillegg til gjennomførte tiltak burde beredskapsorganisasjonen vore øvd i løpet av året, men det vart ikkje prioritert, jf. avsnittet om resultatområde 54.2.

55.2 Krisehåndtering

Resultatkravet er oppfylt. I 2012 var det ingen større hendingar som kravde vesentleg involvering frå fylkesmannen.

I løpet av året vart det i fylket sendt ut eitt varsel om ekstremvêr ("Emil") og tre flaumvarsel. Ingen av desse gav større samfunnsmessige konsekvensar.

55.3 Evaluering

Resultatkrava er i vesentleg grad oppfylte. Gjennomgang, oppsummering, evaluering, refleksjon og erfaringsdeling etter ekstremvêret Dagmar prega heile det første halvåret. Hendinga fekk stor plass i møte, fagsamlingar og konferansar der fylkesmannen var tilretteleggar eller vesentleg bidragsytar.

I den grad det er eit krav at fylkesmannen skal utarbeide eigne rapportar etter slike hendingar, er det ikkje oppfylt.

Fylkesmannen har gitt innspel til evalueringane som er utarbeidde av DSB og fagstyresmaktene, og vi fann det ikkje nødvendig å utarbeide endå fleire rapportar.

Ressursrapportering

| Resultatområde | Kapittel 1510 | Fagdep. |
|---|-----------------|-----------------|
| 51.2 Vergemålsloven | kr 184 850,74 | kr 1 293 038,96 |
| 52.1 Fri rettshjelp | kr 608 773,03 | kr 50 133,26 |
| 52.9 Annet Borgerrettigheter (rest 52) | kr 0,00 | kr 0,00 |
| 53 Forebyggende samfunnssikkerhet | kr 1 150 831,29 | kr 0,00 |
| 54 Beredskapsforberedelser | kr 1 018 590,64 | kr 0,00 |
| 55 Regional og kommunal krisehåndtering | kr 207 832,29 | kr 0,00 |
| Andre oppgaver under JD | kr 12 963,00 | kr 0,00 |
| Sum: | kr 3 183 840,00 | kr 1 343 172,00 |

Kommunal- og regionaldepartementet

Resultatområde 61 Samordning, omstilling og fornying i kommunene

Vi er i ein prosess kor vi knytt avdelingane i embetet tettare saman. Dette gjeld på område der embetet har behov for samordning og informasjonsutveksling om kommunane. Det gjeld og korleis vi kan omsette kompetansen og ressursane våre for å bidra til å løyse lokale utfordringar og bistå kommunane i å nå nasjonale målsettingar. Dette arbeidet består av fleire delar, og i 2012 har vi prioritert å utarbeide eit dialogdokument og strukturen rundt skjønnsmidlane, og spesielt rundt prosjektskjønnet.

Sjå også pkt 2.1.

61.1 Kommunerettet samordning

61.1.1 Kommunebilde

Gjennom å etablere og systematisere informasjonsflyt avdelingane imellom og opp mot leiinga, får vi eit heilskapleg grunnlag og eit strategisk verkty for den kommuneretta samordninga. Dette i skjæringspunktet mellom lokale forhold og lokal utvikling i høve nasjonale styringssignal, satsingar og måltal. Resultatet av dette arbeidet er eit kommunebilde som vert utarbeida for kvar kommune. Kommunebildet er bygd opp rundt våre forventningar til kommunane på bakgrunn av statlege styringssignal og embetet sin totale kommunekunnskap generert gjennom sakshandsaming, rapporteringar, statistikk og andre kontaktpunkt med kommunane. Grunnlaget her vert nytta i dialogen med kommunane om samarbeid og samhandling om viktige områder og utfordringar i fylket.

Dialogdokumentet vil saman med kommunestatistikk og andre aktuelle grunnlagsdokument vere eit naturleg utgangspunkt for fylkesmannens opplegg for samordna kommunebesøk i den aktuelle kommunen. Dokumentet vil bli oppdatert/revidert i samband med dette.

Innhaldsmessig rettar dokumentet søkelys mot følgjande tema:

- Planlegging og økonomistyring
- Helse og sosial
- Oppvekst og utdanning
- Miljøvern og arealforvaltning
- Landbruk

Tema/kapittelinnending avspeglar i hovudsak strukturen i fagavdelingane hjå fylkesmannen. For kvart tema blir presentasjonen bygd opp rundt tre hovudpunkt:

- *Fylkesmannen sine fokusområde*
 - omfattar relevante og konkrete forhold for gjeldende kommune med utgangspunkt i statlege forventningar og politikk, samt Fylkesmannens kjennskap til kommunen
 - *Fylkesmannen sitt bilde av kommunen*
 - *omfattar ei kort oppsummering av kommunens status i forhold til Fylkesmannens fokusområde og eventuelle andre relevante forhold*
- *Dialogpunkt*
 - omfattar forhold der Fylkesmannen ønskjer ein dialog med kommunen

Avslutningsvis i dokumentet er det lagt opp til ei kort oppsummering med søkelys på vidare dialog og samarbeid mellom Fylkesmann og kommune, gjerne på tvers av tema og fagområde.

Som vedlegg til dokumentet er det m.a. tatt med aktuelle lenker til:

- Statistikk
- Tabellar/figurar/kart
- Planar/dokument m.m.

Det er viktig å understreke at kommunebildet frå fylkesmannen si side ikkje er meint som eit uttømande bilde av kommunen, men at dokumentet rettar søkelyset mot forhold der kommunen har eit handlingsrom eller utviklingspotensial som det er viktig å ha dialog om. Dokumentet er meint å gi ei rask, samla oversikt over ulike utfordringar kommunen har. Dei ulike punkta kan elles i ulik grad vere kvalitetssikra, og vil heller ikkje representere ein fasit eller objektivt syn på situasjonen i kommunen.

Kommunebildet er bygget over same lest som Fylkesmannen i Sør-Trøndelag sitt. I tillegg har vi henta innspel frå fleire fylkesmenn i utviklinga av dokumentet og opplegget med kommunebesøk, mellom anna frå fylkesmennene i Nordland og Aust-Agder.

61.2 Omstilling og fornying i kommunene

Prosessane i samband med skjønnstildelinga har vert eit av to hovudprioriteringane på kommuneøkonomiområde i 2012, og spesielt prosjektskjønnet.

Embetet har dei siste åra endra strategien for prosjektskjønnet. Strukturen liknar no meir på ein «fylkesmannstyrt tildelingsmodell» enn ein «normalmodell» i høve til kategoriseringa til NIVI i deira undersøking om fylkesmennene sitt arbeid med omstilling og fornying. Ønskje bak endringa var å bistå kommunane meir aktivt i utviklings- og fornyingsarbeidet.

Alle kommunane vert invitert til å søkje prosjektskjønn. I brevet til kommunane gir vi informasjon om retningslinene for skjønnstildelinga, inkludert sentrale satsingar, og våre satsingsområder for fylket. I 2012 var samhandlingsreforma, velferdsteknologi, spesialundervisning og læringsmiljø samt samfunnstryggleik og beredskap satsingsområda (pkt 2.6) hjå oss.

Prosjekt som vi stetter gjennom prosjektskjønnet er av reell utviklingskarakter. Dette er typisk utvikling av nye modellar eller arbeidsmetodar, pilotprosjekt eller andre prosjekt som går ut på nybrottsarbeid. Lakmustesten er at resultatet til prosjektet har overføringsverdi til andre kommunar. I det ligg det at vi til dømes ikkje støttar kommunar i prosjekt som går ut på å heve kommunen opp til eit fylkesgjennomsnitt, eller av typen kompetansetiltak for tilsette i kommunane. Det ser vi på som ordinære driftstiltak, og fell ikkje inn under ordninga.

Endringa vi har gjort inneber at vi har bestemte satsingsområder. Arbeidet med satsingsområda skal vere langsiktig for å gi området eit reelt løft, og for å sikre varig læring og leggje til rette for nettverksbygging mellom kommunane.

For å identifisere satsingsområdene nyttar vi vår totale kunnskap om lokale utfordringar og problemstillingar i kommunane, og ser det i høve statlege mål, satsingar og politikk.

Satsingsområda må ha ein heilskapleg strategi som inneheld (1) tema, (2) klart definert mål, (3) opplegg for oppfølging og (4) opplegg for erfaringsspreiing. Strategien for satsinga må vere klar før den vert vedteken og forankra i ledermøte i embetet.

For å betre samordninga er det oppretta eit internt forum for prosjektskjønnet. Forumet skal operere på eit overordna og strategisk nivå, og har i oppgåve å samordne aktivitetane i prosjektskjønnet. Forumet har medlemmer frå kvar avdeling på minst mellomleingsnivå for å sikre forankring samt heilskapleg kommunekunnskap og fagkompetanse innanfor avdelinga si oppgåveportefølje. Deltakarane fungerer som eit knutepunkt mellom prosjektskjønnet og avdelinga, og har eit utvida ansvar i å formidle informasjon om retningslinjene for skjønstilldelinga til avdelinga, og for å kome med innspel og tilbakemelding frå avdelinga si til forumet. I forumet vert erfaringar utveksla og diskutert for å spreie gode døme på korleis ein legg opp til gode satsingar.

Vi har også samarbeid med FMST og FMNT innafor satsinga om velferdsteknologi. Somme kommunar i fylket deltek i diverse prosjekt med kommunar i Orkdalsregionen i Sør-Trøndelag som både Fylkesmannen i Sør-Trøndelag og vi støttar.

61.3 Samordning av statlig tilsyn

Fylkesmannenn sitt tilsynsforum sørger for den interne samordninga av embetets tilsynsaktivitet mot kommunane. Det er etablert samarbeid med dei største statlege tilsyna der vi utvekslar planer det kommuneretta tilsynet. Tilsynskalenderen på fylkesmann si heimeside brukast aktivt. Vi har i 2012 ikkje blitt varsla om pålegg frå andre tilsynsetatar eller kommunar om pålegg som kan tenkjast å ha vesentleg verknad for kommunen. Det er etablert samarbeid mellom Arbeidstilsynet og fylkesmannens utdanningsavdeling om tilsyn med lærarane /elevane sitt arbeidsmiljø.

Vi har samarbeid med kontrollutvalga og kommunerevisjonen. Vi får tilsendt planlagte forvaltningsrevisjonar slik at vi kan ta omsyn til desse i vår eigen tilsynsplan. Vi har i 2012 hatt innlegg for kontrollutvalsleiarane om dei nye reglane i kommunelove om opne møte i kontrollutvalet.

Resultatområde 62 Kommuneøkonomi

Status for kommuneøkonomien i Møre og Romsdal

Fylkesmannen i Møre og Romsdal ser på netto driftsresultat som hovudindikatoren for økonomisk balanse i kommunane. Fylkesmannen støttar seg til tilrådinga frå TBU om at netto driftsresultat bør utgjere minimum 3 til 3,5 prosent av brutto driftsinntekter over tid. Netto driftsresultat for kommunane i Møre og Romsdal har dei to siste åra gått ned frå 2,5 til 1,0 prosent av brutto driftsinntekt. Det er ein del faktorar som talar for at den underliggende økonomiske balansen i kommunane framleis er svak.

Kommunane i Møre og Romsdal får stadig høgare netto lånegjeld. I løpet av 2011 aleine auka netto lånegjeld med 2,2 prosentpoeng, til 89,9 prosent av brutto driftsinntekt. Det er om lag 16 prosentpoeng høgare enn kommunane i Noreg utanom Oslo. Det er i hovudsak tre årsaker til at gjelda til kommunane i Møre og Romsdal aukar meir enn landsgjennomsnittet (utanom Oslo). Dei er at kommunane i Møre og Romsdal har eit høgare investeringsnivå, lånefinansierar ein større del av investeringane og nyttar lenger tid på å betale ned gjelda enn landsgjennomsnittet (utanom Oslo).

Gjeldsoppbygginga i kommunane gjer dei meir sårbar for framtidig renteauke. Kommunar med høg lånegjeld er avhengig av eit relativt høgare brutto driftsresultat for å få eit netto driftsresultat på nivå med tilrådinga. Brutto driftsresultat for kommunane i Møre og Romsdal har vore relativt stabilt dei siste åra. Rapporten syner at brutto driftsresultat er for lågt i høve til finanskostnadane om netto driftsresultat skal vere i tråd med anbefalinga. Det gjer at driftssituasjonen i mange kommunar er stram. I ein slik situasjon er buffere naudsynt for å kunne takle svingingar på både inntekts- og utgiftssida. Kommunane i Møre og Romsdal har lite oppsparte midlar på disposisjonsfond, og det skal ikkje mykje til før det oppstår underskot.

Skal kommunane i Møre og Romsdal halde netto driftsresultat på nivå med tilrådinga frå TBU, er det naudsynt å effektivisere tenesteproduksjonen når renta går opp, utviklinga i finansmarknaden ikkje gir same avkastninga og MVA-kompensasjonen skal først i investeringsrekneskapen, og ikkje gå til driftsføremål.

62.1 Kontroll og godkjenning etter økonomibestemmelsene i Kommuneloven

Lovlegkontroll etter kommunelova § 59

I 2012 handsama vi tre lovlegkontrollar etter kl § 59 som gikk på økonomireglane i kommunelova kapittel 8 og 9. Alle vart reist av eit mindretal av kommunestyrerepresentantar, jf kl § 59 nr Den eine var parallelt med lovlegkontroll etter kl § 60 på det kommunale budsjettet. Budsjettet vart oppheva. Den andre lovlegkontrollen etter § 59 gikk på realisme og balanse i det kommunale budsjettet etter at ei stor investering i fleirbrukshall vart vedteken. Klagen førte ikkje fram. Den siste lovlegkontroll gikk ut på om utbytte frå eit kraftselskap kunne først til drift eller ikkje. Lovlegkontrollen vart utført etter eget initiativ etter oppmodning frå fagforeningane i kommunen. Vedtaket om føring av utbytte vart ikkje oppheva.

Godkjenning av låneopptak for interkommunale selskap

Vi har hatt to søknader inne til handsaming i 2012. Éin vart godkjent i tråd med søknad, medan den andre vart godkjent med lågare beløp enn omsøkt etter nedtrekk for lån til driftsutgifter.

Godkjenning av kommunale garantiar

Vi fikk inn 18 søknader om kommunale garantiar i 2012. Éin søknad vart avslått grunna at garantien ikkje hadde vore vedteken i rett organ. To garantiar vart avslått på grunn av kommunen sin økonomiske situasjon, Robek. Det vart godkjent åtte søknadar om simpel kausjon, og sju søknadar om sjølvskuldnar kausjon.

Godkjenning av vedtekter til kraftfond

Vi hadde ingen saker i fjor.

62.2 Økonomiforvaltning - veiledning

62.2.1 Rettleiing og vidareformidling av informasjon

Rettleiing om økonomireglane i kommunelova kapittel 8 og 9 med tilhøyrande forskrifter, vert gitt skriftleg i samband med kommunane sine budsjett og økonomiplan samt rekneskap. Der vert presiseringar og endringar med betydning for komande handsaming i kommunane gitt informasjon om. Om det skjer presiseringar eller endringar i løpet av året med umiddelbare konsekvensar blir det sendt ut skriftleg, gjerne med kopi på e-post til personane det gjeld, og lagt ut på nettstaden vår.

Vi arrangerer konferansar knytt til kommuneproposisjonen og statsbudsjettet i lag med KS. Tema er naturleg nok det overordna innhaldet i framlegga, men det er også knytt opp mot meir spesifikke tema. I 2012 var deltema finansiering av private barnehagar ved kommuneproposisjonen og Robek ved statsbudsjettet.

Vi har mykje rettleiing utanom dei faste postane nemnt ovanfor. Denne rettleiing går pr brev, telefon og/eller e-post. Det gjeld rettleiing der kommunane henvender seg til oss, men ikkje minst der vi må ta initiativ ovanfor kommunen. Dette er ofte om mindre saker, men ikkje desto mindre ressurskrevjande i form av tidsbruk. Det er vanskeleg å planleggje for slik tidsbruk, og i periodar er rettleiingsbehovet frå kommunane omfattande, og større enn det vi har moglegheit til å prioritere om vi skal ivareta andre oppgåver og oppdrag. Vi er lei for at kommunane i alle saker ikkje får oppfylt rettleiingsbehovet.

Vårt inntrykk er at kommunar kan få utfordringar med økonomiforvaltninga om økonomisjefen i kommunen sluttar. Det ser ut for oss som om kommunane ikkje i tilstrekkeleg grad klarer å få eit robust fagmiljø som ikkje er avhengig av ein skilde personar. Vi har døme på kommunar som over ein kort tidsperiode har fått ny rådmann og økonomisjef. Vi ser at dei kommunane har eit vakuum når det gjeld økonomiforvaltninga i kommunen, og har store utfordringar med å overhalde relativt enkle krav i kommunelov og forskrift. Dette ser vi skjer i kommunar opp til 10 000 innbyggjarar. I slike situasjonar har ikkje fylkesmannen kapasitet til å dekke heile rettleiingsbehovet. Vi følgjer likevel dei kommunane tett opp, og vonar at utfordringane vert løyst på kort sikt.

Gjennom oppdragsporteføljen møter vi andre aktørar enn kommunane. Til dømes har vi kontakt med bankar og private barnehagar gjennom godkjenning av kommunale garantiar og interkommunale selskap og deira revisorar gjennom godkjenning av låneopptak. Vårt inntrykk er dei har eit perifert forhold til kommunelova med tilhøyrande forskrifter. Disse opererer med eit tankesett som stemmer over eins med bedriftsøkonomiske prinsipp, men som ikkje er kompatibel med prinsippa i kommunelov og forskrifter. Forståinga for kva som ligg til grunn for den ein skilde regel, og at dei må ta omsyn til dei, kan til tider vere vanskeleg. Det kan vere elementære reglar, til dømes at avdragstida på investeringsobjekt ikkje kan vere lengre enn investeringsobjektet si levetid eller at ein

ikkje kan ta opp langsiktige lån til driftsføremål. Det gjer at sakshandsaminga er tidkrevjande for vår del, men ikkje uviktig.

Vi har hatt mange møter med kommunar gjennom 2012. Det er møter der kommunane treng råd og rettleiing, samt ønskjer å diskutere sin eigen situasjon. Andre møter var til dømes knytt til skjønnsstildelinga, inntektssystemet, kommunale garantiar, med meir.

KS lokalt har ei faggruppe for kommuneøkonomi. Vi deltek i denne gruppa, sjølv om 2012 ikkje var eit aktivt år frå vår side.

62.2.2 Fordeling av skjønnsmidlar

På bakgrunn av den fylkesvise skjønnsramma deler vi skjønnsramma i tre hovudkategoriar; ordinært skjønn, prosjektskjønn og tilbakeholdt skjønn. Vi har også i oppdrag å bistå departementet ved skjønnsstildeling i aktuelle saker, i 2012 var det etter Dagmar og etter terroråtaka 22. juli 2011.

62.2.2.1 Ordinært skjønn

Tildelingsprosessen for kvart år starter i juni. Då sender vi ut invitasjon til alle kommunane i fylket om å kome med innspel til skjønnsfordelinga. I brevet går vi gjennom retningslinjene frå departementet. Grunna at brevet frå departementet ikkje kjem før i andre halvdel av august speglar informasjonen til kommunane siste års retningslinjer. Om lag 2/3 av kommunane har dei siste åra kome med innspel. Vi meiner at kommunane kunne vore meir aktiv her.

For å kome fram til tildelinga, er det naudsynt å trekke på heile embetet sin kompetanse og kommunekunnskap. Innspela frå kommunane vert systematisert og sendt til fagavdelingane for kvalitetssikring. Dette vert følgt opp med eit møte med kvar avdeling der innspela frå kommunane vert gått igjennom. Fagavdelingane har sjølv høve til å kome med innspel på bakgrunn av forhold i retningslinjene, eigne saker samt offentleg og anna statistikk. Om kommunane har innspel om andre forhold som ikkje inngår i fylkesmannen si oppgaveportefølje vert rette instans kontakta.

Vi ser at somme kommunar har store utgifter som ikkje vert fanga opp av inntektssystemet. Det gjeld utgifter av midlertidig karakter, men ikkje minst utgifter som er gjentakande innanfor utgiftsdrivande tenester. Det er i første rekke utgifter til barnevern, språkdeling, resurskrevjande tenestemottakarar, m.f. Skjønnsmidlane er eit viktig verkty for at kommunane skal ha like moglegheiter til å yte gode tenester.

I 2012 klagar éin kommune til departementet om manglande skjønnsstildeling.

62.2.2.2 Prosjektskjønn

I 2012 handsama vi over 70 søknadar om tilskot til prosjekt. Omsøkt beløp var på om lag 30 millionar kroner. Vi tildelte om lag 6,5 millionar kroner til 28 prosjekt. Talet på søknadar og omfanget i søknadane tyder på at prosjektskjønnet er sett på som eit viktig bidrag i utviklings- og fornyingsarbeidet i kommunane.

Sjå pkt 2.1.2 og 61.2 for meir om tildelinga til omstillings- og fornyingsprosjekt.

62.2.2.3 Tilbakeholdt skjønn

Vi held tilbake skjønn til fordeling gjennom året. I løpet av året tildeler vi skjønn knytt til ressurskrevjande tenestemottakarar etter at vi har fått nye og oppdaterte tal frå Helsedirektoratet. Ein del av det tilbakehalte skjønnet går til utviklings- og fornyingsprosjekt. Vi held igjen 500 000 kr til kvar Robek-kommune som vert utbetalt avhengig av kommunen sitt arbeid med forpliktande plan og budsjettbalanse.

62.2.2.4 Ekstraordinære skjønnsmidlar etter Dagmar

I 2012 handsama vi søknadar frå kommunane etter skadane under Dagmar. Fylket var hardt råka, og fleire kommunar hadde til dels omfattande skadar. Vi måtte nytte forholdsvis mykje tid på dette, både for å kartleggje skadeomfanget, kome fram til kompensasjonsgrunnlaget og seinare vidareformidle kva som hadde blitt kompensert etter endeleg avgjerd. Det har i tillegg vore mykje rettleiing under vegs i heile året for kommunane og andre når det gjeld kven som hadde rett på kompensasjon, og kva for skadar som var omfatta av ordninga. I nokre tilfelle måtte spørsmål avklarast med departementet, og vi har samordna oss med fylkesmennene i Sogn og Fjordane og Hordaland.

Vi er nøgde med dialogen med departementet underveis i saka.

62.2.2.5**Ekstraordinære skjønnsmidlar etter terroråta 22. juli 2011**

Vi vart bedne om å tildele fylkesvis skjønnsramme knytt til 22. juli 2011 til kommunane. Vi tildelte kommunane i samsvar med innmeldt behov. Etter at innmeldt behov var hensyntatt, var det eit beløp igjen som vi tildelte alle kommunane for å støtte opp om å utveksle og overføre kunnskapen og erfaringane kommunane imellom. Det vart ikkje akseptert av HOD i samråd med KR D, og tildelinga er ikkje utbetalt.

62.2.3**Robek**

Vi ser at mange kommunar i Møre og Romsdal er i ein vanskeleg økonomisk situasjon. Sjølv om talet på Robek-kommunar gikk ned frå ti til åtte i 2012, var det til dømes 13 kommunar som fikk underskot i 2011. Vi vonar at to kommunar går ut av Robek på bakgrunn av rekneskapen for 2012, men er redd for at det vil vere fleire som vert meldt inn. Vi har fått signal om at kommunar ikkje vil klare å halde seg til sin eigen vedtekne inndekningsplan og at kommunar får store underskot på rekneskapen som dei planlegg å dekke inn over fleire enn to år. Oppfølging av Robek-kommunane har difor vært ei av to hovudprioriteringar innanfor kommuneøkonomi i 2012.

I samband med lovlegkontrollen av budsjettet til Robek-kommunane, gjer vi òg ein analyse av drifts- og investeringsbudsjettet. Denne tilbakemeldinga gir både kommunen og oss eit grunnlag for dialog om status og arbeidet vidare mot økonomisk balanse, herunder også signal om godkjenning av lån og garantiar.

Som virkemiddel er lovlegkontroll av budsjettet etter vårt syn eit svakt virkemiddel. Lovlegkontrollen testar mellom anna om det er innholdsmessig lovleg, om det er rett organ som har truffet vedtaket og om det er blitt til på lovleg måte. Lovlegkontrollen er i liten grad egna til å teste dei økonomiske realitetane. I praksis er det berre inntekta frå skatt og ramme som vert testa. Vår erfaring er at kommunane sjeldan har store inntektssvikt på dei postane. Kommunane har større problem med å halde utgiftene nede på budsjettert nivå. Kommunane driv i stor grad rammebudsjettering av einingane. Det vil seie at einingane har ansvar for å halde seg til vedteke budsjett. Vi ser i mange høve at budsjettstyringa og oppfølginga er for svak.

I samband med budsjetthandsaminga ønskjer vi å godkjenne ei låneramme som ligg fast for kommunen ut året. Nivået på låneramma Robek-kommunane får godkjent er situasjonsbestemt. I utgangspunktet godkjenner vi alltid lån til investeringar i VAR-sektoren og såkalla startlån. Vidare støttar vi opp om investeringar knytt opp mot tilskot, rente- eller avdragskompensasjon (statlege satsingsområder) om kommunen dekker inn underskot i tråd med plan og elles kan vise til ei sunn økonomisk utvikling. Kor høg låneramme den enkelte kommune får, er avhengig av korleis den økonomiske situasjonen og utviklinga er. Vi godkjenner ikkje høgare låneramme enn budsjetterte avdrag etter at lån til VAR-sektoren og startlån er tatt ut. Søknader om likviditetslån godkjenner vi alltid, og vi prioriterer rask handsaming av dei slik at kommunen ikkje får vanskar med å betale til forfall.

Vi legg vekt på å følgje opp kommunane sitt arbeid med forpliktande plan. Vi ser for oss at ein slik plan må innehalde tre punkt. For det første må kommunen sette opp ein tabell som viser når kommunen har fått underskot, kva som eventuelt er allereie inndecka og plan for inndekking av akkumulert underskot. Vi vil også at kommunen skal gjere greie for kva som var årsaka til underskota, med vekt på om det er midlertidige eller permanente forhold som forårsaka underskota. Kommunen må til sist her konkludere med kva som er omstillingsbehovet, på kort og lang sikt. For det andre vil vi at kommunen skal sette seg mål for økonomiforvaltninga, både for sentrale økonomiske indikatorar og for budsjettarbeidet og for oppfølginga gjennom året. I det siste punktet må kommunen, gjerne i tabells form, sette opp kva for tiltak kommunen skal gjennomføre for å få balanse i økonomien. Tiltaka må vere spesifisert på tenestenivå, med venta innsparingseffekt og når dei vert sett i verk. Omfanget av tiltak må minst vere lik det kommunen konkluderer med er omstillingsbehovet i punkt éin. Ved lovlegkontrollen av budsjettet følgjer vi opp at kommunen har utarbeidet ein slik plan for året.

På hausten rapporterer kommunane på forpliktande plan knytt opp mot tilbakehaldt skjønnsstilskot på 500 000 kr. For at kommunane skal få utbetalt skjønnsstilskot må dei oppfylle følgjande kriterier; (1) halde driftsbudsjettet, (2) gjennomføre forpliktande plan og (3) nedbetale underskot i tråd med nedbetalingsplana. Rapporteringa viste at fleire kommunar hadde utfordringar med å halde balansen i driftsbudsjettet, og at somme kommunar låg an til å måtte bokføre tap i staden for gevinst på finansielle instrument. Følgjeleg ville dei heller ikkje nedbetale underskot. På bakgrunn av rapporteringa vart det berre utbetalt skjønnsstilskot til fire av dei ti kommunane i Robek.

Etter vår meining kan skjønnsmidlane vere eit sterkt virkemiddel i oppfølginga av Robek-kommunane. Vi er likevel varsam med å nytte skjønnsmidlane i for stor grad som gulrot for dei aktuelle kommunane. Vi får tilbakemeldingar frå andre kommunar som går på at tildeling av skjønn til kommunar i økonomisk ubalanse er urettmessig. Vi er til dels einige i dei innspela, og ser at vi ikkje ønskjer å premiere dei kommunane som ikkje

fører ein ansvarleg budsjettpolitikk i for stor grad.

Vi vitja alle dei åtte Robek-kommunane i løpet av hausten 2012. Formålet med møta er å ha kontakt med dei politiske organa i plenum for å rettleie dei i deira oppgåve, ansvar og rolle i å vinne att økonomisk balanse. I utgangspunktet ønskjer vi å møte kommunestyra for at alle folkevalte skal få det same budskapet samtidig. Vi ser positivt på det om kommunane også inviterer einingsleiarar og tillitsvalte til møtet. I møta gikk vi gjennom regelverk knytt til Robek, budsjett og økonomiplan, forpliktande plan og vårt syn på den økonomiske situasjonen i kommunen. Vi la òg vekt på å la dei folkevalte få stille spørsmål og dialog om sin eigen situasjon.

Gjennom 2012 hadde vi mange møte etter ynskje frå den enkelte Robek-kommune. Tema på møta var ofte kommuneøkonomi, men også økonomi knytt opp mot spesielle utfordringar innafor spesifikke fagområde. Representantar frå både oppvekst- og utdanningsavdelinga og helse- og sosialavdelinga var difor med på desse møta. Dette vart godt motteke frå kommunen si side. Vidare prioriterer vi å gi god og tett oppfølging ved førespurnad på e-post eller telefon frå Robek-kommunane.

I 2012 handsama vi éin søknad om forlenga inndeckingstid knytt til budsjettet for 2012. Vi har fått signal om at det er fleire kommunar som har vanskar med å halde seg innafor hovudregelen for inndeckingstida.

Som nemnt er det fleire kommunar enn dei som no er i Robek som har utfordringar med økonomien. Vi har i 2012 ikkje hatt formell kontakt med slike kommunar. Vi har likevel god oversikt gjennom dei faste oversendingane med budsjett, økonomiplan, rekneskap og innspel til skjønnsstilskot, samt gjennom anna uformell kontakt. Vi har ikkje kapasitet til å følgje opp dei kommunane i like stor grad som Robek-kommunane.

62.2.4 Finansforvaltning

Vi har følgt opp om kommunane har vedtatt nytt finansreglement i tråd med ny finansforskrift. Rapporteringa viste at det enno var kommunar som ikkje hadde vedtatt nytt finansreglement. Vi har sidan følgt opp dei kommunane som ikkje hadde vedtatt nytt finansreglement før rapporteringsfristen.

Rapporteringa i 2012 viser at dei aller fleste kommunar ikkje har vedteke nytt finansreglement for inneverande kommunestyreperiode. Etter vårt syn bør finansreglementet vedtakast tidleg i kommunestyreperioden for forankring hjå dei folkevalte. Vi vil kommunisere dette til kommunane, og halde fram med å følgje opp om når finansreglementa vert vedteken.

62.2.5 Rapportering og bruk av Kostra

Vi utarbeider årleg ein statistikkrapport som viser den økonomiske utviklinga og status for kommunane i. I rapporten ser vi på samanhengen mellom dei mest sentrale økonomiske indikatorane, og viser tala på kommunenivå og opp mot eit gjennomsnitt for fylket og landet utanom Oslo. Vi nyttar medviten konserntal. Vi legg vekt på å formidle tala og kommentarane på ein slik måte at ein utan mykje forkunnskap kan forstå innhaldet. Slik vonar vi at rapporten også vert lest og nytta av til dømes folkevalte og andre tilsette i offentlege sektor som ikkje har kommuneøkonomi som fagfelt. Vi får mange gode tilbakemeldingar frå kommunane på rapporten, og fleire nyttar den som eit grunnlag og utgangspunkt opp mot kommunestyret. Rapporten vert sendt departementet.

I samband med innrapporteringa av data frå kommunane til SSB, sender vi ut eit brev med informasjon om tidsfristar og kontaktpersonar hjå fylkesmannen som kommunane kan nytte ved behov.

Oppdraget om å gå igjennom nøkkeltal og identifisere vesentlege feil, og i å veilede kommunane slik at dei rapporterer inn riktige tal, er i hovudsak prioritert ned for oppfølgjinga av Robek-kommunar. Årsplanmessig er dette samanfallande med ein periode kor vi må prioritere å få ferdig lovlegkontrollen av dei kommunale budsjetta. I og med at overføringa til embeta ikkje er avhengig av talet på Robek-kommunar er det vanskeleg å prioritere begge oppgåvene høgt nok. Det er ikkje heldig. Kostra er, og bør vere, ein grunnpilar for analyse, planlegging og styring på lokal, regionalt og nasjonalt nivå. At Kostra er kvalitetssikra og påliteleg er ein føresetnad for det.

Elles nyttar vi ofte Kostra-dataene i dialogen med kommunane. Kostra vert nytta internt som grunnlag i ymse samanhengar og i alle typar kontaktpunkt med kommunane, som konferansar, møter, brev, osv.

Resultatområde 63 Kommunalrett og valglov

63.1 Kommunalrett

Det har i 2012 blitt handsama 12 lovlegkontroll-saker. Dette er ei auke samanlikna med 2011 kor det vart handsama 6 saker. Ein av lovlegkontrollane vart tatt på eige initiativ etter oppmoding frå det lokale Fagforbundet i ein kommune. Vi har oppheva 2 av 12 handsama saker. På grunn av stor saksmengde på andre fagområder har sakshandsamingstida ligge på omlag 3-4 mnd. Det ser ut til å vere ein tendens mot at lovlegkontroll vert brukt som eit verkemiddel for politisk omkamp. Telefonførespurnader etc. gjeld stort sett spørsmål om habilitet, lukking av møte, opprykk/nyvalg ved permisjonar/fritak frå verv.

Lovlighetskontroll

| Embeter | Saker om lovlighetskontroll etter klage som det er truffet vedtak i | | | Lovlighetskontroll initiert av fylkesmannen | | | Vedr. habilitet | Vedr. lukking av møter |
|------------|---|---------------------|-----------------|---|---------------------|-----------------|-----------------|------------------------|
| | Antall saker | Antall opprettholdt | Antall ulovelig | Antall saker | Antall opprettholdt | Antall ulovelig | | |
| FMMR | 12 | 11 | 1 | 1 | | 1 | 4 | 0 |
| Sum | 12 | 11 | 1 | 1 | 0 | 1 | | |

63.2 Valg

Då 2012 ikkje var eit valår var det liten aktivitet på dette området.

Resultatområde 64 Forvaltnings- og offentleglova i forhold til kommunesektoren

Det er i 2012 handsama 4 klagesaker om avslag på innsyn i saksdokument.

Fylkesmannen har vidare handsama ei oppmoding om omgjerung av tidlegare vedtak etter offentleglova, der spørsmålet var om eit aksjeselskap var omfatta av lova sitt verkeområde. Dette har vore ei tidkrevjande sak.

I tillegg til dei 4 sakene som har resultert i klagesaksbehandling, har fylkesmannen hatt 4 andre skriftlege førespurnader etter offentleglova. Dette er i det vesentlege klage på kommunar for manglande etterleving av offentleglova, og fylkesmannen har i denne samanheng gitt nødvendig rettleiing.

Resultatområde 65 Kommuneinndeling og interkommunalt samarbeid

I Møre og Romsdal er det 36 kommunar. Mange av dei er små målt i talet på innbyggjarar. Berre fire kommunar har over 10 000 innbyggjarar. 20 kommunar har under 5 000 innbyggjarar.

Det er mange små fagmiljø innafor mange fagområde i kommunane. Trongen for interkommunalt samarbeid stort og presserande i mange av kommunane for å ha god nok kvalitet og stabilitet i tenestene.

Vi ser at mange små kommunar er aktive opp mot fylkesmannen for råd og rettleiing. Det er godt å registrere at kommunane er oppteken av kvalitet i arbeidet dei gjer, men med så mange små kommunar er det krevjande å yte den rettleiinga som er naudsynt.

65.1 Kommuneinndeling

Vi har dei siste åra hatt nokre saker som gjeld kommuneinndeling der kommunane har søkt om støtte frå KRD for å utreiie kommunesamanslåing. I fjor hadde vi éin sak der Hareid og Ulstein kommunar ikkje fikk innvilga søknad om vidare støtte til utgreiinga om kommunesamanslåing. Kommunane hadde tidlegare fått støtte.

Elles er det fleire kommunar som har henvendt seg til oss for å diskutere kommunesamanslåing og kva fylkesmannen kan bidra med både økonomisk og prosessmessig. Møre og Romsdal har 36 kommunar, 20 under fem tusen innbyggjarar. Dette gjer at behovet for å utgreie kommunestrukturen er stort.

65.2 Interkommunalt samarbeid

Vi oppmodnar om, og stimulerer til, gjennom skjønnsmidlene til interkommunalt samarbeid. Dette gjeld frå nettverksnivå, og opp til innføring av interkommunalt samarbeid med forankring i lov.

Gjennom prosjektskjønnet ser vi at det er mange interkommunale samarbeid i fylket, men at det er svært varierende kva for kommunar som samarbeider med kvarandre. Vi ser også ein tendens til at dei interkommunale samarbeida er kortvarig fordi kommunane er raske med å trekkje seg ut. Det er i mindre grad faste og forpliktande samarbeid.

Det er ofte mange faktorar inne i bilete når det gjeld søknadar om interkommunalt samarbeid. For å ha eit grunnlag å handsame søknadene etter, blei det utarbeida eit notat som skal sikre at vi handsamar alle søknadane likt og etter same kriterier.

Resultatområde 66 Bolig- og bygningsrett

Fylkesmannen har merka seg at fleire kommunar har utfordringar i høve handteringa av byggesaker. Mange saker lid av elementære feil og særleg er dette ein tendens i dei mindre kommunane. Sjølv om fylkesmannen ut frå omsynet til dei private aktørane, strekkjer seg langt i å reparere kommunen sine vedtak, er ikkje alle saker er av ein slik karakter at dei kan eller bør reparerast.

Fylkesmannen ser her eit behov for å auke kompetansen i kommunane. Med å styrke kunnskapen i kommunane om sentrale plan- og bygningsrettslege og forvaltningsrettslege emne, vil ein kunne få ned talet på opphevingar. Både for kommunane og fylkesmannen kan det vere mykje å hente på at ein unngår fleire rundar i forvaltningssystemet, for saker som i utgangspunktet er kurante. Ein annan positiv effekt vert at kommunane får reduserte utgifter til klagars sakskostnader.

Fylkesmannen meiner det vil vere formålsteneleg å tilby kommunane ei meir individuelt tilpassa opplæring i mindre fora. Ut frå noverande ressursituasjon vert dette vanskeleg å få til.

66.1 Byggesaker

Fylkesmannen behandla 168 klagesaker etter bygningsdelen i plan- og bygningsloven i 2012 (i tillegg kjem 34 klager på reguleringsplan) I 38 saker vart klagen tatt til følgje og kommunen sitt vedtak endra eller oppheva. Vi behandla 11 krav om sakskostnader etter byggesaksdelen av plan- og bygningslova i 2012. Vi har også behandla 3 saker om utsatt iverksetting.

Fylkesmannen har hatt vanskar med å overhalde 3-månadsfristen for byggesaker. Saksbehandlingstida har vore i overkant av 5 månader i 2012. Årsaka er ressurskrevjande saker/ oppgåver på andre områder og bemanningssituasjonen. Fylkesmannen har dei siste månadene i 2012 og i byrjinga av 2013 nedprioritert andre saksområder, og er no på god veg til å nå saksbehandlingsfristen for byggesaker.

Fylkesmannen har i samarbeid med Direktoratet for byggkvalitet arrangert konferanse om uavhengig kontroll, der fylkesmannens rolle var teknisk arrangør. Fylkesmannen har også halde ein konferanse med hovudtema naturmangfaldlova, der bygningsrettslege tema som dispensasjon og gongen i ei byggesak var tatt opp. Desse innlegga var det fylkesmannen sjølv som sto for.

Fylkesmannen ønskjer å vere ein aktiv bidragsytar til dei fire kommunale byggesaksnettverka i fylket. Etter førespurnad deltek vi med å halde innlegg og med å svare på spørsmål om regelverket.

66.2 Saker om ekspropriasjon

Fylkesmannen har handsama 1 søknad om samtykke til ekspropriasjon til vass- og avlaupsleidning. Saka vart først returnert til kommunen for ny behandling. Etter ny søknad har fylkesmannen samtykka til ekspropriasjonen med heimel i plan- og bygningslova § 16-4.

Fylkesmannen har handsama 1 søknad om samtykke til ekspropriasjon av rettar til framføring av elektrisk lågspentkabel. Fylkesmannen samtykka i ekspropriasjonen med heimel i oreigningslova § 2 nr. 19. Fylkesmannen har i denne samanheng handsama søknad om å nytte allmannastevning, og samtykke til dette vart gitt med heimel i oreigningslova § 20. På grunn av uklare eigedomstilhøve har dette vore ei omfattande sak.

Fylkesmannen har motteke 1 søknad om å ta grunn i bruk før skjøn er halde. Fylkesmannen ga løyve til dette med heimel i oreigingslova § 25.

66.3 Klage etter eierseksjonsloven

Fylkesmannen behandlet 1 klagesak etter eierseksjonsloven i 2012.

Klage etter eierseksjonsloven - antall

| Embeter | Antall klager | Tatt til følge | Ikke tatt til følge | lovbestemmelser er vurdert under klagebehandlingen |
|------------|---------------|----------------|---------------------|--|
| FMMR | 1 | 1 | | Eierseksjonsloven §§ 12 og 33 |
| Sum | 1 | 1 | | |

66.4 Klage på kommunalt vedtak om forkjøpsrett av leiegård

Fylkesmannen hadde ingen klagesaker på dette området i 2012.

Klage på kommunalt vedtak om forkjøpsrett av leiegård - antall

| Embeter | Antall klager | Tatt til følge | Ikke tatt til følge | lovbestemmelser er vurdert under klagebehandlingen |
|------------|---------------|----------------|---------------------|--|
| FMMR | 0 | | | |
| Sum | 0 | 0 | | |

Ressursrapportering

| Resultatområde | Kapittel 1510 | Fagdep. |
|---------------------------|-----------------|---------|
| 62 Kommuneøkonomi | kr 1 241 549,36 | kr 0,00 |
| 66 Bolig- og bygningsrett | kr 2 176 191,62 | kr 0,00 |
| Andre oppgaver under KR D | kr 179 857,04 | kr 0,00 |
| Sum: | kr 3 597 598,00 | kr 0,00 |

Arbeidsdepartementet

Resultatområde 73 Sosiale tjenester

73.1 Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen

Fylkesmannen har behandla 75 saker etter lov om sosiale tjenester i NAV. 69 av sakene var etter §§ 18/19, 1 sak var om økonomisk rådgivning etter § 17, 3 saker var om vilkår etter § 20, 1 sak var om refusjon i ytingar frå folketrygda etter § 26 og 1 sak var om mellombels bustad etter § 27. Vedtak i 67 saker (89%)blei stadfesta, 6 (8%) blei endra og 2 (3%) oppheva.

69 av sakene, det vil seie 92% av sakene blei behandla innan 3 månader.

Vi viser elles til rapportering til Statens helsetilsyn for 2012 gjennom NESTOR.

Fylkesmannen hadde i oktober/november tre to-dagars kurs i STL med tilhøyrande forskrifter og rundskriv. Omlag 450 tilsette i NAV deltok.

73.2 Sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen – formidlingstiltak og kompetanseutvikling

I februar 2012 vidareførte vi samarbeidsavtale mellom Fylkesmannens helse- og sosialavdeling og NAV fylke.

Denne skal reviderast innan 01.03.13.

Nav fylke og fylkesmannen gjennomfører månadlege arbeidsgruppemøter på rådgjevernivå, vi planlegg felles aktivitetar og gjev kvarandre informasjon om aktivitetar og hendingar.

Fylkesmannen deltek i "Samarbeidsarena NAV" (regional likeverdig samarbeidsarena for NAV) saman med NAV fylke og KS (repr for rådmenn, ordførarar, samt ein sekretær) Ca 3 - 4 møter pr år. Gruppa reetablerte seg i 2010 med nytt mandat. Gruppa gjennomførte i april eit erfaringsmøte med alle kommunar/NAV kontor (ordførarar, rådmenn og navleiarar. I 2012 starta vi planlegging av eit tilsvarande møte i februar 2013.

Vi deltek også på NAV fylkes kompetanseforum og samordnar kompetanseaktivitetar ut mot NAV kontora.

Saman med NAV fylke har vi gjennomført tilsaman 3 x 2 dagars Fagdagar om skjønn, § 41a og arbeidsevnevurdering samt 2 x 1 dags fagdag i KVP som i praksis også innbefatter sosialfagleg arbeid i NAV.

Fylkesmannen har drive rettleiing av sosialfagleg art etter ynskje frå kommunane. "Følge-med-ansvaret", er forsøkt ivare tatt gjennom klagesaksmøte i avdelinga.

Vi har behandla søknadar frå kommunar som søker tilskotsmidlar til prosjekt innan barnefattigdom, med anbefaling til vedtak og fått kopi av vedtak når søknadane er avgjort i NDU. Slik held vi oss oppdatert på kva som skjer av utviklingsarbeid i kommunane.

Fylkesmannen har gitt økonomisk støtte til fagsamlingar i alle 5 tenestemoråda i Møre og Romsdal. Vi har også delteke med innlegg på to av desse samlingane.

Aktivitetar ut mot NAV kontor blir i størst mogleg grad samordna med NAV fylke, og vi legg vekt på å samordne internt; NAV, KVP, Rus, boligsosialt arbeid, psykisk helse og økonomisk rådgeving. I april hadde vi derfor en 2 dagars konferanse med fokus "arbeid først".

Det er gjennomført kurs i Lov om sosiale tenester i NAV (Tinn 1) jf punkt 73.1. Dette blei koordinert med NAV fylke.

Vi understøttar også Standarden og i 2012 deltok vi på opplæring, dette fortsett i 2013.

Fylkesmannen har i 2012 samarbeidd med NAV fylke om møter med NAV leiarar. I dette samarbeidet har fylkesmannen delteke med både innhald, gjennomføring og finansiering.

Når det gjeld kommunale indikatorar i målekortet har vi ikkje blitt kontakta av kommunane. Vi ventar fortsatt på meir informasjon på dette temaet fra direktoratet.

Det har i 2012 blitt gjennomført møter med med NAV fylke og Høgskulen i Volda for å diskutere NAV-kontora sitt behov for kompetanse i sosialarbeidarutdanninga.

Fylkesmannen har eit godt samarbeid med NAV fylke. Vi vil spesielt framheve samarbeid om møter med NAV-leiarar, der fylkesmannen deltek på like vilkår med NAV fylke. I ei av desse samlingane har fylkesmannen gått gjennom krav til internkontroll og kvalitet, og knytt dette opp mot tilsyna. Vi meiner å sjå at dette har hatt effekt i mange av NAV-kontora.

Etter vår vurdering er dette samarbeidet svært nyttig og vi vil difor framleis prioritere dette, med deltaking frå vår leing.

73.3 Kvalifiseringsprogrammet

Vi viser også til egen KVP rapportering for 1. og 3 tertial 2012.

Samarbeidsavtalen med NAV fylke inneheld eige punkt om KVP. Vi har felles aktivitetsplan, samarbeid og samordning der det er hensiktsmessig.

KVP er også tema i dei månedlige arbeidsgruppemøta med NAV fylke. Dette er eit hensiktsmessig forum for gjensidig informasjon og for å avtale samarbeid om aktivitetar jf samarbeidsavtalen og NAV fylkes mål og disponeringbrev for 2012. Nytt i 2012 er at rådgjevarar på rus og psykisk helse deltek i første delen av kvart møte.

KVP er likeeins fast tema i det overordna forumet "Samarbeidsarena NAV".

I 2012 har vi hatt en kompetanseveglearar i KVP i kombinasjon med HPMT.

Vi gjennomførte i 2012 to dagers KVP konferanse, i samarbeid med NAV fylke og fagfelte rus og psykisk helse internt hos fylkesmannen.

Det vart gjennomført felles fagdagar med NAV fylke og kompetanseveglearane i mars, mai og juni, samt to dagar i § 14 a og arbeidsevnevurdering. KVP fagdagen i juni hadde tema KVP som rettighet, og arbeidsretting/IA/markedskompetanse.

NAV-kontora får råd og vegleing om KVP etter behov, og dei felles NAV leiarmøta med NAV fylke har mellom anna KVP som naturleg tema. Vi har også sendt brev til tenesteområda i NAV om høve til å søke om støtte til fagsamlingar der KVP er tema. Vi støtta alle 5 tenesteområda i fylket.

Fylkesmannen har med bakgrunn i at vi har eit prosjekt i vårt fylke, delteke på nettverkssamling for "Fra fengsel til KVP", dette blei avslutta i 2012.

Når det gjeld målekort og KVP, avventer vi meir informasjon frå AV-dir.

HPMT:

Vi følger opp prosjektet i møte med AV-dir og NAV Ålesund. Dette skjer i samarbeid med NAV Fylke (slik at dei er orientert og litt involvert - for å sikre forankring).

Fylkesmannen har frikjøpt ein vegleiar (Torill Junge) i 50% stilling (1.halvår)til å delta i oppfølginga av prosjektet. Kari Røkkum Winje tok over i 15 % fra august, Vi er bedne om å sette av intil 50% stillingsressurs i tillegg til dette. Etter vår vurdering, er tildelinga til fylkesmannen på dette området for knapp til å dekke opp for omfanget av oppdraget.

Vi har delteke på fire plansamlingar i regi av AV-dir og bistått direktoratet i kontakten og oppfølgingen av NAV Ålesund herunder:

- a. Delteke på samarbeidsmøter med leianga i NAV Ålesund 3 ganger.
- b. Delteke på boostersamlingar for NAV Ålesunds medarbeidarar.
- c. Gitt vegleing basert på HPMT- metodikken til HPMT vegleiarar i NAV Ålesund, 1 gang pr mnd a` 3 timer pluss reisetid frå januar til desember 2012.
- d. Mottatt vegleing frå direktoratet ca 1 gang pr mnd.
- e. Har fulgt opp og bidratt med dokumentasjon av vegleingsaktivitet.

73.4 Utenrettslig økonomisk rådgivning

I 2011 var det gjennomført to samlingar for kommunane. Dette blei gjort i samarbeid med kompetansekontakt Tor Waardal hos Fylkesmannen i Hordaland.

Det har ikkje vore arrangert samlingar i desse to nettverka i 2012. Fylkesmannen har støtta kvart av dei 5 tenesteområda i fylket med kr 10.000 for samarbeid om kompetanseutvikling. Det er opp til det enkelte tenesteområdet korleis dei ønskjer å organisere samlingane, innan kvart teneesteområde eller til dømes i større nettverk.

Vi har gjennomført eit vidaregåande kurs i økonomisk rådgjeving/gjeldsrådgjeving. På grunn av omfattande opplæring for NAV-kontora i 2012, mellom anna i lov om sosiale tenester i NAV (STL) med tilhøyrande forskrifter og rundskriv, har det ikkje vore halde kurs utover dette eine. Nytt grunnkurs vil bli halde 14. -15. mai

2013.

I opplæringa i STL var det noko fokus på økonomisk rådgivning, og det vil bli fordjuping i dette temaet på opplæringa i STL i 2013.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal deltok på rådgiversamling om økonomisk rådgivning den 4. - 5.9 og på konferansen "*Penger til besvær*" 30. - 31.10.12.

73.5 Boligsosialt arbeid

Fylkesmannen har etter oppdrag informert alle kommunar/Nav-kontor om tilskotsordninga og delteke i møte med AV-dir for å beslutte fordeling av tilskot for 2012. I Møre og Romsdal vart det i 2012 delt ut 2 881 936,- mill kroner fordelt til 7 kommunar. Dette er ein reduksjon med 5 kommunar sidan 2011.

Fylkesmannen har eit godt samarbeid med Husbanken Midt-Norge på dette feltet. Dei forvaltar kopetansemidlar knytt til samme fagområdet.

I samarbeid med Husbanken har vi arrangert ei felles 2-dagars nettverkssamling for dei kommunane som har hatt, og/eller har tilskot på begge områda; rus og bustadsosialt arbeid.

Kommunane har utfordringar med å skaffe nok og varige husvære, og husvære av god kvalitet. Samstundes ser vi at kommunane også har utfordringar med å få ordninga med oppfølging i bustad inn på budsjett som ei varig teneste. Til tross for tilskotsordninga er det framleis bustadsløyse og eit stort press på bustadsmarknaden.

73.6 Barn og unge

Barn og Unge satsning:

Fylkesmannen har i 2012 etablert ei eiga satsing for barn og unge. Hovudfokus er samordning av fylkesmannens ulike oppdrag mot målgruppa for å oppnå betre effekt ute. Satsinga har fått namnet "betre oppvekst". Målsettinga er skissert slik:

- sikre barn og unges medvirkning
- bedre det fysiske oppvekstmiljøet for barn og unge
- bedre det psykososiale oppvekstmiljøet for barn og unge
- utjevne konsekvenser av sosiale ulikheter

Ung kvalifisering

Fylkesmannen har støtta NAV Molde og AV-dir ifb prosjektet "Ung kvalifisering", ved å delta på samarbeidsmøter og nettverkssamlinger for unge i risiko".

Barnefattigdom

Fylkesmannen forvaltar tilskot til barnefattigdom i tråd med oppdraget og i samarbeid med direktoratet. Tilskotet blir sett i samanheng med tilskot innan bustadsosialt arbeid, rus og psykisk helse. Tilskotskommunane har fått tilbod om oppfylgjing gjennom nettverk.

Ny Giv

Fylkesmannen deltek i referansegruppe for prosjektet, som blir leia av fylkeskommunen.

Ressursrapportering

| Resultatområde | Kapittel 1510 | Fagdep. |
|--|---------------|---------------|
| 73.3 Kvalifiseringsprogrammet | kr 2 882,52 | kr 370 171,39 |
| 73.9 Andre oppgaver – Sosialtjeneste (rest 73) | kr 347 272,38 | kr 457 735,49 |
| 74 Tilsyn med sos. tj. i arbeids- og velferdsforv. | kr 179 048,54 | kr 79 600,43 |
| Andre oppgaver under AD | kr 8 557,50 | kr 0,00 |
| Sum: | kr 537 760,00 | kr 907 507,00 |

Helse- og omsorgsdepartementet

Resultatområde 73 Levekår og sosiale tjenester

73.1 Lov om sosiale tjenester

Se rapportering under 73.1 til Arbeids- og inkluderingsdepartementet.

Resultatområde 75 Habilitering og rehabilitering

75.1 Habilitering og rehabilitering

Kartlegging frå 2011 viste at få kommunar i Møre og Romsdal hadde koordinerende eining. På bakgrunn av dette kalla Fylkesmannen i Møre og Romsdal, i samarbeid med Helse Møre og Romsdal HF, inn kommunane til eit møte 12. april 2012. 32 av 36 kommunar var representert i møtet. I møtet blei det orientert om regelverket og gjeve døme på måtar å organisere koordinerende einingar.

Hausten 2012 samla Helse Møre og Romsdal HF representantar for dei koordinerende einingane i kommunane til møte, eit for Sunnmøre og eit for Nordmøre og Romsdal. Fylkesmannen deltok på desse møta der arbeidet med etablering og drift av koordinerende eining var tema.

Alle kommunane i Møre og Romsdal har no ein kontaktperson/kontaktpunkt som er meint å fylle lovkravet om koordinerende eining. Kommunane har valgt ulike løysingar for organiseringa av koordinerende eining. I kommunar som har eit «tildelingkontor» er koordinerende eining gjerne plassert der, mens i andre kommunar er oppgåva gitt til dømes til kommunefysioterapeuten. Fylkesmannen har fått meldingar om at det kan være ei utfordring for samarbeidspartar at ikkje alle koordinerende einingar blir kalt koordinerende eining.

Fylkesmannen i Sør-Trøndelag fekk i 2012 i oppdrag å koordinere ein regional konferanse for å formidle erfaringar og modellar frå Prosjekt familieveivisar og andre prosjekt knytt til habilitering av barn og unge. Etter dialog med fylkesmannen i Sør-Trøndelag valgte vi å arrangere ein eigen konferanse for Møre og Romsdal. Fylkesmannen i Møre og Romsdal meiner at tema for konferansen er viktig og ønskte difor at flest mogleg av fylkes 36 kommunar skulle få høve til å delta. Tidlegare erfaring frå lignade arrangement viser at lang reiseveg gjer at mange må prioritere vekk arrangement.

Konferansen blei arrangert den 6. og 7. desember 2012 inspirasjons- og erfaringskonferanse om habilitering av barn og unge med funksjonshemming og deira familie. I konferansen var det lagt særleg vekt på korleis få til koordinerte og tilpassa tenester ut frå brukar sitt behov. Konferansen blei arrangert i samarbeid med Helsedirektoratet, Helse Midt-Norge RHF, Helse Møre og Romsdal HF og Norsk forbund for utviklingshemma. Det var ca 80 deltakarar på konferansen.

Fylkesmannen har i 2012, som tidelgare år gjennomført møte med Habiliteringstenestene og med overordna fagleg ansvarlege i kommunene.

Det er ikkje gjennomført spesielle tiltak for å følge opp kommunane sitt arbeid i høve til synshemma.

75.2 Barn med nedsatt funksjonsevne og deres familier

Arbeidet knyttet til barn med nedsatt funksjonsevne og deres familier er flyttet til resultatområde 75.1 Habilitering og rehabilitering.

75.3 Unge personer med nedsatt funksjonsevne i alders og sykehjem

Fylkesmannen har bistått direktoratet i henhold til resultatkravet ved å kontakte aktuelle kommunar, samt gjeve tilbakemelding vedrørende unge personar i sjukeheim.

Resultatområde 76 Kvalitet og samhandling

76.1 Samarbeid mellom 1. og 2. linjetjenesten

Fylkesmannen har gjeve skjønnskott til ei stilling knytt til dette arbeidet frå 2011 og for tre år. Stillinga er plassert i KS, men i nært samarbeid med Fylkesmannen.

Det regionale samarbeidsforumet blir leia frå FM i Sør-Trøndelag, ved regional koordinator. Møta blir haldne på video.

Vårt arbeid har elles vore primært å fylgje med og ha dialog med Helseføretaket og KS. Vi etablerte tidleg arbeidsgrupper internt og eksternt. I den eksterne gruppa deltek representantar frå Helse- og sosialavdelinga, samordnar i embetet, Fylkeskommunen, KS, NAV, rådmannsutvalget og Helseføretaket. Gruppa møtest annankvar månad.

Fylkesmannen/fylkeslegen deltek også i overordna samhandlingsutvalg for Helseføretaket i Møre og Romsdal.

Ein av dei tilsette i Helse- og sosialavdelinga deltek i opplæringsprogrammet "Samhandling i plan". Vi har medverka til å spreie informasjon om opplæringa i kommunane.

Vi gjennomførte forvaltningskurs for kommunane i den nye Helse- og omsorgsteneselova i 2012.

Folkehelselova var tema på årets omsorgskonferanse.

eksempel på god praksis:

Surnadal og Rindal kommunar deltek i eit omfattande samarbeidsprosjekt i Orkdalregionen.

Kristiansund og Averøy kommune, har utarbeidd paseientforløp for fleire brukargrupper.

Sunnmørskommunane har utarbeidd felles kompetanseplan i samarbeid med Helseføretaket.

76.2 Individuell plan

Tema om individuell plan er belyst i ulike møte med kommunar og spesielt i kurs- og konferansesamlingar. Det har gså vore eit sentralt tema i samarbeid med spesialisthelsetenesta kring etablering av koordinererande einig.

Fylkesmannen arrangerte den 6. og 7. desember 2012 inspirasjons- og erfaringskonferanse om habilitering av barn og unge med funksjonshemming og deira familie. I konferansen var det lagt særleg vekt på korleis få til koordinerte og tilpassa tenester ut frå brukar sitt behov. Verdien av IP var også berørt.

I samarbeid med fylkesmannen og KORUS er fleire kommunar i gang med prosjekt for IP til personar med rusproblem.

76.5 Felles digitalt nødnett

Gjeld ikkje Møre og Romsdal i 2012. Vi har deltatt på eit dagsmøte mellom helsedirektoratet, kommunane og helseføretaket i november, som var eit orienteringsmøte.

Resultatområde 77 Andre oppdrag

77.1 Helsemessig og sosial beredskap

Embedet har deltatt i planlegging og gjennomføring av nasjonal helse og beredskapskonferanse i Ålesund sammen med helsedirektoratet og regionalt helseføretak hausten 2012.

Det har vore fokus på helsemessig og sosial beredskap i møtar med kommunane særleg knytta opp mot 22.07.

Rapportering om fylkesmannens rolle i oppfylginga av 22.07 er og nærare beskreve under punkt 87.7

77.2 Fritak frå forvaltningsmessig taushetsplikt

Erfaringa viser at søknader om fritak frå teieplikt kjem inn til oss i siste liten før hovudforhandling eller avhøyr, slik at sakene må takast i all hast.

Fritak for forvaltningsmessig taushetsplikt

| Embeter | Antall saker | Gjennomsnittlig saksbehandlingstid |
|------------|--------------|------------------------------------|
| FMMR | 3 | 6 |
| Sum | 3 | |

77.3 Særfrådrag

Særfradrag for utgifter til behandling utenfor den offentlige helsetjenesten. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid.

| Embeter | Antall saker | Gjennomsnittlig saksbehandlingstid |
|------------|--------------|------------------------------------|
| FMMR | 41 | 20 |
| Sum | 41 | |

77.4 Førerkort

Endelige tall foreligger ikke. Innrapportert til Helsedirektoratet medio januar. Ikke fått aggregerte tall tilbake. Status pr. første halvår tilsier forøvrig at det totalt sett har blitt behandlet i størrelsesorden 2800 saker, hvorav ca.

1000 anmodninger om tilbakekalt førerrett.

Fører kort. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid

| Embeter | Antall saker | Gjennomsnittlig saksbehandlingstid |
|------------|--------------|------------------------------------|
| FMMR | 2800 | 30 |
| Sum | 2800 | |

77.5 Pasientjournaler

Pasientjournaler. Antall saker.

| Embeter | Antall |
|------------|----------|
| FMMR | 0 |
| Sum | 0 |

77.7 Felles barnevern sosial og helsemelding

Melding ble oversendt mars 2012.

77.8 Rettssikkerhet ved ytelse av helsehjelp med hjemmel i pasient- og brukerrettighetsloven kap. 4A

Fylkesmannen har gjennomført systemrevisjon i Rauma og Ørsta kommunar. Vi har hatt fleire oppslag i lokalaviser, radio og tv.

Det er gjennomført undervisning/opplæring/telefonisk support til kommunar/HF innan fagområdet. Konkrete opplæringstiltak i 2012:

- Kurs for legar ved Ålesund sjukehus
- Eige tema på turnuskurs vår og haust
- Tema i møte med fylkestannlegen
- Brev sendt ut til alle kommunene med informasjon om pbrl. 4 A
- Tema på Demenskonferanse
 - Temaet er omtalt i nyhetsbrevet for Omsorgsplan 2015
 - Direkte veiledning til to kommuner i form av kortkurs (1 time) i etterkant av gjennomført tilsyn

I tillegg har vi motteke 169 vedtak på området. Dette er liten nedgang frå året før. 107 av vedtaka gjeld tiltak som varar meir enn 3. mnd. Tilnærma alle vedtak vi mottek blir besvarta med utgåande brev. Med nytt saksbehandlingssystem i 2012 (Nestor) har vi ikkje fått ut nøyaktige tal for kor mange vedtak som vart oppheva. I 2011 hadde vi 3 vedtak som blei oppheva og vi har grunn til å tru at talet er ganske likt for 2012. Vi mottok i 2012 ei klage som vart overprøvd.

Vi ser ei betring i gjennomføring av vedtak. Likevel er det etter vår vurdering framleis behov for meir opplæring og vegleiing på dette feltet, både når det gjeld samtykkevurdering og melding av tiltak.

Resultatområde 83 Folkehelsearbeid

Det er etablert samarbeidsavtale med Møre og Romsdal fylkeskommune om folkehelsearbeid. Samarbeidet tar utgangspunkt i lovverk, statlege føringar og oppdragsbrev, samt fylkesplan og årlege rundskriv IS 1. Fleire arbeidsgrupper er etablert og vi nyttar kvarandres nettverk der det er naturleg. I fleire høve er andre offentlig organ og frivillige organisasjonar med i grupper og nettverk. Fylkesmannen nyttar nettverk til å formidle folkehelsepolitikk, innan satsingsområder, nye handlingsplanar og stortingmeldingar og gi fagleg støtte.

83.1 Folkehelsearbeid generelt

Aktiviteten på plansakområde er både omfattande og krevjande. Gjennom arbeidet med kommunale planstrategiar ser vi at kommunane i sterkare grad har retta søkelyset mot ei meir systematisk, tverrsektoriell og langsiktig planleggingstenking. Dette ser vi m.a. i forhold til folkehelse og levekår.

Det er ei god utvikling av folkehelsearbeidet i kommunane. Alle har no partnerskasavtale med Møre og Romsdal fylkeskommune. Kommunane har gjennom avtale forplikta seg til å ha koordinator for folkehelsearbeidet lokalt. Det arrangerast møter og samlingar med koordinatorane. Fylkesmannen nyttar desse samlingane til å formidle nasjonal politikk. I 2012 har samhandlingsreformen med nye lovar vore hovedfokus.

Fylkesmannen er inkludert i den administrative staben for folkehelsesatsinga i fylket som er forankra i fylkeskommunen.

Det årlege møte i partnerskapsforum med leiinga i kommunane hadde tema planarbeid, om korleis arbeide med folkehelse og kommuneplan, og korleis kome i gang med frisklivssentral i kommunen. Det deltok omlag 65 personar på møtet.

Fylkesmannen er representert i ei gruppe med representantar frå fylkeskommunen, enkeltstående kommunar, NAV og helseføretak. Grappa skal jobbe med folkehelseiltak i fylket.

Folkehelseloven sine krav til det kommunale oversiktarbeidet var tema på omsorgskonferansen, der ca 100 personar frå helse og omsorgstenesta deltok. Erfaringane som fylkesmannen sitter igjen med, er at ei omstilling til å tenke førebygging gjennom å nytte erfaringar frå helsearbeid er ei ny måte å samhandle på. Det er utfordrande for helsearbeidarar og omstilling tek tid.

Fylkeskommunen i Møre og Romsdal har drøftingar av sine folkehelse utfordringar i planstrategien og har fastsett mål og strategiar. Møre og Romsdal har 36 kommunar. Det er ikkje gjennomført møter med alle kommunane. Vi har motteke planstrategiar frå 30 kommunar. Til dei kommunane som ikkje har tatt inn drøftingar og strategiar for folkehelsearbeidet er det gitt tilbakemeldingar på arbeidet som må gjerast i høve til deira folkehelse utfordringar. Mange av kommunane har tatt inn det i etterkant.

83.2 Miljørettet helsevern

Fire saker til behandling. Ingen behandlet innen 8 uker.

Ikke hatt tiltak for oppfølging av miljørettet helsevern i skoler og barnehager.

83.3 Ernæring, fysisk aktivitet, tobakk og seksuell helse

Fylkesmannen samarbeider med Møre og Romsdal fylkeskommune om aktivitet innan innsatsområdene; ernæring, fysisk aktivitet og tobakk. Det blir gjennomført fire møter med kommunane som har partnerskapsavtale med fylkeskommunen per år, om folkehelsearbeid lokalt. Fylkesmannen nyttar møta bl.a til å formidle nasjonal folkehelsepolitikk.

8 kommunar har no frisklivssentral. Det er Molde, Ålesund, Surnadal, Volda, Rindal, Giske, Skodje og Fræna. Dei tilbyr tiltak innan fysisk aktivitet, kosthald og tobakk. Totalt har 14 kommunar fått tilskot (i perioden 2010-2012) til planlegging og etablering av frisklivssentral. Fleire av desse er godt i gang med planlegging av tilbud. Det blir gjennomført oppfølging gjennom nettverk med kommunane som har fått tilskot. Det er arrangert 2 samlingar med aktuelle tema for grappa. Fylkesmannen ser at det er mykje nybrottsarbeid i kommunane med samordning og samhandling med andre delar av helseteneste, når det gjeld førebyggjande tiltak for denne del av befolkninga.

Ernæringsarbeidet i barnehagar er godt etablert. Det blir gjennomført kurs (fiskesprell) for dei tilsette i barnehagar og kursa er etterspurde. Målet er å auke sjømat i måltida i barnehagene. Det er arrangert 8 kurs i 2012. Det er bygd opp eit kurskonsept og det er lokale personar i kommunane som held kursa.

Andel elevar som deltek i FRI-programmet i fylket vårt var for siste skole år 79 %. Det er ei auke på 3 % frå i fjor.

Det er arrangert fagdag om det tobakksførebyggjande arbeidet i kommunane.

Studentskipnaden ved alle 3 høgskolane i fylket har tilbod innan studenthelseteneste, og det er gitt tilskot til tiltak spesielt innan førebygging av uønskt svangerskap og abort. I tillegg har Fræna kommune fått tilskot til arbeidet med betre seksuell helse. Tiltaka blir gjennomført i vidaregåande skole.

83.6 Smittevern

Vi har vore kontakta av media i samband med fleire enkelthendingar. Fylkeslegen har ved flere anledningar vært intervjuet på TV/radio ang. influensa. Vi prøver også å holde hjemmesidene oppdatert ift f.eks. influensa.

Fylkesmannen har ikkje hatt kapasitet til å halde vårt vanlege "smittevernkurs", og har måtta prioritere dette ned som følgje av kraftig saksauke på andre områder (m.a. førarkortsaker).

Resultatområde 84 Primærhelsetjeneste

84.1 Allmennlegetjenesten inkludert fastlegeordningen

Fylkesmannen har tatt initiativ til å opprette nettverk for sykehjemsleger. Har også etablert grupper som følger innføringen av samhandlingsreformen.

Utadrettet virksomhet (gjennom media) med tanke på fastlegedekningen i kommunene, inkl. tilgangen på legevaktsleger i forbindelse med innføring av ny fastlegeforskrift.

Mye mediaoppmerksomhet omkring tilsynssaker som omhandler manglende fastlegedekning.

Fylkesmannen har ikke aktivt informert kommunene direkte om fastlegeforskrift og forskrift om den akuttmedisinsk kjeden.

Har hatt kurs og opplæring i nytt lovverk.

84.2 Turnustjeneste

I Møre og Romsdal er det oppretta 29 turnusplassar for legar. Fordelinga vert gjort to gonger i året og talet på kandidatar varierar. Våren 2012 fekk vi tildelt 30 turnusleger. Ved oppstart 15. februar var det tre kandidatar som fekk godkjent permisjon. Dermed vart to kommunar utan turnuslege, Tingvoll og Surnadal. Hausten 2012 fekk vi tildelt 45 kandidatar. Åtte fekk då permisjon/ flytting. Vi måtte opprette tre nye plasser i fylket, Ålesund, Volda og Ulstein. Det vil si vi hadde 32 turnuslegar. Tala for vår og haust er framleis ustabile.

Vegleing: Det er tilsett tre legar som går i 17% stilling kvar, og som deler fylket mellom seg. Dei har fire møter med turnuslegane pr halvår.

Kurs i legevaktsmedisin og normaltariffen

Dette kurset er lagt opp over to dagar og vi har ein fast avtale med Molde sjukehus og Den norske Lægeforening i Møre og Romsdal. Den eine dagen er det akuttmedisin i samarbeid med Molde sjukehus, den andre dagen er sett av til normaltariffen ved legeföreninga. Kurset blir lagt til andre veka etter at legane har starta i kommunehelsetenesta. Responsen frå turnuslegane er svært positiv.

Turnusteneste for fysioterapeutar

For å få godkjenning som fysioterapeut må ein ha gjennomført turnusteneste i eitt år med seks månader i kommunehelsetenesta og seks månader i institusjon. Til vanleg er det 6-8 turnuskandidatar kvart halvår i kommunane si helseteneste og 7 – 10 på institusjon.

Talet på uteksaminerte fysioterapeutar har vore noko ustabil.

Vi har gjennomført kurs i offentlig helsearbeid for turnuslegar og fysioterapeutar over to dagar vår og haust.

Alle turnuslegane har hatt praksisteneste ved sjukeheim.

84.3 Klagesaksbehandling etter lov om kommunale helse- og omsorgstjenester og pasient- og brukerrettighetsloven

Detaljert rapportering skjer ved at Statens Helsetilsyn hentar ut data pr. årsskiftet frå registreringssystemet Nestor.

84.4 Helsetjenesten til innsatte i fengsel

Det har vore liten aktivitet på dette feltet i 2012.

Dei lovfesta avtalene mellom fengsla og den aktuelle vertsskapskommunen er på plass.

Fylkesmannen har teke imot 2 klager som omhandlar retten til nødvendig helsehjelp. I tillegg er 2 bekymringsmeldingar teke imot knytt til handtering av medikament og rekvirering til innsatte.

84.5 Helsetjenestetilbud til asylsøkere, flyktninger, familiegjennforente og direktebosatte overføringsflyktninger

Det er ikkje registrert avvik i helsetenestetilbodet i mottak i fylket. "Veileder for helsetjenestetilbudet til asylsøkere, flyktninger og familiegjennforening" er tatt med i møter med kommunar, og er gitt råd. Området har ikkje vore prioritert i år.

Vi har oversikt over mottak og har gjennomført samlingar for å sikre at veileder er kjent tidlegare, men ikkje i 2012. Fylkesmannen vurderer at aktiviteten ikkje nødvendigvis må gjerast kvart år.

84.6 Helse- og omsorgstjenester i et flerkulturelt samfunn

Fylkesmannen har inntrykk av at kommunane handterer utfordringane som dei møter og ivaretek tenestetilbodet til minoritetsgrupper innafør etablerte tenester.

I Møre og Romsdal er auken i innvandrarbefolkninga størst frå europeiske land. Det er stor grad av "arbeidsinnvandring". I prosent av folketalet i kommunane er dei som kjem over 10 % innvandrarbefolkning i 2011: Sande, Ulstein, Hareid, Ørskog, Stranda, Stordal, Haram, Sandøy. Utfordringane her er integrering for heile familien i lokalsamfunnet, som inkluderer samhandling i helse og omsorg med andre etatar som skole, barnehage m.m. Vi har fokus på det gjennom folkehelsearbeidet.

84.7 Helsetjenestetilbud til personer utsatt for seksuelle overgrep eller vold i nære relasjonar

Møre og Romsdal var i perioden 2005-2007 tildelt midlar for etablering av overgrepsmottak i fylket (Kristiansund, Molde og Ålesund). Nytt mottak vart innflytta i Ålesund 01.01.2011 i samband med ny interkommunal legevaktsentral. Plassering; Ålesund sjukehus.

Fylkesmannen gjennomførte samling med alle mottaka i fylket 12.01.2012. Det er ulik driftsform av dei ulike tilboda i fylket. Ålesund med drift forankra i faste tilsettingsforhold og avtalar, mens Kristiansund og Molde i form av tilkallinger av helsepersonell knytt til egne lister. Det har også vore fråfall av personell knytt til listene og ei utfordring med å halde ein god fagleg standard.

Barn som har vore utsett for seksuelle overgrep blir motteke ved mottak i Trondheim.

Ålesund har lukkast med å knyte til seg kommunane i sitt nedslagsfelt med spesefikke avtalar. Kr.sund og Molde har svært få avtalar med kommunane i sitt nedslagsfelt.

På grunn av få saker knytt til Molde og Kristiansund, er det også ei utfordring mht til å bli faglig dyktig innan området. På bakgrunn av dette bør det vurderast å sjå heile fylket under eitt, - og om det er meir hensiktsmessig å redusere talet på mottak. Dette også i lys av dei fysiske arbeidsforholda som no er på plass ved Ålesund sykehus. Ålesund melder om ei betydeleg auke av talet på melde saker i 2012. Dette på grunnlag av at dei også har hatt ein større offensiv på kunngjering av tilbodet.

84.8 Helsestasjons- og skolehelsetjenesten

Det er gjennomført opplæring innan internkontroll i 2 samlingar for helsesøstre i fylket. Samhandlingreformen med dei nye lovene har og vore tema.

Fleire små kommunar har nettverk med regelmessige møter for tilsette i helsestasjon og skolehelsetenesa. I desse samlingane kan fylkesmannen ta opp tema innan nasjonale føringar og evt nye retningslinjer. Nye faglege retningliner er presentert i samlingar.

I kontakt med helsestasjon og skolehelsetenestene kjem det fram at ressursane generelt er knappe og at det går mest utover skolehelsetenesta. Det kjem og fram at skolehelsetenesta i fleire vidaregåande skoler er lite tverrfagleg samansett.

Fleire folkehelsekoordinatorar melder at dei har god samhandling med dei som arbeider innan førebyggjande helsearbeid.

Arbeid innan helsestasjon og helsetenester i skole omfattar også folkehelsearbeid, som strukturoppbygging om samarbeid med skole/ barnhage /frisklivssentral. Fylkesmannen ser at struktur, systematisk arbeid med forankring, spesielt innan tverrfagleg arbeid tek tid. Det gjeld områder som rusførebygging, arbeid med innvandrarar, med særskilde behov m.m. Dette arbeidet kjem i tillegg til etablerte rutinar som følgjer nasjonale retningslinjer for arbeidet. Fylkesmannen ser i Kostra tala at tenestene ikkje har særleg styrking i årsverk.

84.9 Svangerskapsomsorgen

Det er ikkje avdekkja utilstrekkelig jordmordekning i fylket.

84.10 Kjønnsløstelse

Det er arrangert konferanse med tema "Barneoppdragelse i grenseland", om kjønnsløstelse og tvangsekteskap. Bufetat, IMDI, St.Olavs Hospital v/ RVTS (Ressurssenter om vold, traumatisk stress og selvmordsforebygging) og fylkesmennene frå Sør- og Nord-Trøndelag og Møre og Romsdal var saman om arrangementet. Målgruppa var tverrfagleg samansatt. Her samarbeider vi med 2 av høgskolane i fylket gjennom å sette fokus på områdene kjønnsløstelse og tvangsekteskap for studentane.

Det er etablert eit formelt samarbeid(fagnettverk) med IMDI, Bufetat, RVTS og dei tre fylkesmannsembeta i

Midt-Norge. Eit av områda det skal arbeide særskilt med er kompetanseheving.

Det er gjennomført møter i 2 kommunar som har særskilte behov på områda. I tillegg har to kommuner fått tilskot til interne kompetansehevande tiltak på områda.

84.11 Tannhelse

Fylkesmannen har som vanleg gjennomført årleg møte fylkestannlegen og hans stab. Dette møtet vart halde hausten 2012 og hadde fylgjande tema:

- Regional delplan tannhelse
- Tvang i helsehjelp etter pasientrettsloven kap.4A
- Økonomisk sosialhjelp og tannhelsetjenester
- Kantineundersøkelse i VG skoler
- Omsorgssvikt og overgrep overfor barn
- Overvekt og problematikk i tilknytning til at stolene ikke tåler vekten
- Tannbehandling hos innsatte i fengsel

I tillegg til det faste møtet, har fylkestannlegen delteke ved Omsorgskonferansen knytt til Omsorgplan 2015.

Resultatområde 85 Specialisthelsetjenesten

85.3 Lov om transplantasjon

Ingen henvendelser.

Antall saker

| Embeter | Antall |
|------------|----------|
| FMMR | 0 |
| Sum | 0 |

85.4 Tillatelse til å rekvirere sentralstimulerende legemidler

Tillatelser til å rekvirere sentralstimulerende legemidler. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid

| Embeter | Antall saker | Gjennomsnittlig saksbehandlingstid |
|------------|--------------|------------------------------------|
| FMMR | 427 | 5 |
| Sum | 427 | |

85.5 Kosmetisk plastikkirurgiske inngrep

Ingen henvendelser.

Kosmetisk plastikkirurgiske inngrep. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid

| Embeter | Antall saker | Gjennomsnittlig saksbehandlingstid |
|------------|--------------|------------------------------------|
| FMMR | 0 | 0 |
| Sum | 0 | |

85.6 Godkjenning av private sykehus, privat medisinsk laboratorie- og røntgenvirksomhet

Ingen rapportering jf. oppdrag.

Resultatområde 86 Omsorgstjenester

86.1 Omsorgsplan 2015

86.1 Omsorgsplan 2015

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har organisert arbeidet med Omsorgsplan 2015 som eit prosjekt. Prosjektet er organisert med prosjektgruppe og styringsgruppe. Det er satt opp ei liste av samarbeidspartar slik at ein lett kan finne fram kven ein skal kontakte i det enkelte høve. Ein har valgt å ikkje ha referansegruppe, slik som i byrjinga av planperioden.

Tiltaka rettar seg i hovuddsak mot kommunane og gjeld alle aldersgrupper, uavhengig av diagnose.

Planen har fylgjande fem resultatmål:

- Kommunane er godt førebudd på framtidige utfordringar ved å ha kartlagt behov og utarbeidd planer for omsorgstenestene. Planane er integrert i kommunane sitt overordna planverk.
- Kommunane har nødvendig personell og fagkompetanse i samsvar med eigen kompetanseplan.
- Brukarar av omsorgstenester har nødvendig tilgang på bustadar tilrettelagt for heildøgntenester.
- Det er auke i dagaktivitetstilbodet for personar med demens.
- Det er god kvalitet i tenestene jf Kvalitetsforskrifta.

Det er utarbeidd prosjektplan med milepælplan for året, innan kvart resultatmål. Prosjektleiar rapporterer til styringsgruppa.

Bidratt til erfaringsutveksling :

Det har vore gjennomført *erfaringskonferanse om demens i 2012, eit samarbeid mellom fylkesmannen, Helse Møre og Romsdal ved eining for alderspsykiatri i Molde og Ålesund , Utviklingssentera og det faglege nettverket i Møre og Romsdal.* Alle 36 kommunane i fylket er med i nettverket .Det var stor deltaking.Tilbakemeldingane var gode og det var ynskje om ny demenskonferanse. Så det er planlagt i november 2013.

Nettverk for pleie og omsorg er gode møtepunkt mellom fylkesmannen, kommunane ved pleie og omsorgstenestane, Helse Møre og Romsdal, høgskulane og Senter for omsorgsforskning. I desse samlingane kan fylkesmannen være pådrivar og stimulere kommunane til å vidareutvikle helse- og omsorgstenestane, og til å medvirke til forskning på feltet. Samstundes får fylkesmannen god informasjon om aktivitet og utfordringar kommunane står overfor.

I 2012 har det vore sendt ut åtte utgåver av «Nytt frå Omsorgsplan 2015» Innhaldet er både nyhende, påminningar og erfaringar.Det er no endra til Nytt frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, helse, sosial, barnevern og tilsynserfaringar. Denne endringa er gjort for å få med breidda i oppdraget hjå fylkesmannen, og å nå mange i kommunane.

Kommunal planlegging:

På den årlege omsorgskonferansen var tema bl.a strategisk kompetanseplanlegging.

Når det gjeld planlegging av bustader, har vi eit nært samarbeid med Husbanken, der fylkesmannen gjev faglege råd og rettleiing.

Prosjektleiar for Omsorgsplan 2015 har og delteke i intern samarbeidsgruppe , der ein har gjeve innspel på planer frå kommunane og medverka til at kommunane sett framtidias omsorgsutfordringar på dagsorden i planarbeidet. Prosjektleiar har og delteke på kurs om Helse i plan og rådgivar på rusområdet deltek på utdanninga Helse i plan i Volda. Dette ser vi som ei stor styrking i dette arbeidet.

Vi har ikkje full oversikt over "talet på kommunar" som set utfordringane på dagsorden i planverket Jf oppdraget. Skal ein telje dette, må ein vite kva krav ein skal sette til "kriteriet "sette på dagsorden". Vi ser likevel at utfordringane i omsorgssektoren blir vektlagt i dei fleste kommunane.

Fylkesmannen har utarbeidd ein strategisk plan for Omsorgsplan 2015 for perioden 2013- 2015. Hovudmåla som er teke med er i tråd med dei nasjonale måla , men ein har valgt å ta med eit hovudmål til - Betre tilpassa tilbod til personar med nevrologiske skader eller sjukdommar. Dette er med bakgrunn i fagrapporten om tenestetilbod til personar med nevrologiske skader og sjukdomar " Fleksible tjenester - for et aktivt liv" og Nevroplan 2015.

Fylkesmannen ser det som viktig at tiltaka knytt til Omsorgsplan 2015 framleis blir vektlagt i kommunalt arbeid, og at det blir sett i samanheng med Samhandlingsreforma. Det kan gjelde både planarbeid, kompetanse og investeringstilskot.

Den nasjonale kartlegginga av tenestetilbod til personar med demens som var gjennomført i 2011 synte at det var berre tre kommunar som hadde eigen demensplan i Møre og Romsdal. 26 av kommunane har inkludert tenester til personar med demens i kommuneplanen/økonomiplanen. Dei resterande 7 kommunane har ikkje med tenester til personar med demens i kommuneplanen/økonomiplanen.

Regionalt samarbeid

Fylkesmennene i Møre og Romsdal, Nord- og Sør- Trøndelag har to årlege regionsamlingar. I 2012 var tema mellom anna: Omsorgsplan 2015 i lys av Samhandlingsreforma, Korleis kople utviklingsarbeidet innan Omsorgsplan 2015 og tilsynserfaringer saman? Kommunal planlegging, strategisk kompetanseplanlegging, det Midtnorske velferdsteknologiprojektet, Internkontroll, pasientsikkerheit og kvalitet, Samhandlingsreforma, rehabilitering , øyeblikkeleg hjelp plassar, psykiatri og heimetenster, samt informasjon og erfaringer frå fylka.

86.2 Demensplan 2015

86.2 Demensplan 2015- «Den gode dagen»

Fylkesmannen deltok og kvalitetssikra nasjonal kartlegging av tenestetilbod til personar med demens i 2011. Den ein skilde kommune i Møre og Romsdal har fått brev om status i forhold til målsettinga i Demensplan 2015, og konkrete spørsmål om kva planer kommunene har for å nå måla i Demensplan 2015 . Kommunene må melde tilbake til fylkesmannen innan medio februar 2013. Resultatet vil mellom anna danne grunnlag for kva fokusområde fylkesmannen skal ha i 2013. Og det vil vere med å peike ut viktige tematil demenskonferansen 2013.

Utviklingssentra i Møre og Romsdal har oppretta eiga fane om demens på nettsida [«ogbedreskalvibli.com»](http://ogbedreskalvibli.com) der kommunane kan legge inn prosjekt. Dette er god erfaringsutveksling.

Demenskonferanse/Erfaringskonferanse

Plannlegging og gjennomføring av denne konferansen var eit samarbeid mellom fylkesmannen, USHT og det faglege nettverket for pleie og omsorg og Helse Møre og Romsdal, eining for alderspsykiatri.

Tema på konferansen var mellom anna - Individuell plan , samhandling, demensteam, tilsynserfaringer, musikk i demensomsorga, og dei 4 nettverka hadde innlegg med erfaringar frå ulike kommunar. I erfaringane frå kommunane, ser ein at utdanningane som får midlar via Kompetanseløftet gjev resultat.

Demensens ABC

Møre og Romsdal har hatt stor aktivitet når det gjeld Demensens ABC. Fylkesmannen har bidratt med midlar frå Kompetanseløftet på kr. 1500 pr. person som deltek. Det er sett ned ei arbeidsgruppe med deltakarar frå Helse Møre og Romsdal, eining for alderspsykiatrisk i Ålesund og Molde, Utviklingssenter for heimetenester i Ålesund og utviklingssenter for sjukeheim i Kristiansund, samt fylkesmannen for å samarbeide nærare om å bistå kommunane i måloppnåing for Demensplan 2015. Her er det spesielt fokus på Demensens ABC. Det er alderspsykiatrisk eining som har fagdagane i kommunane.

Prosjektleiari for Omsorgsplanen deltok på nasjonal samling om Demensens ABC på Gardermoen i 2012. Det er nyttig, med tanke på at ein får erfaringar frå andre fylke, samarbeid med andre fylkesmenn på tema demens . Og ein får inspirasjon og ny kunnskap om demens ,som gjer at ein ser viktigeita av at ein har kontinuerlig fokus på

området.

Høgskolen i Volda har vidareutdanning i Aktiv omsorg , i 2011/2012 var det Miljøterapi i demensomsorga, der fylkesmannen gjev tilskot frå kompetanseløftet på kr. 30 000,- pr. deltakar/år. I 2012/ 2013 er det nytt studietilbod spesifikt på musikkterapi. Desse to utdanningane gjev 60 studiepoeng til saman og vil gå anna kvart år. Det er stor interesse for utdanninga. På erfaringskonferansen om leing og kvalitet i 2011, var det kommunar som synte kva tiltak som var igangsett med bakgrunn i denne vidareutdanninga. Og fleire kommunar melder tilbake om at det er auka aktiv omsorg. Dette viser at det nyttar!

Demensteam

Dette var eit av tema på demenskonferansen 2012. Nasjonalt kompetansesenter for Aldring og helse deltok. (I 2011 var det kurs om Demensteam og bruk av kartleggingsverktøy i kommunehelsetenesta . Målgruppa var helse- og omsorgspersonell, fastlegar og tilsynslegar.)

Dagsentertilbod til personar med demens

Omsorgsplan 2015 samarbeider med Landbruksavdelinga om eit prosjekt for dagsentertilbod Inn på tunet. fylkesmannen samarbeider med Høgskolen i Molde om ei utdanning for Inn på tunet om demens, som starta opp hausten 2012.

I 2012 var det søkt om 71 nye dagaktivitetsplasser i Møre og Romsdal, for 115 nye brukarar, fordelt på 11 kommunar.

Pårørandskole

14 kommunar har søkt om tilskot til påørandskole, 4 av desse kommunane har ikkje tidlegare hatt tilbod om påørandskole. Dei ti andre kommunane har allereie påørandskole.

Velferdsteknologi

Fylkesmannen i Møre og Romsdal er med i eit regionalt prosjekt. Prosjektet er finansiert av Helsedirektoratet og skjønnsmidlar frå dei tre fylkesmennene. I Møre og Romsdal er tre ulike prosjekt med;

- **Bruk av vandrealarm i sjukeheim;** Korleis sikre den enkelte sin tryggleik med varsling, samstundes gje ei oppleving tå sjølvstende. Her inngår Kristiansund kommune v/ Rokilde Sjukeheim.
- **Sporingsteknologi med bruk av GPS (Global Positioning System).** Dersom ein pasient/bebuar går seg bort, får eit anfall eller fall når ein er ute og går tur - kan ein raskare finne fram til hjelp med bruk av sporing. Her inngår kommunane Herøy, Ørskog, Vanylven og Ålesund.
- **Spelteknologi** Aktiv omsorg med å ta i bruk ulike elektronisk simulatorar/bruk av dataspill for aktivisering innan omsorgstenesta knytt til f.eks dagsenterverksemd. Her inngår kommunane Ulstein og Ålesund.

86.3 Kompetanseløftet 2015

86.3 Kompetanseløftet 2015

Kompetanseløftet er fylgt opp som ein del av Omsorgsplan 2015. Det er etablert ei eiga arbeidsgruppe vedrørende utfordringar knytt til rekruttering og utdanning til helseareidarfaget og fagskole. Gruppa er leia av KS sin prosjektleiar for Aksjon Helsefagarbeidar.

Det årlege møtet med alle kommunane vart arrangert i januar. Der gjekk vi gjennom rapportering og søknadsprosedyre for kompetanseløftet. I 2012 var tema elles kompetanseplanlegging og leiarutdanning for helse og omsorgstenesta, som er eit av tiltaka i regjeringa sin handlingsplan for rekruttering og kompetanseutvikling. RO i Stjørdal deltok med forelesar. Kompetanse i leing var eit hovudfokus i 2012. Kristiansund med omliggjande kommunar har starta opp med leiarutdanning , med 52 personar.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har sidan 2008 gitt tilskot frå kompetanseløftet til desentralisert vernepleierutdanning ved Høgskulen i Molde. Ved studieopptak vert studentar som er tilsette i kommunane og som har ein avtale med arbeidsgivar om studiepermisjon/-tilrettelegging prioriterte. Det første kullet var ferdig

våren 2012, og tilskotet vart vidareført frå hausten 2012, for nye 4 år. 52 nye studentar starta opp i august 2012. Det har vore gode tilbakemeldingar på dette studiet. Fylkesmannen vonar at den solide auken i talet på utdanna vernepleiarar vil føre til reduksjon i talet på søknadar om dispensasjon frå utdanningskravet knytt til kap 9. Utdanninga vil i alle høve gje nødvendig kompetanseheving i kommunane, til nytte for personar med rus- og psykiske lidningar, demens og personar med psykisk utviklingshemming m.fl.

Det vart gjennomført to konferansar for elevar i Vg 2 også i 2012, slik vi har gjort dei siste åra. Fokus er rekruttering til læretid. Kommunane er tilstades i konferansen for å profilere seg med eigne stands.

Det er etablert 3 rekrutteringspatruljer, som alle er aktive. I 2012 var det to patroljer som fekk tilskot frå Kompetanseløftet, den tredje var ikkje etablert innan søknadsfristen.

Tilskot til utdanning er tildelt kommunane i to tildelingsrundar, vår og haust. Resultat og plantal 2011 - Kompetanseløftet 2015 vart rapportert i en fylkesrapport til Helsedirektoratet 01.mars.

Kompetanseløftet var eit av temaa på møte med habiliteringstenesta og møte med overordna fagleg ansvarleg for kap. 9 i Helse- og omsorgstenestelova. Fylkesmannen hadde også innlegg på konferanse for lærarar på Vg 2 i Møre og Romsdal om Samhandlingsreforma med kompetanseutfordringar og kompetanseløftet.

86.4 Investeringstilskudd til sykehjem

86.4 Investeringstilskot til sjukeheim og omsorgsboliger

Det er etablert ei eiga arbeidsgruppe i fylkesmannembetet for gjennomgang av søknader frå kommunane. I gruppa deltek to tilsette frå prosjektgruppa for Omsorgsplan 2015 og ein tilsett frå kommunal- og beredskapsavdelinga. Oppdraget til fylkesmannen vart endra i 2011. vi valde å behalde arbeidsgruppa. Fylkesmannen har gjeve fagleg uttale (assistanse) under søknadshandsaminga på søknader i 2012 til Husbanken, med spesielt fokus på tilrettelegging for personar med demens og velferdsteknologi. Vi har behandla søknadar frå 9 kommunar. Fylkesmannen har delteke på oppstartmøte med ein kommune og Husbanken. Søknaden la opp til samlokalisering av 42 bustader for ulike grupper, noko vi ikkje kunne anbefale. Vi støttar oss i denne saka mellom anna til rapporten frå Fafo ""Samlokaliserte boliger og store bofellesskap, perspektiver og erfaringer i kommunene" (2012). I Møre og Romsdal var det, som nevnt, søkt om Investeringstilskot for 42 samlokaliserte bueiningar, der fylkesmannen påpeikte at dette ikkje i tråd med nasjonale føringar, som

- Retningslinjer for investeringstilskot frå Husbanken til sjukeheimplassar og omsorgsbustader pkt 6.5 "Utforming av sykehjem og omsorgsboliger til personer med behov for heldøgns helse- og sosialtjeneste « boligen skal være tilpasset eldre personer med demens og kognitiv svikt i tråd med Demensplan 2015, dette betyr at det må være små enheter med fellesareal med rom for aktiviteter og tilgang til tilpasset uteareal « som f.eks sansehage.
- Ansvarsreforma frå 1991- som skulle sikre mennesker med psykisk utviklingshemming moglegheit til sjølvstendige liv. Institusjonalisering er ein motsats til reformas intensjon. Samlokalisering burde begrensa til to til fem einingar. Og mennesker med psykisk utviklingshemming bør få høve til å eie eigen bustad.
- Viktig med individuell tilrettelegging,
- Viktig å være obs. på utfordringane ved samlokalisering av mennesker med ulike behov i ulike faser i livet .Eit viktig spørsmål er:Korleis få til eit godt og trygt bumiljø for alle, dei med ein demenssjukdom, rus og psykiske lidningar, personar med psykisk utviklingshemming og andre.

På bakgrunn av dette anbefalte fylkesmannen at det blir gjennomført ei risikoanalyse.

Husbanken innvilga ikkje tilskot til dette prosjektet,slik det er teikna og planlagt idag, Det må endringar til for å få dette gjennomført med tilskot frå Husbanken.

(se prosjekt velferd teknologi under pkt. 86.2)

Husbanken deltek på to regionsamlingar for fylkesmennene i Møre og Romsdal, Nord- og Sør- Trøndelag. På samlingane i 2012 var tema for Husbanken:

- Korleis arbeider Husbanken med tilrettelegging av heimen – for å kunne bo lenger heime og med tanke på partnerskap med lokalsamfunn.
- Blir det bygd for lite sjukeheimplassar og omsorgsbustader? - eller er det tilfredsstillande. For lite – kva gjer ein så?
- Eige i staden for leige - personar med psykisk utviklingshemming.

- Bruk av investeringsstilskot til øyeblikkeleg -hjelpsplassar i kommunane
- og anna aktuell informasjon frå HUSbanken.

86.5 Kvalitet i helse- og omsorgstjenesten

86.5 Kvalitet i helse- og omsorgstjenestene

Tilsynserfaringar

Fylkesmannen gjennomførte ikkje ein eigen erfaringskonferanse etter tilsyn i 2012. Det vart bestemt at ein skulle legge informasjon om tilsynserfaringar inn i dei ulike kurs og konferansar som vart arrangert. Tilsynserfaringar vart lagt fram mellom anna på omsorgskonferansen, demenskonferansen, fagdag for sjukeheimslegar m.fl. Ved tilsyn blir kommunane rettleia på kvalitetssystem og internkontroll.

Det var gjennomført fagdag om IPLOS saman med Helsedirektoratet. Ved klagesaker og tilsyn blir IPLOS kartlegging etterspurt.

Legetenester i sukeheim

Vedrørende normering av legeteneste i sjukeheim, oppdraget " Ha oversikt over hvordan kommunene har fulgt opp normeringen av legetjenester i sykehjem.": Dette oppdraget gikk ut. Men fylkesmannen har skrevet brev til alle kommunane om oppstart av nettverk for sjukeheimslegar. Det er gjennomført møte med fire sjukeheimslegar, ein frå kvar region.

Det er gjennomført fagdag om legetenester i sjukeheim for målgruppa sjukeheimslegar, fastlegar og kommunelegar. Målet var mellom anna å starte opp med nettverk.

To kontaktpersonar for nettverket er oppnevnt; sjukeheimslegane i Kristiansund og Ulstein kommune. Utviklingssenteret for sjukeheim i Kristiansund kommune skal ha den praktiske organiseringa av nettverket. Fylkesmannen dekkjer utgifter til møterom og bevertning I tillegg vil fylkesmannen arrangere ein årleg fagdag for nettverket.

Etikk

Møre og Romsdal har 13 etikkommunar, og det var gjennomført møte med desse kommunane, saman med KS og utviklingssentra. Fylkesmannen og utviklingssentra har hatt eit eige møte med KS ved Pernille Næss, for planlegging av vidare samarbeid om etisk kompetanseheving i 2013.

Det er Informert om tilgjengelig opplæringsmateriell om etisk kompetanseheving i "Nytt frå fylkesmannen", materiellet er lagt ut på nettsida, og gjort kjent på omsorgskonferansen og demenskonferansen.

Omsorgskonferansen

Fylkesmannens årlege omsorgskonferanse vart arrangert i Geiranger i september 2012. Tema var samhandling, med tittel " Saman- i same retning" » Det var ca. 150 deltakarar på konferansen. Innleggga handla om forsvarleg kompetanse, rus og eldre, arbeid og helse, Lyst på livet, forebygging for eldre, kvardagsrehabilitering m.m Ein kommune la fram erfaringar frå prosjekt om eldre og rus, saman med Kompetansesenter for rus.

Demenskonferansen

Tema på demenskonferansen var førarkort og demens, samt pasient- og brukarrettighetslova kap.4 A.

Ernæring

Kosthåndboka er lagt ut på nettsida og gjort kjent gjennom « Nytt frå Omsorgsplan2015».

Internkontroll

Kvalitetssystem og internkontroll har vore tema på fleire møte i pleie- og omsorgsnettverket.

86.6 Utviklingssentre for sykehjem og hjemmetjenester/Lindrende behandling

86.8 Utviklingssentra for sjukeheim og heimetenester/ Lindrande behandling.

Fylkesmannen, utviklingssentra, høgskulane, senter for omsorgsforskning, Helseforetak og kommunane har avtale om samarbeid på dette feltet. Fylkesmannen har delteke i begge fag- og samarbeidsråda for utviklingssentra for sjukeheim og heimetenester i fylket. Vi deltek også i det felles overordna samarbeidsrådet. Møre og Romsdal har etablert nettverk for alle 36 kommunane.

Vi har delteke på regional nettverkskonferanse.

Vi har etablert samarbeid om etisk kompetanseheving i kommunane og aktiv omsorg.

Fylkesmannen og utviklingssentra har samarbeidd om erfaringskonferanse / demenskonferanse. Utviklingssentra er med i samarbeidsgruppa på demensfeltet, og er med i arbeidsgruppa for fylkesmannens årlege omsorgskonferanse. Det er eit nært og godt samarbeid med utviklingssentera i fylket.

Fylkesmannen vurderte og gav uttale til inntilling til kompetansehevande midlar til tiltak til lindrande behandling til Fylkesmannen i Sør-Trøndelag.

86.7 Økt forvaltningskompetanse. Saksbehandling i helse- og omsorgstjenesten

Det blei gjennomført kurs i sakshandsaming etter dei nye lovene, helse- og omsorgstenestelova og folkehelselova i Molde og Ålesund. Totalt om lag 240 deltakarar. Det var òg innlegg om individuell plan, koordinerande eining og IPLOS. Alle kommunane fekk ei samling med aktuelle lover, forskrifter, rundskriv og lovspeil.

Det var planlagt eigne saksbehandlingskurs Kap.9, som er gjennomført i januar 2013, fire stader i fylket, Molde, Ålesund, Kristiansund og Ulstein.

Vi har elles hatt samarbeid med FO om informasjon/innlegg på konferanse for vernepleiarar.

86.8 Aktiv omsorg/Partnerskap med familie og lokalsamfunn

86.8 Aktiv omsorg/ Partnerskap med familie og lokalsamfunn

Fylkesmannen har delteke i planlegging av tiltaket Aktiv egenomsorg - Lyst på livet/Livskafeer saman med utviklingssentra. Det var oppstart av livskafeer i Ålesund og Kristiansund januar 2012. Lyst på livet var også tema på omsorgskonferansen i 2012.

Førebygging og eigenmeistring var tema på omsorgskonferansen der Helsedirektoratat deltok med innlegg om Folkehelsens ABC.

I februar gjennomførte vi seminar dag om tru og livssyn i samarbeid med Møre Bispedøme. Det var innlegg frå Statens Helsetilsyn ved Geir Sverre Braut og Borg Bispedøme ved Tor Ivar Torgauten.

Fylkesmannen er med i Det Midtnorske velferdsteknologi der ein kommune deltek med spelteknologi.

Dagaktivitetstilbod innan Inn på tunet er etablert som prosjekt i regi av Landbruksavdelinga. Fra Omsorgsplan 2015 deltek vi med fokus på demens og folkehelse. Fylkesmannen har delteke med innlegg på konferanse om Inn på tunet for å sette fokus på forebygging og eigenmeistring.

Vi har elles planlagt konferanse for Aktiv omsorg for gjennomføring i Kristiansund 14. og 15.februar 2013. Dette er eit samarbeid mellom utviklingssentra og fylkesmannen. Alle deltakande kommunar får ein aktivitetsskoffert i gåve.

86.9 Rettssikkerhet ved bruk av tvang og makt overfor enkelte personer med psykisk utviklingshemning

Det er gjennomført samarbeidsmøte med Helse Møre og Romsdal HF, der leiinga ved habiliteringstenestene ved

sjukehusa i Ålesund, Molde og Kristiansund var til stades. I tillegg har fylkesmannen gjennomført rettleiingsmøte med enkeltkommunar som har bedt om rettleiing i høve til regelverket. Det er tildelt tilskot frå Kompetanseløftet for å auke kvalifikasjonane til personell som arbeider i høve til personar med utviklingshemming (sjå eiga rapportering).

Fylkesmannen har sett at det er naudsynt å auke fokus på dette området i fylket. Det blei difor arrangert ei samling for overordna fagleg ansvarlege i kommunane og satt som mål at det framover skal være ei slik samling i året. På den første samlinga var det ein særleg fokus på rolla som overordna fagleg ansvarleg og kva ansvar og mynde denne personen har.

Kurs for kommunane i HO-lova kap 9 er planlagt i 2012 og gjennomført i januar 2013.

Fylkesmannen overprøvde 51 vedtak om bruk av tvang og makt i 2012. 2 av overprøvingane blei klaga på og avgjort av Fylkesnemnda for sosiale saker. 12% av sakene blei overprøvd innan 3 månader.

86.10 IPLOS – individbasert pleie- og omsorgsstatistikk

86.10 IPLOS- individbasert pleie- og omsorgsstatistikk

IPLOS var tema på saksbehandlingskurs etter dei nye lovene i januar 2012.

IPLOS fagdag var gjennomført saman med Helsedirektoratet 9.mai 2012.

Kartlegging av den som er i behov for avlastning eller mottaker av omsorgslønn og gjennomsnittsberegning, var to av tema på IPLOS fagdag, da erfaringane frå kommunane viste at dette var uklart. Fylkesmannen har teke opp problemet med gjennomsnittsberegning, då enkelte kommunar har nytta dette i saksbehandlinga.

IPLOS blir etterspurt ved klagesaker, når det manglar og ved tilsyn. IPLOS var tema i møte med overordna fagleg ansvarleg i kommunane.

Vi har og gjeve informasjon om IPLOS, Normen og faktaark 44 og 45 i nyhetsbrevet « Nytt frå Omsorgsplan 2015».

Resultatområde 87 Psykisk helse

87.1 Tvungen undersøkelse

Ingen klager på dette i 2012.

87.2 Behandling uten eget samtykke

Fylkesmannen mottok og behandla 57 klager frå pasientar under tvungent psykisk helsevern der det var gjort vedtak om behandling mot pasienten si vilje, jf psykisk helsevernlova § 4-4. Dette er ein nedgang i saksmengda etter fleire år med jamn auke og ei utflating i fjor. Alle klagesakene bortsett frå ei sak gjaldt tvangsbehandling med legemiddel, den siste gjaldt behandling med næringstilførsel. art vedtaket stadfesta.

Som ledd i saksbehandlinga skal det til vanleg takast direkte kontakt med pasienten, og det har vore krevjande å finne tid til dette på kort varsel. Vi har også dette året gjennomført denne kontakten pr. telefon for einskilde pasientar som vi kjenner frå tidlegare. Vi har hatt tankar om å bruke videokonferanse, men dette har vist seg for tungvint å få til.

87.4 Godkjenning av institusjoner som skal ha ansvar for tvungent psykisk helsevern

Ingen søknader er registrert i 2012.

87.7 Videre utvikling av det psykiske helsearbeidet i kommunene

Fylkesmannen har gjenngått og kvalitetssikra kommunane sine innsende rapportar IS 24.

Helse- og sosialavdelinga har etablert eit felles fagnettverk innan fagfelte rus og psykisk helsearbeid der også spesialisthelsetenesta er ein viktig aktør både i planlegging og gjennomføring. Også i 2012 er det gjennomført to nettverkssamlingar. Tema for samlingane var; *Vald i nære relasjonar* og *Overgangsongdommen*. Ein viktig gjengangar i nettverksamlingane er *Møteplassen*; gruppearbeid om utfordringar i samarbeidet mellom nivåa. Her har spesialisthelsetenesta teke eit medansvar for tema og prosess.

Fylkesmannen har hatt ein aktiv rolle i samband med etablering av IPS tiltak (arbeid og psykisk helse). NAV Ålesund og NAV Molde har fått tildelt egne prosjektmidlar frå direktoratet og vår rådgivar inngår i prosjektgruppa med målsetting å spreie erfaringar om prosjektet til andre kommunar i fylket.

Fylkesmannen har delteke aktivt i oppfølging av dei som vart ramma av terrorhandlingane 22.juli. Fylkessamling av dei berørte var gjennomført den 04.02.12 i samarbeid med RVTS Midt-Norge. Fylkesmannen har delteke i fleire evalueringsmøte med Helsedirektoratet.

Rapport frå dei kommunane som var ramma var oversendt Helsedirektoratet den 16.04.12. Utgangspunktet for rapporten var den einskilde kommune si vurdering av eigen innsats på oppfølgingsarbeidet. Fylkesmannen har også gjort eiga fagleg vurdering av kommunane sitt arbeid. Kommunane i fylket rapporterte at ca. 95 personar var registrert som berørt/ramma.

Støttegruppa for dei berørte i Møre og Romsdal har hatt ein viktig rolle. Fylkesmannen tok initiativ til oppretting av eiga Ressursgruppe i fylket tett opp til terrorhandlinga. Her inngikk også Støttegruppa i ein viktig rolle. Det er gjennomført tilsaman 6 møter i Ressursgruppa i 2012. Her har personar i sentrale roller knytt til dei ramma utveksla erfaringar med målsetting å sikre best mogleg oppfølging. Mellom møta har det også vore tett dialog mellom Støttegruppa og FM.

I oktober var det planlagt eigen erfaringskonferanse for dei berørte kommunane. Konferansen var utsatt til 2013 grunna manglande påmelding.

Fylkesmannen har inngått i samarbeidet med kommunane og helseføretaka kring etablering av ACT-Team. Det er nå etablert tre team i M&R. År 2013 er det siste prosjektåret og det foregår ein prosess både i helseføretaket og i den einskilde kommune med målsetning å sikre vidare drift ut over prosjektperioden.

Dei lokale etterutdanningmidlane blir hovudsakeleg nytta til gjennomføring av nettverksamlingane (sjå over).

Det er gjennomført samarbeidsmøte med NAPHA. Evaluering og stimulering av nettverksgrupper blir ei viktig utfordring framover. Vidare det å vere ein pådrivar for kompetansebygging inn mot dei ulike nettverka.

Fylkesmannen deltek fast i kommunenettverk innan psykisk helsearbeid. Spesielt kommunenettverket kring Knausen (Molde) arbeider målretta, mellom anna med fast deltaking frå spesialisthelsetenesta og Høgskulen i Molde.

Vi har eit medlem i Helsedirektoratet si koordineringsgruppe som møter i Oslo 2-3 gonger i året for diskusjon om fagfeltet, og planlegging av rådgivarsamlingar. Det er gjennomført to slike rådgivarsamlingar i 2012.

Vi har vidareført felles tenkning og tiltak rundt tema rus, psykisk helse, boligsosialt arbeid.

Rådgivarane innan psykisk helse har etter kvart oppgåver innan ulike resultatområde i verksemda, mellom anna tilsynsoppgåver, etablering av overgrepsmottak, krisesentertilbodet og mellom anna sakshandsaming knytta til Pasient- og brukarrettighetslova kap.4A.

Vi viser ellers til særskilt rapportering vedrørende vidareutdanning.

87.8 Dispensasjon fra forskrift om faglig ansvarlig for vedtak i det psykiske helsevernet

Ein søknad om dispensasjon fra forskrift om faglig ansvarlig for vedtak i det psykiske helsevern er behandla 2012. Kopi er sendt Helsedirektoratet.

87.9 Godkjenning av psykiatriske poliklinikker

Oversikt over alle godkjente poliklinikker i fylket og stillingstal er innsendt til Helseøkonomiforvaltningen (HELFO) mars 2012.

Ingen søknad om godkjenning av poliklinikk mottatt i 2012.

Ellers ingen rapportering jf. oppdrag.

87.10 Gjennomføring av tvungent psykisk helsevern for personer som ikke har bosted i riket

Antall saker

| Embeter | Antall |
|------------|----------|
| FMMR | 0 |
| Sum | 0 |

Resultatområde 88 Rusområdet**88.1 Alkoholoven**

Fylkesmannen har i 2012 behandla tre klagesaker etter alkohollova, og alle blei stadfesta.

Fylkesmannen har arrangert eit to dagars kurs for kommunane, med fokus på å styrke kontrollverksemda i kommunane. I tillegg til administreringa av kurset bidrog også fylkesmannen sjølv med det faglege innhaldet.

Antall saker

| Embeter | Antall |
|------------|----------|
| FMMR | 3 |
| Sum | 3 |

88.2 Rusmiddelarbeid**Tilskot**

Tilskot til kommunalt rusarbeid var eit ev dei viktigaste verkemidlane i opptrappingsplana for rusfeltet. I 2012 fekk fylkesmannen søknad frå 26 kommunar. Fleire kommunar søkte om meir enn eit tiltak, og tre av søknadane var i samband med inerkommunale samarbeid. Møre og Romsdal blei tildelt 19 millionar som vart fordelt på 33 forskjellige tiltak. For å følgje opp kommunane som mottok tilskot til kommunalt rusarbeid arrangerte fylkesmannen nettverksamling i mai 2012. Mange kommunar i Møre og Romsdal mottok tilskot både til kommunalt rusarbeid og bustadsosial arbeid. Vi har samle begge desse tilskotsordningngana i eit felles nettverk. Kommunane opplever det som ei god ordning og samlingane har hatt god oppslutning. Så godt som alle

kommunar som mottek tilskot til kommunalt rusarbeid har teke del. Husbanken og KoRus MidtNorge er viktige samarbeidspartar i dette arbeidet. Då det vart kjend at tilskot til kommunalt rusarbeid ville bli avslutta frå 2013, beslutta Fylkesmannen at planlagd nettverksamling for hausten ikkje skulla arrangerast. i staden blei det planlagd samling for alle kommunane der folkehelse, planarbeid og kommunalt rusarbeid var fokusområde. Den ble arrangert januar 2013.

Fylkesmannsembeta har fått i oppdrag å bringe fagfelte rus og psykisk helse nærare saman. For å støtte opp under denne målsettinga har vi i Møre og Romsdal etablert eit felles fagnettverk for desse felte. Konseptet har vi kalla "Samhandling - som ringar i vatn. Fylkesmannen arrangerer to slike samlingar i året som går over to dagar. I samband med desse samlingane er det satt ned ei arbeidsgruppe med deltakarar frå spesialisthelsetenesta, nærara bestemt frå DPS og rusinstitusjonane i fylket. I kvar samling er det sett av tid til møte mellom spesialisthelsetenesta og kommunane for å få betre samarbeid og auka informasjon mellom tenestenivåa. Denne samhandlinga er forankra i leiinga både hos Fylkesmannen og hos Helseforetaka. Nettverket var samla i mars med tema "vald i nære relasjonar" og i oktober med tema "Ungdom".

Folkehelsearbeidet er godt forankra i Møre og Romsdal gjennom partnerskap for God helse-programmet. Det er nært samarbeid mellom fylkeskommunen og fylkesmannen når det gjeld rusfeltet og partnerskapet for god helse, ved at er det etablert ei arbeidsgruppe med eit rusfagleg fokus knytt til God Helse satsinga. Både Fylkesmannen og KoRus Midt Norge er representert saman med både politikarar, frivillige organisasjonar, spesialisthelsetenesta og andre delar av det statlege og fylkekommunale tenesteapparatet. Gruppa gjev eit godt grunnlag for samarbeid på tvers av nivå og faggrenser og høve til å samordne tiltaka på feltet. I mars 2012 arrangerte denne gruppa ein konferanse i samarbeid med Idrettskretsen i Møre og Romsdal med tittel "Idrett, rus og snus".

Fleiere frisklivsentrar er under etablering i Fylket. Fylkesmannen tek del i dette arbeidet både i høve til folkehelse generelt og rus spesielt. Her er det også satt igang nettverk, i tillegg til kompetansehevande tiltak. Det blei mellom anna arrangert to-dagers innføringskurs i MI to stader i fylket.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har formalisert samarbeid med Kompetansesenteret MidtNorge si avdeling i Ålesund. Fylkesmannen tek del i KoRus si satsing i kurstilbud til kommunane på felte "eldre og rus" og "IP og koordinerande eining". Sistnemde tema er eit samarbeidsprosjekt som strekker seg inn i 2013.

Kompetansesenteret tek del i planlegging og gjennomføring av nettverksamlingane knytt til både rus/psykiatri og rus/boligsosialt arbeid. Regionalt er det oppretta eit rusfagleg forum der kompetansesenteret for rusfaget, Midt Norge (KoRus) og fylkeslegane i Møre og Romsdal, Nord- og Sør-Trøndelag deltek. Det blei laga ein felles kompetanseplan for 2012 der felles fokusområde for kompetanseheving blei identifisert.

I tillegg har vi medverka på konferanse saman med NAV. "Arbeid først", KoRus sin konferanse om barneansvarleg i spesialisthelsetenesta og vi har sett alkoholbruk hos eldre på dagsorden på Omsorgskonferansen 2012.

Ressursrapportering

| Resultatområde | Kapittel 1510 | Fagdep. |
|--|----------------------|-----------------|
| 82 Tilsyn og klagesaksbeh. etter helsetj. loven | kr 5 252 951,81 | kr 336 220,26 |
| 83 Folkehelsearbeid | kr 588 144,82 | kr 0,00 |
| 84 og 85 Primærhelsetj. og Spesialhelsetj. | kr 607 714,68 | kr 393 908,53 |
| 85 Spesialhelsetjenesten | kr 0,00 | kr 0,00 |
| 86 og 75 Omsorgstj, Habilitering og Rehabilitering | kr 649 496,96 | kr 1 164 659,26 |
| 87 og 88 Psykisk helse og Rusområdet | kr 1 054 222,38 | kr 2 614 317,87 |
| 76 og 77 Kvalitet og samhandling og Andre oppdrag | kr 1 531 293,21 | kr 8 082,37 |
| Andre oppgaver under HOD | kr 36 431,72 | kr 0,00 |
| Sum: | kr 9 720 255,00 | kr 4 517 188,00 |

Samferdselsdepartementet

Resultatområde 91 Oppdrag for Samferdselsdepartementet

91.1 Avkjørselssaker etter vegloven

Vi hadde ein klagesak om avkjørsel frå riksveg etter veglova i 2012. Klagen vart ikkje teke til følge

91.2 Konesjon til anlegg og drift av taubaner

Fylkesmannen har hatt 3 søknader om fornying av konesjon for taubaner. Alle søknadene vart innvilga.

Utenriksdepartementet

Resultatområde 92 Oppdrag for Utenriksdepartementet

92.1 Apostiller

Det er utført 1908 Apostilledokument i 2012 .Dette er ei auke på 222 dokument frå i fjor.

Kulturdepartementet

Resultatområde 95 Tros- og livssynssamfunn

I Møre og Romsdal er talet på trudom og livssynssamfunn stabilt. I 2012 er der berre registrerte eitt nytt trudomssamfunn. Totalt har 33 trudomssamfunn søkt statsstøtte i 2012. 15 av disse er Pinsemenigheter, 11 andre er registerert trudomssamfunn, og 7 er uregistrerte, 3 av dei er muslimske.

Det har vore vanleg sakshandsaming med gjennomgang av årsmeldingar og regnskap før utbetaling av statstilskot. Hovedutbetalinga var i juni og etter at trudomssamfunna vart gjeve høve til å korrigere medlemslistene sine, vart det etterbetalt noko statstilskudd i oktober.

Eit trudomsamfunn har klaga over avslag på tilskudd, etter at dei ikkje fekk søknaden godkjent då den var for seint framsatt. Klagesaka er endeleg avgjort av departementet og vårt vedtak om å avslå å utbetale tilskot vart stadfesta.

Det har ikkje vore klagesaker etter andre gongs utbetaling av statstiskot.

Resultatområde 96 Gravferdsloven

I 2012 har Fylkesmannen i Møre og Romsdal hatt nesten ei dobling i antall saker om løyve til oskespreiing. Frå 22 handsama saker i 2011, har ein i 2012 avgjort 40 søknader.

Dei fleste sakene er førehandssøknader der vedkommande søker sjølv medan han/ha er i live, og løyve vert gjeve

på åpent hav og på høgfjellet.

I 2012 er eit avslag på løyve påklaga og ligg no til endelg avgjerd i departementet.

Det er gjeve nye retningslinjer for på kva slags stader oske kan spreeiast, mellom anna i fjordar, innsjøar og store vassdrag. Dette kan føre til at det vert naudsynt å gjere meir lokale undersøkingar i samband med løyva.

Resultatområde 97 Lov om helligdager

Det er i 2012 handsama 6 søknader om dispensasjon til å halde søndagsopne butikkar.

To av søknadane er innvilga og er knytt til opninga av Kvivsvegen på Søre Sunnmøre.

Dei fire søknadane som er avslått er frå handlesenter som ynskja å opne butikkande tidlegare den 23. desember enn lova opnar for, og butikkar som ynskja å halde søndagsope søndag i romjula på grunn av fyrverkerisalg.

Fylkesmannen mottok gjennom året fleire henvendelsar frå næringsdrivande som reagerer på at hagesenter, til dømes Plantasjen, er unntekte frå kravet om å halde stengt søndagane. Dei har eit omfattande varesortiment, i tillegg til planter, og mange oppfattar dette som konkurransevridande.

Resultatområde 98 Oppdrag på det administrative området

98.0 Helhetlig og strategisk ledelse

Fylkesmannen har i 2012 vedteke sin første strategisk plan. Planen er eit resultat av eit systematisk arbeid som starta i 2011 med utarbeiding av embetet sine verdier og visjon.

17.09.2012 gjekk startskotet for ein omfattande OU-prosess i embetet Fram Mot 2014.

OU-prosessen er kome i gang med bakgrunn i ei stadig endringer i rammebetingelsene til det verre. I tillegg ønsker vi ein gjennomgang av våre måter å arbeide på for å sørge for at vi gjennomfører vårt oppdrag i samsvar med regjeringa sin politikk for utvikling av effektiv og brukarretta offentleg forvaltning.

Alle tilsette er invitert til å delta i OU-prosessen. Det er satt ned seks arbeidsgrupper, ei referansegruppe, ei styringsgruppe samt at vi har to eksterne referansegrupper.

Dei seks arbeidsgruppene jobber med mandat for å sjå på embetets organisering, arbeidsform, kompetanse, utfordringer knytt til rekruttering. Det vert sett på fylkesmannen sine ulike rollene både for heile embetet og i eit leiingsperspektiv. Det vert kartlagt korleis dei vert praktisert og oppfatta internt og eksternt. Til sist så vert det gjort ein gjennomgang av kva tiltak som må gjerast for omdømme og identitetsbygging.

Medarbeiderundersøkelsen 2012 hadde ein svarprosent på 88. Medarbeiderundersøkinga er fulgt opp med handlingsplaner i alle avdelingane samt at dei utfordringane som gjaldt heile embetet er tatt inn i OU-prosessen Fram Mot 2014 som starta med medarbeiderdagen 17.09.12 og som skal avsluttast 17.06.13.

- synleggjøre og forankre i organisasjonen viktigheten av helhetsperspektivet (sammenhengen mellom oppgaver) i forvaltningen av de løpende sektorpolitiske oppgavene og andre kjerneoppgaver i embetet
- tilrettelegge aktivt for læring og erfaringsutveksling internt og på tvers av embetene
- arbeide for at embetet framstår som en attraktiv arbeidsplass

98.1 Rekruttere, videreutvikle og beholde medarbeidere

Ved utgangen av 2012 var det 133 tilsette i embetet, 85 kvinner og 48 menn.

I 2012 har fylkesmannen lyst ledig 20 stillingar. 11 av desse var faste stillingar og 9 vikar/engasjement/prosjektstilling. Det er stor etterspurnad etter arbeidskraft i Møre og Romsdal og embetet deltek i konkurransen om arbeidskrafta i fylket. Særleg gjeld dette opp mot andre statlege og kommunale verksemdar som har høgkompetansearbeidsplasser. Dette er ei utfordring både med omsyn til lønskostnad, men også utfordring knytt til å rekruttere til engasjement- og vikarstillingar.

I IA handlingsplan har vi satt eit måltal på sjukefråværet på 4 %. Vi har hatt ei ekstra merksemd på utviklinga av sjukefråværet i 2012 og sjukefråværet har gått ned frå 5,85 % i 2011 til 4,23% i 2012.

Egne IA-måltall

Planlagte og gjennomførte tiltak:

- o Hatt IA som tema på møte for alle tilsette. Inkluderende.no
- o Er utvalgt som pilot for DIFI på det nye verktøyet snakk om utvikling - Gjennomføring av medarbeidersamtale
- o Gjennomført vernerunde i alle avdelingane
- o Gjennomført og fulgt opp medarbeiderundersøkinga 2012 - svarprosent 88%
- o Det er utarbeidd kvartalsvise sjukefråvèrstatistikk som er fulgt opp i den einskilde avdeling. Embetet har eige mål om tiltak dersom sjukefråværet overstig 4 %.
- o Gjennomfører oppfølging ved sjukefråvær i samsvar med IA-avtalen og våre interne rutinar

Mål for IA er satt for hele inneværande IAavtale periode. Om vi når måla?, tja, sjukefråværsutviklinga i 2012 er positiv, gjennomsnittleg alder for pensjonering er X og vi legg til rette for at medarbeidarar med nedsett funksjonsevne kan jobbe hos oss.

Nytt av året er at administrasjonssjefen er medlem av IA-rådet i Møre og Romsdal

Tilsette med innvandrerbakgrunn

Tilsette med innvandrerbakgrunn

| Embete | Antall 2011 | % 2011 | 2012 | % 2012 |
|------------|-------------|----------|----------|----------|
| FMMR | 1 | | 1 | |
| Sum | 1 | 0 | 1 | 0 |

98.2 Risikostyring

Vi har etablert overordnede retningslinjer for risikostyring i embetet (risikopolicy), denne vart vedteke i leiarmøte 18.06.2012. Risikopolicyen gir dei overordna retningslinjene for risikostyringa i embetet, der dei overordna krava til embetet sine leiarar og tilsette med omsyn til risikostyring og intern kontroll er tatt med. Policyen seier noko om ansvar og formål, samt kva for område ein skal integrere risikostyring i mål- og resultatstyringen.

Leiargruppa har risikovurdert dei overordna måla i vår strategiplan for 2012-2015. Vidare plan for implementering av risikostyring er at avdelingane no i saman med virksomhetsplanarbeidet for 2013 velger ut 2-3 vesentlege kritiske suksessfaktorer i avdelinga sine mål og risikoutsett og handtere desse ved å setje inn tiltak slik at risikoen blir redusert eller kjem på eit akseptert nivå. Dokumentasjon av risikostyring på overordna nivå vert gjort gjennom møtereferat og sjølve risikovurderinga er lagt som vedlegg til virksomhetsplanen i dei ulike avdelingane.

98.3 Medvirkning

Hovudinformasjonskanalen til alle tilsette i embetet er vårt intranett, i tillegg vert den same informasjonen gjentatt på møter i avdelingane og ved gjennomføring av allmøter. Allmøter har vore sporadisk gjennomført tidlegare år, men for 2013 vil desse bli systematisk gjennomført fire gonger i året.

Dei siste åra har det i embetet vore gjennomført ein medarbeiderdag for alle tilsette, dette var tilfelle også i 2012.

Når det gjeld medverknad har vi tre faste møtepunkt med tillitsvalgte i året. I tillegg gjennomfører vi møter når det er behov for det der drøftinger/forhandlinger er tema.

I 2012 har tillitsmannsapparatet vore deltakarar i revidering av lokal lønnspolitikk, arbeid med strategiplan og ikkje minst på alle nivå i den pågåande OU-prosessen. Her er tillitsvalgte representert i alle seks arbeidsgruppene, i referansegruppe og i styringsgruppen.

Rådgiver personal og administrasjonssjef er med i nettverket med Sør Trøndelag, Nord Trøndelag og deler av Nordland som vil arrangere ei ny felles konferanse for samarbeid og medvirkning våren 2014.

Tilsette er representert i tilsettingsråd, AMU og verneombud vert systematisk tatt med i spørsmål kring oppfølging av sjukefråværet i avdelingane.

98.4 Likestilling og likeverd

Vi legg til rette så langt som råd for at arbeidsstyrken skal gjenspeile mangfoldet i befolkningen når det gjeld kjønn, alder, nedsett funksjonsevne, religion, nasjonal eller etnisk bakgrunn. Vi har tatt i bruk følgende verkemiddel:

Alle våre stillingsutlysinger inneheld følgende tekst: *Fylkesmannen i Møre og Romsdal ønskjer mangfald, og vi oppmodar difor alle kandidatar som er kvalifisert til å søkje med ulik utdanning, arbeids- og livserfaring, utan omsyn til alder, kjønn, funksjonsevna, nasjonal eller etnisk bakgrunn.*

I 2011 starta vi med å lyse alle våre stillingar ut på jobbressurs.no, i tillegg til andre media.

Vi har ein intensjon om at vi kaller inn kvalifiserte kandidater som har innvandrerbakgrunn eller har nedsett funksjonsevne til intervju, i den grad det kjem til uttrykk i søknaden. (å rapportere på dette er ei utfordring, då vi ikkje har noko avkryssing for dette i våre stillingssøknadsskjema, vi meiner at det ville vere stigmatiserande å be om ei slik opplysning).

Jmf vår handlingsplan for universell utforming legg vi til rette for at personer med nedsett funksjonsevne kan rekrutterast til embetet.

Vi gjennomfører, så langt det er mogeleg, tilrettelegging av arbeidsplassen for at våre tilsette for å styrke jobbnærværet og hindre utstøting og fråfall frå arbeidslivet.

Lønn

| | | Kjønnsbalanse | | | Lønn | |
|--------------------------------|------|---------------|-----|-----------|----------|----------|
| | | m% | k% | Totalt(N) | m (kr/%) | k (kr/%) |
| Totalt i virksomheten | 2012 | 36 | 64 | 133 | 100 | 0 |
| | 2011 | 36 | 64 | 140 | 100 | 0 |
| Embetsledelse/direktør | 2012 | 50 | 50 | 8 | 100 | 0 |
| | 2011 | 50 | 50 | 8 | 100 | 0 |
| Seksjonssjef/ass. direktør | 2012 | 67 | 33 | 12 | 100 | 0 |
| | 2011 | 64 | 36 | 14 | 100 | 0 |
| Saksbehandler I | 2012 | 40 | 60 | 20 | 100 | 0 |
| | 2011 | 50 | 50 | 12 | 100 | 0 |
| Saksbehandler II | 2012 | 32 | 68 | 71 | 100 | 0 |
| | 2011 | 40 | 60 | 75 | 100 | 0 |
| Kontorstillinger | 2012 | 11 | 89 | 18 | 100 | 0 |
| | 2011 | 12 | 88 | 26 | 100 | 0 |
| Fagarbeiderstillinger | 2012 | 100 | 0 | 3 | 100 | 0 |
| | 2011 | 100 | 0 | 3 | 100 | 0 |
| Unge arb.takere inkl lærlinger | 2012 | 0 | 100 | 2 | 100 | 0 |
| | 2011 | 0 | 100 | 1 | 100 | 0 |

Deltid

| | | Deltid | | Midlertidig | | Foreldreperm. | | Legemeldt fravær | |
|-----------------------|------|--------|------|-------------|----|---------------|----|------------------|------|
| | | M% | K% | M% | K% | M% | K% | M% | K% |
| Totalt i virksomheten | 2012 | 0,3 | 0,75 | 0,7 | 5 | 0 | 3 | 2,06 | 3,51 |
| | 2011 | 0 | 0 | 0 | 0 | 1 | 4 | 1,58 | 4,89 |

Ansatte

| 2012 | Ledere med personalansvar | | | Medarbeidere | | | Lønn | |
|------|---------------------------|----|--------|--------------|----|--------|------|---------|
| | M% | K% | Totalt | M% | K% | Totalt | M% | K/M i % |
| FMMR | 55 | 45 | 18 | 32 | 68 | 117 | 100 | 0 |

98.5 Føringer på IKT-området

Vi har eit stort fokus på arbeidet med informasjonssikkerheten i embetet i år. For å få ein god oppstart deltok administrasjonssjef og informasjonssikkerhetsansvarleg på Difi sitt seminar 12. april om styringssystemer og informasjonssikkerhet. Vi er no i slutfasen med vår eigen informasjonssikkerhetspolicy som vil bli vedtatt i leiarmøte med det første. Vi har starta gjennomgang av heile planverket vårt, med tanke på å tilpasse det til dagens situasjon.

Vi har auka informasjonssikkerhetskompetansen i embetet ved at vår informasjonssikkerhetsansvarlig gjennomfører faget informasjonssikkerhetsstyring ved Høgskulen i Sør Trøndelag

Gjennom arbeidet med informasjonssikkerhet såg vi behovet for å auke kompetansen til våre tilsette på området. Vi kjøpte derfor opplæringspakka som vi blei tilbud gjennom Norsis i samband med Nasjonal sikkerhetsmåned no i oktober. Sjå omtale <http://www.sikkert.no/foredragsdugnaden-er-godt-igang/>

Vi har eigen select avtale med Microsoft som omfatter våre serverlisenser og vi rett lisensiering på servere. Vi har rapportert vårt bruk av lisenser som er omfatta av departementets avtale med Microsoft for 2011-2014. Dette var rapportert til FAD innan fristen.

Vi kan ikkje sjå at FAD har sendt oss informasjon om innlegging av våre programvarelisenser i ein eigen lisensportal, og har naturlegvis derfor ikkje registrert desse innen utløpet av 2012.

Vi følger den sentrale IKT-strategien i våre aktiviteter på IKT-området.

Resultatområde 99 Partistøtteordningen

Det er i 2012 handsama elektroniske søknader om partistøtte frå alle kommune, fylkes- og ungdomspartia i fylket.

Handsaminga inneber ein gjennomgang av elektroniske søknader, oppdatering av nye opplysningar, og innlegging av papirsøknader og noko rettleiing.

Andre

Ressursrapportering

| Resultatområde | Kapittel 1510 | Fagdep. |
|--|------------------|---------|
| 91 Andre faglige oppg. på oppd. for statlige virk. | kr 7 344,88 | kr 0,00 |
| 92 Andre faglige oppgaver for ikke-statlig virk. | kr 0,00 | kr 0,00 |
| 95 Ressursbruk knyttet til adm/felles oppg./drift | kr 23 190 320,11 | kr 0,00 |

Sum:

kr 23 197 664,00 kr 0,00